



THE UNIVERSITY *of* EDINBURGH

Edinburgh Research Explorer

Mål og méd. Målføre og médnamn frå Smøla.

Citation for published version:

Kruse, A 2000, Mål og méd. Målføre og médnamn frå Smøla. Tapir akademisk forlag, Trondheim.

Link:

[Link to publication record in Edinburgh Research Explorer](#)

Document Version:

Publisher's PDF, also known as Version of record

General rights

Copyright for the publications made accessible via the Edinburgh Research Explorer is retained by the author(s) and / or other copyright owners and it is a condition of accessing these publications that users recognise and abide by the legal requirements associated with these rights.

Take down policy

The University of Edinburgh has made every reasonable effort to ensure that Edinburgh Research Explorer content complies with UK legislation. If you believe that the public display of this file breaches copyright please contact openaccess@ed.ac.uk providing details, and we will remove access to the work immediately and investigate your claim.





Smøelen

Arne Kruse

Mål og méd

Målføre og médnamn
frå Smøla



Mål og méd

Arne Kruse

Mål og méd
Målføre og médnamn
frå Smøla

Tapir Akademisk Forlag

Trondheim 2000

© Tapir Akademisk Forlag
Trondheim 2000

ISBN 82-519-1589-9

Kopiering frå denne boka må ikkje skje i strid med *Lov om opphavsrett til åndsverk, Lov om rett til fotografi* eller i strid med avtalar om kopiering inngått med KOPINOR.

Omslagsbilde: Utsnitt av kartet *Speciel Kaart over en Deel af Den Norske Kyst indbefattende Trondhiems Leed med Ud-Øerne og Skjærene uden for Leedet fra Haltens Øe og till Christiansund. Trigonometrisk opmaalt og ved Astronomiske Observationer verificeret. Udgivet fra det Kongelige Søe Kaarte Archiv med en Beretning. 1791.*

*Tapir Akademisk Forlag
7005 Trondheim*

Tlf.: 73 59 32 10
Faks: 73 59 32 04
E-post: forlag@tapir.no
<http://www.tapir.no>

*Printed and bound in Scotland by Stevenson (Printers) Ltd.,
Dundee.*

INNHALD

Forord

1 Innleiing

1.1	Landskapet	11
1.2	Busettingshistorie	11
1.3	Båtar, fiske og fiskemåtar	14
1.4	Avgrensing og oppdeling	21
1.5	Noen viktige namn på land	23
1.6	Normering	28
1.7	Kjelder	29
1.8	Informantar	30
1.9	Forkortingar	31

2 Målføret

2.1	Metode og lydskrift	33
2.1	Smølamålet i dialektgeografien	33
2.3	Lydverket	36
2.4	Substantivbøyninga	52

3 Méd og méding

3.1	Ordet méd	55
3.2	Médliner og merke	56
3.3	Sjønamn på médfjella	58

4 Méðnamn som stadnamnstype

4.1	Definisjonar og avgrensingar	71
4.2	Ellipse	73
4.3	Usamansette og samansette namn	74
4.4	Komposisjonsfuge	74
4.5	Fleire namn på ein plass	75
4.6	Fellestrekk for méðnamna	76
4.7	Alderan på namna	80
4.8	Namnelaging og namnedød	82

MÅL OG MÉD

5 Kva fortel namna?	
5.1 Appellativ	87
5.2 Primærnamn	116
5.3 Sekundærnamn	136
6 Médnamna på Smøla	
6.1 Oddahavet	139
6.2 Brattværshavet	167
6.3 Veiahavet	201
6.4 Ramsøyfjorden	263
7 Litteratur	281
8 Indeks	293
9 Kart	301

FORORD

Tanken med denne boka er i første rekke å registrere, analysere og dermed bevara for ettertida ein kysttradisjon som no raskt er i ferd med å forsvinne. Boka er skriven med to typar lesarar i mente; fiskarar og språkgranskurar - og med det håpet at boka dermed ikkje fell imellom to stolar. Tanken er at lokale skal kunne kjenne seg att i materialet som er presentert her, dei skal kunne lesa om sjøen som dei kjenner og veta at den og den fiskeplassen er registrert og karakterisert og sjå at det er gjort forsøk på å forklara namna på plassane. For å lette tilgangen er médnamna oppdelt i fire ulike heimehav: Oddahavet, Brattværshavet, Veiahavet og Ramsøyfjorden. Kapitla om historie, om båtar og fiske og om médfjella kan lesast utan spesielle forkunnskapar. For dei meir spesielt interesserte i språk og namnegransking er kapitla om målføret og om médnamn som stadnamn type, samt mange av dei detaljerte analysane av médnamna. Eg er i den trua at ein ikkje treng å førestille seg vasstette skott mellom ein lerd fagtradisjon og ein interessert lekmann. Mykje av hensikta med boka vil vera oppnådd om ho kan få folk til å reflektere over ein lokal kultur som det ikkje alltid er lett å sjå i perspektiv når ein har tilbrakt eit heilt liv midt inne i han.

Boka er basert på hovudoppgåva mi ved Universitetet i Trondheim, *Médnamn frå Smøla*, men både tekst, stofforientering og omfang er mykje endra frå avhandlinga. Fleire kapittel er heilt nyskrivne og mesta alle dei andre er temmelig mykje omarbeidde.

Eg har motstått freistinga til å oppgi eksakt breiddde- og lengdegrad på kvart enkelt médet. Det tek til å bli vanlig at fiskarane sit inne med slik informasjon no, i og med at GPS er å finne i snart kvar ein båt. Det har vore sagt av fleire av heimelsmennene mine at dei helst såg at ei médsamling av denne typen ikkje skulle bli ei handbok

MÅL O G MÉD

for helgaturistar til å finne fram til dei beste fiskeplassane rundt Smøla, og det ønsket vil eg respektere. Måten méda no er lagt fram på, utan posisjon, men med tradisjonelle médmerke, gjer det mulig å finne fram til plassane, men som oftast berre om ein er lokalkjent nok til å kjenne namna på landmerka, for slett ikkje alle av desse står på kartet.

Boka inneheld godt og vel 400 namn på fiskeméd. Hadde innsamlingsarbeidet vorte gjort for ein generasjon sidan, ville dette talet utvilsamt ha vore større, for det tynnest no raskt i rekkene av dei som ein gong var avhengige av å kunne méda for å få eit utkomme på havet. Likevel er det imponerande kor godt mange fiskarar enno kjenner denne eldgamle fagtradisjonen, sjølv om båten kan vera full av elektronikk som gjer oppmøding overflødig.

Eg er stor takk skyldig alle dei fiskarane på Smøla som har vist interesse for dette prosjektet, som har vist meg tillit og som har vist tolmod overfor det som til tider sikkert må ha vorte opplevd som mas. Da eg tok fatt på dette arbeidet, fekk eg mange åtvaringar om at fiskarane neppe ville gi frå seg méda sine. Dette slo ikkje til. Nær sagt alle fiskarane eg har møtt, har meint at det var godt at méda no vart samla inn, før dei gjekk i glømmeboka. Det har i det heile vore særslig inspirerande å oppleva at fiskarane er medvetne over den kulturarven médnamna er.

Eg er skyldig Norges Råfisklag og Universitetet i Edinburgh takk for økonomisk hjelp til trykking av denne boka.

*Arne Kruse,
Edinburgh*

1 INNLEIING

1.1 Landskapet

Topografisk er Smøla eit særsyn. I kontrast til Hitra, nabøya i aust, og særlig til det fjellrike fjordlandskapet i sør, er Smøla utrulig flat. På sjølve Fast-Smøla fins det ikkje eit punkt over 70 meter. Under vassflata held flatlendet fram. Smøla ligg på eit platå av grunnfjell som mot vest blir avgrensa av eit morenestrinn som dels dekkjer renna ned frå platået. Dette er stort sett mindre enn 200 meter djupt (IKU 99/78:35 med kart s. 29) På dette platået eller hylla av relativt bert krystallinsk fjell kan alle méda i denne samlinga lokaliserast. (Eit unntak er médet *Gapet* nordom Veiholmen.) Typisk for denne landnære grunnfjellssona er ein 'drukna skjergard' med ein svært samansett og ujamn topografi med høge toppar og rygger. Innimellan desse er det parti som er fylte med lausmassar i form av morene eller leire (IKU 99/78:22-25 og IKU 0-377/1/81:6). På grunnfjellsplatået ligg ein eineståande rik skjergard og omkrinsar Smøla.

1.2 Busettingshistoria

Busettingshistoria for Smøla fortel om eit seint landnåm. Som følgje av det låge landet, stod det aller meste av øya under havet i lang tid. Det har neppe vore busetting her ute før år 6000 f.Kr. Ved dei høgaste punkta er det gjort spreidde funn av reiskap som kan tilskrivast fosnakulturen (Berg 1981:16-22). Jordbruksbusettinga kom først i sør og aust og kom i svært lang tid til å halde seg berre her. Området nord for Reiråa og vest for Klakkavågen (dvs. området médnamna i denne oppgåva er innsamla frå) synest ikkje å ha hatt noko fast busetting enno kring år 600 e.Kr. (op.cit.:56). Noen få gardar kom i drift her ute i yngre jarnalder, men framleis budde

MÅL O G MÉD

hovudtyngda av folket på Innsmøla. Vi må rekne med at desse tidlige jordbrukskarane søkte ut i havskjera etter matauk i form av fisk og vilt (Danielsen 1978:14), men likevel: 'Det store fleirtalet av smølværingane vende bokstaveleg tala ryggen til havet i denne tidbolken. Det var ikkje der, men på landjorda dei fann dei viktigaste ressursane for å overleve.' (Berg 1981:70). I løpet av noen hundreår snudde dette seg totalt. Mot slutten av mellomalderen finn vi at busettinga er konsentrert på dei tre fiskeværa Odden, Brattvær og Veien. Grunnlaget for denne værbusettinga var vinterfisket etter skrei. 'For å få fangst i dette fiskeriet kunne ein ikkje ligge å drive inne på fluene rundt Fast-Smøla. No måtte ein i staden ut til fiskeméda i havgapet utafor, ofte ein fire-fem sjømil til havs.' (op.cit.:97). Det fins få eller ingen handfaste prov på når denne avgjerande omlegginga av busetting og næringsliv kom, men trulig har det skjedd i perioden 1250-1350. Ei forutsetning var Hansa-handelen som gjorde det moglig å vende fisk og kjøpe korn slik at ei busetting utan direkte tilknytning til jordbruket kunne skipast. Havskjera avlasta såleis bondebefolkinga for noko av folkeauken og den utarmande garddelinga i denne tida.

Gudmund Frode Berg (1981:98-102) poengterer at værbusettinga først på neppe har vore på heilårsbasis, men at folk nok berre vinters tid har nytt seg av utroren frå væra. Dei mange små kombinasjonsdriftarane på yttersida av Smøla har nok vore dei første smølafiskarane. Dei har neppe drive sal av fisk i større grad, men berre supplert eiga matforsyning. Vi må rekne med at væra tidlig tente som losjistad for sesongfiskarar frå bygdene lenger inne på Nordmøre.

Tilflyttinga til væra må ha vore spesielt stor først på 1500-talet. I 1520 finn vi såleis i smølaværa heile 12% av skattytarane på Nordmøre (op.cit.:135). Denne tendensen auka utover hundreåret, slik at det i 1589 var berre 20-30 skattytarar på Fast-Smøla medan det satt 29 på Veien, 43 på Brattværet og 36 på Odden.

Eit knapt hundreår etter er bildet nok ein gong

INNLEIING

omsnudd. I 1666 er det på Fast-Smøla 100 gardsbusettingar og berre 31 huslydar på væra; i 1677 berre 18 (op.cit.:150 og 158, tabellar). Årsaka til denne drastiske avfolkinga av væra var ikkje sviktande fiske, men eit aukande misforhold i bytteverdien mellom fisk og korn (op.cit.:166-172 og Danielsen 1978:38).

Ved folketeljinga 1701 (referert i Danielsen 1978:38) ser vi at folketalet har teke til å auke att i fiskeværa, no klart mest på Veien, som ser ut til å klare seg best gjennom 1700-talet (Fugelsøy 1962:20-24). Medan det i Aure faktisk var tilbakegang i folketalet, hadde Edøy sokn ein folkeauke på over 70%, noko som vitnar om stor tilflytting. Ein kraftig folkeauke frå slutten av det 17. hundreåret er sams for alle dei reine fiskeværa i heile Romsdals amt. Atle Døssland (1990:90-91) foreslår at denne overgangen frå jordbruk inne i fjordane til heilårsfiske ute på dei ytste væra kan ha grunnlag i temperaturfallet denne tida. I tillegg til ei rekke uår med misvekst som forarma jordbruksbefolknингa, ser fisken ut til å ha heldt seg på større djup enn før, og frå fleire stader langs kysten blir det rapportert om sviktande fiske inne i fjordane, men aukande i ytre stroka. I tillegg kan det vera at fiskeværa frista fordi skattlegginga, som var basert på matrikulert jord, favoriserte heilårsfiskaren. Slutten av 1700-talet og det meste av 1800-talet er kjenneteikna av jamn vekst hos fiskarane. No vart det innført ny teknologi som line og torskegarn, og delvis vart tørrfiskproduksjonen utskifta med framstilling av klippfisk, som vart langt betre betalt.

I åra rundt 1870 deltok det over 3000 båtar i skreifisket på Smøla (Dahlstedt 1972:41). Langt dei fleste av desse var tilreisande folk frå Tustna, Aure og dei andre fjordbygdene nord på Nordmøre. Til Veien - eller Veiholmen som staden no vart kalla - kom det tilreisande folk også frå Trøndelag vinters tid.

Som følgje av dårlige tider for klippfisknæringa kulminerte veksten sist på 1800-talet (op.cit.:41). På 1920-talet tok innsiget av skrei til å avta, og etter 1930 kan ein seie det mesta ikkje har vore skrei på grunnane

MÅL O G MÉD

utafor Smøla. Svikt i naturgrunnlaget gjorde såleis sitt til at avfolkinga av væra tok til. Av dei tre gamle væra flytta folk først frå Odden. I løpet av den harde strukturrasjonaliseringa og sentraliseringa på 1960-talet fekk så Brattværet nådestøytet. Folk flytta stort sett inn på Fast-Smøla eller til Kristiansund. No er alle væra på Smøla avfolka med unntak av Veiholmen, som med ei befolkning på over 400 menneske og med bru over til Fast-Smøla, ser ut til å vera eit særskilt levedyktig samfunn.

1.3 Båtar, fiske og fiskemåtar

Båtane på Smøla

Det er mesta ingen båtbyggartradisjon å spore på Smøla. Årsaka til det er oppagt mangelen på trevirke på den bortimot trelause øya. Vi kan berre spekulere i om det har eksistert ein slik tradisjon den gong det fantest skog på Inn-Smøla. At det ikkje var berre båtar det var nødvendig å føre til Smøla, ser vi i det at det har vore vanlig å frakte heile hus - å merke opp lafta tømmerstuer inne i fjordbygdene og så sette desse opp igjen ute på væra eller på Fast-Smøla.

Som langs resten av norskekysten er den tradisjonelle fiskarbåten på Smøla den klinkbygde trebåten med direkte anar tilbake til båttypane i vikingtida. Det er prinsipielt få endringar som har skjedd med færingen slik vi først finn han i form av dei to Gokstad-færingane frå om lag 900 e.Kr. og til den forma han har i dag.

Det er tradisjonelt to båttypar som har vore brukt i skjergarden og på dei opne havstykka som omkrinsar fiskeværa utafor Smøla: *sørfjordingen* og *åfjordingen*. Den vanligaste båten har vore *sørfjordingen* eller *geitbåten* eller *nordmørsgeita*, som han òg er kalla. *Åfjordingen*, eller *grisbåten*, har først og fremst vore å finne på Veiholmen og viser at dette været er orientert nordover i større grad enn resten av Smøla. (Jfr. kart over utbreiinga av denne båttypen i Eldjarn og Godal 1988:56.) På Veiholmen har det i manns minne òg vore andre nordlige båttypar som

INNLEIING

nordlandsbåt og *ravnæring*, men slike båtar er unntak og langt imellom.

Storleiken på båtane var gruppert og namngitt etter talet på rom eller årepar. Minst var færingen og størst var fembøringen og åttringen. Færingen har vore bruksbåten framfor andre; sjølve slitaren langs kysten. Han er lett å handtere og er anvendelig til mykje. Med to årepar kan to eller ein mann ro han, og han har styrke og kjøl nok til å kunne seglast. Færingen har nok til alle tider vore brukt til snørefiske, først og fremst i beskytta farvatn, men også ute på opne havet, når været tillot det. Skreifisket var organisert rundt fire- eller femmannslag i høvesvis halvfjærdsrømmingar og fyringar. Det var også spesialbygde båtar for garnfisket. Åfjordsbåtane til dette fisket var fembøringar.



To åttringar og ein færing ved Sanden på Veiholmen.

MÅL O G MÉD

Mot slutten av attenhundretalet tok dei på Sunnmøre til med å bruke fartøy med dekk, særlig den sørlandske lystringen. I Romsdalen og på Nordmøre heldt derimot dei opne båtane stand lenger (Ellefsen 1977:280). Årsaka til denne skilnaden var nok at det nord i fylket var kortare veg til fiskeplassane i og med at utroren her var frå fiskevær, og dermed var det ikkje så om å gjera å ha båtar ein kunne sova i og som kunne laste sær mykje. Likevel kunne dei opne båtane bli brukta til langtokt heilt ut til Storegga. Hit, over åtte mil frå land, drog ein i finvêr midtsommars for å fiske longe og kveite med djupsogn. Med lysterbåtane vart òg gaffelriggen introdusert, og gradvis kom denne til å avløyse den gamle rigginga med råsegel på geitbåtane.

Fisket i løpet av året

Gerhard Schøning (1773:87) skildrar fiskeria på Nordmøre slik:

Mart.- og April- Maaneder drives Skrey- eller Torske-Fiskeriet saavel ude paa det aabne Hav, som i Fiordene; i Maji Junii og Julii Maaneder fisker man Smaa-Sey med Søknot eller Sæknot, ude paa Flurene (steenede Grunde i Havet, hvor Fisken samler sig); i Jul. - Aug. - og Sept. - Maaneder fanges Sild med Nod, da gemeenlig 10 til 12 Bønder ere i saadan Nod deelagtige, for dens Kostbarheds Skyld. Sildefiskeriet skeer ogsaa med Garn, udspændt mellem tvende Baade, hvilke man lader driive for Strømmen eller Vinden; men man sætter dem ogsaa undertiiden ud, og lader dem staae Natten over.

Det viktigaste fisket i løpet av året var skreifisket. Vinterfisket etter skreia tok formelt til ved kyndelsmess, den 2. februar, og endte ved marimess, den 23. mars. Etter at det eigentlige skreifisket var over, var det vårtorskefiske etter den skreia som da var utgytt. Det kunne ofte vera eit godt fiske, for denne torsken var

INNLEIING

hungrig og lett å få på snøret.

Til vinterfisket kom 'hurran', tilreisande menn inne fra fjordane på Nordmøre, Trøndelag og Romsdalen, og vart losjert inn i mestsagt kvart eit hus i alle væra.

På seinvåren vart det fiska etter ueren med snik, og da tok det òg til å bli sei, både snøresei og notsei. Notdrifta begynte i mai og varte utover i juni og juli. Åtte mann og fire færingar var det på nota, som var sett med rettstraumen over grunnen. På sommaren var det elles gjerne å fara med runddorga utpå grunnane.

På hausten tok rusefisket til og likeins snørefisket etter torsk og brosme og linefisket etter hyse.

Ved juletid seig storsilda inn for dei som dreiv etter henne. Elles var det storseifiske heilt til skreia kom.

Vegna

Snøret er utvilsomt den eldste fiskereidskapen og til alle tider den mest bruksa. Djupsagn eller juksa var snøret som vart bruksa etter torsken og skreia. Det var eitt snøre per mann i båten omframt han som andovde. (Sjå meir om dette i Danielsen 1978:275 og 337)

Sjølv om Hans Strøm i *Søndmørs Beskrivelse* fortel at ein kjøpmann på Slinningen, Claus Nilsen, fann opp torskegarnet, har garn nok vore bruksa alt ifrå tidlig mellomalder (EllefSEN 1977:278). Likevel er det først frå midten av 1700-talet at det blir meir vanlig å bruke line og torskegarn (Døssland 1990:91). På Brattværet dukkar dei første torskegarna opp i eit skifte frå 1795 (Fredly 1998:68). På Nordmøre vart det større breidde over garn- og linefisket først i slutten av 1840-åra, og da på det viset at garnbruksa auka i Smøla-området medan linebruksa var i vekst i Kvernes-området (EllefSEN 1977:279-80). Bruken av torskegarnet har til alle tider vore mykje omdiskutert. Garna (og brenning av tang) fekk skylda da det gode fisket avtok etter 1765, og vi hører om stadige konfliktar mellom garnfiskarar og snørefiskarar etter dette. Det vart til at garnfisket vart regulert, slik at garn berre kunne bli bruksa til visse tider og på visse plassar.

MÅL O G MÉD

Skreifisket på Veiholmen vinteren 1882

Ein væreigarprotokoll frå Veiholmen 1882 (sjå Bugen 1979) gir oss eit viss innsyn i vinter- og vårfisket da det var på sitt mest intense. Under skreifisket vart det registrert kor mykje kvart båtlag leverte av fisk og av personar som skreiv opp på bua, og dette fortel oss m.a. kor framandfiskarane kom frå, kor store båtlaga var og korleis fisket var. Det bildet som teiknar seg i denne protokollen, er i grove trekk det same som enno er levande i manns minne, frå tida da skreifisket var på hell i 1920-åra. Den store forskjellen var at motoriserte båtar da hadde teke over for mykje av seglinga og roinga.

Heile 162 båtlag med tilreisande fiskarar losjerte på Veiholmen vinteren og våren 1882. Av desse er dei aller fleste frå fjordane nordst på Nordmøre, og da særlig Aure. Noen få kjem lenger sørfrå, som frå Straumsneset, men dette er folk som normalt vil vera å finne på Grip eller på væra på Sør-Smøla. Fleire båtar har teke turen frå Trøndelag, særlig Hemne, men det er fleire båtlag heilt frå Fosen som blir godtskrivne pengar etter fisket i 1882.


Båtlaga var jamt over på sju mann, og det er lett å rekne ut at det ikkje er løgn når det er blir hevda at det kunne vera over tusen 'losjementkarar' på Veiholmen vinters tid. Væreigaren fekk sett opp reine losjhuis på Klakken, og noen driftige aurgjellingar sette seg opp eige husvære på Munkholmen, men det store fleirtalet måtte losjerast inn hos folk flest og stuvest godt saman på ledige loft over heile været.

Protokollen frå 1882 fortel at fisket ikkje kom skikkelig i gang før godt uti februar, det var først på mykje landligge pga. dårlig vær og dårlig tilsig av skrei, og det vart eit reint svartår for garnfisket. Da snørefisket tok til i slutten av mars, kom lysninga; det vart godt vær, godt med fisk og ikkje mindre enn eit kronår for snørefisket. Eit typisk tilreisande båttag fiska 600 fisk på garna og vel 3000 fisk på snøret dette året.

INNLEIING

Dei fleste fiskarane var med i båtlag som brukte både snøre og garn under skreifisket. Garnet tok den største og feitaste fisken, og var best når fisken stod høgt i sjøen. Rundt midta av 1800-talet blir det meste av fisken fanga på garn og dei fleste fiskarane er registrerte garnfiskarar. Det ser ut til å ha skjedd eit skifte i siste helvta av 1870-åra. I desse åra er skreifisket på topp, og frå f.eks. Hemne deltek det på Veiholmen i 1879 dobbelt så mange tilreisande fiskarar som normalt, og dei fleste av desse er no snørefiskarar (Aune 1979:173). Årsaka til dette er vel både praktisk; snørefisket var eksepsjonelt godt desse åra, demografisk; dette er midt inne i ein dramatisk folkeauke der særsla mange prøver å finne eit utkomme, og økonomisk; å ruste ut ein torskegarnbåt var eit finansielt løft som det ikkje var alle forunt å kunne ta på seg.

Garna batt dei sjølve, og til inn i vårt hundreår laga fiskarane òg snøra sine av hampråd. (Om framstilling av



Suler for handsnøre.


M Å L O G M É D

garn og snøre, sjå Bye 1979:58-64). Da tok etter kvart ferdiglaga snøre av hamp, kokos, sisal og bomull over.

Snika som vart brukta etter ueren var laga av hampråd og hadde om lag 30 onglar. Snika vart senka ned eit stykke framom eit berg eller ein hammar, noen famner vart teke inn som kulene skulle henge på, og så lot ein ilane og snika reka med straumen inn mot og langsmed hammaren. Dette vart gjerne kalla 'rekarsnik'. Snikfisket etter ueren var sommarsyssel.

Søkkenota er registrert på Veiholmen i 1687 og var i bruk til etter siste krigen. Søkkenotfisket etter seien foregikk for det meste om sommaren ute på grunnnane. Nota vart senka ned på botnen, og når seistimen kom over ho, vart nota raskt trekt opp frå kvart sitt øre av fire båtar. (Sjå meir om dette i Danielsen 1978:81 og 338-39.)

Snurpenot etter seien vart teke i bruk i mellomkrigstida, og seinotsnurparar var til om lag 1975 eit særskilt viktig innslag i fiskeflåten på Veiholmen.



Mellom båtane før og etter siste krigen: M/B Ford av Brattværet. (Ukjent fotograf.)

INNLEIING

Til snørefiske etter seien var det oftast nok med ein farga ulltråd som agn, elles vart det egna med sild eller fisk. Ein vanlig måte å egne var å bruke strandkrabbe eller eiterkrabbe som ein mol saman til ein farse mellom ein flat stein og ein kuppelstein. Ein raud ulltråd vart rørt i denne farsen og vart så tvinna rundt ongelen. Dette var mykje bruka etter torsken på seinhausten og tidligvinteren.

Snurrevad vart bruka ein del på 1920 og 30-talet. (Frå eit par oppskrifter har eg teke med noen oppskrifter på snurrevadsett. Desse er meir utførlige enn andre médoppgifter, fordi desse inneheld både kvar ein skal sette vaden og kvar ein skal ta han opp.)

1.4 Avgrensing og oppdeling

I ei innleiing til ei spørjeliste: *Sedvanerett og grunnråderett til fiskegrunnar på havet* skriv Olav Fjørtoft (1951: 259-260) om korleis sjøbonden hadde méd som bytesteinar ute på havet. 'Her tala kvar gard om "vårt" hav og "dykkar" eller "deira" hav. Allmenningsretten som galdt for alle brukta på ein gard, vart overförd til fiskegrunnane ute på havet.'


Inne i fjordstroka var det ofte slik at kvar gard langs sjøkanten hadde sine fiskeméd berre den garden hadde hevd på. (Jfr. òg Hagen 1976:18.) Slyngstad (1951:14-17) fortel at dette før i tida òg var vanlig ute på dei store øyane på Sunnmøre, og Opstad (1984:51-52) seier det same var tilfelle på romsdalskysten, omframt den aller ytste fiskeplassen, der dei fritt kunne finne seg plass.

I eit område med værbusetting vart mønsteret eit anna. Pga. den koncentrerte busettinga danna det seg i staden sedvanerett over eit større havstykke rundt kvart enkelt vær som alle fiskarane på været oppfatta som sitt 'hav'. Gjennom vedtak i fiskerioppsynet og på hovedsmannsmøte fekk desse hevdvunne avgrensingane meir eller mindre juridisk stønad under skreifisket. Ikkje berre hadde kvar utrorsplass sitt faste havområde; innafor kvart område var det òg nøye bestemt kvar og når

MÅL OG MÉD

garnfiskarane hadde lov til å drive. (Sjå døme på slike vedtak i Fugelsøy 1962:254 ff.)

Dei 412 méda i denne samlinga er henta frå den ytre, havvendte delen av Smøla; grovt avgrensa av Lyngværet og Gåsskjera i sør og med Reiråa i nordaust. Innafor dette området finn eg det tenlig å skilje ut fire utrorshav.



Inndeling av utrorshava i denne samlinga.

Enno i dag er desse utrorshava reelle avgrensningar på den måten at fiskaren kjenner dei fleste méda i sitt hav, men berre unnataksvis méd i tilgrensande hav. Dette er tilfelle for utroren frå Veiholmen og Steinsøysundet og også for Brattværshavet der fiskarane no driv sjøen frå Råket og Dyrnes. Området eg har samla inn under Odden, dekkjer eigentlig *fleire* gamle utrorshav, men av praktiske årsaker har eg latt vera å splitte området opp i dei mange gamle utrorane herifra. Dette har kanskje heller

INNLEIING

ikkje vore mulig. Dei mange små fiskeværa på Sør-Smøla er for lengst avfolka, og mykje av tradisjonen er trulig bortkommen.

Området Odden dekkjer heller ikkje heile havområdet som fiskarane frå denne delen av Smøla har drive. For fiskarar herifrå var og er Griptaren ein mykje nytta fiskeplass. Når eg har valt å sjå bort frå Griptaren, er det dels av plassmessige årsaker, dels fordi Griptaren ikkje er driven berre av fiskarar frå Smøla, men òg er nytta av fiskarar frå Averøya, Kristiansund og Grip.

1.5 Noen viktige namn på land

Namnet på hovudøya *Smøla* /'smø:lɑ:/, dativ /'smø:lɑŋ/, er omtala av Magnus Olsen (1924:63-64), av Nils Hallan (1965:49-51) og av Ola Stemshaug (NSL). Det eldste belegget for namnet er kanskje i Grimnismål (sjå boksen på neste side). Namnet dukkar opp i islandske manuskript som 'Smyl' eller 'Smjol', og ca. 1430 finn vi dativforma 'i Smylen(n)e' i Aslak Bolts jordebok. I lag med Frøya, Hitra og Tustna hører *Smøla* med mellom dei aller eldste øynamna; dei som er usamansette og avleidde med suffiks (Hitra, Tustna, Smøla).

Det er ingen tvil om at det er forma på øyriket som er grunnlaget for namnet *Smøla*. Det mest karakteristiske ved det halvt oversvømte platået som dannar desse øyane, er den nærmast utrulige rikdommen på øyar, holmar og skjer som på nord-, vest- og sørsida omkrinsar hovudøya. Namnet har samanheng med *smule*, til indoeuropeisk **smel-*, som er ei utviding av **mel-* 'knuse, slå, male (korn)', og til *smol*, m. 'småbitar' og *smole*, v. 'knuse, smuldre opp', som vi finn i norske dialekta.

Namnet *Smøla* peiker såleis på det oppsmuldra landet som har danna arkipelaget, og ikkje eigentlig hovudøya, som av smølværingane enno i dag blir presisert som *Fast-Smøla*. For sjøfarande som kom nordetter kysten vil det ha vore overlag viktig å treffe Trondheimsleia mellom

M Å L O G M É D

Smøla og Tustna, eller å treffe Ramsøyfjorden om ein kom rett vestfrå, for rak ein opp i skjergarden på Smøla, var ein ille ute. Ein kan seie at namnet ber i seg eit varsel om farlig farvatn.

'Far du no dit, der Smøla tek deg!'

I Grímnismál, frå Den eldre Edda, blir det i innleiinga på prosa fortalt om dei to kongsbrørne Agnar og Geirrød, høvevis ti og åtte år gamle, som ein dag dei er ute og dreg småfisk, fer vill på havet og må overvinstre hos ein husmann og kona hans. På veg ned til båten får Geirrød eit ord med på vegen av husmannen, og at dette må ha vore ei oppfordring til udåd, anar vi når dei to brørne landar i støa heime hos far sin. Da hoppar Geirrød ut av framskotten, skuvar båten med broren ombord til havs og seier: 'Farðu nú, þar er smyl hafi þik!' Båten rek ut, og Geirrød går opp til farsgarden, der han finn ut at faren er avliden. Geirrød blir dermed konge.

Det interessante her er det Geirrød seier idet han skuvar ut båten. Det er opplagt at det må vera ein eid, men kva dette 'smyl' er, som han vil skal ta Agnar, er mindre sikkert. Geirrød ønskjer at det verst mulige skal skje broren, og for ein i ein båt kan det vel neppe tenkast noko verre enn å komma opp i ureint farvatn. Det kan vera at det er eit slikt generelt innhald som ligg i ønsket til Geirrød, men det kan også vera at han vil at broren skal dra til ein bestemt plass - dit farvatnet er så ureint at plassen har fått namn etter dette - nemlig til Smøla. Var skjergarden rundt Smøla så herostratisk berømt at sjølve namnet var eit skjellsord for tusen år sidan?

Odden / ˈɔðn / (yngre / ˈoðn /) står i Aslak Bolts jordebok som 'i Odden' og blir skrive 'Odhens' ca. 1520 og 'Odenn' 1559. På grunn av uttalet må vi utelukke at

INNLEIING

namnet inneholder *oddi*, m. 'odde, nes'. Det er ingen tvil om at namnet kjem av norrønt *oddr*, m. 'odd, spiss'. Oluf Rygh (NG XIII:465) peiker på at dette ordet i stadnamn refererer til odder eller landtunger og går ut frå at den aktuelle øya har fått namn etter si spisse, trekanta form. Til dette er det å seie at forma på *Odden* slett ikkje er karakterisert av odder i form av typiske landtunger eller nes, og i høve til dei jamstore nabøyane er *Odden* ikkje spesielt oppskoren. I staden må ein trulig finne motivasjonen til namnet i lokaliseringa av øya. *Odden* er den ytste større øya i skjergarden nord for Olsøysvaet i øygruppa som strekkjer seg sør-vestover frå Steinsøyneset, og innhaldet i namnet er vel helst *odd* i tydinga 'spiss' med referanse til 'det ytste landet'.

I same området er det to andre lokaliteta som har namn med *odd*; *Silsingodden* og *Valøyodden*. Igjen er det det geografiske leiet som forklarer bruken av *odd*. *Silsingsodden* ligg aller ytst av Silsingkjera og er ein holme med eit segelmerke som markerer at dette er nordkanten av Oddahølen. *Valøyodden* er det aller vestligste punktet på skjergarden rundt Smøla. Dette er noen holmar som ligg eit bra stykke unna Valøya, men som ein kan sjå som den ytste delen av (det omflødde) landet vestover frå Valøya, som dannar sørkanten av Valøysvaet. Sjå òg forklaringa på médnamnet *Oddgrunnen* ved Veiholmen.

Steinsøyeneset / ^stε:nse,nese / 'Stensøenes' 1667 og 'Stensøenæs' 1723, har namn etter *Steinsøya*, der utmerkingsleddet viser til den dominerande haugen med bert fjell på øya.

Brattværet / ^brat,væ:re / 'Bratver' ca. 1520 og 'Brattuer' 1559, må ha fått namn etter den kuperte topografiens på øya. Sjølve været ligg ved haugane Kjerkjebakkan og Ålvoret, den sistnemte med eit namn som fortel at kvinnfolka på været brukta haugen for å sjå etter karfolka sine om det vart dårlig vær.

Oluf Rygh (NG XIII:466) viser til det parallele namnet Brattøya, i kontrast til nabøya Flatøya, i Frei kommune.

MÅL O G MÉD

Ein kan òg vise til namnet Bratset, som er eit hyppig brukta gardsnamn, f.eks. i Valsøyfjorden, og som òg har utmerkingsledd frå norrønt *brattr*, adj.



Frå Brattværet; kupert lende til Smøla å vera.

Råket / 'rɔ:ce / finn ein skrive først i 1723 og da som 'Raachen, Plads under Dyrnes'. Namnet kjem av norrønt *rák*, n. 'Vei, hvorpaa Kvæg drives, Havnegang' (NG XIII:465), og fortel at plassen er ein sekundær gard, utsikt først etter å ha vore del av ein større gard.

Dyrnes / 'dy:rne:s / blir skriven 'Dørness' ca. 1520 og 'Dyrnis' 1559 og førsteleddet må vera norrønt *dýr*, n. 'firføtt dyr', men her må ein rimeligvis, som Oluf Rygh (NG XIII:465) seier, tenkje seg 'hjort', jfr. at engelsk *deer* har vorte snevra inn til å tyde berre 'hjort'. Til gardsnamnet *Dyrnes* noterer Rygh uttalen /dý`rnésse/. Sjølv om dette kan ha vore rett i hans tid, blir artikkelen i

INNLEIING

dag ikkje bruk i det som har vorte eit tettstadnamn. Den bundne forma glir ofte ut når lokaliteten får preg av å vera tettstad.

Hopen / 'hø:pen / blir skrive 'Hoppen' og 'Hopenn' i 1559 og 'Hobben' i 1643. Gardsnamnet kjem av norrønt *hópr*, m. 'hop, bukt, vik' og sikter, som Rygh (NG XIII:466) seier til det at 'her danner et Par Øer en trang, indelukket Bugt'. Meir presist er det sikkert sikta til kilen som Skjøttøya danna med Fast-Smøla. Langs her er det gamle naust, og dette er fortsatt i dag hamna på Hopen.

Veiholmen / 'vei|hɔ̃lm̩n / møter vi i kjeldene som *Veyen* ca. 1520, *Weyghenn* 1549, *Weien* 1559, *Weidenn* 1590 og *Weyenn* 1643. Oluf Rygh (NG XIII:466) har sikkert rett når han vil ha det til at opphavet er norrønt *veig*, f. 'sterk drikk, væske'. Namnet må da sikte til ferskvasskjelda Gulltjørna på Innveien og er eitt av mange øynamn som viser til at det her er tilgang på ferskvatn. Vi ser at skriftforma frå 1549 enno står opp under ein uttale med *g*, slik vi finn han i kystnamna Vega og Vegsund og i elvenamnet Veig. Som Rygh seier, er det rimelig å tenkje seg at det opphavlige øynamnet *Veig vil ha vore knytt til *Innveien*, den større øya der ferskvasskjelda er og at tillegget *-holmen* såleis relaterer sjølve fiskeværet som 'holmen ved *Veig' (NSL). Tillegget *-holmen* dukkar ikkje opp i skrift før på slutten av 1800-talet; før dette heiter staden i skrift berre Weien el. Veien, slik vi enno finn det i innbyggarnamnet *veiværing*, og i *Veiværet*, som enno blir sagt på Nordmøre om Veiholmen. Frå 1. okt. 1921 heiter poststaden offisielt Veidholmen (Danielsen 1978:10). Denne skrivemåten er etter alt å dømme ei feilrestituering motivert ut ifrå at førsteleddet er norrønt *veiðr*, f. eller *veiði*, f. 'jakt, fiske, fangst'. Sjølv om ein kan vise til at *d* er å finne ein gong i ei oppskrift frå 1590, og at det språklig ikkje er noko i vegen for ei slik tolking, må ein kunne hevde at denne tolkinga likevel er mindre rimelig fordi namnet da ikkje blir utmerkande nok; det blir rett og

MÅL O G MÉD

slett ikkje eit godt stadnamn. I eit samfunn der heile økonomien er bygd opp rundt veiding og der veiding i prinsippet kan drivast over alt, vil eit namn som fortel om veiding vera bortimot ubruklig fordi det ikkje er presist nok. På same vis vil ein i eit samfunn som Smøla, der så mykje økonomisk aktivitet dreier seg om fiske, måtte leite lenge etter eit namn som inneheld ordet *fisk* eller *fiske*. Skriftforma Veidholmen, med *d* i namnet, er elles inkonsekvent i høve til andre lokale stadnamn som blir skrivne *Veiahølen* og *Innveien*.

Steinsøysundet / ˘ste:nse,syŋe / er ein gard, no tettstad, som har namn etter *Steinsøya*, i Aslak Bolts jordebok skrive 'Steinsœy', ei stor øy som no er avfolka. Oluf Rygh (NG XIII:467) seier: 'Enten af Mandsnavnet *Steinn* eller af *steinn*, brugt om en Bergknaus.' Ingen av desse forslaga verkar heilt truverdige. Det ser ein om ein står på Steinsøysundet og ser over på øya, som utmerkjer seg ved fleire felt av *steinar*, steinrøyser, langs den sentrale delen av øya.

1.6 Normering

Normeringa av stadnamna i denne boka følgjer *Lov om stadnamn* (1990). Denne lova gir ein del rom for variasjon, og eg har (som Hallaråker 1997:261) valt å tolke uttrykket 'som hovudregel' i lova som at regelen ikkje er unntakslaus, men einast retningsgivande. Normeringa eg har valt, ligg nær den vanlige skriftnormalen. Her er noen av reglane som blir følgt:

Den intervokaliske konsonanten i jamvektsord blir skriven med enkel konsonant; *Seta*.

Rotvokalen og den trykklette vokalen i jamvektsord blir skrivne i samsvar med vanlig rettskriving; *Folafoten*.

Tjukk l av norrøn *rð* blir skriven *rd*; *Nordhølen*.

Historisk *rn*, *nd* og *ld* blir skrivne *rn*; *Hornet*, *nd*; *Hunden*, *ld*; *Kjelda*.

Svake hankjønnsord får i eintal endinga *-en*; *Oksen*, eller

INNLEIING

-an; *Bakkan*.

Svake hokjønnsord får endinga -a i eintal; *Kjelda*.

Namn som i målføret endar på / -aqn / i fleirtal, får endinga -an; *Kjukbåan*.

Namn som i målføret endar på /-en / eller /-ijn / i fleirtal, får endinga -en; *Fluen*.

Retningsadverba *aust*, *vest* og *ut*, *inn* blir i komparativ form skrivne med -er; *Auster Ersskallen*, *Ytter Fjellskallen*, men komparativ av *nord* og *sør* blir skrivne med -re; *Søre Ufsflua*.

1.7 Kjelder

Méda i dette arbeidet er samla gjennom intervju med folk som er fiskarar eller har drive som fiskarar ved Smøla. Noen av méda har eg lært ved sjølvsyn ute på sjøen, men dei aller fleste er lært over eit kart og ein kaffekopp heime i stua til informanten. Til noen intervju har eg nytta bandopptakar, til andre ikkje.

Til stor hjelp har det vore at eg har fått låne og teke kopi av mange oppskrifter av méd som det har vist seg at fiskarane har hatt. Desse médsamlingane har vore av mykje ulik kvalitet og omfang; somme er berre høgst private hugselappar med einast noen få med, andre er sirlig første skallbøker der over hundre méd er første opp. Medan noen samlingar er skrivne, er andre teikna. Etter det som blir sagt, er dei beste skallbøkene laga før siste krigen. Det verkar ikkje som om noen av dei kan daterast til før hundrearsskiftet, og noen oppskrifter er laga heilt nylig. Kopi av desse skallbøkene og -oppskriftene fins ved Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, NTNU. Ei teikna skallbok frå om lag 1930 av O.J. Otterholm har eg nytta meg av til å illustrere eit méd frå Veiholmen. Denne finst gjengitt i Danielsen (1978).

Under plottinga av méda har eg hatt stor hjelp av eit rikt karttilfang. Ved sida av dei vanlige, gamle og nye sjøkart (sjå kartliste bak), har eg ifrå Norges sjøkartverk fått kopiar av dei hydrografiske originalane nr. VII-30,

MÅL O G MÉD

31 og 32 i målestokk 1:20 000 og med særslig tette loddskot. Frå Institutt for kontinentsokkelundersøkelser (IKU) har eg fått dei relief-karta av Møre-/Trøndelagskysten som er utarbeidde i samband med oljeverksemda i dette området. Desse karta byggjer på dei hydrografiske originalane og er i målestokk 1:100 000. Frå IKU har eg også fått eit relief-kart som dekkjer havbotnen i ytste Ramsøyfjorden og nordvest av Veiholmen i målestokk 1:20 000.

Ved sida av noen spreidde médnamn i namneverket på karta fins det og noen trykte kjelder over méd ved Smøla. Desse er Dahlstedt (1972:17), Danielsen (1978:346-357), Fugelsøy (1962: fleire plassar) og Uksnøy (1959). Helland (1896) fell utom området for dette arbeidet. Bortsett frå Danielsen (1978), som skriv om méda i Veiahavet og som eg har hatt stor nytte av, vil ein i denne avhandlinga berre finne få referansar til denne litteraturen. Både médnamna og dei evt. médinene er stort sett hefta med så mange feil at eg mykje godt har funne desse kjeldene ubrukbar til formålet mitt. Likevel må eg nemne ei opplysing av méd etter Peder Grimsmo i *Nordmøre Fiskarsoge* (Fugelsøy 1962:331). Fleire méd som enno i dag blir brukta utom Brattværet, blir her opprampa, men også noen som ikkje lenger kan lokaliserast; 'Gildklakkseten', 'Steinhusbakken', 'Olaseten', 'Digerdjupet' og longemédet 'Millen'. Ettersom desse namna ikkje lenger er brukta av minst to personar, er dei ikkje teke med i denne samlinga. Médet Tarmannsdjupet, som fleire gonger blir nemt i *Nordmøre Fiskarsoge*, men som ingen i dag kjenner médinene på, er likevel teke med her ettersom fleire meinte å ha hørt om dette médet og kunne bekrefte uttalen og ei omtrentlig lokalisering av plassen. Det same gjeld Martenseta.

Når det gjeld sekundærlitteratur som er brukta, vil eg generelt vise til litteraturlista bak. Likevel må eg framheve Hovda (1961), som har vorte særslig mykje nytta i dette arbeidet. Til tolking av mange namn har eg hatt stor hjelp av Slyngstad (1951), og metodisk har eg henta mykje fra Hallaråker (1975).

INNLEIING

Forfattaren har teke alle bilda i boka, om ikkje anna er sagt.

1.8 Informantar

Jørgen Holm (Dyrnes), Erling Rokstad, Kjell Kristiansen og Ivar Aspaas (Veiholmen) har vore til hjelp med finne nøyaktig posisjon til mange av méda. Likeins har mannskapa på M/S Nyviking og M/S Vestbåen hjulpe meg med mange GPS-posisjonar, noko som har vore til stor nytte når det gjalt å plotte plassane inn på kartet.

Her er informantane eg har intervjuat og/eller fått médoppskrifter frå:

	<u>Oppskrifter:</u>	<u>Intervju:</u>
Ivar Aspaas	Veiholmen	X
Andreas Berg	Veiholmen	X
Arne Bjerkan	Brattv./Råket	X
John Brun	Ersneset	X
Arne Danielsen	Veiholmen	X X
Daniel Dyrnes	Råket	X
Markus Fagerheim	Hopen	X X
Ole Gjelberg	Ersneset	X X
Johan Johansen	Veiholmen	X X
Olaus Hansen	Veiholmen	X X
Johan Holberg Hansen	Steinsøysundet	X X
Arne Høghaug	Sætrå	X
John Kruse	Råket	X
Rasmus Kruse	Råket	X
Olaf Larsen	Veiholmen	X
Iver Maridal	Råket/Kr.sund	X
Oskar Nordhaug	Steinsøyneset	X
Ole Jakobsen Otterholm	Veiholmen	X
Noralf Reitan	Steinsøyneset	X
Gunnerus Rotvær	Solværet/Kr.sund	X X
Kristoffer Paulsen Råket	Råket	X
Jakob Skarpnes	Steinsøyneset/Kr.s.	X
Daniel Stensønes	Steinsøyneset	X
Isak Stensønes	Steinsøyneset	X

M Å L O G M É D

Karle Stensønes	Steinsøyeneset	X
Peder Sivertsen	Veiholmen	X
Bernhard Sundet	Steinsøysundet	X
Karle Vestheim	Steinsøyeneset/Kr.s.	X
Hilmar Watten	Dyrnes	X X
Kristian Åkvik	Råket	X

1.9 Forkortingar

adj.	adjektiv
adv.	adverb
Brv	Brattværshavet
b.f.	bunden form
dat.	dativ
eint.	eintal
f.	femininum
fl.	fleirtal
inf.	infinitiv
indoeur.	indoeuropeisk
m.	maskulinum
n.	nøytrum
Od	Oddahavet
op.cit.	det nemnde verket
Ram	Ramsøyfjorden
s.	side
ub.f.	ubunden form
v.	verb
Vh	Veiahavet

2 MÅLFØRET

2.1 Metode og lydskrift

I stadnamnsamanheng er det viktig å få etablert kva som utgjer opposisjonane i målføret og ikkje nødvendigvis den fonetisk mest mulig nøyaktige uttalen av namna. Denne målføreanalysen følgjer derfor eit fonemisk prinsipp, i hovudsak slik det er utarbeidd for Norsk stadnamnbase av Helge Sandøy (1989, jfr. òg Sandøy 1993). Foneminventaret er analysert gjennom eit oppsett av minimale par, og reglane for fonemrealiseringane i målføret er trekt opp i eit sett generelle fonologiske reglar og eit sett morfofonologiske reglar.

Lydskrifta i denne boka er så fonetisk som foneminventaret i målføret tillét. Derfor ser vi mykje godt konsekvensane av dei fonemendrande reglane i lydskrifta, men reglane blir likevel lista opp til orientering.

Lydskrifta som er valt til transkripsjonen er IPA.

Lengde blir einast markert ved vokalar. Bitrykk markerer òg at vokalen er kort eller lang.

I tillegg til den synkrone fonemanalsen finn eg det òg relevant å kommentere noen diakrone aspekt av lydverket og likeins skissere bøyningssystemet for substantiva. Aller først kjem eit avsnitt om korleis dialekten på Smøla er plassert i høve til andre målføre.

2.2 Smølamålet i dialektgeografien

Målføra på Nordmøre blir av somme rekna som ei eiga gruppe mellom dei trøndskane dialektane (Larsen 1897:82-95), av andre som ei underavdeling av vest-trøndsk (Reitan 1932:3) eller 'ytre mål' (Jenstad/Dalen 1997:15) eller som eit fosenmål (Ross 1908:38-65). For detaljdrøfting av trøndsk og nordmørsk vil eg vise til denne litteraturen.

Skal ein trekke fram ulikskapar mellom smølværsk og

MÅL O G MÉD

tilgrensande målføre, er desse lettast å finne om ein går til øyane nord av Smøla; til Hitra og Frøya. I høve til Smøla har desse øyane færre fonem og eit enklare formverk (Hagen 1976: målføre-innleininga). Der finn vi såleis ikkje monoftongeringstendensen og vokalane / ε / og / ä / som er hyppige i smølamålet. Hitra og Frøya palataliserer ikkje trykklette stavingar, dei manglar dativ og dei skil ikkje i bøyingsverket mellom sterke og svake substantiv i hankjønn og hokjønn - dette i kontrast ikkje berre til smølamålet, men til alle nordmørsmåla.

Verre er det å påvise ulikskap mellom smølværsk og dei andre målføra på Nordmøre, men noen trekk er det som viser at Smøla - også dialektmessig - ligg i ein utkant av Nordmøre. Såleis ser vi at målføret på Smøla ikkje har gjennomført fullt ut mange av dei typisk nordmørske dialektmerka. Monoftongeringstendensen har råka Smøla lettare enn Nordmøre elles, der også *au* er utsett for monoftongering.

I smølværsk, som i dei andre målføra på ytste Nordmøre, er bruken av tvetoppa eller cirkumfleks tonelag temmelig avveikt. Bruken er ustø og varierer frå person til person. (Jfr. Storm-liste frå Edøy sokn (Mæhle 1953).) På grunn av denne ustø bruken, blir circumfleks ikkje markert i transkripsjonen av uttalen av namna i denne samlinga.

At Smøla grenser opp mot Trøndelag, ser vi ved at gammal *rő* > / ŋ /. På Nordmøre elles er det berre Aure sokn som har gjennomført dette fullt ut.

I formverket skil Smøla seg ut på eit par punkt. I bunden form eintal av svake hokjønnsord har smølamålet / -aq / medan resten av Nordmøre har / -ɔŋ /

Dativ, som elles på Nordmøre står sterkt, er på Smøla i ferd med å forsvinne. Bruk/ikkje bruk av dativ dannar eit viktig lokalt dialektkilje på Smøla. På Inn-Smøla står dativ avgjort sterkest medan han manglar heilt i delar av yttersida: Veiholmen, Hopen og Brattvær sokn heilt til nord-delen av Steinsøyneset.

Inne i dativområdet har dei unge no bortimot heilt gitt slepp på dativ, og dei eldre viser temmelig ustø bruk av han. I ein merknad om dativ på Inn-Smøla skriv Leif

M Å L F Ø R E

Mæhle (1953) at bruken av dativ tykkjест vera i ferd med å døy ut, i alle fall på Straumen:

Folk opp til 55 år brukar ikkje dativ, utan ved nokre få faste (preposisjons)uttrykk. Av og til kan desse uttrykk verá stivna, slik at dei rett som det er kjem til å brukar dativ der det ikkje skulle vera denne forma, [...]. Men etter det folk i 40-50 åra seier, var dativ-bruken heilt fast hos foreldra deira.

Eg kan berre stadfeste at tendensen har fortsett både på Straumen og i resten av dativområdet. Dativ ser altså ut til å tape seg, ikkje ved gradvis tilbaketreking av dei geografiske grensene for utbreiing, men ved nedbryting av systemet innanfor sjølve dativområdet. (Jfr. Holten 1974:27.)

Til oppsummering om smølamålet og plasseringa av det mellom nordmørsmåla kan ein seie at Smøla ser ut til å stå mellom det formrike nordmørsmålet og det relativt formfattige fosenmålet og at formrikdomen faktisk også på sjølve øya taper seg nordvestover.

Relativt enkelt form- og lydverk har vore fellestrekke for alle kystvendte språksamfunn; noko som må tilskrivast den høge mobilitesgraden og dermed kulturutvekslinga som har prega desse bygdene. Når systemforenklinga held fram i dag, er ikkje lengre mobilitet den årsaka som ligg nærmast. Tvert imot har overgangen frå sjøverts til landverts samferdsel verka til å isolere eit samfunn som Smøla.

Spekulasjonane har vore mange om årsakene til systemforenkling av språket, og ofte er skylda lagt på radio, fjernsyn og skole. Andreas Bjørkum (1974:529-539) meiner vektlegginga på desse faktorane har vore overdriven. Årsakene er ofte mange og er gjerne å finne i ei generell omstrukturering av det gamle samfunnet og i sentralisering som gir dei unge fleire tilknytingspunkt enn heimemiljøet og får dei til å identifisere seg meir med storsamfunnet og ein gruppe- eller generasjonskultur (Sandøy 1993:104-110).

M Å L O G M É D

Målføre som gir opp lokale særtrekk, gjer ikkje dette så mykje til fordel for ein nasjonal riksnorm. Derimot nærmar perifere målføre seg talemålet i det lokale senteret; byen eller tettstaden like ved (op.cit. og Bjørkum :531 ff.). Byen for Smøla er Kristiansund, der det blir tala fosenmål slik det òg blir det i Trondheim, som heller ikkje er svært langt unna. Bymåla har gjort at fosenmål har fått stor prestisje mellom trøndermåla (Stemshaug 1972:55, jfr. òg Reitan 1932a:12-13). Når vi i tillegg til dette veit at Smøla grensar opp mot fosenmåla på Hitra og Frøya, er det naturlig å tru at fosenmålet er og vil fortsette med å vera mønsteret for formforenklinga som skjer på Smøla.

2.3 Lydverket

Vokalfonem

Målføret har 11 monoftongar med fonemstatus:

	Fremre		Sentral		Bakre	
	urunda	runda	urunda	runda	urunda	runda
Trong	i	y		u		ø
Midtre	e					ɔ
Midtre	ɛ	ø	ää			
Open	æ				a	

Målføret har tre opphavlige diftongar: / ei /, / äy /, / äu / og dei nye diftongane / ui /, / øi /, / ai /.

Vokalfonema er sett opp ifrå minimale par.

Her er ordtydingane for oppsettet:

ba:	pret. 'bad'	brø:k	f. 'brok'
ba:n	n. 'barn'	brø:k	n. 'bruk'
be:	inf. 'be'	bø:t	f. 'bot'
be:n	m. 'bein'	brø:k	m. 'brøk'

M Å L F Ø R E

bø:t	imp. 'bøt'	ra:k	n. 'rak'
da:	adv. 'da'	rÄ:k	m. 'røyk'
de:	pron. 'det'	rÄ:t	inf. 'røyte'
dÄ:r	f. 'dør'	ri:	inf. 'ri'
dø:	n. 'do'	ri:k	adj. 'rik'
dü:	pron. 'du'	ri:v	inf. 'rive'
dy:r	n. 'dyr'	rø:t	n. 'rot'
dø:r	pres. 'dør'	rø:v	inf. 'ruve'
dæ:	pron. 'deg'	rø:	n. 'rø,'
ɛj	pret. 'eide, åtte'		fiskeskinn'
fe:r	pres. 'fer'	rɔ:k	f. 'råk'
fÄ:r	adv. 'før'	sa:	pret. 'sa'
fø:r	pret. 'fór'	se:n	adv. 'sein'
fø:r	inf. 'føre'	si:l	m. 'sil'
fɔ:r	pres. 'får'	sje:r	f. 'sjel'
he:r	adv. 'her'	sjø:t	pron. 'sjølv'
hi:v	n. 'hiv'	sø:n	inf. 'sone'
hø:r	inf. 'hore'	sy:	inf. 'sy'
hæ:r	m. 'hær'	sy:l	m. 'syl'
hæst	m. 'hest'	sy:g	inf. 'suge'
hÄst	m. 'høst'	sy:n	n. 'syn'
hɔ:v	m. 'håv'	sø:	adv. 'sør'
li:t	imp. 'lit'	sæ:	pron. 'seg'
le:s	pres. 'les'	sæ:g	adj. 'seig'
le:t	m. 'let, farge'	sæ:l	m. 'sel'
lɛ:t	imp. 'leit'	ˋsæ:te	n. 'sete'
lɛ:k	imp. 'leik'	ˋsɔ:te	f. 'såte'
lɛ:n	f. 'sidesykke, f. eks. armlein'	sɔ:	inf. 'så'
lø:k	m. 'løk'	ti:	talord 'ti'
lo:s	m. 'los'	tÄ:r	adj. 'tørr'
lu:t	m. 'lut'	tø:	talord 'to'
ly:s	n. 'lys'	tø:r	m. 'tur'
ly:t	pres. 'lyt'	äj	part. 'øydd'
læ:n	imp. 'len, stø'		
lø:t	m. 'låt'		

Vokalfonem vist med minimale par:

	i	e	ɛ	y	ø	ää	æ	ʉ	ω	ɔ
e	li:t le:t									
ɛ	li:t le:t	le:t le:t								
y	si:l sy:l	le:s ly:s	se:n sy:n							
ø	ri: rø:	sje:t sjø:t	le:k lø:k	dy:r dø:r						
ää	ri:k rä:k	fe:r fää:r	ɛj ääj	dy:r dää:r	dø:r dää:r					
æ	si:l sæ:l	he:r hæ:r	le:n læ:n	sy:g sæ:g	so: sæ:	häst hæst				
ʉ	ri:v ru:v	de: du:	le:t lu:t	ly:t lu:t	brø:k brʉ:k	tää:r ta:r	sæ:g su:g			
ω	ti: tø:	fe:r fω:r	se:n sω:n	ly:s lu:s	fø:r fω:r	rää:t ra:t	hæ:r hω:r	brʉ:k brω:k		
ɔ	hi:v ho:v	fe:r fɔ:r	le:t lo:t	ly:t lo:t	fø:r fɔ:r	fää:r fɔ:r	^sæ:te ^sɔ:te	lu:t lo:t	bω:t bø:t	
ɑ	ri:k ra:k	be: ba:	be:n ba:n	sy: sa:	so: sa:	rää:k ra:k	dæ: da:	dω: da:	sɔ: sa:	

M Å L F Ø R E

Konsonantfonem

I smølamålet finn ein 24 konsonantfonem. Desse kan ein stille opp skjematisk på denne måten. Skråstrek indikerer ustempt/stemt; ustemte konsonantar står framom skråstreket, stemte bak.

	Labial	Alveol.	Retrofl.	Palatal	Velar	Glottal
Plosiv	p / b	t / d		c / ʃ	k / g	
Frikativ	f / v	s /	ʂ /	ç / j		h /
Nasal	/ m	/ n		/ ɳ	/ ɳ	
Lateral		/ l		ɬ / ɻ		
Tap, flap		/ r	/ ɾ			

Det er såpass mange konsonantfonem i målføret at det vil ta for stor plass å sette opp eit fullstendig oversyn over minimale par, bevise kva for fonem som fins og ikkje fins i framlyd, innlyd og utlyd og likeins kva for noen vi einast finn i lang evt. kort variant. Dei vanligaste, normalnorske konsonantopposisjonane, -posisjonane og lengdevariasjonane vil vi derfor ta for gitt, og i her staden kort nemne noen av dei meir regionale og lokale 'problema'. Noen av desse vil òg bli drøfta i det diakrone avsnittet.

Fonem eller allofon?

At det er opposisjon mellom alveolare og palatale nasalar ser vi i det minimale paret / fin / 'Finn', mannsnamn, ~ / fiŋ / 'finne', v.inf., og at det er opposisjon mellom den alveolare og den velare nasalen ser vi i paret / sən / 'senn, nylon fiskesnøre' ~ / sæŋ / 'seng', f.

Det er ikkje heilt lett å finne minimale par som påviser opposisjon mellom / l / og / ɾ /, men vi har f.eks. / ha:l / 'hale', v.inf. ~ / ha:ɾ / 'harde', adj.

Retrofleksane [t̪ , d̪ , n̪ , l̪] finst einast i innlyd og utlyd, og der kan dei bli utleidde av ein fonetisk regel, fonemkombinasjonane / ɾ / + / t̪ , d̪ , n̪ , l̪ /, og dei får såleis ikkje eigen fonemstatus. Det same gjeld alveolarane

MÅL OG MÉD

[t, d, n, l, s], som er produkt av kombinasjonane / r / + / t, d, n, l, s /. Derimot er retrofleksen / š / her rekna som eige fonem fordi lyden finst i framlyd og der ikkje kan bli avleidd av fonemsambandet / ťs /.

Reglar for fonemrealiseringane

Her er einast regionale og lokale reglar teke med. Mange av reglane er meir utførlig kommenterte i det diakrone avsnittet.

Fonologiske reglar

F1. Stemt konsonant blir ustempt når han kjem mellom kort vokal og ein ustempt konsonant.

F2. / t, d, n / blir palatale etter annan palatal konsonant.

F3. / r / + / t, d, n, l, s / blir uttalt [t, d, n, l, s].

F4. / ť / + / t, d, n, l, r, s / blir uttalt [t, d, n, l, ť, s].

F5. Trykklett / en / blir / ŋ / etter / t, d, c, ţ, s, n, ť, l, k, r, ť / og etter vokal.

F6. / ȳ / blir uttalt [ȳ] etter kort vokal og [ȳ] etter lang vokal.

Morofonologiske reglar

Mf1. / ȳk, k, ȳ, g / blir til / ȳç, ç, ȳ, j / framfor endinga i:

sterke maskulina eintal b.f.

sterke feminina eintal b.f.

svake maskulina med overvektsform (e-form) eintal
nemneform

sterke maskuline i-stammar fleirtal

sterke feminine i-stammar fleirtal nemneform

sterke nøytra eintal b.f. og fleirtal b.f. nemneform

adjektiv på / ij / eintal

Mf2. / sk / blir til / ȳç, ťt, ťj, ť / i same tilfella som førre regelen.

MÅLFØRE

Historisk utvikling av vokalane

/ a: / / a / er realisert som ein urunda, låg og bakre eller sentral vokal.

Opphavlig lang a vart runda alt i norrøn tid og gir i smølværsk ein / ɔ: / som i dei fleste norske målføra.

< norrøn a

/ vatn / < norr. *vatn*, n.

/ ga:ṛ / < norr. *garðr*, m.

/ gan / < norr. *ganga*, v.inf.

/ staṇ / < norr. *standa*, v.inf.

Dei to siste formene er berre å finne på Inn-Smøla. Resten av Smøla nyttar dei runda kortformene / go: / og / stɔ: /.

< norrøn e

Det fins noen få slike overgangar ved opning og lågning av vokalen:

/ va:ṛ / < norr. *verðr*, adv.

Dessutan kan overgangen skje gjennom jamning:

/ ˇvara / < norr. *vera*, v.inf.

/ ˇnavā / < norr. *neva*, oblikt kasus av *nevi*, m.

/ e: / / e / er realisert som ein urunda, halvhøg, fremre vokal.

< norrøn é

/ kne: / < norr. *kné*, n.

/ he:r / < norr. *hér*, adv.

< norrøn e

/ be:r / < norr. *ber*, n.

/ nes / < norr. *nes*, n.

< norrøn a

/ jeλ / < norr. *hjallr*, m.

< norrøn æ

/ he:ṛ / < norr. *hæl(l)*, m.

/ ˇe:dλya / < norr. *Æðey*, stadnamn.

< norrøn i

finst framfor norrøn utlydande ð:

/ me: / < norr. *mið*, n.

og elles ved vanlig lågning:

M Å L O G M É D

- / cešk / < norr. *kirkja*, f.
/ fesk / < norr. *fiskr*, m.

/ ε: / er realisert som ein fremre, urunda vokal, ein overgangslyd mellom *e* og *æ*; ein open *e*. Kvantiteten er mykjegodt berre lang som følgje av opphavet i diftongen *ei*.

< norrøn *ei*

- / he:m / < norr. *heimr*, m.

Det skjer ikkje monoftongering om diftongen står i utlyd:

- / sei / < norr. *seiðr*, m.

av yngre *æ*:

- / ˘ve:ce / av *vækja*, f.

/ i: / / i / er realisert som ein urunda, høg og fremre vokal.

< norrøn *i*

- / li:v / < norr. *líf*, n.

< norrøn *i*

Gammal kort *i* er jamt over gått til *e*, men han er halden framfor palataliserte konsonantar:

- / sił / < norr. *sild*, f.

- / vijn / < norr. *vindr*, m.

< norrøn *a*

/ fjiλ / < norr. *fjall*, n. Her er progressiv j-omlyd og palatalisering av konsonanten som kjem etter vokalen, årsak til at vi har fått *i*.

< norrøn *e*

/ tice / < norr. *tekit*, pret. part. av *taka*, v. Igjen er den palatale konsonanten *i*-fremjande. Det same gjer at *i* er halden ved somme morfonemiske skifte:

- / reŋ / ~ / rinen / av norr. *hringr*, m.

Dette gjeld òg mange ord som ender på *-ing*:

- / ˘çjærinɑ / (ub.f.sing.) ~ / ˘çæreŋɑ / (ub.f.plur.) av norr. *kerling*, f.

I bunden form eintal av svake hankjønnssord er den etterhengde artikkelen / -jn / av norrøn *-inn*, dvs. at både kvaliteten på vokalen og kvantiteten på konsonanten er

M Å L F Ø R E

halden:

/ ʌksɪŋ / < norr. *uksinn*, m., b.f.sing.

/ ə: / / ə / er realisert som ein runda, høg, bakre vokal.

Den lange vokalen skriv seg frå:

< norrøn ó

/ bə:k / < norr. *bók*, f.

/ stə:r / < norr. *stórr*, adj.

< norrøn o framfor rð

/ bə:ṛ / < norr. *bord*, n.

< norrøn ɔ framfor rð

/ fjə:ṛ / < norr. *fjørðr*, m.

< norrøn ú framfor n

/ brə:na / Bruna, stadnamn, av norr. *brún*, f.

< norrøn u framfor rð

/ ɔpə:ṛ / < norr. *spurða*, pret. av *spyrsa*, men

/ sku:r / < norr. *skurðr*, m.

Den korte vokalen kjem gjernast av norrøn u :

/ bəçen / Bukken, stadnamn, av norr. *bukkr*, m.

/ həmeṛ / < norr. *humla*, f.

/ ʉ: / / ʉ / er realisert som ein runda, høg og sentral vokal.

< norrøn ú

/ jʉ:pe / Djupet, stadnamn, av norr. *djúp*, n.

< norrøn u

/ bʉ:jen / Bugen, stadnamn, av norr. *bugr*, m.

Nordmøre er eit overgangsområde for utbreiinga av den trøndiske opning og lågning av denne vokalen framfor palatale dentalar. Dette er berre delvis gjennomført på Smøla:

/ həj / < norr. *hundr*, m., men

/ hʉner / < norr. *hundrað*, n.

Det har ikkje skjedd lågning framfor palatal l:

/ gʉλ /

/ tʉλ / .

M Å L O G M É D

/ y: / / y / er realisert som ein runda, høg og fremre vokal.

< norrøn *ý*

/ dy:r / < norr. *dýr*, n.

< norrøn *y*

/ fy^λ / < norr. *fylla*, v.inf.

Den norrøne korte vokalen har halde seg framfor palatale konsonantar, elles har norrøn *y* vorte / ø /. Dette gjer at vi kan ha morfofonemiske skifte mellom / y / og / ø /:

/ ^byje / inf. ~ / bøgd / pret. av norr. *byggja*, v.

< norrøn **jú* (ei sideform av *jó*)

/ ʂy: / < norr. **sjúr*, m.

/ sny: / < norr. **snjúr*, m.

/ kny:p / < norr. **hnjúpa*, f. (Jfr. Stemshaug 1965:16)

Derimot har ikkje denne overgangen skjedd i eldre / jø:s /

< norr. *ljós* eller **ljús*, n. Forma / ly:s / er no den vanlige.

< norrøn *u* finn vi ofte framfor palatale konsonantar:

/ bryŋ / < norr. *brunnr*, m.

/ syn / < norr. *sund*, n.

/ æ: / / æ / er realisert som ein runda, høg og sentral vokal.

< norrøn *æ*

/ næ:ver / < norr. *næfr*, f.

Vokalen *æ* var sjeldan i norrønt. Det langt vanligste opphavet til moderne / æ: / og / æ / er kort *e* i norrønt:

< norrøn *e*

/ græ:v / < norr. *gref*, n.

/ æg / < norr. *egg*, n.

Ved morfofonemiske skifte vil palatalisering av *g* og *k* gjera at *e* blir halden:

/ væg / ~ / vejen / av norr. *veggr*, m.

/ bæk / ~ / beçen / av norr. *bekkr*, m.

< norrøn *i*

/ læ:ver / < norr. *lifr*, f.

/ ræ:ve / Revet, stadnamn, av norr. *rif*, n.

< norrøn *ei*

MÅLFØRE

/ ˘fægdafesk / av norr. *feigð*, n.

< norrøn *o* i prefiks:

/ fær̄bañ:a / < norr. *forbannaði*, v.pres.part.

< eldre *y*

/ ˘fær:e / av eldre *fyre*, adv.

/ ã: / / ã / er realisert som ein sentral, svakt runda vokal. Auditivt er vokalen ei overgangsform mellom æ og ø; ein delabialisert eller 'slapp' ø som kan minne om engelsk *u* i *but*, men som er noko lågare og meir framskoten. Mellom eldre folk finn ein ein variant som er meir framskoten og nærmar seg / æ / i uttale (jfr. målføreoppsskrifta frå Brattvær i Beito 1967:348). Den relativt unge lyden / ã / ser ut til å vera noko labil også i andre nærskylte målføre (jfr. Holten 1974:48 og Stemshaug 1968:20).

Når Jørg. Reitan (1924:203) skriv at delabialiseringa av ø ikkje omfattar Smøla, kunne dette ha vore eit indisium på at denne novasjonen enno på 1920-talet ikkje hadde nådd Smøla, men ein skal vera forsiktig med å lite på det Reitan seier om Smøla, ettersom han er opplagt feilinformert på andre punkt om smølamålet.

< norrøn *y*

/ märk / < norr. *myrkr*, adj.

< norrøn *u*

/ tã:r / < norr. *purr*, adj.

< norrøn ø

/ ˘säce / < norr. *søkkja*, v.inf.

< norrøn o

/ tãrv / < norr. *torf*, n. (Denne overgangen er sjeldsynt og vokalen kan her ha eit anna opphav, jfr. Reitan 1924:203.)

< norrøn q

/ mäsk / < norr. *møskvi*, m. 'maske i garn'.

< norrøn jo

/ smä:r / < norr. *smjor*, n.

< norrøn ey

M Å L O G M É D

- / Æ / < norr. *eydd*, v.pret.part. av *eyda*.
< norrøn *au*
/ hæst / < norr. *haust*, m.
- / ø: / / ø / er realisert som ein runda, halvhøg og fremre vokal. Ein tilbaketrekt og svært labialisert allofon, [œ], er vanlig framfor / ç /.
< norrøn ø
/ 'ø:ver / < norr. *øfri*, adj.
- < norrøn æ
/ tø:v / < norr. *þœfa*, v. (om ull).
< norrøn u
/ ^søvæst / av norr. *sudr*.
- < norrøn ø
/ stø: / < norr. *stqð*, f.
- < norrøn ý
/ nøt / < norr. *nýta*, v. inf.
- < norrøn y
/ tøst / < norr. *þyrstr*, adj.
- < norrøn ó
/ fjø:s / < norr. *fjós*, n.
- < norrøn ey
/ hør: / < norr. *heyra*, v. inf.
- / œ: / / œ / er realisert som ein runda, bakre og midtre vokal.
< norrøn á
/ rœ:s / < norr. *rás*, f.
- < norrøn a
Dette er ei tidlig lenging av vokalen som har hatt á som mellomstadium:
/ 'œ:ker / av ákr < *akr*, m.
- < norrøn an
/ ^seY:œ / < norr. *sjaldan*, adv.
- < norrøn anum
/ ^hɔlma / < norr. *holmanum*, dativ av *holmi*, m.
- < norrøn ó

M Å L F Ø R E

/ ɔ̄drøney / < norr. *dróttning*, f.

< norrøn *o*

/ ɔ̄bo:e / < norr. *boði*, m.

< norrøn *on*

/ ɔ̄qners ɔ̄bænsɔ / Anders Benson, stadnamn laga av personnamn. Denne overgangen gjeld berre patronymika i eldre mål.

< norrøn *o*

~ / ɔ̄vɔ́λaj / Vollan, stadnamn, av norr. *völlr*, m.

< norrøn *u*

/ sköt: / < norr. *skutr*, m.

Til denne overgangen kan vi òg rekne utlydande vokal i svakt hokjønn som skriv seg frå norrøn oblik kasus:

/ ɔ̄kɔnsɔ / < norr. *konu*, oblik kasus av *kona*, f.

< norrøn *um*

/ ɔ̄myλɔ / < norr. *mellum*, prep.

< norrøn *unum*

/ ɔ̄bærgɔ / < norr. *bergunum*, dativ pl. av *berg*, n.

Diftongar

Nordmøre fell saman med det sør-trøndskes monoftongeringsområdet, men den nordmørske diftongforenklinga er av nyare dato enn den sør-trøndskes og heller ikkje så lang kommen (Dalen 1971:40). Reitan skriv om den sør-trøndskes monoftongeringa at ho tek til med øy og råker *au* sist. (Reltan 1932b:104, jfr. og Dalen 1971:39-40.) På Smøla er *au* / ɔ̄u / bevart i dei fleste stillingar, noko som tyder på at forenklinga er i ei tidlig fase og er yngre enn den vi finn på Indre Nordmøre, der f.eks. målføret i Surnadalen ikkje lenger skil mellom gammal *au* og *ey*, som no begge får uttalen / ɔ̄ / (Holten 1974:52).

/ ε: / er monoftongeringsproduktet av den norrøne diftongan *ei*:

/ sε:n / < norr. *seinn*, adv.

/ hε:m / < norr. *heimr*, m.

/ tε:n / < norr. *teina*, f.

MÅL OG MÉD

Diftongen held seg som / ei / når han kjem i utlyd eller har stått framfor opphavelig ð eller g:

/ lei / < norr. *leiga*, v. inf. og *leið*, f.

/ ^vei,almijn /, Veiholmen, stadnamn, trulig av norrøn *veig*, f. 'væske'.

/ ã: / er den monoftongerte norrøne diftongen *ey*. For norrøn *ey* gjeld det same som for norrøn *ei*: Han held seg som diftong i utlyd og framfor gammal ð, k, g og j. Elles blir han monoftongert til / ã: /:

/ stã:p / < norr. *steypa*, v. inf.

/ ãy / < norr. *ey*, f

/ trãy / < norr. *treyja*, v. inf.

Framfor r og m får vi *ey* > / ø: / eller / ø /:

/ hø:r / < norr. *heyra*, v. inf.

/ drøm / < norr. *dreyma*, v. inf.

/ ãu / tilsvrar den norrøne diftongen *au*:

/ ^ãue / < norr. *auga*, n.

/ sãu / < norr. *sauðr*, m.

/ bñ ãut / < norr. *blautr*, adj.

/ stãup / < norr. *staup*, n.

Framfor m blir norrøn *au* monoftongert til / ã: /:

/ strã:m / < norr. *straumr*, m.

/ tã:m / < norr. *taumr*, m.

I noen tilfelle skjer monoftongering til / ø / / drøm / < norr. *draumr*, m.

På Inn-Smøla finn vi formene / çãur / 'kjørte' og / häur / 'hørte' medan yttersida av øya har / ø:rt / og / hø:rt /.

For alle dei tre opphavlige diftongane skjer monoftongering og kvantitetsforkorting når dei kjem framfor lange konsonantar eller konsonantgrupper:

/ bent / < norr. *beint*, adv.

/ häst / < norr. *haust*, n.

I somme tilfelle er det skjedd diftongering ved at g er

M Å L F Ø R E

vokalisert (Christiansen 1976:167):

/ sei / < norr. *segja*, v.

/ släy / til **slögja*, v. til / slø: /, n. 'slo, innvollar av fisk'.

Jamvekt, apokope og jamning

Som eit austnorsk målføre har smølamålet jamvekt og skil såleis mellom gamle overvektsord som får apokope, og gamle jamvektsord som held på endingsvokalen:

/ vi:s / < norr. *vísa*, f.

/ ^hosɔ / < norr. *hosu*, oblik kasus av *hosa*, f.

Eit hovudkriterium på trøndsk er at den mellomvokaliske konsonanten i jamvektsord er forlengt. På dette punktet viser smølamålet likskap med fosenmåla. Regelen er at konsonanten er forlengt, men det er fleire unnatak, særlig mellom hankjønnssorda:

/ ^møse /

/ ^dröpe /, men

/ ^ma:ga /

/ ^kra:ga /

I stor grad har endingsvokalen etter lang staving falle bort.

Dette skjer alltid med trestavingsformer:

/ ^bɔ:tɔŋ /

/ ^sääuj /

/ ^stu:aq /

Likeins skjer det oftast med tostava hokjønnssord med gammal overvekt:

/ çesk /

/ bøt /

Men i tostava hankjønnssord held endingsvokalen seg også i overvektsorda:

/ ^baka /

/ ^økse /

I jamvektsord skjer ofte ein regressiv fjernassimilasjon av vokalane, dvs. jamning. Som i andre nordmørsmål og vesttrøndsk målføre er tendensen i smølamålet berre gradar av tilnærming, ikkje full utjamning. I eldre mål fins det likevel eksempel på utjamning:

MÅL OG MÉD

- / `vara / < *vera*, inf.
/ `façafø:tŋ /, Folafoten, stadnamn.

Hankjønn

Medan fosenmål og måla på Indre Nordmøre stort sett har -a som endevokal - etter oblike kasus i norrønt - har Smøla og Ytre Nordmøre elles endevokalen -e etter den norrøne nominativsforma:

- / `tare / < norr. *tari*, m.
/ `ha:ne / < norr. *hani*, m.
/ `pøse / < norr. *posi*, m.

Ord med intervalarisk velar konsonant har fått -a etter norrøn oblik form:

- / `ma:ga / norr. *maga*, oblik kasus av *magi*, m.
/ `stæ:ga / norr. *stiga*, oblik kasus av *stigi*, m.

Analogt har dette gjort at somme overvektsord med velar konsonant òg har fått utlydande -a:

- / `baka / < norr. *bakka*, oblik kasus av *bakki*, m.
/ `naka / < norr. *nakka*, oblik kasus av *nakki*, m.

Det same har skjedd med noen jamvektsord med andre intervokaliske konsonantar:

- / `nava / < norr. *neva*, oblik kasus av *nevi*, m.
/ `bæta / < norr. *bita*, oblik kasus av *biti*, m.

Hokjønn

Regelen er her at dialektforma skriv seg frå norrøn oblik kasus og utlyder på -å. I denne gruppa er jamning svært hyppig:

- / `vækɔ / < norr. *viku*, oblik kasus av *vika*, f.
/ `kɔnɔ / < norr. *konu*, oblik kasus av *kona*, f.
/ `fɔrɔ / < norr. *furu*, oblik kasus av *fura*, f.
/ `hosɔ / < norr. *hosu*, oblik kasus av *hosa*, f.

I eit par tilfelle er feminine jamvektsord apokoperte:

- / ka:k / < norr. *kaka*, f.
/ ga:t / < norr. *gata*, f.

M Å L F Ø R E

Konsonantsamband

Palatale dentalar

Palatalisering skjer ved opphavlig lange dentalar: *nn*, *ll*, *dd* og *tt* og ved opphavlige konsonantsamband med dentalar *nd*, *nt*, *ld*, *lt*, *rl*, og *rn*. For desse siste må vi først rekne med assimilering til lange dentalar før palatalisering har skjedd: norr. *bjorn* > **bjønn* > / *bjän* /.

Palatal / *n* / kan òg kombinerast med / *ʌ* /, / *c* / og / *ʂ* /:

/ ɔ:vijnli / 'vinnlig, lettvint'

/ ɔ:mes:ʌŋc / 'misunte'

/ ɔ:fajnʂli / 'ufanslig, uformelig, upassande'

Palatal / *n* / kan ha rot i eldre *-ng-* med etterfølgjande *i* eller *e*:

/ ɔ:lejne / < norr. *lengi*, adv.,

og i eldre *-ngj-:*

/ ɔ:sprejne / < norr. *sprengja*, v. inf.

Karakteristisk for nordmørsmåla er det at palatalar kan opptre i trykklette stillingar, slik som i den bundne artikkelen:

b.f. sg. av svake hankjønnsord: / ɔ:ksinj /,

b.f. sg. av svake hokjønnsord: / ɔ:ʌsən /,

b.f. pl. av hankjønnsord: / ɔ:sʌhij /,

b.f. pl. av hokjønnsord: / ɔ:vækaj /.

Palatalisering av velare klusilar

I utlyd held plosivane *g* og *k* seg velare, men blir palataliserte framfor opphavlige høge og fremre vokalar. Palatal *g* og *k* kan anten realiserast affrikativt / ʃ / og / ç / (ikkje i framlyd) eller frikativt / j / og / ç /.

Affrikatane, som er eit vestlig trekk, er av mange unge på Smøla meir eller mindre bytta ut med dei språkhistorisk yngre frikativane som rår grunnen i Sør-Trøndelag (Thorson 1949:335).

/ vi:k / < norr. *vík*, f., heiter såleis i bunden form / vi:ca / evt. / vi:ča / < norr. *víkin*.

MÅL OG MÉD

/ væg / < norr. *veggr*, m. ~ /'vejen / evt. /'vejen / < norr. *veggrinn*, b.f.

/ drek / < norr. *drykkr*, m. ~ /'dricen / evt. /'driçen / < norr. *drykkrinn*, b.f.

Retrofleksar og alveolarar

Retrofleksen / ʈ /, 'tjukk l', kan både komma av gammal *l* og *rð*. Målføregeografisk hører Smøla til eit ytterpunkt for overgangen *rð* > / ʈ /. Heilt sør til Romsdalen fins spreidd bruk av denne assimilasjonen, men på Nordmøre er han best gjennomført lengst i nord; i Aure og på Smøla:

/ 'nɔ:ʈɔ:vɪŋ / av norr. *norðan*, adj.

/ va:ʈ a / < *verðin*, f., b.f.sg.

Allofoniske retrofleksar blir danna ved assimilering av kombinasjonar som / ʈ / inngår med / t, d, n, l, s /. Desse blir uttalt [t, d, n, l, s]. Dei 'halvtjukke' alveolarane har opphav i assimilasjon av kombinasjonar som / r / inngår med / t, d, n, l, s / Desse blir uttalt [t, d, n, l, s]. Distinksjonen mellom retrofleks og alveolar uttale av / t, d, n, l, s / held seg best på Innsmøla, men også her er han i ferd med å forsvinne mellom yngre brukarar av målføret.

2.4 Substantivbøyninga

Omfraamt Sunndalen har målføra på Nordmøre halde på -r i fleirtal av gamle feminine r-stammar som har utlyd på konsonant og som får omlyd i fleirtal:

/bø:ker / < norr. *bæker*, b.f. pl. av *bók*, f.

/hejer / < *hendr*, b.f. pl. av *hønd*, f.

Eit vestlig trekk ved målføra på Nordmøre er at *m* fell bort i trykksvake endingar, såleis i dativ fleirtal:

/ 'bakɔ / < norr. *bakkunum*, dativ pl. av *bakki*.

Eit anna vestlig trekk er at svake hokjønnssord i b.f. eintal får endinga -å/-o i nordmørsmåla (med unnatak av sunndalsmålet):

M Å L F Ø R E

/ [~]gry:tɔ / < norr. grýtu, oblik kasus av *grýta*, f.

Her følgjer bøyingsmønsteret for substantiv i smølamålet. Oppsettet er ub.f. sg., b.f. sg., (dativ sg.), ub.f. pl., b.f. pl., (dativ pl.). Formene i dativ står i parantes for å markere at dei svært ofte manglar, særlig gjeld dette dativ fleirtal. På yttersida av Smøla er som sagt dativen heilt borte. Det ideelle bøyingsmønsteret som her er ført opp, er på sett og vis ein anakronisme, ettersom berre få smølværingar brukar det fullt ut i dag.

Svake hankjønnsord

/ [~]hɔ̄l me [~]hɔ̄l mijn (‘hɔ̄l mɔ) [~]hɔ̄l ma [~]hɔ̄lmajn
(‘hɔ̄lmɔ) /

/ [~]bæta [~]bætajn (‘bæta) [~]bæta [~]bætajn (‘bætɔ) /

Som / [~]bæta / går tidligare jamvektsord som går ut frå oblike kasus i norrønt, og noen gamle overvektsord som har teke over denne bøyингa, t.d. *nakka*, *bakka*.

Sterke hankjønnsord

/ kaλ kaλjn (‘kaλa) [~]kaλa [~]kaλajn (‘kaλɔ) /
/ säǟ säǟn (‘säǟa) [~]säǟe [~]säǟijn (‘säǟa) /

Som / säǟ / går ein del av dei gamle i- og u-stammene. Dette skiljet etter gammal stammebøyning er no i ferd med å løysast opp, slik at det for fleire ord fins parallelleformer i fleirtal:

/ [~]veiijn / eller / [~]vægajn /

/ [~]vænijn / eller / [~]vænajn /

Omlyd i fleirtal - men oftast ikkje i dativ - får noen gamle einstavingsstammer:

/ fɔ:t [~]fɔ:tɔ:n (‘fɔ:ta) [~]fɔ:ter [~]fɔ:tɔ:n (‘fɔ:tɔ) /

Svake hokjønnsord

/ t̥a:v [~]t̥a:vɔ (‘t̥a:vajn) [~]t̥a:vɔ [~]t̥a:vajn (‘t̥a:vɔ) /

/ [~]st̥a:c [~]st̥a:c (‘st̥a:ajn) [~]st̥a:c [~]st̥a:ajn (‘st̥a:c) /

Som / [~]st̥a:c / - med / c / også i ubunden eintal - går òg noen gamle jamvektsord: / [~]f̥l̥a:c / ‘flua’, / [~]tr̥ø:c / ‘trøa’,
/ [~]kɔ:nɔ / ‘kona’.

M Å L O G M É D

Sterke hokjønnsord

/ høgd 'høgda (‘høgdə) ˘høgde 'høgdij (‘høgdɔ) /
/ ˘çærenj ˘çærjna (‘çærinen) ˘çæreŋa ˘çæreŋaj (‘çæreŋɔ) /
Ord på / -ej: / er dei einaste som konsekvent får a-bøyning i fleirtal. Desse er restar av ei stor gruppe o-stamma ord som i gammalt mål hadde a-bøyning, men som i moderne målføre har vore utsett for formforenkling ved å få e-bøyning som dei gamle i-stammene. Såleis / ˘bru:e /,
/ ˘nɔ:ɔe /, / ˘my:re / - som alle er gamle o-stammer. I stadnamn har derimot det gamle formsystemet halde seg betre : / ˘tøpɔmy:raŋ / Toppmyrane.

Omlyd i fleirtal - men oftest ikkje i dativ - får gamle r-stammer. I fleirtal finn vi òg at -r er halden i desse orda:
/ nɔ:t ˘nɔ:ta (‘nɔ:tɔ) ˘nø:ter ˘nø:tɔ (‘nɔ:tɔ) /

Svake inkjekjønnsord

Dette er ei bøyning som er analog med svake hokjønnsord, og dei fleste i denne gruppa følgjer dette mønsteret:

/ ˘ääe ˘ääe (‘ääaj) ˘ääɔ ˘ääaj (‘ääɔ) /

Noen få svake inkjekjønnsord har halde på den gamle bøyninga med 0-morfem i ubunden fleirtal og -a i bunden fleirtal:

/ ˘nøste ˘nøste (‘nøsta) ˘nøste ˘nøsta (‘nøstɔ) /


Sterke inkjekjønnsord

/ ga:p ˘ga:pe (‘ga:pa) ga:p ˘ga:pa (‘ga:pɔ) /

3 MÉD OG MÉDING

3.1 Ordet méd

Eit fiskeméd eller *méd* er ein fiskeplass på sjøen som er krysspeila slik at han ligg i skjeringspunktet mellom to siktelinjer. Kvar sikteline (*médlíne* eller *méd*) er peila i to faste terrengpunkt (merke). Døme på eit méd kan vera Seta utom Veiholmen, som ein teiknar har framstilt i desse méda: Fyret i Gullsteinskaget eller Vardahusa i Tustnareva og Stortuva i Flattinden:



Frå skallbok av Ole Jakobsen Otterholm 1931-32.

Om litt skal vi sjå nærmare på bruken av *méd* og *médliner*, men først skal vi gå inn på omgrepet *méd* frå ein språklig synsvinkel.

Substantivet *méd*, n. / me: / < gno. *mið*, n. er ei gammal substantivering av eit adjektiv **midja-*, ein ja-stamme som tyder 'som er i midten', jfr. latin *medius* (Hovda 1961: 138). *Méd* tyder såleis 'det som ligg i midten', dvs. i skjeringspunktet mellom *médlinene*. I dag

MÅL O G MÉD

er det vanlig å nytte *méd* i den generelle meiningsa 'fiskeplass'. (Sjå elles om *méd* i kapittel 5.) Ei avleidd tyding er å bruke *méd* om médlinene som peilar ut fiskeplassen. Denne bruken av *méd* er vanlig langs heile kysten (op.cit.:132).

Hovda (1961:136) skriv at det frå Møre og Romsdal er oppgitt at det heiter *å ta seg méd* medan det i resten av landet blir sagt *å ta méd*. På Smøla er det vanlig å seie begge delar (også *å ta seg merke*) utan at eg kan spore noen tydningforskjell.

Verbet *å méda* tyder 'å finne fiskeplassen ved hjelp av *méd*'. Verbet er brukta frå og med Vestlandet og nordover og fins på Vesterhavssøyane og i norrønt (op.cit.). På Smøla kan verbet òg lyde refleksivt: *å méda seg bortåt ein plass*. Om to gode merke i eit *méd* kan det heite at dei *mélast gløgt*.

3.2 Médliner og merke

Médlinene fungerer best om dei ligg mest mulig rettvinkla på einannan. På utorlen mot fiskeplassen kunne fiskarane gjerne følgje eit *méd* utover dei kalla *ut-inn-médet* eller *utheita*. Dette rodde dei etter til dei trefte på fiskeplassen i skjeringspunktet med eit tverrméd dei kalla *nord-sør-médet*, *nordheita* eller *sørheita* etter kvar det var på Smøla. I landsoversynet over *méd* nemner ikkje Hovda (1961:132-133) etterleddet *-heite* i namn på médliner. Eg har heller ikkje sett eller hørt denne nemninga brukta andre stader. Det er enno vanlig at sjarkfiskarane kjører seg til etter ei médlime, men i staden for å vente til ein har krysningspunktet med ei anna médlime, blir no gjerne ekkoloddet brukta til å finne kanten eller grunnen som ein leiter etter, fordi loddet jo òg fortel om det står fisk på plassen.

På somme uerstø, der ein må treffe akkurat i hammaren om ein skal få fisk, nyttar dei mest ihuga seg av heile tre médliner. Informantane kan og fortelje om gamle fiskarar dei mintes hadde tre *méd* på longeméda sine når dei riktig *finméra*.

MÉD OG MÉDING

Noko anna er det når det i dette materialet ofte blir referert tre eller fire médliner på eitt fiskeméd. Desse ekstra linene er alternative méd som ikkje alle blir nytta på ein gong. Nårvêret er disig og fiskaren ikkje kan ta seg méd inne i fjella, har han gjerne korte méd oppe i nærmaste skjergarden som han kan nytte seg av i eit nødbrøyte, sjølv om slike *kortméd* ikkje médar like godt som når merka er langt frå einannan. Å *méda undlenda* kalla ein eldre fiskar dette å ta seg méd oppe i nærmaste skjergarden. I oppmédinga av dei ytste havmédia finn vi døme på det motsette. Da kan médmerka vera relativt nær einannan, men langt unna fiskeplassen. Utom og på Griptaren nyttaar dei såleis to toppar på Stemshesten: 'Hestøra om einannan,' som eit méd.

Ein vanlig måte å laga ei médlíne på er å knyte saman merka med ein konjunksjon eller ein preposisjon: 'Nordsetstua og Svartgjegla', 'Verken i Singsholmen', 'Fyret mellom Gand og Freikollen'. Jamt er tilvisingane meir nøyde: 'Rødvingbrygga i ytterkant av Inner Senaholmen', 'Kjerka nett sørøm Ausa'.

Fiskarane har gjerne spesielle nemningar når dei vil uttrykkje slike tilfelle som at merka berre delvis skal dekkje einannan eller at dei ikkje skal komma saman, men ha ein opning mellom seg. Denne overlappinga eller opningen kan vera så stor som ei *dørabreidd*: 'Sinsettuva i austre kant av Saksfjellet, ei dørabreidn.' (Smølaminne 1970:62). Det kan òg vera snakk om ein *døraopning*, ei *seglbreidd*, ei *benkebreidd* eller ei *tiljebreidd*, t.d. 'Fyret ei seglbreidd oppi Gullsteinskaget', som det heiter på médet Fallet. Er opningen svært stor, kan det vera tale om ei *båtlengd*. Ein liknande nemningsbruk for slike augemål fins tydeligvis i Nord-Noreg. Ifrå Øksnes oppgir Vassbotn (1969:66) 'dørbredder' i ei médlíne, og på Andneshavet skal médet Svartegga ha 'ei dør av Elgen unna Arnipa' (Ruud 1940:475). Finn Myrvang (1981:49) skriv om fisket i lofothavet: 'Når dei médar, brukar fiskarane enno ofte uttrykket "ei dørr" el. "dørrbreidn"'. I Troms blir 'eit segl unna' bruка i same meinинг, medan dei i Bø derimot seier 'eit dørrom unna' (op.cit.:50).

MÅL OG MÉD

I *médvers* finn ein gjerne médliner som vitnar om høg alder. Dette er reglar og rim som fiskaren laga seg for å minnast merka betre (Hovda 1961:223-236 og Stemshaug 1975:133). Eg har ikkje komme over slike vers på Smøla.

Sjølv om mange av médlinene nok er gamle og kanskje opphavlige, synes dei på ingen måte vera like stabile som sjølve namna på fiskeplassane dei médar opp. Samanliknar ein dei eldste oppskriftene eg har fått med det dagens fiskarar brukar til médmerke, finn ein at merka kan skifte mykje over tid. Gamle merke som hus og brygger kan forsvinne, og nye og betre kan dukke opp. Vindmølla som står på Veiholmen, er eit framifrå merke, og etter berre å ha stått der noen få år dukkar ho no opp i nye médliner på gamle fiskeplassar. Kvar enkelt fiskar har likevel gjerne sine faste médmerke som han er van med, og som han nødig endrar. Det blir fortalt, nok sikkert for spørk, at det var fleire hopaværingar som mista bruk ute i fjorden da Ungdomshuset på Hopen brann opp!

I løpet av det siste tiåret har mange av sjarkfiskarane installert satelittnavigering (GPS) i båtane sine. Ein av finessane på denne innretninga er at du på ope hav kan kople autopiloten på ein bestemt posisjon og så vil automatikken føre båten dit. Mange fiskarar har såleis heilt gjort det av med médliner. I staden har dei lister med médnamna og den nøyaktige posisjonen til plassane. På dette viset ser vi at mange av dei viktigaste médnamna nok vil komma til å overleva inn i overskodelig framtid, men det er ei heller dyster framtid for kunnskapen om krysspeiling ved hjelp av médliner.

3.3 Sjønamn på médfjella

For å minnast médmerka må fiskaren ha namn på dei, og da er det slett ikkje uvanlig at han for lokalitetane han tek seg merke i, brukar heilt andre namn enn dei offisielle kartnamna. Slike stadnamn som berre blir nytta av fiskaren når han er ute på sjøen og særlig når han tek seg méd, kan vi (etter Jakobsen 1901 og Slyngstad 1951)

MÉD OG MÉDING

kalle sjønamn.

Det kan verke som om til og med sesongfiskarar som kom inne frå fjordane innom Smøla og som altså kom ifrå grannelaget til fjella som vart brukta som médmerke, kunne byte namn på desse fjella når dei var på skreifisket på grunnane utom Smøla. Dette har vi i alle fall eit vitnemål om i *Hemneboka*, der Kolbjørn Aune (1979:159) skriv: 'Når fiskarane låg uti Brattværstunga (utfor Smøla) og fiska skrei, skal dei ha brukta Hogsgåsa (fjell i Hollamarka) som med, men da kalla dei fjellet for Hemnkuttu.'

Denne måten å gi médmerka sjønamn viser seg i namna på noen skjer - såleis *Nordgrunnskjeret* og *Sørgrunnskjeret* i Svartskjera sørom Haugjegla fyr. Skjera blir brukta til å méde opp plassane Nordgrunnen og Sørgrunnen. Mønsteret viser seg òg i namna på ein del tuver inne på Fast-Smøla - slik médar f.eks. *Bukkberga* inne på Smøla opp grunnen Bukken utanfor Veiholmen, og *Torsknotten*, den nordste av tuvene ved Skarpneset (ho er no dels bortskoten), médar opp Torskdjupet.



Skalmen sett frå Kjerkjebakkan på Brattværet. Skalshaudet er lengst til høgre og Skalssporden lengst til venstre på holmen.

MÅL O G MÉD

Fiskarane brukar gjerne *haud* og *spord* om delar av holmar og skjer som dei tek seg merke i. Når dei treng å vera meir presis enn berre å nemne skjeret eller holmen, men vil ha médlina til å gå over høgaste delen, heiter dette *haudet* på holmen eller skjeret, medan eit lågare strekk av lokaliteten blir kalla *sporden*. Ei médlina for å méde opp Tørrisbåen ved Veiholmen er 'Hystinden over Skalshaudet' og ei line for å finne Melklakken utom Brattværet er 'Kjerkjebakkan sør på Skalssporden'. Begge brukar holmen Skalmen som merke, men altså ulike delar av han. Andre eksempel er *Buskjerhaudet* og *Haugjeggelhaudet*, utan at eg har hørt *spord* bruka om dei lågare delane av desse lokalitetane.

Det er først og fremst médfjella lengst unna som får sjønamn. Når ein driv dei ytste fiskeplassane utafor Smøla, er det ofte uråd å ta seg meir enn eitt godt merke for kvar médlina i den flatlendte Smøla. Det andre merket i kvar médlina blir da gjerne søkt inne i fjellbruna. Skikken med sjønamn kjem klårast til uttrykk når smølværingane tek seg méd inne i fjella som grensar mot Romsdalen. Dette er strok dei aldri ferdast i, og som følgje av dette får médfjella 'feil' namn i høve til det som står på kartet. Dei nærmaste fjella inne på Tustna, i Aure og på Hitra får meir eller mindre kartrette namn, det vil i praksis seie stort sett dei same namna som dei som bur attmed fjella brukar. Vi må tru dette kjem av at samkvemmet med desse områda har vore større. Hit inn drog øybuarane på handelsferder og for å hente ved og trevirke og plukke bær, og herifrå kom eit jamt tilsig av sesongfiskarar til skreifisket kvart år.

Når fiskaren lagar seg namn på médmerka sine, ser det ut som om to prinsipp blir følgt. Anten namngir han fjellet etter den fiskegrunnen han médar opp, eller så lagar han namn ut frå forma på fjellet. Eksempel på merke som får namn etter fiskeplassar er *Ottersbakktinden* og *Hystinden* som médar opp plassane Ottersbakkan og Hysa i Veiahavet, og for å vise at det ikkje berre er sjølige fjelltoppane som kan nyttast til médmerke, kan vi nemne *Kjeldskaret*, nord for Skårfjellet, midt på Hitra, som

MÉD OG MÉDING

médar opp Kjelda i Brattværshavet. Eksempel på fjell som har fått namn etter forma det har frå synstaden til fiskaren, er namn som *Flattinden* (Luten ved Eide), *Gand* (Sjurtind, frå norrønt *ganðr*, m. 'stav, kjøpp'), og *Hitterkeipen* eller berre *Keipen* (ein årekeip-liknande fjellformasjon på Skårfjellet inne på Hitra).

I artikkelen 'Klakkan - namn og natur' seier Ola Stemshaug (1973:16) at kjært barn har mange namn når han fortel at den karakteristiske Gjelakkjen i Aure blir kalla *Kløftin* på Smøla. Det er rett nok, men dette kjære barnet har faktisk enda fleire namn, for på Brattværet, Dyrnes og Råket kan ein òg seie *Gyltan* eller *Kløftfjellet*, medan fjellet på Veiholmen og på Brattværet som oftast blir kalla *Gilkakken* eller *Gilkakk*. I médoppskrifter frå Vest- og Sør-Smøla som daterer seg ein eller to generasjonar attover i tid, skriv dei *Rostollen* eller *Råstolen* om det same fjellet. I *Den norske los* (DNL) og i *Fallboka for Møre og Romsdal* (Uksnøy 1959) heiter dette fjellet også *Rostolen* på landtoningane.

Det er som sagt médfjella i sør, dei i sørvest på Nordmøre og på grensa til Romsdalen, som har dei mest avvikande namneformene i høve til kartnamna. Det er ikkje just lett for utanforståande å finne fram til fiskegrunnen Langbenken ved Veiholmen ved hjelp av denne médlina: *Skalmen* og *Andre Tinden innfor Trei Hesten*. Veivårsfiskarane brukar desse merka i sør, vestfrå mot aust: (*Første*) *Hesten*, *Andre Hesten*, *Tredje Hesten*, *Første Tinden*, *Andre Tinden*. Stemhesten, det mest havnære av fjella i sør, blir på Smøla til vanlig kalla *Hesten*, og dei to toppane innanfor heiter *Andre Hesten* og *Tredje Hesten*, på kartet respektivt *Melen* og *Talstadhesten*.

Av og til kan utmerkingsleddet i sjønamnet vera likt utmerkingsleddet i kartnamnet og hovudleddet ei laging for å framheve at det er snakk om ein del av fjellet. *Hestnasen* er såleis den ytste delen av Stemhesten og *Hestøra* den høgaste delen, lengre inn. Andre slike lagingar er *Fonnarumpa* (nordsida av *Fonna* ved Kjørsvika). Dette er presiseringar som dei som bur attmed lokalitetane,

MÅL O G MÉD

ikkje brukar og knapt vil forstå, for namnet som fiskaren brukar, skildrar ofte karakteristiske formasjonar i landskapet som berre kjem fram frå fiskaren sin synsstad ute på havet. *Langfjellet* strekkjer seg utover frå Tonningan, sett frå Nord-Smøla, men er eigentlig fleire heilt ulike åsryggjar på Nord-Hitra (m.a. Hokkeltind og Hestnesfjellet), og *Langberga* ser ut som eit samanhengande høgdedrag sett frå Veiholmen, men inneheld eigentlig fleire, m.a. Grønnaugen, i nord-vest på Fast-Smøla.

Innom dei to utrorshava frå Brattværet og Veiholmen er det relativt stort samsvar i namna på médmerka, sjølv om noen merke kan vera ukjende innom eitt av utrorshava fordi dei ikkje er brukande der. Det er likevel mulig å spore somme skilnader i nemningsbruken på presiseringar som blir nytta for å snevre inn lokalitetane. Slik er *Fonnarumpa* bruka på Brattværet medan dei på Veiholmen vil seie *nordkanten på Fonna*. Derimot kan fiskarane på Veiholmen seie *Tustnareva* om sørkanten av Tusna, mens dette ikkje er ei gjengs nemning andre stader. *Verktåa* er ei artig laging som eg har hørt hopaværingar bruke om vest- og nordsida av haugen som det store segelmerket Verken på Veiholmen står på.

Ånesskaget (nordsida av Ertvågfjellet, som veiværingane elles namngir som Ånesfjellet) og Gullsteinskaget (nordsida av Skarven på Tustna), er lagingar som relaterer lokaliteten til gardar som smølværingane kjenner godt: Åneset og Gullstein. At det er kystfolk som har laga desse fjellnamna, ser vi i og med bruken av hovudleddet -skag, som til vanlig blir bruka om eit høgvore nes som strekkjer seg ut i sjøen. Liknande lagingar til kjende gardar under fjella, er med hovudleddet aksel: *Ormbostadaksla* (Ormbodstadsfjellet på kartet), *Vikaksla* (Vikafjellet på kartet) og *Bergsaksla* (Bergsfjellet på kartet). Leddet aksel er elles i landet mykje bruka i fjellnamn med ei form som kan jamførast med kroppsdelens aksel (NSL). *Gyltuva*, som dei brukar på Sør-Smøla, heiter på kartet Skarven og ligg ved Gyl. Det einaste médfjellet i dette stroket som ikkje inneheld

MÉD OG MÉDING

gardsnamn, er *Blåfjellet* (ovom Rodal), som òg er det som ligg lengst unna, men likevel har same namn som på kartet. (Når blåfargen på fjellet er den karakteristikken vi finn att i namnet, er vel dette eit teikn på at namngivarane neppe er dei nærmast fastbuande til fjellet, men heller folk som har sett det på ein viss avstand.) Desse namna inni Aure og Halsa er det veiværingane som brukar, for kjem ein lenger vest, kjem Fast-Smøla i vegen og fjella her inni blir ikkje brukande til oppméding. I sørkant av Fast-Smøla nyttar fiskarane på Brattværshavet det velkjente *Reinsfjellet* med snøflekkene som er så vinnlig til finméding. Dei brukar òg det kartrette namnet på *Tussan* lengst inne i Halsa, og skal dei finmède, deler dei toppane opp i *Første*, *Andre* og *Trei Tussen*. Til oppméding på Brattværstaren blir *Tinden* eller *Soltinden* bruka, f.eks. på Hysklakken: 'Belgen i *Soltinden*'. Sett frå Smøla ligg denne attom Reinsfjellet og er på kartet kalla Åbittinden. Avstanden hit inn ved Eresfjorden i Romsdalen er om lag 8 mil (!), og namnet *Soltinden* avspeglar trulig at ein treng 'godt sjåe' med klarvær og gjerne *sol* for å kunne bruke dette merket.



Litløret, Storøret, Stabben og Gullsteinskaget sett ifrå Fast-Smøla.

MÅL O G MÉD

I tillegg til fjella på Tustna, kjem fjella på Stabblandet klårt fram kvar ein så er på Smøla. *Stabben* blir mykje bruka som médfjell saman med dei svært så karakteristiske *Storøret* og *Litløret*. Dette er namn som òg står på kartet. I alle fall dei to siste er fjellnamn som neppe er laga på dei nærmaste gardane til fjella, men som er laga av folk som har sett dei på avstand, helst sjøfolk og fiskarar som har hatt bruk for å merke seg formasjonen og som har likna den med to oppstikkande øre på eit dyr.

Mymauren er ein hump som kjem fram på nordsida av Stabben, sett frå Veiholmen. Dette er etter alt å dømme sjølve Stabben (827 meter) som da kjem litt nord for det som lokalt heiter Inderbergsalen (908 meter) og som til saman utgjer ein samanhengande rygg i nord-sør retning på Stabblandet. Namnet *Mymauren* verkar pussig på eit fjell, og det er ikkje lett å tenkje seg noen samanheng med insektet. Trulig har vi her å gjera med eit forvanska namn som botnar i eit solmerke eller dagtidmerke; *midmål*. Dagtidmerke finn ein ofte i fjellnamn, der namn som inneheld f.eks. *nons*, *durmål* og *rismål* fortel når på dagen sola stod over fjellet, sett frå ein bestemt stad. Uttrykket *midmål* fortel berre om eit merke mellom to andre, men er knytta til morgonen eller føremiddagen. Dette passar med Veiholmen som synstad. Den dramatiske forvanskinga *midmål* > *mymaur* er det parallellear til i Nordland, der Finn Myrvang (1996:21) viser at fleire stadnamn på *memor(ra)* og likeins utmerkinga *Memaur*, *Memur*, *Memør*- har opphav i *midmål*.

Bukktinden har form som ein keip, altså avrunda på eine sida og bratt på hi sida, og kan dermed liknast med andre fjellnamn på *bukk*, som trulig viser til profilen på horna til ein geitebukk. Er dette tilfelle, vil fiskepllassen *Bukken* ved Brattværet, som médast opp etter *Bukktinden*, ha fått namn etter dette médmerket, noko som er heilt vanlig. Det som kompliserer ei slik forklaring, er at *Bukken* òg er namn på fiskeméd på Sør-Smøla og ved Veiholmen, og her kjenner ein ikkje til *Bukktinden* hverken som namn eller médmerke. På Veiahavet médar

MÉD OG MÉDING

ein derimot Bukken etter *Bukkberga* inne på Smøla. Desse er noen runde knollar austom Langberga på Vest-Smøla, og dei har slett ikkje skap som bukkehorn. Det kan her vera tale om at geiter og bukkar heldt til her, men eg har ikkje greidd å slå fast at dette er eit lokalt namn ved Dyrnes eller Råket. Her er det altså duka for å diskutere kva som kom først; namnet på fiskegrunnen eller namnet på médmerket? I mangt vil det vera sannsynlig at desse médmerka er namngitt etter fiskegrunnane, ikkje minst fordi dette er det vanligaste namnegivingsmønsteret, men òg fordi det ikkje er noko médmerke som kan forklare namnet på fiskegrunnen *Bukken* på Sør-Smøla. Ein kompliserande faktor er det at dyrenemne ikkje ser ut til å vera vanlig i médnamn, i motsetning til i andre skjergardsnamn. Mellom dei meir enn halvannan hundre médnamna eg har registrert berre rundt Veiholmen, er det berre to namn med dyrenemne: *Bessan* (trulig av norrønt *bersi*, m., 'bjørn') og *Grisen*, og begge kan forklarast som elliptiske lagingar til namn i mémlinene: *Besskjeret* og *Grisskjeret*.

Hovda (1961:202 ff.) har fleire eksempler på at sjønamn på fjella langs norskekysten kan vera av høg alder. På utrorshava frå Smøla verkar *Gand* (sjå lenger framme) og *Aran* (til gno. *ari* m. 'ørn') som gamle namn. Namnet på fiskegrunnen Solåberget ved Veiholmen kan gjømme det gamle usamansette sundnamnet **Soli* (om dette namnet, sjå Stemshaug 1971) som vi finn att i dei moderne namna *Solskjeløya*, *Solem/Solheim* og *Solåsundet* (gjerne skrive *Solemsundet/Solheimsundet*). Eit arkaisk drag er det òg når det mykje brukar médfjellet *Tonningen* på Hitra i store delar av det dativlause området på yttersida av Smøla blir denotert i ei stivna dativform; *Tonninga*.

Det viktigaste formålet desse sjønamna tener, er å minne fiskaren på kva for eit merke som médar opp kva for ein plass. Dette kjem til uttrykk t.d. når dei fleste fiskarane på Veiholmen og Steinsøysundet nyttar namnet *Ånesfjellet* som médfjellsnamn omframt på grunnen *Onglan*, der fjellet blir kalla *Ongeltinden*. Dette må vel òg

MÅL O G MÉD

vera grunnen til at eitt og same fjellet som veiværingane médar i, får tre-fire ulike namn etter kvar ein médar ifrå. Fjellet (som på kartet er Luten ved Eide) heiter *Ottersbakktinden* frå fiskegrunnen *Ottersbakken*, *Falltinden* frå *Fallet* og *Gapstinden* frå *Gapet*. I tillegg kan dette fjellet òg bli nemnt usamansett, berre som *Tinden*.

For médet *Fallet* har eg av ulike fiskarar fått desse oppskriftene av same médlina: 'Återsbakktind i indre Skarpnestuven', 'Indre Skarpnestua i Falltind' og 'Skarpnestuven i gapstinnene'. Namnsettinga er ikkje fastare enn at ein altså kan høre både *Falltinden*, *Ottersbakktinden* og *Gapstinden* bruka som médfjellsnamn når ein fiskar médar opp plassen *Fallet*. Såleis opplever vi òg at namnet og lokaliteten *Nygrunntinden* (Snøtind ved Eide) blir nytta når fiskarane médar seg til på andre fiskeplassar enn *Nygrunnen*. Dette fjellet kan dessutan ofte bli nemnt med det deskriptive namnet *Flattinden*. Det hender seg at også skjer kan få ulikt namn frå ulikt hald. Eit skjer i Remman vestom Veiholmen heiter *Gloppstøskjeret* når det médar opp uersmèdet *Gloppstøet*, og *Besskjeret* når det médar opp seiherget *Bessan*.

Dette at same médmerket kan ha ulike namn sett frå dei ulike fiskeplassane, er ikkje mykje omtala av dei som har skrive om slike sjønamn. Arnfred Slyngstad (1951:36) nemner det, men den som skriv mest utførlig om det, er Amund Helland (1896:224). Da han på slutten av førre hundreåret dreiv og samla inn fiskeméd på Nordvestlandet, støytte Helland på fenomenet:

'og saa kan det være, at samme Fjeld ude paa Havet har forskjelligt Navn efter de Med, i hvilke de benyttes; det Fjeld, som i et Med heder Vargetuen, heder i et andet Med Vestklakturen, idet selve Fjeldet faar Navn etter den Grunde, til hvilken den benyttes som Med.'

Dette viser at sjønamna ofte ikkje er stort anna enn hugselappar for fiskaren og som oftast klart sekundære i forhold til dei langt viktigare médnamna. Skiftar han

MÉD OG MÉDING

fiskeplass, blir denne nye plassen eit nytt og eit så viktig senter at eit namn på eit orienteringspunkt for å lokalisere plassen får namn etter fiskeplassen, sjølv om fiskaren nyss kan ha bruka det same punktet under eit anna namn frå ein annan fiskeplass berre noen hundre meter unna.

At fiskarmiljøa har sjønamn på lokalitetane dei médar etter, ser ut til å vera vanlig. Vi finn det nemnt her og der i stadnamnlitteraturen, f.eks. i boka *Namn i fjellet*, der Jørn Sandnes (1968:44) skriv:

‘Her ute på Folda hadde dei Namdalsbukken eller berre *Bukken* til segelmerke. Det var sjømannsnamnet på Heimdalshaugen, langt inne i landet, [...].’

I den meir spesialiserte litteraturen om namn frå kysten nemner Arnfred Slyngstad (1951:35-42) denne nemningstradisjonen frå Sunnmøre, og Per Hovda (1961:202ff.) har fleire døme på det same langsetter norskekysten.

Svale Solheim (1940) hevdar i boka *Nemningsfordomar ved fiske* at sjønamn på médmerka er utslag av nemningsfordomar som fiskarane har når dei driv fiske. Solheim meiner at sjønamna er laga fordi fiskarane har motvilje mot å nemne namn som har med landjorda å gjera når dei er ute på havet, dvs. den same typen fordom eller tabuførestelling som gjer at fiskarane, når dei er på sjøen, tradisjonelt har unngått å nemne ord som har med landjorda å gjera, og da spesielt klauvdyr som *gris*, *hest*, *ku* og rovdyr som *ulv* og *bjørn*. Denne siste tabuførestellinga veit vi fanst (og finst kan hende framleis?) på Smøla, som langs resten av kysten.

Solheim refererer hyppig til det Jakob Jakobsen (1901) observerte på Shetland. Da Jakobsen rundt hundreårsskiftet samla inn ordtilfang og stadnamn på Shetland, oppdaga han at

‘Det var tidligere en gennemført skik blandt Shetlands-fiskerne, at de, medens de vare på søen,

MÅL OG MÉD

ikke måtte nævne de som landmærker brugte steder ved deres almindelige på landjorden gængse navne, da dette ellers kunde medføre uheld for fiskeriet. Tabunavnene indeholde som oftes ord, der betegne landmærkernes udseende, således som disse vise sig, når de ses fra fiskemedene.'

(Det Jakobsen kallar tabuord og tabunamn er eigentlig noa-ord og noa-namn, fordi desse er 'tillatne' ord og namn som unngår tabuet.) Det er ingen grunn til å tvile på observasjonen, og han er sentral i diskusjonen om namnetabu. Det kan likevel settast spørsmål ved om kor vidt det er rett tolka, dette som Jakobsen noterte seg, for går ein materialet hans nærmare etter i saumane, ser ein at det er unødvendig å ty til ein teori om namnetabu for å forklare desse namna. (For ein diskusjon om dette, sjå Kruse 1998.)

Arnfred Slyngstad (1951:36-38) er kritisk til datagrunnlaget og slutningane til Solheim og seier: '[...] eg meiner dei fleste av desse tinga kan forklarast lettast utan å sjå det som fordom.' Slyngstad kvir seg likevel for å komma med eigne slutningar, fordi han finn at materialet han har er for lite.

Eg finn ingen grunn til å tru at sjønamna på médfjella som blir brukta utanfor Smøla, er utslag av nemningsfordomar, og dei ser ikkje ut til å vera laga ut ifrå eit behov for å omskrive det eksisterande namneverket. Det kan nok vera at eitkvart namnet som fiskarane brukar på médmerka sine, kan ha opphav i ei tabuførestelling, men neppe meir enn andre namn langs kysten. Eg trur ein bør nøytraliser sjønamna og heller sjå dei som element av eit regionalt fagspråk. Eit tradisjonelt fiskarfagspråk vil m.a. romme noa-nemne på visse dyr som det har vore tabu å nemne ved sitt rette namn på sjøen, og det vil romme lokale namn på dei viktigaste geografiske orienteringspunktene i området, men uten at det treng å vera tabuførestellingar attom desse. Sjønamna blir nytta i ein situasjonsbetinga kontekst for å lette kommunikasjonen innom ei bestemt yrkesgruppe som har

MÉD OG MÉDING

behov for geografiske orienteringspunkt, og som lagar namn på desse ut frå heilt alminnelige prinsipp ut frå forma eller funksjonen lokaliteten har. Som del av eit regionalt fagspråk vil kunnskapen om sjønamna kunne verke inkluderande; han viser at ein tek del i eit yrkesmessig og geografisk avgrensa fellesskap, og dermed også ekskluderande; kan ein ikkje terminologien, står ein også utanfor den lokale yrkesgruppa og den nedervde felles fagkunnskapen til denne gruppa.

Hovudårsaka til at fiskaren ofte opererer med andre namn enn dei kartverket har, er nok ganske enkelt at fiskaren ikkje kjenner dei lokale namna, fordi han aldri har vore på desse stroka inne i fjordane og fjellheimen. Det er jo slett ikkje uvanlig at ein kan bu eit langt liv på ein stad og aldri kjenne namna på tindane inne i fjellbruna. Desse lokalitetane er så langt unna at dei til vanlig er uviktige og dermed ikkje treng å nemnast ved namn. Det er først når fiskaren har bruk for médmerke at fjella blir såpass viktige for han at han treng namn på dei. Da vil dessutan dei lokale, kartrette namna ofte vera 'dårlige' namn, fordi dei gjerne refererer til lokalisering nær gardar fiskaren ikkje kjenner, eller topografi som ikkje kjem fram frå fiskarens synsstad. Fiskarane på Smøla og dei lokale fastbuande attmed fjella som grensar til Romsdalen utgjer to heilt forskjellige grupper av namnebrukarar, og namna dei brukar på same lokaliteten, avspeglar gjernast den ulike forma lokaliteten har frå forskjellige synsstader eller den ulike nytta dei har av lokaliteten.

4 MÉDNAMN SOM STADNAMNTYPE

4.1 Definisjonar og avgrensingar

Ein god arbeidsdefinisjon av omgrepet *stadnamn* er den Birgit Falch-Kjällquist (1975:28) gir: 'Med *ortnamn* avses en individualitetsangivande beteckning för en bestämd plats. Beteckningen skall användas regelbundet inom en mer eller mindre begränsad social krets (minst två personer) och inom denna krets vara allmänt accepterad som beteckning för den avsedda platsen.' Her blir det spesielt framheva at eit stadnamn må vera kjent av fleire personar. Kravet er òg følgt i dette arbeidet. Under innsamlinga av méda skar eg såleis bort ein del namn på utprega private méd, slik at alle médnamna i dette tilfanget i prinsippet skal vera kjente av fleire enn ein person.

Det er vanlig å operere med ei todeling av samansette stadnamn der ein talar om *hovudledd* og *utmerkingsledd*. *Hovudleddet* vil vera det terrengekarakteriserande eller avgrensande elementet i namnet, f.eks. *grunn* i namnet *Nordgrunnen*. Eit namn kan ofte bestå av berre eit hovudledd, slik som i namnet *Grunnan*. Syntaktisk vil hovudleddet mesta alltid komma sist i samansette stadnamn, slik det gjer det i alle namna i denne samlinga. Her vil derfor termen *sisteledd* stundom bli bruka og da i praksis synonymt med *hovudledd*.

Utmerkingsleddet er det underordna leddet i samansette stadnamn. Funksjonen til utmerkingsleddet er adjektivisk i forhold til hovudleddet; det framhever eit karakteristisk trekk som ein assosierer med lokaliteten. Slik vil utmerkingsledda i namna *Storbåen* og *Torskjupet* skilje ut desse namna og plassane frå andre bår og djup gjennom å seie noko karakteristisk om desse lokalitetane, nemlig at denne båen er stor og at ein på dette djupet får torsk. Alle *utmerkingsledda* i denne samlinga er også *førsteledd*, og desse to omgrepa vil framover bli brukt om

MÅL O G MÉD

einannan.

Motsetningsparet *primærnamn* og *sekundærnamn*. er definert på formell basis: 'Med formelt primært navn menes et navn, der ikke indeholder eller er dannet til et andet stednavn, f.eks. Århus, med formelt sekundært navn menes et navn, der indeholder eller er dannet til et andet stedsnavn.' (Christensen og Kousgård Sørensen 1972:17). Implisitt ligg det i motsetningsparet òg eit kronologisk forhold: *Skreiaregga* er sekundært i høve til *Skreia*ren og når det gjeld tidsrelasjon.

Ei gruppe namn som det er litt vanskelig å innordne under omgrepa primær-sekundær, er stadnamn som har eit appellativ som utmerkingsledd. *Båafluene* er eit døme på eit slikt namn. Dette médnamnet står opplagt i ein relasjon til *Mefjordbåen*, som er like ved, men er relasjonen gjort til lokaliteten eller til toponymet? Det er ein utbreidd praksis å klassifisere namn som *Båafluene* som formelt sekundære ut frå ein teori om ellipse i utmerkingsleddet. I tilfellet med *Båafluene* må ellipse eventuelt ha råka **Mefjordbåafluene*. Men kronologisk sett er det ikkje noko i vegen for at namnet på fluene kan ha komme før namnet på båen, i så fall med eit utmerkingsledd som karakteriserer fluene ved å framheve at det er ein båe like ved dei. Namnet *Oddgrunnen* finn vi utafor nordste spissen av Haugjegla, og namnet relaterer seg klart til denne odden som ikkje ser ut til å ha namnet **Odden*. Dette namnet kan sjølv sagt ha eksistert før i tida, men namnet *Oddgrunnen* treng prinsipielt ikkje å vera ei sekundær laging til dette hypotetiske namnet, men kan vera eit primært namn som ved hjelp av eit appellativ i utmerkingsleddet relaterer lokaliteten til ein annan karakteristisk lokalitet i nærleiken. Når namn som *Båafluene* og *Oddgrunnen* her blir rekna med under sekundærnamna, er det med reservasjonen at termen sekundær ikkje utan vidare betyr at det i utmerkingsleddet er eit anna stadnamn, men at utmerkingsleddet fortel om eit forhold til ein annan lokalitet på den måten at det inneholder anten sjølv namnet på lokaliteten eller eit appellativ som skildrar denne lokaliteten.

MÉDNAMN SOM STADNAMNTYPE

Avgrensinga av omgrepet *médnamn* er gjort ut fra ei vid tyding av kva eit méd er. Med *méd* er her meint 'fiskeplass' i den generelle tydinga som er den vanlige i dag. (Jfr. Hovda 1961:138.) Slik har eg *ikkje* sett som kriterium for å ta med eit namn i denne samlinga at den gjeldande fiskeplassen blir lokalisert ved hjelp av médliner. Noen få av namna eg har teke méd, er namn på lokalitetar så tett innunder land at dei *ikkje* treng médast opp.

Det må òg presiserast at eg her *ikkje* fokuserer på fiskeplassane i seg sjølve, men på namna som denoterer fiskeplassane. Det har *ikkje* vore eit mål i seg sjølv å oppgi alle fiskeplassane rundt Ytter-Smøla. Både i médoppskriftene og i intervjuet med fiskarane har det stadig komme fram fiskeplassar utan noko spesielt namn, men einast nemnt som f.eks. 'eit kastarméd', 'ein torskeplass' o.l. Særlig da ein låg etter torsken på tarane og egna onglane med ulltråd og krabbe, var det at mange leita seg fram til gode plassar der det gjerne stod fisk. Slike plassar vart ofte méda opp, utan at dei fekk namn. Slike namnlause plassar er *ikkje* inkludert i denne samlinga.

4.2 Ellipse

I dette arbeidet blir omgrepet *ellipse* nytta i ei vid tyding lik den Stemshaug nyttar: '*elliptiske namn*, dvs. namn som har vorte forkorta, har mista ein lekk.' (Stemshaug 1976:10). Årsaka til ellipse er økonomisering med språket. Ein tek bort overflødige ledd og gjer dermed namnet meir praktisk å bruke.

Ellipse kan skje ved at førsteleddet fell bort: *Holmagrunnen* av **Kvitholmgrunnen*; det kan skje ved at eit midtledd fell bort: *Singsflua* av **Singsholmflua*, eller det kan skje ved at eit sisteledd fell bort. Dette siste er det trulig som har skjedd ved dei to namna med patronymika, *Anders Bengtson* og *Hallvard Hansen*. Hovudleddet er her falle bort pga. uttaleøkonomiske omsyn. Den vanligaste ellipsetypen er likevel at eit andre- eller tredjeledd i det primære namnet i sekundære namn

MÅL OG MÉD

fell bort: *Hilverskallen* trulig av **Hilverskjerskallen*, *Johannesberget* av **Johannesskjerberget*. Denne siste ellipsen har gjort at vi har fått to samanfallande namn i same utrorshavet, fordi *Johannesberget* òg er eit anna méd i Veiahavet.

4.3 Usamansette og samansette namn

Dei usamansette namna utgjer 27% av alle namna i denne samlinga. På eit så lite grunnlag som dette tilfanget, er det noko vågsamt å trekke generelle slutningar om i kva tilfelle namna står usamansett, men materialet mitt ser likevel ut til å stø opp under eit par tendensar som er peikt på av andre. (Jfr. særlig Indrebø 1921:149-156.):

- 1) Når lokalitetsappellativ er lite brukta i stadnamn, dannar dei gjerne usamansette stadnamn.
- 2) 'Grunnord som i stadnamn vert nytta med ei uvanleg eller overførd tyding, vert gjerne brukte usamansett' (Indrebø 1921:152. Indrebø definerer 'grunnord' som 'ord som står usamansett eller som siste-led i samansetningar'). Ser vi i mitt tilfang på dei médnamna som uttrykkjer jamføring, finn vi at svært mange av desse namna er usamansette: *Knollen*, *Kleiva*, *Pundaren*.

Eit samansett stadnamn inneheld eit utmerkingsledd, ei komposisjonsfuge og eit grunnord. Ofte er eit samansett namn laga av fleire enn to samansettingsledd. (Vi ser da bort frå fuga.) Etter talet på samansettingsledd kan namna delast inn i eit hierarkisk system:

- Bikomposita (typen *Nordgrunnen*)
- Trikomposita (typen *Svartoksstøet*)
- Tetrakomposita (*Svartskjerfluberget*).

4.4 Komposisjonsfuge

Det var på norrønt to måtar å laga samansette stadnamn der utmerkingsleddet var eit substantiv; anten ved *ekte* samansetting eller stammekomposisjon, dvs. at stammeforma i utmerkingsleddet vart knytt direkte til

MÉDNAMN SOM STADNAMNTYPE

hovudleddet, eller ved *uekte samansetting*, dvs. at utmerkingsleddet vart knytt til hovudleddet med eit genitivsmorfem.

Generelt blir ekte samansette stadnamn rekna for å vera eldre enn dei uekte (Beito 1970:138), men ein slik regel må bli bruka varsamt. I apokopeområde må vi rekne med at fuga kan mangle fordi utmerkingsleddet har vorte apokopert før samansettinga har funne stad. Fuga kan òg ha vorte redusert og kanskje falle bort ved synkope.

Berre om lag 4 % av namna i dette tilfanget er uekte samansettingar. Ut frå eit så tynt materiale er det for vågsamt å dra slutningar om bruken av ulike fugeallomorfar, men her er noen eksempel på ulike fuger:

0-fuge: *Ballklakken, Henrikturen, Leverseta*

a-fuge: *Klavaflua, Båaflua, Råkarevet*

i-fuge: *Flessibakkan, Iselibakkan*

je-fuge: *Skjerjebåen*

s-fuge: *Uersbakkan, Kolbeinsflua, Maridalsmødet.*

4.5 Fleire namn på ein plass

Som nemnt tidligare, er dei enkelte heimehava rundt Smøla temmelig fast avgrensa og så å seie utan overlappingar. Fordi dette gjer at vi får ganske klart avgrensa brukarkrinsar til méda, opplever vi uhyre sjeldan at ein fiskeplass kan ha to ulike namn som følgje av ein stor og ein liten brukarkrins, der ein snevrare brukarkrins nyttar *nærnamnet*, dvs. det usamansette namnet i bunden form, medan ein større brukarkrins nyttar *fjernnamnet*, dvs. det samansette namnet der sisteleddet er det same som nærnamnet. (Jfr. Hallaråker 1997:205-206.) *Råkarevet*, som òg blir nemnt berre *Revet*, er einaste dømet på slike namnedublettar i dette tilfanget. Utmerkingsleddet i *Råkarevet* er vel helst ei levning frå den tida det vart drive vinterfiske etter skrei, og brukarkrinsen til namna kunne bli vesentlig utvida av tilflyttande sesongfiskarar, jfr. at hemnværingane sa *Brattværstunga* om *Tunga* (Aune 1979:159). Etter det eg kan sjå, blir i dag *Revet* og *Råkarevet* bruka om einannan i same

MÅL O G MÉD

brukarkrinsen.

Ein gong får same plassen to heilt ulike namn innan same brukarkrinsen: *Banken* = *Mastupallen*, og ein gong kan det påvisast at same lokaliteten har ulikt namn i to brukarkrinsar: *Ufsgrunnen* = *Sundagrunnen*.

Eit fenomen som metodisk er litt problematisk, er at fiskarane, når det gjeld ein viss type namn, ser ut til å operere med eit fast områdenamn og med utprega frie presiseringsnamn på lokalitetar som ligg innom dette området. Eit døme kan illustrere dette: På *Kleiva* er det to skallar det blir fiska ved. Når ein fiskar frå *Veiholmen* vil presisere at han talar om skallen som ligg lengst sør av desse to, kan han skifte mellom presiseringsnamna *Sør Kleiva* og *Vester Kleiva*. Meiner han skallen lengst nord, kan han seie anten *Nord Kleiva*, *Nord Kleiva* eller *Auster Kleiva*. Oftast skjer slike ombytingar av presiseringsnamn ved å skifte ut retningsadverb etter mønsteret *nord* = *aust* og *sør* = *vest*. Kompassretningane kan òg bli skifta ut med adverba *ut* og *inn*. Men også heilt andre utmerkingsledd kan byte ut retningsadverba: *Inner Rubben* og *Ytter Rubben* kan og bli kalla *Nyrubben* og *Gammalrubben*.

Mønsteret er slåande fordi ein kan oppleva å høre ein og same informanten skifte presiseringsnamn frå eine setninga til den neste. Gjer du han merksam på dette, seier han gjerne at områdenamnet er sjølve namnet på plassen og at det er mindre viktig koss ein presiserer lokalitetar innom dette området.

I håp om å oppnå konsekvens og system i oppsettet vil eg rekne dei ulike presiseringane på same lokaliteten som prinsipielt ulike namn. Slik vil altså *Sør Kleiva* og *Vester Kleiva*, som markerer same lokaliteten, bli rekna som to ulike namn.

4.6 Fellestrekk for médnamna

Vi skal gå litt nærrare inn på médnamna for å sjå om vi kan finne evt. særdrag når vi granskar dei som gruppe i forhold til andre stadnamngrupper. Først skal vi sjå på korleis médnamn fell inn i noen forsøk som er gjort på å

MÉDNAMN SOM STADNAMN TYPE

gruppere stadnamn.

Magnus Olsen (1934b:10 ff.) sette fram ein inndelingsmåte av stadnamn etter brukarkrinsen til namna. Etter den geografiske utbreiinga av bruksområdet til namna deler han dei i tre typar:

1. Gårdens navn
2. Bygdens navn
3. Veiens navn

Naturlig nok kjenner ikkje farande folk lokale fiskeméð, slik at alle médnamn eintydig grupperer seg i type 1. og 2. Kva for ein av desse to typane médnamna fell under, avheng av busetnadsstrukturen i området; om det dreier seg om enkeltgardar eller bygdesamfunn, f.eks. fiskevær. Alle méda i denne samlinga frå Smøla kan trygt seiast å vera kjente av fleire enn ein husstand og må såleis kunne bli klassifiserte som 'bygdens navn'. I så måte skil dei seg ikkje ut frå andre skjergardsnamn.

Det er i dag vanlig å nytte ei funksjonell todeling av stadnamna, der ein deler namna inn i *bustadnamn* og *naturnamn*. Her fell médnamn inn under gruppa *naturnamn* og vidare inn i undergruppa *skjergardsnamn* (Stemshaug 1976:12-13).

Ei liknande todeling får ein ved å nytte *naturnamn* som motsetnad til *kulturnamn*, som da er meint å omfatte bustadnamn, innmarksnamn samt såkalla artefaktnamn, dvs. stader i utmarka der det har vore gjort inngrep i terrenget (bruar, vegar o.l.). Også i ei slik gruppering fell médnamn inn under *naturnamna*.

Leiter vi etter likskapar mellom médnamn og andre namnetypar, finn vi derimot at det største samsvaret er å finne i visse namnetypar som vanligvis blir grupperte under *kulturnamn*. Både når det gjeld funksjon og namnelagingsmåte, er médnamna på mange vis slåande lik åker- og teignamna.

Vi skal straks komma tilbake til ei jamføring mellom desse namnetypane, men først skal vi nemne ein klassifiseringsmodell der både åker- og teignamn og médnamn blir grupperte som *kulturnamn*. (Om *kulturnamn* vs. *naturnamn*, sjå Hovda 1973.)

M Å L O G M É D

I studien 'Stadnamni i ei fjellbygd' gjer Gustav Indrebø (1921) ei tredeling av namnematerialet. Han deler inn i

1. Bustadnamn
2. Kulturnamn
3. Naturnamn

Indrebø meiner med naturnamn namn på fjordar, elvar, vatn o.l. Kulturnamn kallar han namn på plassar 'som har specielt økonomisk verdi og har fått namn av den grunn, paa stader der dei hentar naturprodukt fram, paa arbeids-, fangst- og samlingsplassar,' (Indrebø 1921:144).

Definert på denne måten er omgrepet kulturnamn ikkje mykje bruka (Christensen/Kousgård Sørensen 1972:22-23), men på fleire vis peiker denne todelinga av dei namna som ikkje er bustadnamn, på eit viktig skilje som går etter kriteriet om menneskelig verksemd, det vil som oftast seie om lokaliteten har vore nytta i ein eller annan økonomisk samanheng. Under eit slikt krav til inndeling vil médnamna og dei fleste andre skjergardsnamna falle i kvar si gruppe.

Fiskeri kan ein seie er ein type haustingsøkonomi, og médnamna avspeglar denne arbeidskulturen. Funksjonelt vil det ha vore naturlig å jamføre médnamna med stadnamn på økonomisk viktige lokalitetar innafor andre haustingsøkonomiar; eg tenkjer spesielt på *markateignamn* (Stemshaug 1976:14), som fortel koss det gamle jordbruksamfunnet nytta utmarka. Ein systematisk gjennomgang av markateignamn fins ikkje, det eg veit. Derimot finns ei slik framstilling av gamle åker- og *teignamn* (Schmidt 1976), og sjølv om desse namna ikkje representerer ein haustingsøkonomi, finn eg at det likevel kan vera interessant å jamføre desse innmarksnamna med médnamn, for samstundes å vise noen fellestrekks som sameiner médnamna som gruppe.

Ein kan lett tenkje seg at havet har same plass i fiskaren si førestillingsverd som jorda har det i bonden sine tankar. Og sjølv om det juridiske eigedomstilhøvet er ulikt, så ligg fiskeméda spreidde ut over fiskarens heimehav som bondens åker- og teiglappar gjorde det før utskiftinga av jorda.

MÉDNAMN SOM STADNAMNTYPE

Typisk er det at *brukaren* står sentralt i desse namnetypane. Som *Monsåkeren* fortel at Mons anten braut opp denne jordlappen eller var eigar til han, fortel *Jørnstøet* at denne fiskeplassen anten vart funne av Jørn eller at han var ein som brukta denne plassen jamt.

Både médnamm og teignamn fortel om *produkta* ein haustar på staden. *Humlekvia* og *Kålhagen* informerer om kva som har vakse på åkeren médan *Skreiseta* og *Ufsgrunnen* fortel kva slags fisk ein har henta mest av på desse skallane.

Ein tredje likskap mellom médnamm og teignamn er at det i namna ofte ligg vurderingar av *yteevna* til staden. Domen kan vera positiv eller negativ. Vanvørdrande teignamn er f.eks. *Skitnemyra* og *Steinflekkene* som fortel om dårlig jord medan eit médnamm som *Fattigmannen* gjerne indikerer at det ikkje er mykje fisk å få på plassen. Likeins kan ein rose ein åkerlapp méd eit namn som *Vakreflata* og ein fiskeplass med namnet *Gullstolen*.

Eit fellestrek vi elles berre finn ved bustadnamn, er at det både for médnamm og teignamn ofte ligg føre skriftlige oppteikningar av namna. Når det gjeld teignamna, er desse kjeldene gjernast kart og protokollar som vart utarbeidde ved utskiftinga av innmarka. For médnamna er det snakk om skallbøker - private, uprenta hugselister over fiskeplassane. Og sjølv om desse kjeldene er ulike av form og funksjon, er hovudårsaka til at dei er laga den same; dei er lister over økonomisk verdifulle lokalitetar.

Ein siste likskap vi kan nemne, er at åker- og teignamn og médnamm er dei namnetypane som er aller mest utsette for namnedøden (Stemshaug 1976:49-50). (Vi skal komma tilbake til dette for médnamna sin del i eit eige avsnitt.)

Ein stor prosentdel av både teignamna og médnamna skildrar forma på lokaliteten dei namngir. Likevel må vi seie at médnamna er unike på dette punktet. Médnamm er vel dei einaste toponyma som fortel om 'utsjånad' på lokalitetar ingen noen gong har sett. Forklaringsa er sjølv sagt at snøret og loddet har vore fiskaren sine augo langs havbotnen. I ei tid lenge før ekkoloddet har desse hjelpe midla ikkje berre informert han om djupn og form;

MÅL O G MÉD

dei har òg vist han korleis straumen bar, og med litt feitt på loddet eller sokka har han funne ut kva type botn det var tale om; sand, grus, dy eller fjell. Til saman har dette gitt dei gamle fiskarane innsikt i langt fleire sider ved botnen og sjøen enn det dagens fiskarar får ved å lesa av den eine dimensjonen ekkoloddet fortel om.

Ei mengd jamføringsnamn fortel om korleis botnen er forma: *Knotten*, *Stabben*. Noen fortel om botntype: *Gjøssaren*, *Gloppstøet*; og igjen andre skildrar korleis sjøen ter seg: *Rennseta*, *Fauskan*. I det heile vitnar namnematerialet om ein mangesidig og imponerande kunnskap om naturtilhøva i sjøen og på botnen.

Namnegranskarane er ikkje enige om kor ein skal gå grensa mellom appellativ og stadnamn. Somme (som t.d. Vibeke Dalberg (1991)) hevdar at stadnamnet skil seg semantisk ifrå appellativet ved at det ikkje inneheld tyding eller skildrar namneobjektet, men berre inneheld referanse til objektet og eventuelle assosiasjonar. Som prinsipp er vel dette greitt nok, men etter mitt syn gir ikkje dette synet nok rom for det nære sambandet det er mellom mange stadnamn og appellativa dei spring ut frå. Ikke minst médnamna er gode eksempel på at det deskriptive elementet i stadnamna kan vera særskilt viktig. For brukarane av namna på desse lokalitetane som ingen har sett, er det nyttig at dei inneheld appellativ som skildrar plassen. Berre ut frå namnet vil ingen fiskar sette line eller vad på ein plass som er kalla *Stortaren*, like lite som han vil finne på å fiske på ein plass med namnet *Storbåen* i dårlig ver. Eg vil seie meg samd med Peter Hallaråker (1997:199) når han etter å ha sagt at stadnamn i prinsippet ikkje inneheld intensjon (tyding) som appellativa, held fram med å seie at stadnamna ikkje berre er lokaliserande, men at dei òg 'inneheld eit deskriptivt element, særleg når lokalitesappellativa i stadnamna er i aktiv bruk i målføret'.

4.7 Alderen på namna

Arkeologien og den eldste litteraturen, f.eks. *Hymiskviða*,

MÉDNAMN SOM STADNAMNTYPE

gir oss mange vitnemål om at snørefisket er ein svært gammal fangstmetode langs kysten vår. Så lenge dette fisket har vore drive, må vi tru at fiskaren har merka seg kvar fisken står i havet ved hjelp av faste punkt inne på land. Og straks ein plass er skilt ut frå andre lokalitetar på dette viset, er namnsetting på plassen ei naturlig følgje. Reelt er det såleis ikkje noko i vegen for at médnamna kan vera like gamle som sjølve fisket.

På yttersida av Smøla, der dette tilfanget er henta, gir busettingshistoria oss eit *terminus post quem* for kor gamle i alle fall brorparten av médnamna kan vera. Det vart ikkje teke opp gardar her ute før etter 600 e.Kr., og eigentlig værbusetting er det ikkje vitnemål om før på 12-1300 talet. Funn i hamna på Veiholmen fortel at det likevel må ha vore veiding her ute i eldre tider, men ein må rekne med at sikkert dei fleste namna, og i alle fall namna på skreiméda, kom som resultat av fast busetting og kommersielt fiske.



Søkker av eldre type henta opp frå Støa utom Veiholmen.

MÅL OG MÉD

Språklig er det heller ingen grunn til å tru at namna kan vera særskilte gamle. Slik manglar médnamna i dette tilfanget f.eks. dei eldste avleiringssuffiksa som vi kjenner frå gamle elve- og øynamn.

Det einaste primære médnamnet der ein kan påvise eit terminus ante quem, er *Salttaran*, som helst må vera laga før **salft* 'straum' vart oppslukt av *salt* i tydinga 'salt', trulig ein gong i norrøn tid (Nes 1975:151).

Smøla ligg i eit apokopeområde, og derfor er ekte samansetting lite brukbart som indisium på høg alder.

Vi kan derimot fastslå at mange av namna er relativt unge. Appellativa *kant* og trulig òg *bank* og *benk* er innlånt i mellomnorsk tid.

Aller yngst er mange av namna som fortel om *brukar*. Fleire av desse namna kan tidfestast til nyare tid, fordi folk enno kan hugse dei som brukte plassane, f.eks. *Johan Været-skallen* og *Maridalsmødet*.

I mange høve er det mulig å datere namna relativt til kvarandre. Sjølvsagt gjeld dette primærnann vs. sekundærnamn, men også namn som *Nyrubben*, *Gammalrubben* og *Nymødet* fortel om relativ alder.

Ei gruppe namn som skil seg ut med omsyn til alder, er *båenamna*. I alle fall relativt er desse mellom dei eldste médnamna, jfr. at så få av desse er sekundære lagingar medan dei svært ofte dannar utgangspunkt for sekundære namn på andre lokalitetar. Båenamna dannar ei yttergrense for kva som kan bli rekna for å vera fiskeméd, og det er trulig ikkje funksjonen som fiskeplassar som har gjort at folk tidlig har merka ut desse lokalitetane med namn. Heller er det det at båane er særskilt farlige brott og at kunnskapen om dei har vore ei forutsetning for all ferdsel på sjøen.

4.8 Namnelaging og namnedød

Stadnamn kan generelt vera laga ut frå ein trong til å lokalisere delar av eit landskap når ein kommuniserer med andre som kjenner landskapet, mao. ein identifikasjonstrong. På økonomisk viktige lokalitetar,

MÉDNAMN SOM STADNAMNTYPE

som f.eks. méda, tener namna òg ein klar nyttefunksjon. I eit fiskarmiljø er kunnskapen om kvar fisken står i havet overmåte viktig. Médnamna verkar for fiskaren som knaggar til å henge denne kunnskapen på. Gjennom å lære seg meda tileignar han seg generasjonars samla erfaring om kvar fisken er å finne.

I vår tid er médnamna sterkt utsette for namnedøden. Ola Stemshaug (1976:49-50) held dei faktisk for å vera den aller mest trua namnegruppa:

Den namnegruppa som er hardast utsett, men enno så vidt lever, er médnamna. Ekkoloddet, radaren, asdic og gode sjøkart har gjort kunnskapen om dei langt på veg overflødig. Det er ikkje mange som blir berga ved å koma med på drafta, slik som f.eks. det økonomiske kartverket er livreddar for mange utmarksnamn.

Her ramsar Stemshaug opp dei viktigaste årsakene til at médnamna dør ut. Kort sagt er det fordi nyttefunksjonen deira mykjegodt er borte. Ved sida av det Stemshaug nemner, kan vi trekke fram enda eit par moment i det årsakskomplekset som gjer at médnamna sakte, men sikkert ser ut til å forsvinne.

Dei siste ti-femten åra har satelittnavigatoren (GPS) vorte å finne i mesta kvar ein sjark. For fiskarane er dette eit fabelaktig hjelpemiddel som med stor presisjon kan finne fram til ein innplotta posisjon om det er aldri så dårlig sikt. Med dette instrumentet forsvinn etter kvart kunnskapen om médmerka, om enn ikkje sjølve médnamna.

Den gradvise omlegginga av fisket som har skjedd i løpet av nittenhundretalet er òg å skynde for tap av médnamn. I tillegg til nye hjelpemiddel, som Stemshaug nemner, har også sjølve fangsten endra seg. Svært mange av méda i denne samlinga er skreiméd. Da skreia forsvann frå Nordmørskysten kring 1930, hadde desse médnamna opplagt mykjegodt uttent funksjonen sin. Ein del av desse gamle skreiméda hevdar seg no som gode plassar for uer og sei, men vi må berre sjå det som naturlig

M Å L O G M É D

at dei aller fleste av desse namna forsvinn ut av bruk når dei siste som dreiv skreifisket, ikkje er meir.

Andre fiskesortar som blir fangsta etter méd, er det òg vorte merkbart mindre av. Særlig gjeld dette longe og brosme. I staden for slik stasjonær fisk kan vi ane at andre fiskesortar er i ferd med å hevde seg stadig sterkare i fangstmengda. Laksefisket var ei tid viktig for mange, fiske etter akkar har vorte utprøvd og i dei siste tiåra har dei større sjarkane satsa på makrellen. Den aller nyaste fiskesorten som somme sjarkar har lagt seg etter, er hake eller kolkjeft. I vår samanheng er poenget at denne gradvise omlegginga til nye fiskeressursar òg har gjort sitt til at kunnskapen om dei tradisjonelle méda ikkje er så viktig lenger.

Eit kan hende enda større trugsmål mot médnamna finn vi i den generelle strukturendringa av samfunnet som har gjort at kvantitativt færre fiskarar ber tradisjonen om méda vidare. Såleis er det på Veiholmen færre heiltids fiskarar no enn før, sjølv om folkemengda på været har halde seg ganske bra. Ved væra på Sør-Smøla, der avfolkinga har vore total, er det klart at det berre er eit spørsmål om tid før mykje av stadnamntradisjonen som er knytta til desse væra, vil dø ut.

Oljeverksemda på sokkelen utanfor Nordmøre og Trøndelag har freista mange ungdommar til å finne eit sikrare og betre betalt yrke enn det å vera fiskar. Dette tilbodet har gjort det mulig å kunne fortsette med å bu på Smøla utan å måtte ty til fiske eller fiskeforedling. Men oljeverksemda som no skjer i grannelaget til Smøla, inneber òg ein meir direkte trussel for fisket og fiskeritradisjonane. Ei utblåsing f.eks. på Haltenbanken vil i sin verst tenkelige konsekvens bety ei økologisk katastrofe som kan rive næringsgrunnlaget vekk for fiskarane.

Når no alt dette negative og pessimistiske er sagt, er det på tide å slå fast at tradisjonen om méd fortsatt lever på Smøla. Dei som har GPS om bord, treng ikkje lenger bry seg om médmerke, men dei vil i samtale med andre fiskarar referere til fiskeplassar med namn, ikkje med

MÉDNAMN SOM STADNAMNTYPE

lengde- og breiddgrad, og på sjølve satelittmottakaren vil namna oftast vera innskrive. Såleis har vi fått ein ny type digital skallbok, men altså med lengde- og breiddegradar i staden for médliner.

Fiskarar som har ekkolodd ombord, brukar svært ofte 'å kjøre seg til' etter ei médline for så å bruke loddet til å finne kanten dei leitar etter og samstundes sjå om det står fisk i bradden. Men méda blir enno også nytta på den tradisjonelle måten ved at fiskarane 'kjører seg til' etter begge mémlinene. Det er likevel viktig å poengtere at dette gjeld særlig eldre fiskarar. Utan at eg systematisk har undersøkt i kor stor grad dei yngre fiskarane har teke opp denne arven, sitt eg likevel att med eit avgjort inntrykk av at kunnskapen om méda ikkje er særlig stor mellom dei yngre.

5 KVA FORTEL NAMNA?

Dette kapitlet har som mål å systematisere det semantiske innhaldet i médamna. Vi skal sjå på ord som dannar namn; orda *før* dei blir namn, og vi skal undersøkje innhaldet i utmerkingsledda og i namna som ikkje inneheld appellativ.

5.1 Appellativ

Først skal vi gjera eit forsøk på å skilje ut det typiske, reelt og språklig, ved orda som vi kallar appellativ. Tilhøvet mellom appellativ og namn er diskutert før, i kapitlet 'Médnamn som stadnamn-type'.

Dei aller fleste appellativa som er grunnlag for médnamn er lokalitetsappellativ. Med lokalitetsappellativ forstår vi her ord som er eller har vore brukta med ein terrengekarakteriserande funksjon i stadnamn. I médnamna gjeld dette gjernast ord som karakteriserer havbotnen på eitt eller anna vis: *bradd, fjell, klakk*.

Ein del opphavlige jamføringsord vil vi måtte rekne som lokalitetsappellativ fordi dei no fungerer slik. Dette gjeld ord som *skolt, hause, skalle* og *rygg* som ein gong må ha samanlikna botnen med delar av lekamen på menneske eller dyr, men som fiskarane i dag oftast nyttar utan medveten jamføring. Orda har altså vorte toponymiske nemne på line med *klakk* og *grunn*. Andre lekamsjamførande ord, som f.eks. *venge*, har trulig enno ikkje vorte sjølvstendige toponyme lokalitetsappellativ.

Som hovudledd og i usamansette namn finn ein i médnamna svært ofte ord som ikkje er terrengekarakteriserande, men som avgrensar lokaliteten eller fortel om fisket; *rom, plass, méd, sete, stø*. Slike nemne samt lokalitetsappellativa vil framover bli kalla appellativ.

I landsoversynet sitt over fiskeméd opererer Per Hovda i bolken 'Namn, nemne og sistelekker' (1961:17-196) med ei semantisk tredeling av det som i praksis

MÅL O G MÉD

tilsvarar min definisjon av appellativ:

- A. Nemne som har samband med 'sjøen' og voksteren på botnen.
- B. Nemne for høgd, djup o.a.
- C. Nemne som har samband med tilhøve ved fiske.

Vi skal her sjå nærmare på dette oppsettet for å jamføre det landsomfattande materialet med tilfanget frå Smøla, noko som kan avdekkje samsvar og avvik på ulike punkt. I avhandlinga *Médnamn frå Trondheimsleia* har Oddmund Hagen systematisk nytta Hovda sitt skjema og kan såleis lett prøvast på mitt nærmast tilgrensande område (Hagen 1976:20-54).

Når Hovda har samla méd frå heile kysten, er det sjølvsgåt at mange av appellativa han har registrert, vil mætte mangle i mitt materiale. Av omlag 65 appellativ som Hovda har, kan eg finne 24 i bruk på Smøla. Meir interessant er kanskje det motsette: I mitt tilfang er det 12 som Hovda ikkje har teke med. Desse er *auge, benk, fall, fjell, hall, kant, pøle, rom, skag, skolt, tunge, veite*. Dei fleste av desse er lite bruka også på Smøla, og noen, som *auge, bank, benk, pøle, rom* og *veite*, er tydelig på veg ut av bruk som appellativ. Andre - som *fjell, hammar* og *skag* - har derimot relativ høg frekvens, og *kant* er svært mykje bruka som appellativ. Annan stadnamnlitteratur stadfestar likevel at dei fleste av desse appellativa tydeligvis har ei heller lokal utbreiing i médnamn.

Når det gjeld fordelinga av appellativ innan den tredelinga Hovda gjer, vel eg å flytte *rås* frå gruppe E til gruppe B fordi innhaldet i appellativet på Smøla klart fortel om botnen og ikkje om tilhøve ved fisket. (Jfr. Hagen 1976:21.) I motsetning til Hovda, som har ei talmessig mesta lik fordeling av appellativ i gruppe B og E, viser materialet mitt at heile 27 av dei 36 appellativa fell inn under gruppe B. Noko forklaring på korfor særlig dei meir abstrakte appellativa i gruppe E ser ut til å mangle i mitt tilfang, er ikkje lett å finne, men Hagen har registrert same tendensen i sitt område, Trondheimsleia (Hagen 1976:20).

K V A F O R T E L N A M N A ?

Dei ulike appellativa viser seg å ha ei svært skeiv fordeling når det gjeld bruksfrekvensen i namn. Medan fleire av dei berre er funne representerte i eitt namn, fins det mest frekvente appellativet, *skalle*, i heile 46 namn; *flu* er registrert 40 gonger og *grunn* 35 gonger.

Om lag 80% av alle namna i denne samlinga kjem inn under appellativomgrepet slik det er definert her.

Usamansette namn av typen *Skaget* og *Fjella* har ein oftast når appellativet ikkje er svært frekvent. (Jfr. Indrebø 1921:150-155.) Vi kan hevde at det er ein tendens i retning av at talet på usamansette namn med eit appellativ er omvendt proporsjonalt med talet på namn med appellativet. Såleis er f.eks. *grunn* brukt usamansett berre ein gong (og da som områdenamn) av 35 namn, *berg* usamansett to gonger av 18 namn medan *veite* berre fins ein gong i médnamn og da usamansett. Dei to registreringane av *brun* er begge usamansette. *Skalle* bryt kanskje dette mønsteret noko da appellativet fins usamansett fire gonger av 46 namn. Likevel synes tendensen vera klar. Forklaringa er openbert at eit usamansett namn med eit levande appellativ vil miste mykje av den lokaliserande funksjonen om appellativet er frekvent, fordi ein da ikkje kan veta kva for ein av dei mange *grunnane* eller *klakkane* det er snakk om.

I det følgjande vil kvart enkelt av appellativa bli alfabetisk plassert innafor Hovda sitt tredelte skjema. Eg vil vidare sjå litt på kva opphav appellativet har og kva som karakteriserer det, slik som djup og form, kva for fisk ein gjerne tek på staden og korleis fordelinga av appellativet er innom området eg skildrar.

Etter omtalen av dei enkelte appellativa vil eg nemne evt. usamansette namn med appellativet. Til saman 42 médnamn fell inn under det vi kan kalle usamansette appellativnamn. Dette utgjer vel 10% av det samla namnematerialet.

Dette er dei 37 appellativa eg har registrert, sett opp etter mønster av Per Hovda (1960):

M Å L O G M É D

Nemne som har samband med 'sjøen' og voksteren på botnen:

båe, m. fall, n. flu, f. tare, m.

Nemne for høgd, djup o.a :

<i>auge, n.</i>	<i>hause, m.</i>
<i>bakke, m.</i>	<i>hol, n.</i>
<i>bank, m.</i>	<i>høl, m.</i>
<i>benk, m.</i>	<i>kant, m.</i>
<i>berg, n.</i>	<i>klakk, m.</i>
<i>bradd, m.</i>	<i>pøle, f.</i>
<i>brun, f.</i>	<i>rev, n.</i>
<i>djup, n.</i>	<i>rygg, m.</i>
<i>egg, f.</i>	<i>rås, f.</i>
<i>fjell, n.</i>	<i>skag, n.</i>
<i>grunn, m.</i>	<i>skalle, m.</i>
<i>hall, n.</i>	<i>skolt, m.</i>
<i>hammar, m.</i>	<i>tunge, f.</i>
<i>veite, f.</i>	

Nemne som har samband med tilhøve ved fiske:

méd, n. rom, n. plass, m. sete, f. stad, m. stø, n.

Vi skal no diskutere appellativa i detalj. Dei kjem her i alfabetisk rekjkjefølgje:

AUGE, n. (norrønt *auga*, n.)

/ ̄ æue - ̄ æue - ̄ æua - ̄ æuaj /

Ut frå tre plassar på Brattværshavet vel eg å tru at vi har å gjera med eit appellativ *auge*. Dei tre lokalitetane er *Valøyauget*, *Ytter* eller *Auster Auget* og *Inner* eller *Vester Auget*. Plassane har det til felles at dei er små, rundvorne stettar eller knollar som kan vera vanskelige å treffe. 'Dei er berre som små augo,' sa ein heimelsmann. *Auge* er elles ikkje noko levande terrengekarakterisante ord i målføret. Trulig må ordet ha meint 'liten, rund (augeforma) knoll'. Sidan lokalitetane det er tale om er konvekse formasjonar, fell dei ikkje inn under *auge* i den vanlige, sekundære tydinga 'konkav formasjon', f.eks. norrønt

K V A F O R T E L N A M N A ?

auga, n. '4) Hul, Fordybning i Almindelighed' (Fritzner 1896) og færøyisk *eygja*, n. '5) lille rund Fordybning i en Strandklippe' (Jakobsen og Matras 1928). Jfr. òg *augo* på ein terning. I dette høvet må det vera tenkt på utboginga av sjølve augeeplet. Kanskje kan fiskaren ha assosiert formasjonar i landskapet med *augo* på ueren som posnar ut når ein dreg han opp frå djupet. (Jfr. *uer* < norrønt *augur* av *auga* (Torp 1919).)

Eg har ikkje komme over *auge* i bruk som appellativ andre stader på Smøla.

Fire gonger finn vi appellativet brukt i usamansette namn: *Auster Auget* eller *Ytter Auget* (Brv) og *Vester Auget* eller *Inner Auget* (Brv)

BAKKE, m. (norrm. *bakki*, m.)

/ `baka - `bakaj - (baka) - `baka - `bakaj - (baka) /
Etymologisk kan *bakke* knytast saman med *bank* og *benk* til ei opphavlig tyding 'høgd, høgdedrag'. Seinare har *bakke* meir fått tydinga 'skråning, hall i lendet' (Hovda 1961:51). Bruka som appellativ om formasjonar på havbotnen, har *bakke* i dag eit vidt tydingsinnhald som går på større eller mindre høgdedrag i botnen eller berre hallet opp dit. Dette hallet kan vera ulikt skråande, men blir vinkeleit for bratt, blir det heller tala om ein *bradd*. Storleiken er likeins svært skiftande frå dei vide *linebakkane* til dei minste snøreplassane med *bakke* i namnet. Distribusjonen er spreidd frå havmèd som *Austbakkan* til landnære mèd som f.eks. *Iselibakkan*. I alt har eg registrert 22 namn med appellativet. Ramsøyfjorden ser ut til å mangle *bakke* medan Brattværshavet har ein viss konsentrasjon.

Ut frå forma / `bakaj / er det ikkje råd å påvise eintal eller fleirtal bøyingsform. Bruken av dativ er for ustø til å vera til noko hjelpe i så måte. To gonger finn vi appellativet usamansett i bunden form: *Bakkan* og *Austapå Bakkan*, noko uventa i Brattværshavet der som sagt konsentrasjonen er relativt høgast. Usamansett og i avkorta ubunden form er *Bakk* i Griphølen. På denne

MÅL O G MÉD

seigarnsplassen kunne både tustningar, byfiskarar, gripværingar og smølværingar møtast, og namnet *Bakk* brukar dei alle. Oluf Rygh (Indl.:43) skriv om *bakke* i stadnamn: 'Som 2det Led jevnlig avkortet til -bakk, især nordenfjelds'. Denne avkortinga er kjent i stadnamn frå Smøla elles og likeins i uttrykk som 'unna bakk' ol. Det som likevel gjer namnet *Bakk* litt merkverdig, er at appellativet her står usamansett og ikkje som sisteledd, noko som ville gjort det forståelig at ei trykklett sistestaving falt bort. Kanskje har eit førsteledd falt bort etter at avkortinga av appellativet hadde skjedd. Médnamnet har ein parallel i *Bakk*, gnr. 43 i Aure, der ellipse ikkje er tilfelle (Stemshaug 1965:28).

BANK, m.

/ *bank* - 'baŋken - *baŋka - *baŋkajn /

Både *bank* og det neste appellativet *benk* blir rekna som sideformer av *bakke* ut frå eit opphavlig **bankan-* (Hovda 1961:51). *Bank* og *benk* er innlån i norsk etter at assimilasjonstendensen *nk* > *kk* ebba ut. (Jfr. Iversen 1973:37.)

To tydingsinnhald kan leggast til *bank*:

1. *Bank* i tydinga 'fiskegrunne langt til havs' er eit lån frå m.a. engelsk og blir nytta i namn som Vikingbanken og Doggerbank (Hovda 1961:51). Denne tydinga må vi avskrive i dei relativt landnære méda det er tale om i dette tilfanget.

2. Falk og Torp reknar den svake forma *banke* i tydinga 'skalle, grande, øyr' som eit heimlig ord (Falk og Torp 1909, som har svak form, ikkje sterkt, som Hovda (1961:51) feil tillegg dei). Dette tydingsinnhaldet ser ut til å passe godt til dei médnamna det er tale om frå Smøla, men både tonelag og bøyning fortel at appellativet har sterkt form på Smøla. Frå Oslofjorden fører Gustav Indrebø opp den sterke forma *bank* som appellativ med meinингa 'grunne'. Han står seg på fleire usamansette namn *Banken* med einstavings tonelag og på Rygh som i NG nemner at ein i fleire nyare namn trulig har eit ord *bank*, m. som tyder det same som *banke*, m.: 'eit steinut ris

K V A F O R T E L N A M N A ?

eller hæve, eller ein grunne under vatn' (Indrebø 1929:213). Indrebø har tydeligvis ikkje funne *bank* bruka som levande appellativ i denne tydinga. Heller ikkje på Smøla synes fiskarane lenger legge det generelle innhaldet 'grunne' i ordet. Spør ein dei, ser dei alle ut til å ville knyte *bank* til 'vid fiskegrunn langt til havs', jfr. *Haltenbanken*, *Frøyabanken*. Appellativet *torvbank* blir nytta om plassar i myrområde der ein kan hente ut torv, og det er mulig at tydinga 'forråd, bank, pengehús' kan ligge til grunn for dette. Det er derimot vanskelig å sjå at dette kan vera grunnlaget for appellativet *leirbank*, m. / 'le:r̥bank /, som blir bruksom mindre og landnære lokalitetar på sjøen. Vi må tru at den gamle tydinga 'grunn' har levd over i dette samansette ordet.

Arne Danielsen skriv om *Skånsflubanken* eller berre *Banken*: 'Men aller nærmeste skreiappen var likevel mer oppunder Skånsflua. Med en viss underfundighet kalt for "Banken".' (Danielsen 1978: 356). Når Danielsen her tydelig vil utleie tydinga 'bank, pengehús' av namnet og dermed gjera toponymet anten rosande eller ironisk, vil eg tru han tek feil og her heller sjå appellativet *bank* i den eldre tydinga 'grunne'.

Indrebø hevdar at *bankane* kan vera heller djupe og nemner såleis ein på 55 meter (Indrebø 1929:213). *Banken*, eit godt seiméd utfor Vest-Smøla, er på heile 110 famner! Tre gonger går appellativet att rundt Smøla. Namna er spreidde på tre ulike utrorshav. Alle tre namna kan stå usamansett i bunden form eintal: *Banken* eller *Skånsflubanken* (Vh), *Banken* (Brv) og *Banken* (Od).

BENK, m.

/ bæŋk - 'beŋcen - 'bæŋka - 'bæŋkaj /

Om etymologien til *benk*, sjå under *bank* foran.

Den terrengskildrande tydinga av *benk* finn vi hos Aasen (1873): '3) en lang og smal Flade i en Bjergside. Tel.' Eg har hørt *benk* bruksa i denne tydinga også på Nordmøre, men på Smøla er det ikkje eit levande appellativ lenger.

Berre eitt namn har eg som grunnlag for å hevde at

MÅL OG MÉD

dette har vore eit appellativ. *Langbenken* er ein langstrekta avsats nordom Nordbåen i Veiahavet..

BERG, n. (norrønt *berg*, n.)

/ bærg - ˇbærje - (‘bærja) - bærg - ˇbærja - (‘bærgɔ) / Indrebø skriv om *berg* frå Oslofjorden at ‘Dei brukar det både um radt grunne bodar og um noko djupare skallar’ (Indrebø 1929:213). Dette er eit bruksområde som òg høver godt for Smøla. Noko som derimot er vanskelig å skjønna, er at Hovda vil avgrense denne bruken av ordet nettopp til Oslofjorden: ‘Utanom Indre Oslofjorden finn ein *berg* sjeldan nytta i namn på grunnar, og eg har, som nemnt, ikkje notert det nytta til appellativ med slikt tydingsinnhald’ (Hovda 1961:55). Dette er mesta uforståelig, for på Smøla er *berg* eit av dei aller vanligaste appellativa som blir nytta om fiskegrunnar, noko som òg har nedfelt seg i mange médnamn med appellativet. At denne omfattande bruken av *berg* likevel kan vera noko isolert til Smøla, finn vi indisium på i at Helland (1896) ikkje har notert appellativet i det heile i méda han har mellom Stadt og Smøla og at Hagen (1976:31) berre har funne fire *berg*-namn i Trondheimsleia.

Av dei 18 registreringane eg har gjort, finn vi størsteparten i Veiahølen og i Ramsøyfjorden. Ved Steinsøysundet stikk *berga* gjerne opp i pølene og råsene og er såleis temmelig grunne. Fellesnemnaren er at dei har fjellgrunn, der seien ofte står.

Hovda peiker på at ein vanlig namngjevingsmåte for *berg*-namna er å kalle *berget* opp etter eit *berg* på land som grunnen ligg rett utfor eller som fins i eine médlina (Hovda 1961:56). Dette ser ikkje ut til å vera tilfelle med noen av *berga* eg har funne på Smøla.

Ein gong står appellativet i ubunden form, *Kongsberg* (Vh), og i Brattværshavet fins *Berget* to gonger i usamansett form.

BRADD, m.

/ braj - ˇbrajŋ - (braja) - ˇbraja - ˇbrajŋ - (brajɔ) / Geografisk er bruken av *bradd* om fiskeplassar nokså

K V A F O R T E L N A M N A ?

avgrensa. Frå Nordmøre har både Ross (1895, med hokjønn; ei form som er ukjent på Smøla) og Aasen notert tydinga 'Randen (Eggen) af en Banke i Havet' (Aasen 1873). Hovda (1961:57) har notert *bradd* om botnforhold på Hustad og Bremsnes. At *bradd* i denne tydinga trulig hører nordmørsmåla til, ser vi enda eit indisium på når Oddmund Hagen fortel at han har notert sine *braddar* i Hemnfjorden og Røstkværet (målet i Hemne blir tradisjonelt rekna til nordmørsmåla) og at han ikkje har funne noen i sjølve Trondheimsleia (Hagen 1976:32).

Kåre Hoel skriv at dei i Gjemnes nyttar *bradd* om 'ein bratt kant, f.eks. 'grautabradd', 'torvbradd'" (Hoel 1949:90). Denne bruken av ordet er òg kjent på Smøla, men når smølværingar òg seier at ein fargeskjold i tyet er *ein bradd*, viser dette at ordet ikkje alltid treng ha noko vertikalt tydingsinnhald. Dette stemmer i og for seg med etymologien til *bradd* som kan stillast saman med gammalengelsk *breard*, m. og gamalhøgtysk *brart*, m. som tyder 'rand, kant' (Torp 1919:35). Bruka om botnforhold på fiskegrunnar, er det derimot klart at det i *bradd* ligg ein høgdedimensjon. Kor bratt ein *bradd* kan vera, er det noko ulike meininger om mellom informantane. Noen meiner dei er i *bradden* berre dei treffer åtberet mot land eller ei grunne, medan andre meiner at ein *bradd* er brådjup, noko dei òg legg i ordet når dei seier at botnen blir '*bradde djup*' / *braje jø:p* /. Ut frå skapet på dei *braddane* eg har skrive ned, vil eg stø dei som meiner dei er brådjupe eller i alle fall temmelig bratte kantar.

Appellativet er sju gonger nedfelt i namn, alle samansette. Av desse er tre i Olsøysvaet, der dei var gode plassar etter oppsigstorsken. Skrei og sei får ein òg på dei andre *braddane*, og på dei fleste er ueren jamn å få. Samansettinga *uersbradd* / *u:rs,braj* / er eit vanlig appellativ på Nordmøre.

BRUN, f. (norrm. *brún*, f.)

/ brø:n - brø:na - (brø:n) - ^brø:ne - brø:nij - (^brø:nɔ) /

Merk at norrm. ú har fått uttaleforma / ø:/, noko som elles er svært sjeldan i målføret. Årsaka er den

M Å L O G M É D

postvokale nasalen. Aasen (1873) skriv om *brun*: 'Rand, Brink, Skrent. Kanten mellom en Flade og nedadgaaende Skraaning- Fjeldbrun, Bakkebrun'.

Ordet må seiast å vera i live på Smøla; i alle fall i samansetningar som *augnebrun* og *fjellbrun*, men det blir sjeldan nytta som appellativ om formasjonar på havbotnen. Men fiskarane eg har snakka med kan alltid forklare kva ordet tyder, og ingen har blanda *brun* saman med *bru*, noko Helland (1896:232) hevdar at fiskarane gjer. Det er vel helst for Romsdal og Sunnmøre, der dei har utvida artikkelbruk i bunden form eintal, at Helland har støtt på denne samanblandinga.

Ved Griptaren, utom området eg dekkjer, er det mange namn med appellativet *brun*. (Jfr. Helland 1896:313-317.) Desse ligg langt frå land og er skråningar frå Griptareplatået ned mot større djup på sokkelen. Det same er *Brattværbruna*, den indre, sørlige kanten av Frøyabanken. Dette skulle stø Hovda når han seier: 'I vest- og nordnorsk er ordet nytta om kanten ned mot større djup i sjøen, helst mot fjorddjupet eller djupare hav, som t.d. Eggakanten' (Hovda 1961:59-60).

Dei to registreringane av *brun* innom området eg dekkjer, er ikkje typiske havméd, men begge er markante kantar ned mot større djup. Begge namna er usamansette: *Bruna* (Ram) og *Bruna* (Brv).

BÅE, m. (norrvænt *boði*, m.)

/ ̄bɔ:e - ̄bɔ:ij- (̄bɔ:a) - ̄bɔ:a - ̄bɔ:aqn - (̄bɔ:a) /

I artikkelen 'On the etymology of ON *boði* "submerged reef"' (Ulvestadog Beeler 1957) argumenterer B.E. Ulvestad og M.S. Beeler for ein annan etymologi enn den gamle, allment aksepterte som Falk og Torp i si tid sette fram. (Sjå f.eks. Torp 1919.) Ulvestad og Beeler (1957:221) skriv :

Since ON *boði* obviously belongs to the second Gmc. ablaut series, it appears reasonable to connect it etymologically (= phonologically as well as semantically) with ON *bjóðr*, m. 'table', 'bowl' and ON *bjóð*, n. 'table', 'flat rock'

K V A F O R T E L N A M N A ?

which is used as a table', (...)

Per Hovda argumenterer mot dette og forsvarer Falk og Torp sin etymologi i artikkelen 'Kring appellativet *båe*, m.' (Hovda 1958). Kort summert viser Hovda at *båe* er eit einslig blindskjær i havsbandet som aldri stikk djupare enn at rørsla i sjøen fortel kvar det ligg. Ordhistorisk er *båe* eit nomen agentis av det norrønt verbet *bjóða* dvs. 'den som kungjer, bodar noko' (Hovda 1958, særlig s. 182).

Prøvd på mitt materiale fell argumentasjonen til Hovda best ut. Reelt er det heller ikkje noko i vegen for at Alv G. Nordal Muri (1980:57-63) kan ha rett i definisjonen han kjem med av *båe* som 'han som vaker'.

Mot appellativet *fall* avgrensar *båen* seg ved å vera grunnare og å bryte langt hyppigare. Som Hovda peiker på, vil ein *båe* kunne stikke djupare desto lengre ut i fallgarden ein kjem, fordi havalda får det til å bryte lettare der (op.cit.). Likevel er somme av dei ytste *båane* eg har funne, faktisk flør eller små skjer også på floa, noko som òg namnet *Skjergebåen* fleire stader vitnar om.

Arnfred Slyngstad (1951:108) hevdar at *båe* alltid er eit einslig blindskjær og at dei alltid er svært avgrensa i omfang. Dette stemmer med det eg har observert på Smøla.

Dei 20 *båane* eg har teke med her, viser seg å vera temmelig jamt fordelte rundt Smøla, men utfør Remman er frekvensen likevel høgast.

Fisket som blir drive rundt *båane*, er med snøre etter torsk eller not etter sei.

DJUP, n. (norrønt *djúp*, n.)

/ju:p - 'ju:pe - ju:p - 'ju:pa /

Appellativet har den generelle tydinga 'djup stad i sjøen' og er såleis noko nær synonymt med *hol*. Likevel viser det seg at *hola* jamt over er djupare enn *djupa* som helst berre uttrykkjer relativ djupn. *Djupa* er 'fiskeplassar der djupna er større enn omkring' (Slyngstad 1951:109).

Tre av dei sju namna eg har skrive opp med appellativet, er å finne i Veiahavet. Der har vi òg

MÅL O G MÉD

appellativet usamansett ein gong: *Djupet*, eit namn vi òg finn ein gong uti Ramsøyfjorden.

Uer får ein i dei brattaste *djupa*, men namn som *Torskdjupet* og *Longdjupet* fortel òg om andre fiskeslag.

Eit appellativ av meir abstrakt karakter er *djupn*, f. /jufn/, ei laging med n-suffiks, som ein må rekne med er gammal (Hovda 1961:64). Denne avleininga av *djup* har ikkje danna médnamn utfor Smøla.

EGG, f. (norrønt *egg*, f.)

/ æg: - 'eja - (ejen) - ^eye - ^ejn - (^ejɔ) /

Tydinga av egg ligg nært opp til *bradd*, men kanskje kan ein seie at *bradd* blir mest nytta om noko mindre formasjonar enn *egg*, som vi kan definere som 'bratt skråning på sjøbotnen, kanten der det hallar ned mot større djup' (Hovda 1961:65). Namnemateriale viser at medan *braddane* er å finne heilt oppe i Olsøysvaet og Veiahølen, så er *eggene* eg har skrive opp, alle utanskjers og mellom dei ytste méda i området.

Egg blir i dag sjeldan nytta appellativisk, noko som har resultert i at folk no er ustø i bruken av bøyingsmorfemet til *egg*-namna. Såleis kan ein oppleva å høre / -ejen / i nominativ og / -eja / i dativ, noko Kåre Hoel òg har merka seg i Gjemnes og som han meiner skriv seg frå at hyppig bruk av dativ på *-en* har gjort at ordet kjennes som hankjønn og følgjelig har fått ei ny dativform på *-a* (Hoel 1949:93). Vaklande genusbruk ved *egg* kan òg Oddmund Hagen dokumentere frå Fosen, der det blir hevda at *egg* er hankjønn (Hagen 1976:34). Når namnet *Hummelegga* / ^hømer, eja / kan bli uttalt / ^hømer, ejɔ / og faktisk òg / ^hømer, ægo /, skriv dette seg neppe frå fleirtal pga. formasjonar i botnen. Årsaka er snarare nettopp denne ustø morfembruken til eit ord folk ikkje lenger er viss på er hokjønn eller hankjønn eller om det er sterkt eller svakt.

På sørvestre Smøla finn vi dei fleste av *egg*-namna; sju av til saman ni. Botnen her er òg langt meir terrasseforma enn lenger nord og aust, der dei mindre hamrane heller blir kalla *kant*, *klakk*, *bradd* eller *fjell*.

K V A F O R T E L N A M N A ?

Eggene kan vera uersm  d eller dei kan vera kanten p   gamle skreiberg som *Skreiaregga* ved Skreiaren og *Lakaegga* ved Lakan.

Ein gong finn vi appellativet usamansett: *Auster Egg  * (Od). Den andre delen av namneparet, *Vester Egg  *, ligg i fr  beret unna Griptaren og fell utom den geografiske avgrensinga av dette arbeidet.

FALL, n. (norr  nt *fall*, n.)

/fa   -   fa  e - (  fa  a) - fa   -   fa  a - (  fa  o) /

Aasens definisjon er noko enkel: '8) Skj  r, Klippe som Havb  lgerne brydes paa' (Aasen 1873). Arnfred Slyngstad (1951:110) gir ei utfylling som ogs   h  ver godt for Sm  la. Han peiker p   at i motsetning til ein *b  e* s   synest aldri *fallet* sj  lv i fj  re sj  . Dessutan har *fallet* oftast b  de st  rre vidd og st  rre djup enn *b  en*.

Eit *fall* bryt ikkje i jamnan slik som *b  en*, men berre n  r det er storb  re eller havst  yt fr   rette kanten. S  leis bryt f.eks. *Langfallet* austom Innveien ikkje ofte. Men er f  rst nordvestb  ra stor nok, kan ein oppleva    sj      Nordgrunnen og Grunnskjerskallen bryt i lag med *Langfallet* fordi desse har om lag same djupna.

Slyngstad fortel om korleis fleire einskilte b  ar og brott i skav  r kan laga *fall* eller *fallgard* (op.cit.). Remtaren, vestom Veiholmen, er eit framifr   eksempel p   dette. I smult v  r kan veiv  ringane ta snarvegen s  rom Hilverskjeret om dei tenkjer seg til Gammalklakken, men det kan skyte inn med tung sj   medan ein er der ute, og da m   vegen heim bli lagt nordom Storb  en. I havst  yt kan ein sj   kor fin ein b  lgjebrytar Remskjera og Remtaren er for Veiholmen, for da ligg heile fallgarden 'randheil' kvit (Danielsen 1978:348 og 350).

Fordi *b  ane* er lettare    f   auge p   enn *falla*, hevdar Vassbotn (1969:65) at fiskarane alltid har m  d p   *falla* medan han meiner aldri    ha h  rt m  d p   ein *b  e*. S   kategorisk kan ikkje eg vera, for eg har f  tt m  d p   alle *falla* og p   over halvparten av *b  ane*. Likevel viser også materialet mitt ein tendens i den leia Vassbotn hevdar gjeld for Øksnes i Nordland.

MÅL O G MÉD

Det er helst sommars tid at *falla* blir nytta til fiske, men er det smult vêr, kan ein ligga oppå dei grunnaste på berre 3 meters djup som *Langfallet* utfor Djupnakkan på Vest-Smøla og *Ufsfallet* utfor Brattværet.

Dei tre *fall*-namna eg har nemnt, er jamt fordelte over området.

Det usamansette namnet *Fallet* fell etter mi tolking ikkje inn under *fall* i den tydinga av appellativet eg har skissert her, men skriv seg frå eit *fall* i tydinga 'skrånning i botnen'. (Sjå om dette s. 212.)

FJELL, n. (norrønt *fjall*, n.)

/ fjiʎ - 'fjiʎe - (fjiʎa) - fjiʎ - 'fjiʎa - (fjiʎɔ) /

Både som levande appellativ og i médnamn, er tydinga av *fjell* 'berghause' eller 'berghammer'. Det er sjeldan tale om spisse nutar i botnen, naturlig nok fordi slike tindar blir rekna for dårlig botn og blir unngått. *Fjella* er gjerne djupe plassar der ueren står.

Noko merkelig er det at Per Hovda (1961) ikkje har teke med dette appellativet i landsoversynet sitt. Oddmund Hagen, som har funne heile 22 *fjell*-namn, særlig konsentrert til Hemnfjorden, meiner dette må vera ei uteglømming (Hagen 1976:35). No er det ting som tyder på at *fjell* i médnamn kan vera ein nokså lokal bruk. Slyngstad har frå Sunnmøre ikkje teke med appellativet (Slyngstad 1951), og Helland har ikkje notert *fjell* mellom Stadt og Smøla (Helland 1896). Materialet mitt kan òg stø opp under ein teori om at *fjell* i médnamn har eit kjerneområde aust for Smøla: Av dei seks registreringane av appellativet eg har gjort i médnamn, er ingen frå sørvest på Smøla.

To gonger står appellativet usamansett; ein gong i eintal og ein gong i fleirtal: *Fjellet* (Brv) og *Fjella* (Vh).

FLU, f. (norrønt *flúð*, f.)

/ fɻu: - 'fɻu:a - (fɻu:n) - ^fɻu:e - ^fɻu:iŋ - ^fɻu:ɔ:/ /

Definisjonen Aasen gir av *flu* er 'Banke eller fladt Skær, som i Flodtid overskyllies af Søen' (Aasen 1873). Rota har sams opphav med ord som f.eks. *flaum* og *flood* (Hovda

K V A F O R T E L N A M N A ?

1961:48). Denne opphavlige tydinga 'stad det flør over' høver dårlig på *fluene* på Smøla. Derimot er Aasen sin definisjon treffande på det som kallast *fløe*, f. / *flø* / og som Aasen (1873) kallar *fløda*, f. 'Skjær, som er oversvømmet i Flotid. Nordmøre'. Djupna på *fluene* er jamt over langt større enn på *fløene*. Det kan vera vanskelig å skilje *båe*, *grunn* og *fall* frå *flu* fordi *fluene* kan vera like djupe som alle desse. Som ei retningsline kan vi likevel seie at *fluene* kan vera langt djupare enn *båane* og at *grunnane* kan vera mykje djupare enn *fluene*. Dei djupaste *fluene* som ligg lengst ute, kan dessutan vera *fall* om dei ligg slik til. (Jfr. Slyngstad 1951:115.) Per Hovda refererer til fiskarar i Nord-Norge som meiner dei vanligvis nyttar *flu* om grunne, helst noko vide, overflødde skjer innanfor dei ytste skjera og holmane (Hovda 1961:48, jfr. òg Myrvang 1982:86). Noen slik regel kan ein ikkje seie gjeld for Smøla. Mange av *fluene* her ligg aller ytst i fallgarden.

Som appellativ er *flu* mykje bruka. I alt 40 registreringar har eg gjort av appellativet i médnamma.

Verd å merkje seg er trekket med å gi *flua* namn etter nærmaste *båen*. Heile 6 av *fluene* er namngitte slik. Når vi finn at det motsette aldri er tilfelle, fortel dette om kor mykje viktigare kunnskap om *båene* var enn det å kjenne *fluene*. I det heile går lokalitetar i nærleiken hyppig att i namna på *fluene*.

Fiskenamn avspeglar kva slags fiske som blir drive der: *Lyrflua*, *Seiflua* og *Ufsfluen*.

På Brattværstaren finn vi dei usamansette namna *Inner Flua*, *Mitter Flua* og *Ytter Flua*, men den høge frekvensen av appellativet gjer at den usamansette forma er sjeldsynt.

GRUNN, m. (norrønt *grunn*, n. og m.)

/ *grunj* - *grunj* - (*grunj*) - *grunj* - *grunjaj* - (*grunjɔ*) /

Tydingsinnhaldet er 'stad der botnen ligg noko høgare enn rundt om' (Hovda 1961:71). Noko avgrensing som gjeld kor djup ein *grunn* kan vera, er mestu umulig å sette opp. Dei grunnaste kan vera mindre enn 10 famner medan f.eks. *Skatgrunnen* er heile 70 famner djup. Likeins er skilnaden i utstrekning svært stor, slik at det er vanskelig

MÅL OG MÉD

å presisere kva ein *grunn* er ut over dette generelle at det er ein høgdeformasjon i botnen.

Av alle appellativa i området har *grunn* tettast frekvens nest etter *skalle*. 35 gonger er *grunn* notert i denne samlinga médnamn.

Lokalt er det i Veia havet vi finn den hyppigaste bruken. Over halvparten av *grunn*-namna fins her. Likevel finn vi det usamansette områdenamnet *Grunnan* i dette området, men det blir gjerne presisert til *Nordgrunnen* eller *Sørgrunnen*.

Alle *grunn*-namna eg har registrert, er i hankjønn, sterk form. I appellativisk bruk fins det òg ei svak hokjønnsform *grunne*: / ˊgruŋe - ˊgruŋo - ˊgruŋo - ˊgruŋan / som helst blir bruka om skråninga opp mot land eller om den heilt landnære grunnmarka. Ei svak hankjønnsform *grunne* / ˊgruŋe - ˊgruŋin - ˊgruŋa - ˊgruŋan /, kan òg bli nytta appellativisk, men helst i ei meir generell tyding enn den sterke forma som gjernast tyder 'fiskegrunn' spesielt. Slik kan det seiast at ein fiskar tenkte seg utpå ein *grunn* for å dra sei, men før han rakk så langt rente han båten opp på ein *grunne* innpå *grunna* (f., b.f.sg.). Kåre Hoel (1949:94) skriv frå Gjemnes at 'den linne forma *grunne*, m. trengjer seg meir og meir inn'. Hovda viser at denne svake hankjønnsforma står sterkt sør i landet og at ho er på veg nordover (Hovda 1961:69). At Nordmøre kan vera eit ytterpunkt for ei slik utbreiing nordover, kan det tyde på når Hagen ikkje har funne denne forma bruka i Trondheimsleia, men berre den svake hokjønnsforma (Hagen 1976:37).

Appellativet står usamansett i to namn: *Nørdre Grunnen* (Vh) og *Vester Grunnen* (Vh).

HALL, n. (norrønt *hallr*, m.)

/ hał - 'hałe - hał - 'hała /

Det eine eksemplet eg har på dette appellativet i eit médnamn, er *Oddgrunnhallet*, og med ein del tvil vel eg å tolke sisteleddet i namnet til *hall*, n. og ikkje *hald*, n. som er det einaste Hovda nemner i landsoversynet. Han tolkar *hald* som ei avleiring av verbet å *halde*, dvs. 'der ein held

K V A F O R T E L N A M N A ?

agnet, snøret, eller båten i médet under fisket' (Hovda 1961:114). Det same gjer Slyngstad (1951:121). *Hald* går såleis på tilhøva ved fisket. Når *Oddgrunnhallet* her likevel blir tolka ut fra appellativet *hall* og dermed skildrar botnforholda, er det på grunnlag av realopplysingar om dette médet. Plassen er ein lineplass og ein jamt skrånande botn nordvest unna Oddgrunnen. Brukarane av plassen er samstemte om at det er den *hallande* botnen som har gitt plassen namn. Aasen har ikkje spesielt nemnt *hall* som fiskegrunn, men definerer appellativet meir vidtfemnande: 'en Helsing, Bakke, Skraaplan' (Aasen 1873). Støtte for ei tolking av dette sisteleddet til *hall* får eg hos Oddmund Hagen som i Trondheimsleia har funne to mednamn med *hall* der i alle fall det eine namnet klart skildrar ein *hallande* botn (Hagen 1976:37).

Genusskiftet som har skjedd etter norrønt, skjer lett ved substantiverte adjektiv, jfr. *méd* (Beito 1954:281).

HAMMAR, m. (norrønt *hamarr*, m.)

/ ˘hamar - ˘hamarn - (˘hamara) - ˘hamra - ˘hamraj - (˘hamrɔ) /

Hammar er eit vanlig appellativ i bruk om bratte bergvegger både på land og i sjøen. Ofte er appellativet samansett i *uershammar*, for det er gjerne i slike bradd-djupe *hamrar* at ueren står.

Hoel har registrert Hamaren på Gjemnes: 'eit uersméd, der ein stygg hamar går 30 famn rett opp og ned' (Hoel 1949:43). Ein liknande formasjon er det ved *Hammaren* eg har notert den eine gongen eg har funne appellativet representert i médnamna på Smøla.

Hovda (1961) har ikkje med *hammar* i landsoversynet over appellativ.

HAUSE, m. (norrønt *hauss*, m.)

/ ˘häuse - ˘häusij - (˘häusɔ) - ˘häusa - ˘häusaj - (˘häusɔ) /

Bruka som appellativ i médnamn, tyder *hause* 'kuva berg, bergskolt'. Ingen av dei er særlig vide eller noko djupe. I

MÅL OG MÉD

tillegg til å vera eit levande lokalitetsappellativ, blir ordet bruka i to andre tydingar: 1) *Hausen* i ein båt er det fremste rorommet, 2) ein stor haugskybanke eller skoddebane blir kalla ein *hause*. Alle tre tydingane kan førast tilbake til 'hovud' eller 'hovudskalle' som *hauss* tydde på norrønt.

Tre gonger har eg notert appellativet, to gonger usamansett: *Hausan* (Brv) er det to av: *Inner Hausen* og *Ytter Hausen*.

HOL, n. (norrønt *hol*, n.)

/ hɔ:l - 'hɔ:lɛ - (hɔ:lɑ) - hɔ:l - 'hɔ:lɑ - (hɔ:lɑ) /
Appellativet *hol* er eit levande lokalitetsappellativ i smølamålet og tyder 'djupsøkk i botnen'. Medan f.eks. *Sortnholet* er over hundre meter djupt, kan andre av *hola* berre vera 40 meter djupe. Det som er felles for dei alle, er at dei er djupaste plassen i sine område.

Av dei 7 oppteikningane av appellativet i namn er ingen gjort i eller ved Ramsøyfjorden.

Dei fleste *hola* er lineplassar der ein gjernast få longe og torsk. Der hammaren ned til *hola* er bratt, står òg ueren.

Appellativet står ikkje usamansett i noko namn.

HØL, m. (norrønt *hylr*, m.)

/ hø:l - hø:lŋ - (hø:lɑ) - ^hø:la - ^hø:laŋ - ^hø:lɔ /
Etymologisk er *høl* ei ja-avleining til *hol*, og som *hol* går *høl* på djupsøkk i havbotnen. Skilnaden ligg i at ein *høl* er langt større enn eit *hol*. *Hølane* er djupe havtunger som går opp mellom to land eller to øyrekkjer. Det kan drøftast om det er rett å ta med *høl* som appellativ i médnamn. Oftast finn vi mange fiskeplassar innom kvar enkelt *høl*. Når eg likevel tek *høl* med her, er det på grunnlag av eitt namn, *Nordhølen* ytst i Ramsøyfjorden. Dette namnet er eit områdenamn som dei andre *hølane*, men har òg etter kvart vorte namnet på eit linesett i dette lite bruka området. Heller ikkje namnet *Nordhølen* er mykje bruka. Det er derimot namna på andre store *hølar* ved Smøla: *Griphølen*, *Oddahølen* og *Veiahølen*, som til saman inneheld langt størstedelen av méda i dette arbeidet.

K V A F O R T E L N A M N A ?

Det verkar som om appellativet står relativt sterkt på Nordmøre (jfr. Hovda 1961:78 og Hagen 1976:39), og appellativet er i levande bruk. Forestillinga om *hølane* som djupe plassar, speglast i uttrykket *høldjupt* / *hø:ɾjuft* / om brådjup botn. Ordet *hølsei* / *hø:ɾsei* / eller *hølingsei* / *hø:ɾenjsei* / blir bruka om sei i mellomklassen som er vanlig å få i *hølane*.

KANT, m.

/ *kajc* - *kajncŋ* - ('*kajca*) - *kajca* - *kajcaŋ* - ('*kajco*) / Ordhistoria fortel om lågtysk opphav (Torp 1919). Tydingsinnhaldet i *kant* nytta om fiskeplassar, er 'bradd, egg, brå avslutning på ein grunn'. Bruken av ordet på denne måten er tydeligvis lite utbreidd elles i landet. Den einaste skiftlige kjelda eg har funne, der *kant* er bruka om fiskeplassar, er i *Froværingsmålet* av Dagfinn Olav Bye (1976: 62 og 24, note). På Smøla er dette lokalitets-appellativet svært mykje bruka, men det er lite nedfelt i namn. Berre to gonger har eg notert appellativet i namn: *Håskjerkanten* og *Uerskanten*. Begge ligg inst i Veiahølen i eit fråber unna land som sluttar i brådjup hammar. Ofte kan ein høre *uerskant* / *u:rs,kajc* / nytta appellativisk om ein hammar der ueren står.

KLAKK, m. (norrønt *klakkr*, m.)

/ *krafk* - *krafcen* - ('*krafca*) - *krafaka* - *krafakan* - ('*krafako*) / Etymologien til *klakk* er usikker, men tydingsinnhaldet er etter Aasen (1873): '1) Klak, liden Klat eller Klump - 2) en Banke eller ophøiet Grund i Søen; Fiskegrund (=Skalle)'. Meir presis er definisjonen i NSL: 'tverr bergskolt, oftast i el. ved sjøen', jfr. fær. *klakkur*, m. '2) opstående el. fremspringende klippe, bjergknold 3) grund i søen, fiskebanke' (Jacobsen/Matras 1928).

Hovda meiner *klakk* får ein noko endra tyding nordetter kysten: Nordover frå Hustad blir *klakkane* grunnare og kan gjerne ligge i flomålet frå Halten og nordetter. På Helgeland kan ein *klakk* vera eit høgt skjer (Hovda 1961:80). Namnematerialet frå Smøla fell ikkje

MÅL O G MÉD

inn i dette mønsteret. Her blir appellativet bruka innom heile dette spekteret og vel så det. Rundt Været på Veiholmen ligg det fleire høge holmar eller øyar med *klakk* som appellativ i namna, medan *Klakken* utfor Odden er eit fiskeméd som er 40 famner djup. Eit gardsbruk inne på Fastsøla har fleirtalsforma *Klakkan*, gnr. 34, og innom Smøla, i Aure, finn vi fjelltoppane *Gjelklakkan* eller berre *Klakkan*, som er jamt bruka som médfjell ute på Smøla.

Fellesnemnaren for alle desse er forma; alle er dei tverre på ei eller fleire sider og stikk opp frå landskapet omkring. Slik er det med troikaen *Hysklakken*, *Melklakken* og *Isklakken* som alle hevar seg opp frå eit stort og vidt grunnflak, og med *Gammalklakken* som stikk opp frå ei grunnmark som gammalt folk kalla Hælen. *Klakkane* er avgrensa og heller små i omfang. Høgda kan variere atskillig frå *Ballklakken* som berre er ein liten rund og tverr klump, og til *Klakken* som fleire av informantane framheva som ein typisk *klakk*: Flat oppå og brådjupt rundt over alt med ein hammar på minst 20 famner. Dette er også det eine av to usamansette namn eg har funne - ikkje uventa i Oddahavet der *klakk* elles ikkje fins som appellativ i médnamn.

Distribusjonen er elles ujamn. I Ramsøyfjorden fins ingen namn med *klakk*, og ved Brattværet er det fire medan Veiholmen har åtte - altså til saman 14 registreringar av appellativet i namn på fiskeméd. Forklaringsa på den skeive fordelinga kan vi søkje i det forholdet at botnen ut mot Griphølen er terrasseforma, noko vi ser avspeglia i distribusjonen av appellativet *egg*, som er bortimot komplementær med *klakk*. For Ramsøyfjorden kan forklaringa vera noko den same, men vi skal merke oss at Hagen (1976) ikkje har funne appellativet i Trondheimsleia, noko som kan tyde på at *klakk* mest er å finne i den ytre skjergarden eller utaskjers. Appellativet er i dag ikkje mykje bruka, om i det heile, og fleire av fiskarane eg har spurt, kjenner ikkje til at ein *klakk* skal ha ei spesiell form, men bruker *klakk* synonymt med *grunn*.

Noko typisk drift er det ikkje utpå *klakkane*. På

K V A F O R T E L N A M N A ?

klakkane ved Brattværet var det fint å ta seien med søkkjenot. Gjennomgåande er dei for små til å sette line på, og oftast er dei snøregrunnar der ein dreg sei.

Usamansett er appellativet i *Klakken* (Od) og *Vester Klakken*, som *Vester Tørbensklakken* (Vh) ofte blir kalla.

MÉD, n. (norrønt *mið*, n.)

/ me: - 'me:e - ('me:a) - me: - 'me:a - ('me:) /

Per Hovda (1961:132-138) har greidd ut om den ulike bruken av ordet *méd*. (Om denne bruken på Smøla, sjå s. 56 ff.)

Hos Aasen (1873) finn vi det definert slik: '2) Fiskeplads, Grund som er nøie bestemt ved visse Mærker paa Landjorden ...'. Ein skjønnar lett at den generelle tydinga 'fiskeplass' må vera sekundær til ei opphavlig tyding 'midtpunkt' og at dagens mening med ordet har teke vegen om 'fiskeplass som blir funnen ved hjelp av méd' (Hovda 1961:138).

Som substantivert adjektiv er *méd* i ein klasse ord som lett får skiftande genus (Beito 1954:281). Langs Trøndelagskysten kan ordet såleis opptre i alle tre genus (Hovda 1961:134 og Stemshaug 1975:130). På Nordmøre er derimot nøytrumsforma konsekvent, som ho òg er det langs storparten av kysten elles.

Appellativet *méd* er i jamnlig bruk over heile Smøla, men distribusjonen av appellativet representert i namn er noko ujamn. Overvekta av appellativet er å finne sør og vest på Smøla, slik at Steinsøysundet og Veiholmen til saman berre har tre av dei 13 namna med *méd*.

Stort sett verkar ikkje desse namna særlig gamle. Folk kjenner til personar eller hendingar som har gitt opphav til fleire av utmerkingsledda, noko som elles er uvanlig. Tre av namna har *ny-* som utmerkingsledd, og det skulle tyde på at dei i alle fall relativt er yngre namn.

Appellativet er ikkje å finne i usamansette namn.

PØLE, f.

/ pø:r - 'pø:rɔ - (pø:r n) - 'pø:rɔ - 'pø:rɔŋ - 'pø:rɔ /

Dette appellativet er ikkje å finne verken i Hovda (1961)

MÅL OG MÉD

sitt landsoversyn eller i annan stadnamnlitteratur frå sjøen som eg har komme over. *Pøle* blir stilt saman med dansk og svensk *pøl/pöl* og engelsk *pool* til tydinga 'vandhul' (Torp 1919). Ross (1895) har ei tyding av Pøyla, f.: '2) Dybt Vandstade, Sogn'. På Smøla blir *pøle* forstått til å vera lange, reine djuprenner mellom skjer eller grunnar. I dag blir *pøle* ofte bruka synonymt med *rås* og *veite*, men vanligvis skil *råsene* seg ut som større enn *pølene*. Slik er gjerne ei *rås* ei brei seglelei medan ei *pøle* er ei mindre og smalare djuprenne mellom skjer.

Det fins indisium på at *pøle* har tapt terrenget for *rås* og tidligare har vore nytta der *rås* no blir bruka. Gammalt folk sa f.eks. *Steinsøyøla* om *Steinsøyryåsa* som no er det vanlige namnet. *Storråsa* kan òg denne leia bli kalla. På Hitra og Frøya er *rås* svært vanlig som appellativ, og kanskje er det med støtte derifrå at *rås* gradvis tek over bruksområdet til *pøle*, som ikkje har noko vid utbreiing å stø seg på.

Ein gong står appellativet usamansett av 8 registreringar: *Pøla* (Brv).

REV, n. (norrm. *rif*, n.)

/ ræ:v -'ræ:ve - (ræ:va) - ræ:v -'ræ:va - (ræ:vo) /
Definisjonen Aasen (1873) gir av appellativet, er 'en smal Grunding eller Banke som gaar ud fra Land, Fortsættelse af et Næs under Vandet'. Inne i fjordane verkar det som om dei har ein noko snevrare tyding av ordet og at *rev* der er grunne ryggar som går tvers over fjordane. (Jfr. Hoel 1949:97 og Hagen 1976: 42.) Til og med Aasen sin definisjon vil eg påstå er for trøng til bruken av ordet på Smøla. Smølafiskarane vil kunne bruke *rev* om ein vid grunn som ikkje treng å vera noko undersjøisk nes. Døme på ei slik utvida tyding av appellativet gir Hovda (1961: 99) frå Titran. Denne tydinga er òg den NSL gir, der *rev* er definert som 'grunn stad i sjøen'.

I dette materialet går appellativet att fire gonger og ein gong står det usamansett: *Revet*, som er same plassen som *Råkarevet* (Brv).

K V A F O R T E L N A M N A ?

ROM, n. (norrønt *rúm*, n.)

/ røm - 'røme - (‘røma) - røm - 'røma - (‘rømo) /
Bruksområdet til *rom* må seiast å vera synonymt med eit anna lite bruka appellativ, *stad*, og med appellativet *méd*. Den generelle tydinga 'fiskeplass' som gjeld for *stad* og *méd*, kan vi og seie gjeld for *rom*. Ein av definisjonane av *rom* som Aasen (1873) gir, dekkjer dette vidtfemnande tydingsinnhaldet: '4) Sted, Opholdssted. Paa same Romet: paa same Sted.) (Meget brugl. i Trondh. Stift). Ellers alm. om en bestemt Plads at være paa.'

I ein artikkel om *-rum* i svenske stadnamn nemner ikkje Sigurd Fries (1976) appellativet i bruk i skjergardsnamn, men på Gotland er det å finne i naturnamn i tydinga 'open slette', og i gammalsvensk fins det døme på appellativisk bruk av *rum* i ei allmenn tyding 'plass, stad' f.eks. i *batrum* 'båtplass' (op.cit.:123).

Når ein talar om *rom* i ein båt, er det òg ut frå ei generell tyding 'plass (som er avgrensa f.eks. av to tofter)'.

Hovda (1961) har ikkje registrert appellativet i landsoversynet, men på trøndsk område har eg funne eit par skriftlige belegg. I to skallbøker frå Stokksund blir *rom* bruка synonymt med *méd* om skallar som ikkje har spesielle namn (Bjørkvik 1966:7-15). I *Froværingsmålet* skriv Dagfinn Olav Bye (1976:62): 'Ethvert *rom*: fikk sitt eget navn som fortalte noe om stedet eller om den som hadde funnet det.'

I ei av médoppskriftene (av Kristian Aakvik, Råket) som eg har fått, blir likeins *rom* bruка hyppig og synonymt med *méd*.

Appellativet fins enno i bruk i smølamålet i uttrykket *torskrom* / ‘tøs,røm /, 'torskeméd' men berre få har ordet i levande appellativisk bruk. På finlandsvensk område nyttar Gardberg (1966) 'torskrum' synonymt med 'torskmärke', på same vis som somme eldre på Smøla kan gjera det.

Berre to gonger ser *rom* ut til å ha festa seg i médnamn på Smøla. Det er i *Fluskjerrommet* og *Sigvartrommet*, begge i Veihavet.

M Å L O G M É D

RYGG, m. (norrønt (*h*)ryggr, m.)

/ ryg - 'ryjen - ('ryja) - 'ryje - 'ryjin - ('rygo) /

Ordet blir bruaka om lange, smale høgdedrag i havbotnen, og jamførингa med ryggen på eit dyr er opplagt. Dette samanlikningsordet er i jamlig bruk som lokalitetsappellativ. I motsetning til andre slike opphavlig jamførande lokalitetsappellativ, som *hause*, *skolt* og *skalle*, som i smølamålet einast hører sjøen til, så kan *rygg* nyttast om topografien både på land og sjø.

Per Hovda hevdar at *rygg* ofte går att i samansette namn på skjer, båar, fluer og fall av typen Galteryggen og Svineryggen. Desse namna meiner Hovda ikkje berre er vanlige jamførande namn, men gjerne omskrivande nemne for farlige stader (Hovda 1941:3 ff.). Det er ikkje mitt inntrykk at appellativet har denne konnotasjonen på Smøla.

Berre ein gong har dette vanlige appellativet nedfelt seg i eit médnamn på Smøla. Det står da usamansett: *Ryggen* (Od).

RÅS, f. (norrønt *rás*, f.)

/ rɔ:s - 'rɔ:sa - ('rɔ:sɔ) - 'rɔ:se - 'rɔ:sjñ - ('rɔ:ssɔ) /

I smølamålet fortel appellativet *rås* klart om botnen og ikkje om tilhøvet ved fiske, i motsetning til det Hovda (1961) meiner det gjer. Heller ikkje Finn Myrvangs forklaring på *rås* i Nord-Norge passar på bruken av appellativet på Smøla. Myrvang (1980:105) seier at *rås* blir bruaka 'om ein tilror som er djupvoren, slett og såpass vid at det fell litt vanskeleg å méde han av.' Derimot passar Ross (1895) si tyding '8) smalt reent Farvand; Løb. Helg.' med bruken av *rås* på Smøla. *Råsene* er djuprenner mellom skjer og fluer der det gjerne sig opp fisk frå fjorddjupet. Ein informant framheva *Hilværråsa* som ei typisk *rås*; her er det ein nokså vid sandbotn som går mellom høgare og dårligare berg. Her er det relativt djupt og linemark.

Appellativet er notert i 6 namn med størst frekvens aust og sørvest på Smøla. *Rås* står ikkje usamansett i noko namn.

K V A F O R T E L N A M N A ?

SETE, f. (norrönt *seta*, f.)

/ ˘setɔ - ˘setɔ - (˘setaj) - ˘setɔ - ˘setaj - (˘setɔ) /
Appellativet er ei avleiring av verbet *sitja*, og den mest opplagte tolkinga av ordet er at ei *sete* er ein plass der ein sit og fiskar - helst frå båt, for ingen av *setene* frå Smøla er fiskeplassar frå land., jfr. nyislandsk, der *seta*, f. tyder 'Liggen ude paa Søen for at fiske' (Blöndal 1924). Ross (1895) avgrensar tydinga noko: '4) Fiskeplads, særlig etter Helleflyndre, SHelg.' Ut frå mitt materiale er det ikkje noko som tyder på at *sete* har noko sær preg verken når det gjeld djup, botnforhold eller fiskeslag. Det verkar det heller ikkje ha hos andre som har registrert appellativet (Slyngstad 1951:140, Sund 1978:46 og Myrvang 1982:90). Aasen nemner ikkje fiskeplass under 'Seta', men tydinga hans er likevel interessant: '1) Sidden, Stillesidden. Jf. Kveldseta.' (Aasen 1873). I médnamnet *Kveldseta* ligg det at dette var ein plass dei gjorde ein pause i roinga innover og satte seg til for å prøve snoret ein siste gong før kvelden (Danielsen 1978:356). *Nordseta* - ein av dei nordaustligaste fiskeplassane ved Veiholmen - har sin parallel i øynamnet Nordseta på Veiholmen der dei nordaustligaste husa står. Det kan vera at dette namnet har oppstått på grunnlag av at det var folk frå øya Nordseta som gjerne låg og fiska her. I så fall kan begge desse médnamna vera overførte namn og berre indirekte *sete*-namn.

Appellativet er neppe brukta i dag. Derimot er nøytrum, eit *sett* / *sæt* /, meir brukta. Dette substantivet, som òg er ei avleiring av verbet *setja* (Hovda 1961:155), blir gjerne nytta i samansettningar som 'garnsett', 'linesett' og 'vadsett'. Hovda (1961:153) har teke med *sett* mellom appellativa i landsoversynet; det same har Hoel (1949:100) gjort i materialet sitt frå Gjemnes, medan det på Smøla ikkje ser ut til å finnast i médnamn. Om namnet *Høgsetet* kunne det ha herska tvil, men uttalen hos informantane er ei klar lenging av vokalen i andre stavninga, slik at ei tolking av denne stavninga som appellativet *sett* skulle vera utelukka.

Ti gonger har eg funne appellativet *sete* i médnamn. Av

MÅL OG MÉD

desse ligg seks ved Veiholmen der vi òg finn det usamansette *Seta*.

SKAG, n. (norrønt *skagi*, m.)

/ ska:g - 'ska:je - (̄ska:ja) - ska:g - 'ska:ja - (̄ska:gɔ) /
Definisjonen Aasen gir av *skage* er godt dekkjande for bruken av *skag* på Smøla: 'Skage, m. I) en fremstikkende Odde af Landet, et Næs. (...) Tildeels ogsaa om et Rev, en Grunding, som gaar ud fra Landet.' (Aasen 1873). Om skiftet frå svak form hankjønn og til sterk form inkjekjønn skriv Oluf Rygh (Indl.:74): 'Paa nogle Steder, især nordenfjelds, bruges nu i samme Betydning som *skagi*, m. Intekjønsordet *Skag* som oftere findes i nyere Navne'.

Appellativet er svært vanlig på Smøla, både om nes over og under vassflata. Men denne utstreckte bruken kan verke noko lokal. Hovda (1961) har ikkje ordet med i landsoversynet over appellativ i fiskeméd, Hagen (1976) har heller ikkje registrert *skag* i Trondheimsleia., og appellativet med denne tydinga er lite eller inkje brukta lenger sør på Nordmøre. Det ser vi òg når heller ikkje Hoel (1948) har teke med dette appellativet frå Frei og Gjemnes. Derimot er det brukta inne i Aure om landtunger som stikk ut i siøen (Stemshaug 1965:57).

Sju gonger er *skag* notert som appellativ. To gonger står appellativet usamansett: *Auster Skaget* og *Vester Skaget*, begge ved Veiholmen.

SKALLE, m. (norrønt *skalli*, m.)

/ ̄skaλe - ̄skaλij - (̄skaλa) - ̄skaλa - ̄skaλan - (̄skaλa) /

Som appellativ i fiskeméd er *skalle* eit jamføringsord som spelar på likskapen med ein hovudskalle: 'ei slett, jamn grygne der botnen på alle kantar fell av mot større djup' (Slyngstad 1951:140). Nokså synonyme med *skalle* er to andre lokalitetsappellativ som jamfører likskapen med ein hovudskalle: *skolt* og *hause*.

Djupet på *skallane* skiftar mykje frå berre noen få famner og ned til djup på fleire hundre famner. Fisken framfor noen dei får på *skallane*, er sei. Dreg dei han ikkje

K V A F O R T E L N A M N A ?

på snøre, er *skallane* ofte gode notplassar, for botnen her er gjernast berre glatte berget.

Både som levande lokalitetsappellativ og i namn på fiskeméd er *skalle* særstak mykje brukta. Heile 48 gonger har eg funne det i namn. Noko overvekt er det i Ramsøyfjorden og i Veiahølen. Trass i denne utstrekta bruken fins appellativet usamansett i alt fem gonger, noko som til ein viss grad går imot tendensen som seier at mykje brukta appellativ sjeldan kjem i usamansett form. Oddmund Hagen har merka seg det same - ein stor prosent usamansette *skalle*-namn - i sitt materiale frå Trondheimsleia (Hagen 1976:45).

SKOLT, m. (norrvænt *skoltr*, m.)

/ skɔłt - 'skɔłt̩t̩ - ('skɔłt̩ta) - *skɔłta - *skɔłtaj - (*skɔłta) /

Opphavlig tyder norrvænt *skoltr* 'benhvælvet over øjet' (Torp 1919), men det blir i dag nytta om heile hovudskallen. *Skolt* er av same type eigentlig jamførande appellativ som *skalle*, men er mindre nytta som appellativ. Kanskje blir *skolt* brukta om noko mindre berghausar enn *skalle*.

Skolt fins spreidd langsmed heile kysten, men er så pass sjeldan at Hovda ikkje har gitt appellativet eigen plass i landsoversynet (Hovda 1961:105). Oddmund Hagen (1976) har heller ikkje notert appellativet i Trondheimsleia.

Eg har funne *skolt* berre ein gong i médnamn, og da i usamansett form: *Skolten* (Vh).

STAD, m. (norrvænt *staðr*, m.)

/ sta: - sta:n /

Aasen gir den generelle definisjonen: '-1) Sted, Punkt hvorpaa noget staar, eller har staaet. Jf. Hesjestad, Saatestad (...) 2) Sted, Plads eller Rum i Almindelighet ...' (Aasen 1873).

Appellativet er lite brukta i médnamn. Hovda (1961:162) har berre funne det i bruk på Meløy og Dyrøy i Nordland. Falch (1980: 74) har notert appellativet ein

M Å L O G M É D

gong ved Vega. Ein gong har òg eg funne appellativet på Smøla: *Ballstaden* ved Oddahølen.

STØ, n. (norrønt *stœði*, n.)

/ stø: - 'stø:e - (‘stø:a) - stø: - 'stø:a - (‘stø:c) /

Folkeetymologien vil gjerne tolke *eit stø* på sjøen til det same som *ei stø* på land, nemlig 'båtplass'. Andre meiner *eit stø* kjem av at fisken 'størar seg' / 'stø:a sæ: / på *støa*. Slik 'støfisk' / 'stø:fesk' / er fisk som samlar seg og står mot straumen i ein bakke. Ordhistorisk heng alle desse orda saman med verbet *stå* < norrønt *standa*. Per Hovda (1961) viser at 'stø(d)e' i *nøytrum* er ei gammal substantivavleiling av verbet *stå*, med ei opphavlig tyding 'dei som står saman i flokk'. På havet er det sjølv sagt fisk i stim ein må tenkje seg. 'Fiskegrunne' er berre ei av mange spesialtydingar ordet har fått, men i ei slik tyding finn vi ordet representert i namn langsmed kysten (jfr. Hovda 1961, Sund 1978:47 og Særheim 1990:88).

Stø viser ujamn distribusjon. Av dei 9 *stø*-namna fins 6 ved Veiholmen. Berre ein gong, i *Hølbåstøa*, opptrer appellativet sørrom Steinsøyneset. Dette namnet er òg ein av tre registreringar med -*støa*, der *a*-en neppe fortel om ei *båtstø*. Når det gjeld *Hølbåstøa* i Oddahølen kan det dreie seg om ei fleirtalsform sjølv om det er vanskelig å tenkje seg fleire fiskeplassar i denne bratthammaren. Vi skal ikkje sjå bort ifrå at ei bøyingsform frå den vaklande dativen i området kan ha forandra genuset. *Langbenkstøa* nordom Storbåen ved Veiholmen, må vi forstå som 'den delen av *Støa*' / 'stø:a / som ligg oppunder Langbenken'. *Støa* ved Veiholmen er utan tvil fleirtalsform. Dette områdenamnet dekkjer eit vidt grunnflak med fleire fiskeplassar nordaust av Storbåen (Danielsen 1978:351-352). Dette er òg einaste gongen appellativet fins usamansett i namn. (Fordi dette er eit områdenamn, kan vi ikkje rekne *Støa* mellom médnamna.)

Den generelle tydinga 'fiskeplass' gjer at *støa* har få felles karakteristika, men alle er dei heller djupe plassar.

K V A F O R T E L N A M N A ?

TARE, m. (norrønt *þari*, m.)

/ ̄tare - ̄tarin - (̄tarɔ) - ̄tara - ̄taran - (̄tarɔ) /

Appellativet går eigentlig på voksteren av *tare*, laminara, på berghausar, men ordet kan i like stor grad seiast å meine sjølve grunnen. Slik er *tarane* jamt over nokså grunne fiskeplassar der ein kan ta torsk og sei og der tarevoksteren ikkje just treng å vera framtredande, jfr. Ross (1895): '... 2) jævn Bjerggrund i Havet'. Hovda (1961:44) meiner denne utvida tydinga kan skyldast at den vanligaste fisken å få rundt *tarane* er taretorsk. Djupe, straumfylte plassar med mykje *tare*-vokster blir ikkje kalla ein *tare* sjølv om *taren* der kan ta form av 'skog' eller 'ved' som det blir kalla. Slike plassar kan *taren* bli som små tre med fleire meter lange blad. Ordhistorisk hører da også *tare* saman med ord i andre språk som tyder 'reim', 'band' eller 'belte' (Torp 1919).

Ingen av *tarane* er særlig djupe. Dei grunnaste kan 'stå tu' på fjøre sjø, og aldri er noen over 20 famner djup.

Utfor Smøla er det to store område med *tare*-namn. Desse er *Remtaren* ved Remman og *Brattværstaren* nordvest av Skalmen. Dei lokale fiskarane som soknar til ein av desse to, kan gjerne nytte det usamansette næronamnet *Taren* om den nærmaste av dei to. Men frå Steinsøyneset og sør (i den seinare tida kanskje òg lenger nord) tyder *Taren* den store og viktige *Griptaren* som var og er jamt drive av smølværingar, men som fell utom den geografiske avgrensinga til dette arbeidet.

Seks einskilte, avgrensa fiskeméd er sett saman med -*tare*. Ingen av desse kan kallast berre med det usamansette **Taren*. Utbreiinga av desse *tarane* er klart nordaustlig på Smøla og omkrinsar Veiholmen og Remman.

TUNGE, f. (norrønt *tunga*, f.)

/ ̄tøŋ - ̄tøŋɔ - ̄tøŋɔ - ̄tøŋɔŋ /

Hovda (1961:131) nemner médnamnet *Tunga* i Langesundsfjorden, men har ikkje teke med *tunge* i oversynet over appellativ. Heller ikkje hos andre har eg støtt på *tunge* som appellativ for botnformasjonar. Når eg

MÅL O G MÉD

vel å ta *tunge* med som appellativ, er det fordi ordet på Smøla lever i appellativisk bruk om grunnformasjonar som stikk ut som skag ifrå større grunnområde.

Berre ein gong har eg funne appellativet i médnamn. Det er da usamansett: *Tunga* (Brv).

VEITE, f. (norrønt *veita*, f.)

/ vε:t - ˘vε:tɔ - (˘vε:tɔŋ) - ˘vε:tɔ - ˘vε:tɔŋ - (˘vε:tɔ) /
Hos Aasen (1873) finn vi tydinga '-3) en langstrakt Fordybning i Søen, en Rende i Havbunden. Sdm. Nordl.' Den trondheimske *veita* i tydinga 'smal gate, smug', skriv seg frå ei norrøn sterkt form *veit*, f. (jfr. Stemshaug 1976:141-142), men grunntydinga er felles med den svake forma *veite* bruka om botnforhold: 'langstrekt, trøng opning, renne' (Torp 1919).

Ordet er så sjeldsynt at Hovda (1961) ikkje har registrert det i landsoversynet sitt. I annan litteratur kan ein av og til finne att appellativet, men aldri i utbreidd bruk. (Jfr. Hagen 1976:46, Sund 1978:25, Falch 1980:76 og Myrvang 1982:110.)

To gonger har eg funne appellativet bruka i namn på Smøla, men berre eitt av dei kan reknast mellom fiskeméda. Det er det usamansette *Veita* nordvest av Brattværet. I same området har vi òg *Skalsveita*, ei seglelei inn til Brattværet. Begge høver dei godt med definisjonen til Aasen. Heimelsmennene sa at dei kunne bruke *veite* og *rås* om einannan, som synonym.

5.2 Primærnamn

Denne og den neste bolken vil ta for seg dei médnamna som ikkje alt er omtala i førre avsnittet, og gruppere dei etter semantiske kriteria (jfr. Christensen/Kousgård Sørensen 1972:13-26).

Primærnamna er tidligare skilt ut på eit formelt grunnlag. Om lag 60% av alle namna i denne samlinga er primære lagingar.

K V A F O R T E L N A M N A ?

Leie

Over 22% av alle namna har førsteledd med funksjonen å presisere leie. Av desse er langt størstedelen parnamn av typen *Auster Skaget* og *Vester Skaget*. Her tener adverba *aust* og *vest* til å presisere to lokalitetar innafor eit område som gjerne blir omfatta av eit områdenamn, i dette tilfellet *Skaget*.

Når det gjeld tolking av det presiserande adverbet, er dette stort sett ukomplisert, og det vil derfor berre bli gitt spreidde eksempel på dei relativt få adverba som presiserer leie. Indeksen bak i boka vil tene som oversikt god nok over namna med desse adverba.

I dette avsnittet vil berre dei samanskrivne namna bli drøfta. I uttalen skil desse seg ut ved at dei berre har ein ordaksent (og bitrykk); *Nordgrunnen* / *^nɔ:çgru:n* / medan namn som ikkje er samanskrivne, har to: *Ytter Flua* / *'ycer'fju:a:c* /.

Denne gruppa namn er det tenlig å dele i to; ein del med førsteledd som uttrykkjer *horisontalt leie* og ein del med førsteledd som uttrykkjer *vertikalt leie*.

Horisontalt leie

Det som særmerkjer presiseringsnamna i denne undergruppa, er at dei mesta gjennomgåande er motsetningspar anten etter kompassrosa:

Auster Klavaflua - Vester Klavaflua

Nord Brødkjerpøla - Søre Brødkjerpøla

eller etter motsetninga ut - inn:

Ytter Hausen - Inner Hausen

Grammatisk finn vi ofta positiv form av adverb som uttrykkjer kompassretning i namn med ein ordaksent og komparativ i namn med fleire ordaksentar.

Positiv:

<i>aust</i> / <i>äst</i> /	< norrønt <i>austr</i> (notert 2 gonger)
<i>vest</i> / <i>væst</i> /	< norrønt <i>vestr</i> (" 0 ")
<i>nord</i> / <i>nɔ:ç</i> /	< norrønt <i>norðr</i> (" 6 ")
<i>sør</i> / <i>sø:(r)</i> /	< norrønt <i>suðr</i> (" 4 ")

M Å L O G M É D

Komparativ:

- auster / 'äster / < norrønt eystri (notert 10 gonger)*
vester / væster / < norrønt vestari ("13")
nørdre / nø:ṛ / < norrønt nørðri ("7")
søre / sør / til norrønt syðri ("3")

Motsetninga *ut - inn* er berre representert i komparativ og superlativ:

Komparativ:

- inner / 'iner / < norrønt innri (notert 16 gonger)*
ytter / 'yter / < norrønt ýtri ("14")

Superlativ:

- inst / ijst / < norrønt inztr (notert 1 gong)*
ytst / yst / < norrønt ýztr ("1")

Det er ikkje uvanlig at motsetninga *ut - inn* hos ein informant kan bli uttrykt på kompassrosa hos ein annan. Slik har eg f.eks. fått opplyst både *Auster Auget - Vester Auget* og *Inner Auget - Ytter Auget* bruk om dei same méda. Det er tydelig at områdenamnet, *Augan*, er det viktige og stabile elementet i namna og at måten ein vil presisere kva for ein plass ein meinar innan området *Augan*, ikkje spelar noen avgjerande rolle.

Motsetningsparet er ikkje alltid klart uttrykt i namna. Såleis relaterer *Vester Oddgrunnen* seg til *Oddgrunnen* og *Vester Tørbeinsklakken* seg til *Tørbeinsklakken*. Presiseringsnamna med retningsadverb er i slike tilfelle på plassar som må reknast for sekundære både i alder og bruk i høve til ein viktigare lokalitet.

I visse fall kan det vera tre stader som skal presiserast innan eit område. Adverbet *mitter / 'met:er /* blir da nytta for lokaliteten mellom to andre: *Inner Rusbåskallen - Mitter Rusbåskallen - Ytter Rusbåskallen*.

Vi skal sjå litt nærmare på noen av namna i denne kategorien som berre har ein trykkaksent, dvs. dei som er samanskrivne med retningsadverb til førsteledd.

Austbakkan (Od) må det trulig vera gripværingane som har namngitt. Dette var den austligaste plassen dei dreiv.

Austbakkan (Brv) er eit presiseringsnamn til *Bakkan*. Namna *Austapå Bakkan* og *Nordbakkan* har eg òg notert

K V A F O R T E L N A M N A ?

om same plassen. Dette er eit godt døme på kor ustø bruken av retningsadverb kan vera også i presiseringsnamn med ein ordaksent.

Innafor området *Grunnane*, nordaust av Veiholmen, ligg dei to viktige fiskeplassane *Nordgrunnen* og *Sørgrunnen*.

Nordhølen (Vh) er eit områdenamn som veiværingane gong om anna brukar, og retningsadverbet skil denne plassen frå Veiahølen, eller berre Hølen, i sør.

Ved Veiholmen fins ytterligare namna *Nordseta*, *Nørdskallen* og *Sørstøet* med retningsadverb i førsteleddet utan at dei er delar av motsetningspar.

Tre klakkar som til saman utgjer eit vidt flak ved Brattværstaren, har noko forvanska namn som likevel klart fortel om relasjonen til kvarandre: *Hysklakken*, *Isklakken* og *Melklakken*.

Tre namn som fortel om lokalisering midt i eller mellom noko, er *Mefjordbåen* (Ram), *Mefjordbåen* (Brv) og *Meflua* (Ram).

Vertikalt leie

Dette er ei langt mindre undergruppe enn den førre, både når det gjeld talet på namn ho omfattar (5 stk.) og talet på ulike førsteledd som er nytta. Berre to adjektiv har eg funne som uttrykkjer høve til vassflata. Desse er:

djup / *jø:p* / < norrønt *djúpr* (notert tre gonger)

grunn / *grøn* / < norrønt *grunn* (notert to gonger).

Tre plassar utsida Veiahølen kan ein systematisere etter høvet deira til vassflata, sjølv om ingen av dei ligg vidare langt unna médet *Djupet* og namna altså kan vera sekundære til dette namnet. Plassane er *Djupklakken*, *Djupskallen* og *Djupstøet*.

Fleire småskallar har samlenamnet *Grunnberga* (Ram). Rett sør for desse berga ligg *Grunnan* utfør Steinsøya, og det er mulig at namnet *Grunnberga* kan vera sekundært til dette namnet. No er avstanden mellom dei to lokalitetane noko lang, og eg vel derfor å sjå førsteleddet som ei konstatering av at berga strekkjer seg høgt opp mot vassflata frå ein djupare botn omkring. Eitt namn til

M Å L O G M É D

hører til denne gruppa, nemlig *Grunnflua* (Brv).

Annan lokalisering

Tre namn uttrykkjer lokalisering i høve til landet. *Gapet* (Vh) ligg ytst ute i fjordunninga, *Landet* (Brv) og *Landsbakken* (Od) skildrar åtberet mot land.

Alder

To adjektiv blir nytta som utmerkingsledd for å uttrykkje alder:

ny / ny: / < norrønt *nýr* (notert 4 gonger)

gammal /'gam:er/ / < norrønt *gamall* (notert 2 gonger).

Ein gong dannar adjektiva motsetningspar: *Nyrubben - Gammalrubben* (Vh). Motsetningsparet *ny* - *gammal* fungerer her som presisering av to lokalitetar innan området *Rubban*, og som det ofte er tilfelle med presiseringsnamn, ser vi at førsteleddet er mindre viktig og at ulike presiseringer kan bli nytta.

Alderen som adjektiva *ny* og *gammal* fortel om, er ein relativ alder i høve til andre fiskeplassar. *Nygrunnen* (Vh) kan kanskje vera aldersrelatert til eit par andre -grunn-namn ikkje langt unna. Av *Kruken* og *Nykruken* (Brv) må vi gå ut frå som sikkert at *Nykruken* vart funne sist. Derimot kan vi ikkje vera sikre på kva relasjon namn som *Nymédet* (Vh) peikar til. Vi må berre gå ut frå at namnet er gitt ein plass som vart funne i eit område der det minst var kjent eitt med frå før. Namnet *Gammalklakken* (Vh) kan umulig vera eit opphavlig namn, men må ha erstatta eit eldre namn - kanskje **Klakken* - på eit tidspunkt da plassen for lengst må ha hatt hevd som eit gammalt og godt skreiberg i området.

Naturtilhøve

Dei 74 namna eg har klassifisert under denne overskrifta, utgjer 19% av alle namna. Denne store gruppa finn eg det tenlig å dele inn i tre undergrupper etter storleik, form og botntilhøve og namn etter rørsla i sjøen.

K V A F O R T E L N A M N A ?

Storleik

To adjektiv skildrar berre storleik. Det er

litl / liç / < norrønt *lítill* (notert 4 gonger)

stor / stɔ:r / < norrønt *storr* (notert 3 gonger)

To gonger dannar namn på *litl* og *stor* motsetningspar:

Storgrunnen (Ram) og *Litlgrunnen* (Ram)

Storråsa (Ram) og *Litlråsa* (Ram).

Dei andre namna i denne gruppa er *Litlråsa* (Ram),
Litlsmokken (Vh) og *Storbåen* (Vh).

Form og botntilhøve

57 namn skildrar skap eller form på lokaliteten eller kva type botn det dreier seg om.

Jamt over har namna i denne gruppa vist seg å vera dei vanskeligaste å tolke av alle médnamna. Svært mange av namna er jamføringsnamn, og det seier seg sjølv at det kan vera problematisk å tolke eit toponym som kanskje jamfører ein lokalitet med eit utdøydd ord samstundes som det ikkje er mulig å sjå lokaliteten namnet skildrar. Ein må berre stole på kva dagens fiskarar meiner er tilfelle med formasjonen på botnen. Den hyppige bruken av avanserte ekkolodd i seinare år har ofte bekrefta det eldre fiskarar har meint om forma på havbotnen. Likevel er det her rom for mange mulige feilkjelder, og det er derfor nødvendig å understreke at mange av namna i denne gruppa har usikre tolkingar. (Meir om dette og om dette namngivingsprinsippet, sjå s. 79-80.)

Namna i denne gruppa er:

<i>Ballklakken</i> (Vh)	<i>Fjellberga</i> (Od)
<i>Biternasen</i> (Vh)	<i>Fjellskallen</i> (Ram)
<i>Branden</i> (Vh)	<i>Flakken</i> (Brv)
<i>Brattegga</i> (Od)	<i>Gandsgrunnen</i> (Vh)
<i>Brugdesorden</i> (Od)	<i>Gaursgrunnen</i> (Brv)
<i>Dombakkan</i> (Brv)	<i>Gjøssaren</i> (Od)
<i>Drangan</i> (Vh)	<i>Gloppstøet</i> (Vh)
<i>Drygen</i> (Od)	<i>Hakan</i> (Brv)
<i>Engelen</i> (Vh)	<i>Hakan</i> (Od)
<i>Fallet</i> (Vh)	<i>Halsbåen</i> (Od)

MÅL OG MÉD

<i>Hornbåen</i> (Od)	<i>Pøyta</i> (Brv)
<i>Hornet</i> (Od)	<i>Rubban</i> midt i Veiahølen, blir delt i to plassar:
<i>Hummelegga</i> (Vh)	<i>Gammalrubben</i> eller <i>Ytter</i>
<i>Hummelegga</i> (Od)	<i>Rubben</i> og
<i>Hæltaren</i> (Ram)	<i>Nyrubben</i> eller <i>Innær</i>
<i>Kjelda</i> (Brv)	<i>Rubben</i>
<i>Kjukbåan</i> (Od)	<i>Rubben</i> (Brv)
<i>Knoken</i> (Od)	<i>Rubben</i> (Od)
<i>Kroken</i> (Brv)	<i>Sibreidda</i> (Vh)
<i>Lakan</i> (Od)	<i>Skanken</i> (Od)
<i>Langfallet</i> (Vh)	<i>Skjelflua</i> (Vh)
<i>Langfallet</i> (Od)	<i>Skånsflua</i> (Vh)
<i>Langskallen</i> (Ram)	<i>Smokken</i> (Vh)
<i>Langbenken</i> (Vh)	<i>Stabbakkan</i> (Vh)
<i>Langtaren</i> (Vh)	<i>Stabben</i> (Od)
<i>Låmen</i> (Od)	<i>Stabben</i> (Vh)
<i>Mastupallen</i> (Od)	<i>Spælen</i> (Brv)
<i>Målsgrunnen</i> (Od)	<i>Stålbakkan</i> (Od)
<i>Nova</i> (Brv)	<i>Ståldjupet</i> (Od)
<i>Prinsen</i> (Vh)	

Namn etter rørsla i sjøen

Når ein van og lokalkjent fiskar tek seg fram i fall- og skjergarden, er det ikkje berre øyar, holmar og skjer han orienterer seg etter. Kjentmannen veit òg kvar han er ved å sjå på rørslene i sjøen; ja, i tett skodde også ved å høre på brotta. Båane, falla og dei grunnaste fluene har alle kvar sin særeigne måte å bryte på, og ikkje sjeldan er denne så karakteristisk at han blir utgangspunkt for namn på lokalitetene. Per Hovda (1962:124) har peikt på likskapen det er mellom desse namna frå skjergarden og namn på elvar og fossar. Vatnet er det 'levande' i naturen - det som skiftar og rører på seg i eininga, og er såleis eit emne for fantasifulle namn.

Også når fiskaren sett bruk, er det viktig for han å veta korleis straumen er; ikkje berre om han fell eller flør, men òg kva retning han tek og kor sterk han er på dei ulike fiskeplassane. Likevel finn vi berre eitt fiskeméd av

K V A F O R T E L N A M N A ?

noko djupn som kan plasserast i denne gruppa, *Rennseta*. Båane, falla og grunne fluer - dei synlige brotta - er naturlig nok dei som dominerer. Til saman fell ti namn inn under denne karakteristikken:

Fauskan (Vh)
Gartflua (Vh)
Flaksbåen (Vh)
Gjeggeltaren (Vh)
Lurtaren (Vh)
Løkja (Vh)

Rennseta (Vh)
Rusbåen er delt i to:
Inner Rusbåen (Od) og
Ytter Rusbåen (Od)
Salttaran (Vh)

Fauna

30 namn (8% av alle namna) fortel om dyr eller fisk. Som rimelig er, dominerer fiskenemningane.

Dyrenemningar

Berre fem médnamn og tre nemningar på dyr har eg funne i dette tilfanget. (Eg reknar da *Grisen* og *Bessan* for sekundære namn.) Dette står det Solheim (1940) hevdar om nemningsfordomar kring dyrenemningar på sjøen. Ei av nemningane som blir lista opp her, er heller ikkje sikkert ei dyrenemning. *Bukken* går att som namn på méd tre gonger. Sams for dei tre plassane er at dei er djupe og at dei er ytterpunkt på grunnskag. Trulig er dei nokså store, spisse formasjonane årsaka til jamføringa med *bukk*, m. / bæk / < norrønt *bukkr*, m. Per Hovda (1961: 208) nemner *Bukken*(e) som médnamn ifrå Bornholm, der den ujamne botnen synest vera grunnlaget for namnet. Elles er *bukk* vanlig i skjergarden som namn på 'skjer og båar, ymist etter kvasse formasjonar og ymist etter meinlægje.' (ibid.:207). No kan *bukk* i eit fiskarmiljø kanskje vel så lett bli assosiert med ein *båt-bukk* eller *skord-bukk*, dvs. den pyramideforma tregjenstanden som ein nyttar til å skorde opp båtane med når ein dreg dei på land. (Jfr. Bye 1976:114.) Forma på denne *bukken* kan like gjerne seiast vera lik forma på lokalitetane det er tale om. Men med opphav i ei tid med utbreidd geitehald

MÅL O G MÉD

held eg det likevel for mest sannsynlig at méðnamna er assosiert med ein *geitebukk*.

Her er namna i denne gruppa:

- Bukken* (Od)
- Bukken* (Brv)
- Bukken* (Vh)
- Singsflua* (Vh)
- Tordivelen* (Vh)

Fiskenemningar

Denne gruppa utgjer 25 namn fordelt på 11 nemningar for fisk. Somme av fiskenemningane går att hyppigare enn andre. Dei mest frekvente er *ufs* (notert 5 gonger som førsteledd), *uer* (5), *longe* (3), *skrei* (2), *sei* (2), *lyr* (2) og *laks* (2) medan *torsk*, *hyse*, *brosme* og *skate* er notert ein gong kvar.

I ein kultur med fiske som økonomisk basis skulle ein kanskje vente at *fisk* og særnamn på fisk ville ha dominert namna på fiskeplassane i langt større grad enn dei vel 6% dei faktisk utgjer av namnematerialet. I eit like stort namnemateriale med méð frå Trondheimsleia har Oddmund Hagen (1976:124-125) berre funne fem méðnamn med fisk i førsteleddet. Nærliggende er det å tenkje seg at tabu og nemningsfordomar kan ha hindra danning av fleire slike stadnamn, men dette skulle i så fall ha resultert i mange omskrivingar med noaord i staden for fiskenemningar, og noko slikt er det ikkje råd å påvise i dette namnetilfanget. Det vi opplever, er heller ein tendens lik den Magnus Olsen påviste i dei islandske *staðir*-namna. Eit mykje brukta personnamn blir unngått som førsteledd i desse gardsnamna, fordi eit slikt førsteledd ikkje vil ha oppfylt ein viktig funksjon eit stadnamn har, nemlig å særmerke og framheve lokaliteten det namngir (Olsen 1934a:86-91). Ei nemning på ein svært vanlig fiskesort kan ein seie verkar på same måte: Det skil ikkje plassen ut på noen god måte. Fisk som *uer* står i alle djuphamrar, og *sei* og *torsk* får ein på alle grunnane. Derfor er namn som *Uershammaren* og *Seiskallen*

K V A F O R T E L N A M N A ?

ingen gode karakteriserande stadnamn, og derfor finn vi så relativt få av dei. I den grad er fleire av desse namna så lite karakteriserande at eg finn det forsvarlig å hevde at eit namn som *Uersmédet* kan seiast å stå i ei overgangsfase mellom eit appellativ og eit stadnamn. Appellativisk blir *uersméd* hyppig nytta, og ein fiskar kan ha mange *uersméd* utan å namngi dei særskilt. Ofte kan eitt av desse etter kvart bli føretrekt framfor andre; det blir for brukaren sjølve *Uersmédet* framfor andre, og kan bli namngitt slik av han innanfor familien som namnebrukarkrins. Men talar han med andre fiskarar, dvs. i ein utvida namnebrukarkrins, vil gjerne eit slikt namn ikkje fungere, fordi andre fiskarar vil ha sine eigne *uersméd*. Eg har sett som kriterium at eit médnamm må vera kjent av minst to fiskarar for å komma med i denne samlinga, og dermed vil dei utprega private plassane ikkje bli tekne med her.

Det spesielle ved fleire av médnamna med fiskenemningar som førsteledd, kanskje særlig *uer*-namna, er at kjennskapen til dei ikkje er vidare utbreidd. I kanskje litt mindre grad synes også andre av stadnamna med fiskenemningar å tangere ein appellativisk funksjon. Når *Longholet*, *Seigrunnen* og *Uerskanten* er teke med her, er det altså ut frå kriteriet at dei er namn fordi dei blir nytta av fleire fiskarar i tydelig lokaliserande meining.

Her er namna med fiskenemne:

<i>Brosma</i> (Od)	<i>Lyrflua</i> (Ram)
<i>Hysa</i> (Vh)	<i>Lyrflua</i> (Ram)
<i>Laksen</i> er to plassar ute på	<i>Skreiaaren</i> (Od)
<i>Veiahølen</i> :	<i>Skreiseta</i> (Brv)
<i>Inner Laksen</i> og <i>Ytter</i>	<i>Torskdjupet</i> (Brv)
<i>Laksen</i>	<i>Uersmédet</i> (Ram)
<i>Longholet</i> (Vh)	<i>Uersbakkan</i> (Vh)
<i>Longstøet</i> (Ram)	<i>Uersgrunnen</i> (Vh)
<i>Longdjupet</i> (Brv)	<i>Uerskanten</i> (Vh)
<i>Seiskallen</i> (Ram)	<i>Uerstaran</i> (Od)
<i>Seiflua</i> (Vh)	<i>Ufsfluen</i> er ei grunnmark
<i>Skatgrunnen</i> Od)	utom Steinsøysundet

MÅL O G MÉD

med fleire fluer og båar.
Dei to viktigaste er:
Nørdre Ufsflua og *Søre Ufsflua*

Ufsfallet (Brv)
Ufsgrunnen (Ram)
Ufsgrunnen (Vh)

Brukarnamn

Med termen *bukarnamn* er det her meint stadnamn som har fått namn etter den eller dei som anten fann plassen eller kom til å bli fast(e) brukar(ar) av plassen.

Denne gruppa på til saman 68 namn utgjer 17% av alle médnamna. Her trengst det undergrupperingar, og først og fremst må vi skilje ut personnamna frå dei andre namna som indikerar brukarar av fiskeplassane, som samnamn, namn på stuer eller familiar, namn på bygdelag og til slutt namn på båtar.

Personnamn

Dette er ei stor gruppe namn, og vi kan vidare inndeile ho i to; først særnamna eller dei vanlige personnamna og så patronymika og tilnamn.

Særnamn

33 særnamn eller fornamn fordeler seg på 49 médnamn. Dette utgjer vel 12% av alle namna. Det kan verke som om dette er ein uvanlig høg prosentdel i høve til andre médsamlingar. Oddmund Hagen (1976:116) har i Trondheimsleia registrert 5,9% personnamn, og Amund Helland (1896) si samling på 150 méd frå Stadt til Smøla har berre tre umiddelbart skjønlige personnamn. Frekvensen av personnamn verkar likevel vera større i dei mindre skallbøkene som Stemshaug (1975) omtalar frå Trøndelagskysten.

Berre tre av særnamna i denne samlinga er kvinnenamn, noko som stadfester det vi veit om den tradisjonelle kjønnsdelinga i arbeidslivet. Når kvinnenamna likevel fins, fortel dette at kvinner trass alt må ha drive sjøen. Det er vanskelig å tenkje seg noen annan grunn til ei slik namngjeving enn at kvinner verkelig dreiv

K V A F O R T E L N A M N A ?

desse plassane. Eldre fiskarar på Veiholmen minnest godt at somme kvinnfolk dreiv småsjøen. Desse var anten enker, eller dei var gift med karfolk som var svakelige. Kvinner utgjorde neppe mange av dei som jamnlig var på sjøen, men desto lettare var det sikkert å leggje merke til dei og dermed knyte namna deira til stadene dei mest heldt seg. Alle plassane med kvinnenamn i førsteleddet er landnære snøreprassar.

Stort sett er personane bak namna forsvunne for oss i dag. Berre eit fåtal namn veit folk i dag å feste til personen som bar namnet. Som eit *terminus ante quem* fortel dette at dei aller fleste médnamna med personnamn må tidfestast minst ein eller to generasjonar attover i tid. Noen av namna har òg eit litt alderdomlig preg, som fortel om ei anna tid enn vår. Slik kjennes namn som f.eks. *Sjur*, *Tørris* og *Tørben* framandarta for namneskikken på Smøla i dag. Vi skal hugse at personnamna vi finn i stadnamn er folkelige namn; dei er ikkje slik dei vart ført inn i kjerkeboka, men slik dei vart omtala i kvardagslivet. Langt betre enn dei skriftlige overleveringane kan stadnamnmaterialet fortelje oss om korleis namna verkelig lydde i daglig bruk.

(Er ikkje anna sagt, er alle informasjonar om dei einskilte personnamna henta frå *Norsk personnamnleksikon* (NPL).)

Her følgjer médnamna med eit særnamn i utmerkingsleddet:

Andersbradden (Brv)
Andersgrunnen blir delt i
to:
Auster Andersgrunnen
(Od) og *Vester Anders-*
grunnen (Od)
Aneskallen (Vh)
Bentsbakkan (Brv)
Erskallen kan delast i to:
Auster Erskallen (Brv)
som òg blir kalla *Inner*

Erskallen og *Vester*
Erskallen (Brv) eller *Ytter*
Erskallen
Gunnhildskallen (Vh)
Hallvardskallen (Ram)
Henrikskallen (Vh)
Henriktaren (Vh)
Holgerseta (Vh)
Ivaskallen (Brv)
Ivasklakkan (Brv)
Jensmådet (Od)

MÅL OG MÉD

<i>Jobradden</i> (Od)	<i>Ottersbakkan</i> (Vh)
<i>Jonskallen</i> (Od)	<i>Ottersgrunnen</i> (Vh)
<i>Johannesberget</i> (Vh)	<i>Persbåen</i> (Vh)
<i>Jørnstøet</i> (Vh)	<i>Pålsbakkan</i> (Vh)
<i>Kariflua</i> (Od)	<i>Pålsbakkan</i> (Brv)
<i>Kolbeinsflua</i> (Vh)	<i>Sigwartrommet</i> (Vh)
<i>Kolbeinstaren</i> (Vh)	<i>Sjurstøet</i> (Vh)
<i>Kristofferflua</i> (Vh)	<i>Torsteinholet</i> (Vh)
<i>Kristoffertaren</i> (Vh)	<i>Trondfjellet</i> (Vh)
<i>Kårskallen</i> (Od)	<i>Trondgrunnen</i> (Vh)
<i>Kårsgrunnen</i> (Vh)	<i>Tørbensklakken</i> kan delast i to:
<i>Lauritstaren</i> (Vh)	<i>Tørbensklakken</i> (Vh) og <i>Vester Tørbensklakken</i>
<i>Magnartaren</i> (Vh)	(Vh) eller berre <i>Vester</i>
<i>Madsmédet</i> (Vh)	<i>Klakken</i>
<i>Martenseta</i> (Brv)	<i>Tørbensdjupet</i> (Vh)
<i>Mikkelsegga</i> (Od)	<i>Tørrisbåen</i> (Vh)
<i>Narklakken</i> (Vh)	
<i>Olufhausen</i> (Vh)	

Patronymika og tilnamn

Tre av personnamna i materialet innehold ikkje berre eit døypenamn, men òg eit farsnamn eller eit plassnamn i tillegg.

Skikken med bruk av farsnamn nordafjells er analysert i Jørgen Reitans artikkel: 'Om bruken av patronymica i de nordenfjellske mål' (Reitan 1935). På fiskeværa rundt Smøla er gardsnamn naturlig nok sjeldne. I kystbygdene er patronymika vanligare enn å bruke gardsnamn. Reitan viser med døme frå jordebøker frå 16. hundreåret at dette er eit gammalt trekk. Både på Odden, Brattværet og Veien har over halvparten av namna på skatteytarane patronymika på denne tida (ibid.:48).

To av dei tre namna i denne undergruppa innehold patronymika, anten 'ekte' eller i form av faste familienamn: *Anders Bengtson* og *Hallvard Hansen*.

Det historiske *-son* etter namnet på faren blir iflg. Reitan nordafjells anten uttalt *-så* eller *-sa*. (Unntaksvise

K V A F O R T E L N A M N A ?

har Sunndalen og Hemne -so, analogt med b.f. eintal av svake hokjønnsord.) Smøla følgjer her nordmørssmåla elles og har tradisjonelt uttalen -så: *Anders Bengtson* /'ɑ̃ərs 'bæ̃nsɔ:/ . Det andre namnet med eit patronymikon har likevel ein -sen-uttale: *Hallvard Hanssen* /'hałvɑr'hanssən/. Dette gir grunn til å tru at dette er eit noko yngre namn, farga av skriftspråket eller av bymåla. I dag kan ein seie at denne skriftuttalen bortimot er einerådande, på same måte som faste familienamn har teke over bruken av patronymika og dels av tilnamn.

Reitan skriv at patronymikonet var så nært knytt til døyopenamnet at desse to til saman danna ei aksentgruppe med hovudtrykk på første stavinga i patronymikonet (op.cit.:41). Den same uløyselige tilknytinga til døyopenamnet kan òg eit tilnamn ha. Slik vart *Johan Været*, som har gitt namn til *Johan Været-skallen* /'jøan'væ:reškałin/, alltid nemnt med begge namna og med hovudtrykk på plassnamnet. Plassnamna som på Smøla vart bruka til tilnamn, var ofta namn på stua personen budde i eller namn på plassen der stua sto. Denne forma for tilnamn er til ein viss grad levande enno i dag, men berre for ein generasjon sidan var slike tilnamn heilt vanlig. Ein god illustrasjon av bruken av stuenamn på Brattværet som tilnamn på personar finn vi i Fredly 1998:92-93.

Eit fenomen eg elles ikkje har støtt på, er mangelen på appellativ i dei to médnamna med patronymika: *Anders Bengtson* og *Hallvard Hanssen*. Det som alltid er tilfelle elles, er at stadnamn med personnamn òg inneheld eit appellativ; naturlig nok for å skilje plassen frå personen. Kanskje er det i desse to tilfella skjedd eit seinare bortfall av eit eventuelt appellativ, men det er litt påfallande at dette da har skjedd ved begge namna med patronymikon og ikkje ved noen av dei andre médnamna med personnamn. I tilfelle må dette vera fordi desse stadnamna vart tunge å uttale med tre ledd i seg. Skulle noko falle bort i eit slikt stadnamn, måtte det bli appellativet, fordi dei to første ledda - døyopenamnet og patronymikonet - var uløyselig knytta til kvarandre.

MÅL O G MÉD

Samnamn

Samnamn er substantiv som merkjer ut ting eller omgrep. Det er berre tre médnamn i denne undergruppa: *Klokarskallen* (Brv), *Pistflua* (Od) og eit ironisk metafornamn, *Hiet* (Od).

Nann på stuer eller familiar

Desse seks namna har utmerkingsledd som viser tilbake til familiar som har drive méda. Plassnamnet der stua står kan vera familienamn eller det kan vera tilnamn til familien. Dette har eg ikkje lagt vinn på å skilje mellom. Eit slikt namngivingsprinsipp kan vi sjå som ei slags utviding av skikken med personnamn som førsteledd. Namngivaren tenkjer da gjernast ikkje på enkeltpersonen som brukar av médet, men på heile båtlaget, som ofte var sett saman av mannofolka i ein familie.

Médnamna som hører inn under her, er *Angelberga*, som er to djupe plassar som ligg noko ifrå kvarandre utpå Veiahølen: *Inner Angelberget* og *Ytter Angelberget*, *Dalagrunnen* (Vh), *Maridalsmédet* (Brv), *Kruken* (Brv) og *Kvammamédet* (Brv).

Nann på bygdelag

Ni namn med eit førsteledd som fortel om bygdelag, finn eg å kunne plassere under overskrifta brukarnamn, fordi desse namna eigentlig fortel det same som f.eks. médnamna med personnamn, nemlig kven sin plass dette gjerne var.

Seks av grunnane er gamle skreiberg. Informantane kan fortelja at det var vanlig at fleire båtlag frå same bygda heldt saman på visse skallar under skreifisket. Namna i denne gruppa er slike favorittplassar til fiskarar frå same bygdelaget:

Dyrnesgrunnen (Brv)

Hallarøygrunnen (Od)

Hoparevet (Brv)

Oddgrunnen (Od)

Reifluene (Ram) er det to av, godt frå einannan:

Nørdre Reiflua og *Søre Reiflua*

K V A F O R T E L N A M N A ?

Råkarevet (Brv) eller *Revet*
Sundagrunnen (Vh)
Valøyauget (Brv)

Namn på båtar

Berre to namn kjem i denne undergruppa. At dette neppe er eit namngivingsprinsipp med hevd, kan vi lesa ut av det at begge desse médnamna er temmelig nye namn; begge viser til båtar bygde etter krigen: *Flidgrunnen* (Vh) og *Torungen* (Vh).

Reiskap

16 namn (14% av alle namna) kan ein sette i samband med terminologien kring fiskereiskap. Namna siktar stort sett til bruken av visse typar reiskap, eller dei jamfører forma på plassen med eitkvart frå vegna dei brukar:

Bolken (Vh)

Hespa (Vh)

Kleiva i Veiahavet, er to berg med ei kløft mellom seg:

Auster Kleiva som òg er kalla *Nord* eller *Nørdre*

Kleiva og

Vester Kleiva som òg er kalla *Søre Kleiva*.

Kleiva (Od)

Knotten (Vh)

Klavaflua i Oddahølen blir delt i to:

Auster Klavaflua og *Vester Klavaflua*

Klaven ligg heilt sør i Veiahølen og blir delt i

Inner Klaven og

Ytter Klaven

Onglan (Vh)

Pundaren (Od)

Stampen (Ram)

Nemningar kring fisk og fiskeri

Åtte namn kan settast i samband anten med fangsting av fisk eller med gyttinga til fisken:

Famnen er to plassar:

Nord Famna (Ram) og *Sør Famna* (Ram)

Hilbåen, sørrom Valøyodden, blir delt i *Ytter Hilbåen* og

MÅL O G MÉD

Inner Hilbåen
Hilbåan (Od)
Iselibakkan (Vh)
Låsflua (Vh)
Låsgrunnen (Vh)
Tidflua (Vh)

Års- og dagtider

Fire namn skil seg ut fordi dei fortel om tider plassane helst vart brukta. Namnet *Kveldseta* (Vh) fortel om tid på døgnet, *Sommarskallen* (Od) om tid på året og *Auster* og *Vester Økta* (Od) fortel at fisket her berre vara ei kort stund.

Ein dom over plassen

I fem av namna kan det seiast å ligga ei domfelling over yteemna til fiskeplassen. Denne domen kan bli uttrykt anten i eit rosande namn som fortel om gode eigenskapar ved plassen: *Gullstolen* (Od) og *Leverseta* (Od). Andre gonger nedfell domen seg i eit vanvordande namn som framhevar kor dårlig dette médet er: *Daumannskallen* (Vh) og *Hunden* (Ram).

I alle fall ved eitt av dei negativt lada namna, *Fattigmannen* (Vh), kan det ligga til grunn ironi eller ei såkalla omskriving (sjå Solheim 1940) fordi berget faktisk er kjent som svært godt.

5.3 Sekundærnamn

Sekundær namnelaging har vi som nemnt når førsteleddet i eit stadnamn er eit anna stadnamn. Formelt kan førsteleddet i eit sekundært namn sjølv vera eit sekundært namn, men funksjonelt vera primærnamn i eit nytt sekundærnamn. (Jfr. Hallaråker 1976:26.) Eit døme på dette er *Svartskjerfluberget* der vi ser at *Svartskjerflu*- i førsteleddet sjølv er eit sekundært namn.

I regelen fortel førsteleddet i sekundære stadnamn om

K V A F O R T E L N A M N A ?

lokalisering attmed ein annan - gjerne meir kjent - lokalitet, men for médnamn treng ikkje dette vera tilfelle. Her kan ein lokalitet som ligg svært langt unna, danne førsteleddet i eit sekundært namn når han er eit viktig médmerke for fiskeplassen. Médnamn som er laga på denne måten, dannar her ei eiga gruppe namn. Den andre hovudgruppa sekundærnamn er dei namna med førsteledd som inneheld namn på ein lokalitet i nærlieken. Denne gruppa er vidare inndelt i tre etter kva type lokalitet primærnamnet fortel om.

I denne samlinga utgjer sekundærnamna knapt 30% av namnetilfanget.

Namn etter ein lokalitet i médlinja

Med bruken av médliner følgjer denne namnelagingsmåten, som er heilt unik for médnamna. Tidligare er det nemnt korleis namnelaging òg kan skje den motsette vegen, nemlig slik at médmerke får namn etter plassen dei médar opp. Til saman fortel desse namneskikkane kor nært samband det er mellom fiskemédet og médmerka i tankegangen til fiskaren som lagar og brukar desse namna. Médmerke som går att som førsteledd i sekundærnamn, tener den funksjonen at brukaren av médet hugsar médlina lettare.

Ofte er den lokaliteten over vassflata som ligg nærrast ein fiskeplass, nytta som médmerke til denne plassen. Blir så denne lokaliteten utgangspunkt for sekundær namnelaging i namn på fiskeplassen, er det uråd å veta kva funksjon som har talt mest i namnelagginga - médmerket eller den nære lokalisinga. For i alle fall å vera konsekvent i dette valet, blir alle førsteledd som går att som namn på médmerke, grupperte under denne overskrifta.

18 médnamn (på 18 lokalitetar) eller 17% av sekundærnamna fell inn under denne kategorien. I eit like stort namnetilfang frå Trondheimsleia har Oddmund Hagen (1976:55) funne heile 41 slike namn. Eit anna forhold som særpregar namna Hagen har funne, er at mesta alle médnamna med appellativet *bakke* har

MÅL O G MÉD

utmerkingsledd som kjem av ein lokalitet i médlina (op.cit.). I materialet mitt er det ikkje råd å påvise noko slikt.

Her er namna i denne gruppa:

<i>Bessan</i> (Vh)	<i>Kobbskjerpøla</i>
<i>Brødkjerskallan</i> (Ram)	eller <i>Kobbskjerleia</i> (Ram)
<i>Bugrunnen</i> (Vh)	<i>Kobbskjerskallen</i> (Ram)
<i>Grisen</i> (Vh)	<i>Kongsberg</i> (Vh)
<i>Inner Grisen</i> (Vh)	<i>Kråkskallen</i> (Ram)
<i>Holmagrunnen</i> (Vh)	<i>Kvitskallen</i> (Ram)
<i>Håskjerberget</i> (Vh)	<i>Rønsøyflua</i> (Vh)
<i>Håskjerkanten</i> (Vh)	<i>Solåberget</i> (Vh)
<i>Kjebakkan</i> (Od)	<i>Tretillbakkan</i> (Vh)
<i>Kjoltaren</i> (Vh)	<i>Ørklakken</i> (Vh)

Namn etter ein lokalitet i nærleiken

I denne gruppa finn vi namn som skildrar anten hove til eit anna méd, til andre lokalitetar under eller i vassoverflata eller til omflødde lokalitetar som skjer, holmar og øyar.

Namn etter eit anna méd

21 lokalitetar (18% av sekundærnamna) har namn etter eit anna méd i nærleiken. Eg ser her bort frå namnepar av typen *Nyrubben* - *Gammalrubben* og *Nordgrunnen* - *Sørgrunnen*. I eit like stort namnemateriale har Oddmund Hagen (1976:69) funne 14 slike médnamn i Trondheimsleia.

Mellom desse namna er noen appellativ meir frekvente enn andre. Det gjeld appellativ som fortel at lokaliteten dei namngir er ei forlenging av ein grunn eller at han er ei brå avslutning av grunnen som er namngitt i førsteleddet. Såleis finn vi tre av sju namn med appellativet *skag* i denne gruppa, og likeins tre av ni *egg*-namn. Mest frekvent er likevel appellativet *skalle*, som går att fem gonger.

Her er namna i denne gruppa:

K V A F O R T E L N A M N A ?

<i>Bugrunnskallen</i> (Vh)	<i>Revbakkan</i> (Brv)
<i>Flakkfjellet</i> (Brv)	<i>Rubbskallen</i> (Od)
<i>Grunnseta</i> (Vh)	<i>Skagbåberget</i> (Vh)
<i>Grunnskallen</i> (Vh)	<i>Skagbåen</i> (Vh)
<i>Hælsbåen</i> (Vh)	<i>Skreiareggja</i> (Od)
<i>Lakaegga</i> (Od)	<i>Tottegga</i> (Brv)
<i>Lakaskallen</i> (Od)	<i>Tunggrunnen</i> (Brv)
<i>Langbenkstøa</i> (Vh)	<i>Tungspissen</i> (Brv)
<i>Oddgrunnhallet</i> (Vh)	<i>Ufsgrunnskallen</i> (Vh)
<i>Ongelskallen</i> (Ram)	<i>Ørklakkskallen</i> (Vh)
<i>Pråmskaget</i> (Od)	

Namn etter båar, fall og fluer

33 namn (på 31 lokalitetar) er sekundære lagingar etter lokalisering nær båar, fall og fluer. Dette utgjer 30% av sekundærnamna. Berre to gonger er *fall* utgangspunkt for sekundær namnelaging og tre gonger er *flu* hovudledd i det primære namnet. Dermed står vi att med 28 namn som er sekundære til *båe*-namn. Ser vi bort fra sekundærnamn etter andre méd, gjer dette at *båar* framhever seg som den typen lokalitet som flest médnamn relaterer seg til. (Utgjer 25% av dei sekundære namna.) Igjen er dette eit indisium på kor viktige *båane* har vore for fiskaren når han har ferdast på sjøen.

Under hovudavsnittet om sekundærnamn er noen *båar* komne med som fiskeplassar og altså omtala tidligare. Dei fleste *båane* vil bli omtala her fordi dei ikkje er registrerte som fiskeméd. Dette kan verke inkonsekvent, men det fortel heller om korleis *båane* tangerer ei grense for kva som kan reknast for fiskeméd: Noen *båar* blir det sjeldan eller aldri fiska ved, andre er rekna for gode fiskeplassar. Til ein viss grad gjeld det same for *falla*.

I gruppa for sekundærnamn etter namn på méd såg vi at *skalle* var det mest frekvente hovudleddet. Det same er tilfelle i denne namnegruppa. Her går *skalle* att fem gonger.

Her er namna i denne gruppa:

MÅL OG MÉD

Enderbåholet blir delt i
Inner Enderbåholet (Od)
og
Ytter Enderbåholet (Od)
Enderbåskaget (Od)
Flaksbåflua (Vh)
Hestmédet (Brv)
Hilbåfluen (Od)
Hilbåholet (Vh)
Hilbåpøla (Vh)
Hilbåskallen (Od)
Hælsbåpøla (Vh)
Hælsbåtaran (Vh)
Hølbåstøa (Od)
Jessingbåbakkan (Ram)
Jessingbåflua (Ram)
Klebåfluen (Ram)
Langbåflua (Vh)
Langknivskaget (Vh)
Lønnfallflua (Ram)
Rebåflua (Od)

Rebåfluen er det to av:
Inner Rebåflua (Brv)
Ytter Rebåflua (Brv)
Rebåskallen (Od)
Rusbåskallen blir delt i tre:
Inner Rusbåskallen (Od)
Mitter Rusbåskallen (Od)
Ytter Rusbåskallen (Od)
Skatbåskallen (Brv)
Skatvengen (Brv)
Skjerjebåflua (Ram)
Skjerjebåskallen (Vh)
Skånsflubanken (Vh)
Svartskjerfluberga (Ram)
blir delt i to:
Inner Svartskjerfluberget
Ytter Svartskjerfluberget
Tørrisbåholet (Vh)
Tørrisbåskaget (Vh)

Namn etter skjer, holmar og øyar

I den største gruppa sekundærnamn er namna som relaterer seg til nære lokalitetar over vassflata. I alt finn vi 38 namn av denne kategorien (35% av dei sekundære namna). Naturlig nok er desse namna jamt over å finne nær land, og av sisteleddet i namna kan vi lesa at det mykje dreier seg om relativt grunne plassar: *Flu, rås, skalle* og *pøle* har nokså tett frekvens.

Alle dei primære toponyma er namn på omflødde lokalitetar. Dette er påfallande ikkje minst fordi Oddmund Hagen i Trondheimsleia og Hemnfjorden tvert imot mitt resultat har registrert temmelig mange sekundære médnamn med utgangspunkt i lokalitetar inne på fastlandet eller på sjølve Hitra (Hagen 1976:72ff.). Hovudårsaka ligg opplagt i ein markant skilnad i topografien i dei to områda. I motsetning til det

K V A F O R T E L N A M N A ?

skjergardsfattige fjordlandskapet er skjergarden ved Smøla overmåte rik. Ei anna årsak til den store skilnaden er at mi gruppeinndeling er ei anna enn den Hagen nyttar. Såleis ville namn med utgangspunkt i bygdelag som eg har klassifisert under 'brukarnamn', hos Hagen ha komme i gruppa som kan kalla 'førsteleddet (namnet) viser til lokalitetar i nærleiken av fiskeplassen/landet innanfor' (op.cit.).

Her er namna i denne gruppa:

<i>Ballsingskjerråsa</i> (Od)	<i>Jessinggrunnen</i> (Ram)
<i>Ballstaden</i> (Od)	<i>Johannesberget</i> (Vh)
<i>Ballskjeggbåen</i> (Od)	<i>Kobbskagtaren</i> (Vh)
<i>Brødkjerflua</i> (Ram)	<i>Kråkbåan</i> (Vh)
<i>Brødkjerspøla</i> blir delt i	<i>Kråkflua</i> (Vh)
<i>N ø r d B r ø d s k j e r s p ø l a</i> (Ram) og	<i>Litlkråkråsa</i> (Ram)
<i>S ø r e B r ø d s k j e r s p ø l a</i> (Ram)	<i>Nubbefjellet</i> (Vh)
<i>Flesapøla</i> (Brv)	<i>Nubbflua</i> (Vh)
<i>Flesapøla</i> (Vh)	<i>Pinøyflua</i> (Od)
<i>Flesibakkan</i> (Brv)	<i>Rottøybradden</i> (Ram)
<i>Fluskjerrrommet</i> (Vh)	<i>Remberget</i> (Brv)
<i>Grunnskjerskallen</i> (Ram)	<i>Seiskjerberget</i> (Vh)
<i>Hilverråsa</i> (Vh)	<i>Skitaberget</i> (Ram)
<i>Hilverskallen</i> (Vh)	<i>Skitabåen</i> (Ram)
<i>Hyttskallen</i> (Ram)	<i>Smørholmbradden</i> (Od)
<i>Hælsbåen</i> (Vh)	<i>Sortnholet</i> (Od)
<i>Hælsgrunnen</i> (Vh)	<i>Sortnråsa</i> (Od)
<i>Hæltaran</i> (Vh)	<i>Svartoksstøet</i> (Brv)
<i>Håskjerdjupet</i> (Vh)	<i>Sæbuøyrevet</i> (Ram)

Relasjonsnamn

Sju médnamn med appellativ i førsteleddet har namn etter lokalisering nær ein annan topografisk formasjon utan at heile namnet på denne lokaliteten er gjengitt i førsteleddet. Namnet *Råsberga* (Ram) relaterer grunnen til *Storkråkråsa*, og vi kan evt. sjå *Råsberga* som ellipse til **Storkråkråsberga*, men eg held det for mest sannsynlig at

MÅL O G MÉD

dette er namn laga av ein trong namnebrukarkrins som ikkje treng noko bestemmande ledd til utmerkingsleddet i sekundærnamnet. Innom namnebrukarkrinsen er det berre ei rås som *Råsberga* kan ligge attmed.

Namna i denne gruppa er:

Båafluen (Ram), på kvar si side av Mefjordbåen:

Auster Båaflua og *Vester Båaflua*,

Oddflua (Vh)

Oddgrunnen (Vh)

Nørdre Oddgrunnen eller *Nørdre Grunnen* (Vh)

Vester Oddgrunnen eller *Vester Grunnen* (Vh)

Råsberga (Ram)

Skagflua (Vh).

6 MÉDNAMNA PÅ SMØLA

6.1 ODDAHAVET



Ringsøya.

Dette området strekkjer seg i sør frå sørkanten av Valøysvaet og nord til og med Skomsøya, Rusbåleia og Ballskjeggen.

Dei méda som her er samla inn under namnet *Oddahavet*, hører ikkje alle til utroren frå Odden, men til utroren frå fleire gamle fiskevær på Sør-Smøla. Alle væra er no fråflytta. Under skreifisket kom det folk heilt frå Arnøya og Solværet hit. Til området sokna elles Lyngværet, Sandværet, Hallarøya, Tranøya, Spelvalen, Ringsøya, Karlsholmen, Odden, Skomsøya, Steinsøya, Steinsøyneset, Gjelberg, Ersnes, Jøstølen og Jøa. I eldre

MÅL O G MÉD

tider var det dessutan busetting på fleire mindre øyar av folk som berga seg med fiske og noen sauher. (Sjå Berg 1986.)

Dei viktigaste skreiméda er nok med i denne samlinga, men ettersom dette i stor grad er eit avfolka område, må vi rekne med at mange av méda som før vart bruka til småfiske frå alle væra på Sør-Smøla, ikkje vil vera komne med her.

Andersgrunnen / 'andersgru:n / blir delt i to:

Auster Andersgrunnen A4-1 har méda Karlsholmhaugen midt på Ballsingskjeret og Vester Lyngværsoya på Mattisskjeret. Denne plassen er likast på fallande sjø.

Vester Andersgrunnen A4-2 har desse méda: Karls holmen i ytter kanten av Ballsingskjeret og Auster Lyngværsoya på Mattisskjeret. Her er det best på innber straum.

Om *Anders*, sjå *Andersbradden* (Brv).

Austbakkan / 'ästbakkan / A5-3 ligg midt mellom Smøla og Grip i méda Gripfyret og Bådalsstabben og Rossvoll berget over Hallarøya.

Trulig står namnet i relasjon til *Bakk* som ikkje ligg langt unna i vest. Desse to sentrale méda var mykje nytta av fiskarar frå området rundt om. Ein informant meinte namnet *Austbakkan* måtte skrive seg frå gripværingane. For dei var dette den *austligaste bakken* dei dreiv. Lenger vest, utom mitt område, ligg òg 'Vestbakken' (Helland 1896:310).

Auster Andersgrunnen, sjå *Andersgrunnen*.

Auster Klavaflua, sjå *Klavaflua*.

Auster Rusbåskallen, sjå *Rusbåskallen*.

Auster Økta, sjå *Økta*.

Ballsingskjerråsa / 'ba:lsenjsæ:rɔ:sə / B4-4 går sør for

O D D A H A V E T

Ballsingskjeret og mellom skjeret og Klavafluen. Det er 60-70 meter ned i råsa som høver til linesett.

Ballsingskjeret / *bałsɪŋskjæ:re* / er eit rundvore og høgt skjer eller liten holme. Namnet er vanskelig å tolke. Ut ifrå topografiens på staden er det sannsynlig at førsteleddet er *ball*, m. / *bał* / 'klump'. Assar Janzén (1940:123-125) meiner å finne eit **bals*, m. i ein del båhuslenske stadnamn, m.a. noen holmenamn. Dette **bals* hevdar Janzén evt. må tyde 'klump', og han sett det i samband med m.a. shetlandske *balker* 'klump' og *ball*, m. i norske dialektar. Kan vi rekne med **bals*, vil -ing kunne forklaraast som eit suffiks som påpeikar likskap. I så fall tyder namnet 'skjeret som liknar ein ball eller klump'.

Ballstaden / *bał,sta:jn* / B4-5 er ein hyse- og moddepllass nett utom *Ballsingskjeret*. Her er det ein bratthammar ned i *Ballsingskjerråsa*. Sjølve grunnen er ikkje heilt ufarlig om ein går leia i stor sjø.

Ballstaden er trulig elliptisk for **Ballsingskjerstaden* evt. **Ballsingskjerråsstaden*. Ellipsa kan vera gjort med ein artig referanse til at ein her fiskar hyse og tosk, altså *ballfisk*! Om *Ballsingskjeret*, sjå over.

Ballskjeggbåen / *bałsæg,bo:in* / B4-6 ligg i Rusbåleia rett vest av *Ballskjeggen*. Her trengs ikkje méd, for han er oftast kjennspak på brottet. I godt vêr kan ein likevel dra torsk og sei ved den ytste delen av han.

Ballskjeggen / *bałsɛjɛn* / er ein markant, høg og rundvoren holme som går att i mange médliner. Oppå han står eit seglmerke. Like ved ligg *Litlballskjeggen*. Lokaliteten har vore viktig nok til at eit skip, som vart vrakrøva i 1811, bar namnet Balskieggen (Berg 1989:128).

Ut frå forma på holmen er det naturlig å knyte første delen av namnet til *ball*, m. / *bał* / til norrønt *bollr*, m. 'Bold, Klump, Kugle' (Aasen 1873). Både reelt og språklig er det òg mulig å utsleie det norrøne adjektivet *ballr* 'sterk, veldig'. Sjølv om *Ballskjeggen* ligg innom den aller ytste fallgarden, tek han imot mykje grov sjø og skjermar såleis

MÅL O G MÉD

ei av farleiene inn til Steinsøyneset. Det utsette leiet er trulig namngjenvande for siste delen av namnet, som må vera *skjegg* i grunntydinga 'noko som stikk fram', jfr, takskjegg og skjegg på nøklar og økser. Dette er å finne att i liknande namn som det er skrive om frå andre delar av kysten. Finn Myrvang (1982:70) skildrar Skjeggen frå Lofoten som 'ein nokså høg og rund fjellknufs', Per Hovda (1961:162) har same fjellnamnet i Meløy og Jakob Jakobsen (1936:208) skildrar frå Shetland de Skegs som 'nogle udstaaende flige paa forbjerget Fitful Head'. Frå Sunnmøre har både Knut Kopperstad og Arnfred Slyngstad skrive om fallet Skjeggen(e). Kopperstad peiker på at det sterke hankjørnsordet er ein gammal *ja*-stamme og forskjellig både frå norrønt *skeggi*, m. og norrønt *skegg*, a., men han vil ikkje ta stilling til kva namnet tyder (Kopperstad 1922:97-98). Slyngstad stiller namnet saman med det norrøne verbet *skaga* 'stikke fram, rage fram t.d. om ein odde' (Slyngstad 1951:141). Av same rota **skek* 'springe fram' er grunnordet *skag* avleidd (Torp 1919).

Slyngstad sitt tolkingsframlegg til Skjeggen høver godt til *Ballskjeggen* der han ligg som eit markant ytterpunkt i øygarden.

Banken, sjå Mastupallen.

Brattega / ˘brat,ejə / dat. /˘brat,ejen / A5-7 har merka Rosvollberget over eller litt utover Hallarøya og Gåsskjeret i Silsethakket. Tradisjonelt var denne plassen driven frå Lyngværet og var rekna for eit særskilt godt skreiméd. Det eventyrlig gode skreiåret 1882 fekk namnet *Brattegg-året* (Fugelsøy 1962:205).

Mot sør er botnen her svært *bratt* med ein hammar frå 100 til 150 meters djup.

Brosma / ˘brøsnɔ / B4-8 er eit djuphol på over 50 meter rett vest av Svartskjeret. Noko méd trengs ikkje der det ligg mellom eit par grunntalar som på kartet står avmerka med namnet Brosman (SK 40 1980). Nedi holet her fortel

O D D A H A V E T

informantane at det vankar *brosme*.

Brosme, f. /'brøsɳ / < norrønt *brosma*, f. (*brosmius vulgaris*) er ein torskefisk som i likskap med longa lever på djupt vatn og kjennes på ei samanhengande ryggfinne og ei lang gattfinne. Som longe er *brosme* vanlig å få på line.

Uttalen må vera eit resultat av ei partiell assimilering av *m* > *n* pga. s.

Brugdesporden / 'brøgd̥spɔ:ɳ / A4-9 er eit lite kjent méd mellom Sommarskallen og Oddgrunnen. Berre uteita har eg fått oppgitt. Ho er den same som på Oddgrunnen: Silsingstøtta i Korsholmhaugen.

Heimelsmannen hadde sjølv aldri brukta plassen, for han visste det var lett å rive bruk der ute. Det er nok derfor snakk om ein spiss, kanskje overhengande formasjon som kan liknast med den kvasse *sporden* på *brugde*, f. / brøgd / (*cetorhinus maximus*).

Bukken /'bøceŋ / dativ / 'bøca / A3-10 er eit sei-, skrei- og lineméd som ligg på over 200 meters djup på ein stor rygg i fråberet unna land. Méda er Steinsøynesberget i Ørjaren eller Nauthaugaksla i hakket på Karlsholmen og Tonningen på eller klar av Frisholmen.

Om *bukk* i médnamn, sjå s. 123.

Drygen /dry:jen / dativ / dry:ja / A5-11 har méda sørkanten av Sortna i Karlsholmhaugen og Skjelholmen på Valøyodden. Plassen er vester skaget av ein stor og vid grunn. Her er det vel 50 famner og bra med sei. Ein informant fortalte at gamle fiskarar meinte at om du fekk fisk her utpå, så kunne du vera sikker på at han forsvann når straumen bar om.

Dette at fisket på denne staden berre vara ei avgrensa tid, kan gi rom for å hevde at médnamnet kan vera ironisk. Da må adjektivet *dryg* < norrønt *drjugr* vera mynta på eit tidsrom. Meir nærliggande vil eg hevde at det er å sjå adjektivet som utgangspunkt for eit namn som skildrar vidda på grunnen austover. Hos Aasen

M Å L O G M É D

(1873) finn vi 'Dryg, m. Drøielse, Forslag, Varighed'. Tydingsinnhaldet i *Drygen* er meir konkret 'den som er dryg el. vid'. Namnet er i så fall eit substantivert adjektiv.

Enderbåholet / ˈinerbɔ:hɔ:ljə / blir delt i to:

Inner Enderbåholet B5-12 har til méd Karlsholmhaugen innom Sortna og Flesalykta innom Silsingodden.

Ytter Enderbåholet A4-13 har til méd Mattiskjeret midt i Årsundfjorden og Tindsteinen nord for Sortna.

Begge plassane er brådupe hamrar i fråberet unna *Enderbåen* / ˈiner,bɔ:iŋ / . På kartet står namnet skrive Endrebåen (SK 40 1980), og trulig er denne etymologiseringa rett. Mannsnamnet *Endre* < norrønt *Eindriði* eller *Eindriðr* har her til lands vore eit vanlig namn som opp gjennom hundreåra har hatt mange variantar, mellom dei Indre (NPL). I skipsskattemanntalet for Nordmøre 1559 er namnet relativt frekvent i formene Eender, Ender og Endriitt (Hareide 1977:59).

Ei tolking ut frå retningsadverbet *inner* / ˈiner / er umulig å sameine med lokaliseringa: *Enderbåen* er den desidert ytste båen i området!

Enderbåskaget / ˈinerbɔ:skɑ:je / A4-14 er framhaldet vestover frå sjølve *Enderbåen* (sjå over). Her strekkjer båen seg ut i eit skag.

Fjellberga / ˈfjɛl:bærja / A3-15 ligg i méda Buøyhaugen austpå Litballskjeggen og Mokkeløya to tredjedelar inn på Tonningen.

Namnet refererer seg til *fjellgrunn* i botnen.

Gjøssaren / ˈjø:sarŋ / A4-16 har desse méda: Sula innpå Silsingkjeret og Ballskjeggen på den mitter haugen innpå Pråmtuva eller Måholmen innpå Fesa. Botnen er blaut og går an til line.

Gjøss, n. / jø:s: / finn vi hos Aasen (1873) under 'Gysja, f. 1) Dynd, Mudder, Søle. Nordl. (Lof.). Andre St. Gjøssa, Jøss. Indh.'. Bye (1976:125) har *gjørs*, n. 'leiraktig

O D D A H A V E T

havbotn'. Grammatisk må vi sjå namnet som eit nomen agentis av eit hypotetisk verb **gjøsse*, jfr. *Skreiaren*.

Gullstolen / ˘gʊł̥stɔ:Ԑn / B4-17 ligg øvst i Oddahølen like sør av Svabåen, og ein kan kaste nett innom båen. Her er det eit brådjup frå 2 til 60 meter i enden av djupaste hølrenna.

Ein heimelmann meinte det måtte vera eit namn som folk frå Odden hadde lagt på plassen i ei rosande meinings. Frå Odden var dette eit av dei nærmaste méda dei hadde, og folk herifrå låg ofte på *Gullstolen* og drog seg ferskfisk, for raudtaramodde fekk dei såvisst her. Det er vanskelig å førestelle seg at botnen her har skap som ein *stol*. Trulig er namnet berre generelt rosande om ein god og trygg plass her øvst i enden av Oddahølen.

Hakan / ˘ha:kajn / A4-18 ligg i méda Sula i Korsholmhaugen og ei lang fløe sørom Valøyodden i Nørdre Lyngværsøya.

Om namnet, sjå *Hakan* (Brv).

Hallarøygrunnen / ˘hał̥arøy,gruŋn / A5-19 ligg i méda Gåsskjeret i hakket mellom Tustnafjellet og Singseten og Rosvollberget på Søre Eistenskjeret. Denne grunnen ligg nord av Austbakkan og er altså ikkje særlig nær *Hallarøya*. Faktisk er han like nær Lyngværet og Grip. Informantane fortel at plassen likevel mest har vore brukta av fiskarar frå *Hallarøya*.

Hallarøya / ˘hał̥arøya /, gnr. 32, forklarer Rygh ut frå norrønt *hellir*, m. 'Klippehule, Skjul under en udoverhængende Klippe' (Rygh, NG XIII:464). På *Hallarøya* er det ein haug som vi må tru har gitt skjul for vêret og likeins namn til øya.

Halsbåen / ˘ha:ʂbɔ:iŋ / B4-20 har méda Tredalshaugen i Litlballskjeggen og Orholmvarden og Svartskjeret. Da er ein på grunnaste båen på knapt ei famn. Om sommaren kan ein fiske småsei ved båen. Når *Halsbåen* bryt, er han svært kjennspak, for brottet går utover, imot bårene, noko

MÅL O G MÉD

som må skyldast botnformasjonane. Namnet står på SK 40 (1980).

Utmerkingsleddet må vera *hals*, m. / ha:s / < norrønt *hals*, m., som går att i mange stadnamn (NSL). Ordet kan skildre ulike topografiske trekk (Rygh, Indl.:53). Kanskje kan *Halsbåen* høve til tydinga om ein lågare eller smalare lokalitet mellom større formasjonar, i dette høvet mellom Rusbåen og Hilbåen og Pinøyflua.

Hiet / 'hi:e / A4-21 har méda ytterkanten av Rosvollberget i innerkant av Sortna og Hitterkeipen på mitter tuva på Gjelberghaugen.

Namnet er ikkje gammalt. Ein informant fortalte at médnamnet skriv seg ifrå at ein som hadde tilnamnet Bamse, var på denne plassen støtt. Såg folk at han låg på dette médet, kunne dei seie: 'No er Bamsen gått i Hiet.'

Hilbåen / 'hi:lbo:in /, sørrom Valøyodden, blir delt i *Ytter* og *Inner Hilbåen*. Begge står på SK 40 (1980). Den *Ytter* er eit blindskjer, og méda eg har fått gjeld *Inner Hilbåen*.. Berre den kan reknast som fiskeplass.

Inner Hilbåen B5-22 er knapt tre meter djup og ligg i méda Storleiskjeret i Karlsholmhaugen og Ytter Eistenskjeret på varden på Lyngværsoyan.

Førsteleddet er verbet *hile* / hi:l / som fins langs kysten frå Nordfjord til Troms og som Modéer definerer slik: 'hila v. 'fånga sei eller annan fisk med ett som drag använt handsnöre, vilket rännes ner i djupet och därefter under sakta rodd och ibland med små ryck halas upp mot ytan" (Modéer 1953:125). Verbet er vanlig på Nordmøre og er ført sørover med lofotfiskarane (Dalen og Jenstad 1997).

Hilbåan / 'hi:lbo:aŋ / B4-23, innom Rebåen, er ei nokså vid grunnmark med fleire stettar som mesta 'står tu'. Ved desse kan ein sommars tid ligge å *hile* etter modde og sei.

Hilbåfluen / 'hi:lbo:fɻu:in / B4-24 er tre grunnflak unna

O D D A H A V E T

den søre *Hilbåen* mot Rebbåen. Dei er mellom 8-12 meter djupe. Sundet mellom *Hilbåen* og desse fluene er over 40 meter djupt, og i hamrane her kan det av og til vera bra med fisk.

Hilbåskallen / ˘hi:lba:skalijn / A5-25 ligg i desse méda: Skjelholmen på Kjekråka og Masterholmen på Brattleiskjeret. Her er det mellom 50 og 60 famner djupt. Ved sida av Eggå var dette det médet folk frå Hallarøya brukta mest. Plassen ligg rett vest av *Hilbåen* ved Valøyodden.

Hornbåen / ˘ho:nba:iŋ / B4-26 er ei vid grunnmark som dannar sørsida av Rusbåleia. Plassen står avmerka på kartet (SK 40 1980) som in. og yt. Hornbåen. Båen bryt i jamnen, men innimellan dei mange hausane og småstettane er det råser som det går an å fiske i.

Rygh (Indl.:57) seier at *horn*, n. / ho:n / < norrønt *horn*, n. i stadnamn anten kan fortelje at lokaliteten er spiss som horn på dyr eller at han dannar eit hjørne eller ein vinkel. I *Hornbåen* sitt tilfelle må det vera tenkt på alle dei spisse tareskoltane som stikk opp.

Hornet / ˘ho:ne / A4-27 ligg langt ut; midt mellom Smøla og Griptaren, i méda Gripfyret i austkanten av Freikollen og Orholmvarden midt mellom Klakkan. Her er det over 100 famner djupt.

Plassen ligg lengst vest på eit langt skag i aust-vest-retning, og det er trulig dette skaget som er utgangspunkt for namnet. *Hornet* og *Hornbåen* ligg for langt ifrå einannan til at dei kan ha noko méd kvarandre å gjera namne-messig.

Hølbåstøa / ˘hø:ɬba:stø:a / B4-28 er ein modde- og hyseplass heilt innmed land tett austom *Hølbåen*. Fråberet her unna båen er bratt ned til djupet i *Hølen*.

Hølbåen er knapt ei famn djup og har namn etter det sentrale leiet i *Oddahølen*. Sjå *høl*, i kapitlet om appellativ.

M Å L O G M É D

Inner Enderbåholet, sjå Enderbåholet.

Inner Hilbåen, sjå Hilbåen.

Inner Rusbåen, sjå Rusbåen.

Inner Rusbåskallen, sjå Rusbåskallen.

Jensmédet / jæns,me:e / A4-29 ligg i méda Måholmen i Tønningen og Gripfyrret i Stavneset eller Karlsholmhaugen på Silsingskjeret. Úti her er det over 200 meter djupt.

Jens, m. / jæns / er ei kortform av *Johannes* og er kjent her i landet sidan 1300-talet. Frå 1700-talet, da det var mykje brukta, har *Jens* vore eit svært populært namn heilt fram til våre dagar.

Jobradden / jø:,braðn / C4-30, oppi Olsøysvaet, har desse méda: Nausthaugen i Vambuhammaren og notbrygga hans John Brun i det tredje huset på Ersneset. Dette er ein god plass i ein bratthammar unna ei grunne.

Jo, m. / jø: / er ei form av *Jon* (sjå under). Ifølgje Aasen (1873) er talemålsforma *Jo* mest brukta nordafjells.

Jonskallen / 'jønskałin / A3-31 har méda Valøyhaugen mellom Sula og Silsingskjeret eller Karlsholmhaugen i sundet på Djupnakkan, eller ein kan bruke Ballskjeggtårnet i Fonna og Brattværssbelgen i Brattværshusa. Her, langt ute, er det 225-250 meter djupt.

Jon, m. / jøn /, som er ei nordisk form av *Johannes*, har vore særstakt mykje brukta heilt sidan 1000-talet og fram til vår tid. Rundt 1900 er Møre og Romsdal og Trøndelag mellom sentralområda for utbreiinga av namnet.

Kariflua / ^ka:ri,f्लu:a / C4-32 er 9 meter djup og ligg i innløpet til Klakkavågen fra Olsøysvaet. Ein kan bruke Kankenskjeret oppi skaget på Klakkan og det austre skaget på Langholmen på synste Ersneset.

O D D A H A V E T

Kari, f. / ^ka:ri / er ei nordisk form av *Katrine*, og namnet har vore svært mykje bruka frå 1700-talet og fram til vår tid. Eg held det for mindre sannsynlig at vi her har å gjera med *Kari* som noanamn på *kråke*. (Jfr. Solheim 1940: 90 og Bye 1976: 183.) Fuglenemningar har elles ikkje nedfelt seg i primære médnamn.

Kjebakkan / ^ce:,bakjan / A5-33 har til merke Golmberget på Søre Gåsskjeret og Haukaren sør på Kjekråka. På om lag 50 famner ligg denne vide grunnen.

I området er det fleire namn på *Kje-*: *Kjekråka* er eitt, i sør ligg *Kjefallet* og i aust ligg *Kjeøysvaet*. Vi må tru alle namna har opphav i *Kjeøya* som har eit førsteledd som fortel om utsetting av *kje*, n. / ce: / < norrønt *kið*, n. på øya, den tid folk på Hallarøya enno hadde geiter. (Jfr. Indrebø 1929:93 og særlig Slyngstad 1951:83.)

Médnamnet *Kjebakkan* er trulig ellipse av **Kjeøybakkan*.. Ein heimelsmannen var sikker på at *Kjeøya* vart bruka til merke på dette médet, sjølv om han hadde glømt det andre merket i médlina.

Kjukbåan / ^çu:k,bo:aŋ / B4-34 rett vest av Svartskjera, er tre knollar som rekna frå aust er to, tre og fire meter djupe. Båane bryt jamt. I spakt vêr er området brukbar moddemark. På kartet (SK 40 1980) ligg 'Tjukkbåskja' like ved båane.

Trulig er førsteleddet av *kjuke*, f. '1) en liden Klump eller Kage. I Nordl. tildeels det samme som Ball el. Klubb. (Salten). Ellers mest om en Klump som er omtrent halvkugleformig' (Aasen 1873). Jfr. islandsk *kjúka*, f. 'knokkel, knoke' (Blöndal 1922). Ordet er òg registrert på Nordmøre (Ross 1895), men heimelsmennene mine kjente det ikkje, slik at båenamnet for dei ikkje gav noko meinung. Reelt høver denne tolkinga godt på dei tre rundvorne knollane som utgjer *Kjukbåan*.

Klavaflua / ^kra:vaf्टu:a / ligg midt i innløpet til Oddahølen og blir delt i to:

MÅL OG MÉD

Auster Klavaflua B4-35 er på det grunnaste 13 meter, men i skavér kan det hende ho bryt. På denne moddeplassen kan ein bruke méda Ballsingskjeret i Langvasshaugen og Kjekråka midt i sundet i Sortna.

Vester Klavaflua B4-36 treff ein om ein kursar vest frå Auster Klavaflua til ein får Ballsingskjeret i Daudmannshaugen. Dette er òg ein moddeplass, men djupare (28 meter) og noko mindre enn den austre flua.

Mellom dei to berga går det ei smal rås, mesta 60 meter djup. Kløfta får topografien til å minne om ein *klave* / 'kla:ve / < norrønt *klafi*, m. Ein *snørekclave*, eller ei *sule*, har kraftige hakk slik at snøret ikkje glir av når det er oppsula, og det er vel helst denne type *klave* det er tenkt på i eit fiskarmiljø, sjølv om *klave* tidligare nok kunne ha vore nytta om 'i Almindelighet alt hvad der er tvekløftet' (Fritzner 1896).

Knoken / 'knø:cen / A4-37 ligg langt til havs i méda Gripfyret vest på skaret i Freikollen og Steinsøyneshaugen og Fonnarumpa eller Skarpnestuva i Skarfjellet. Plassen er eit vel 100 famner djupt skag som strekkjer seg mot vest.

Det norrøne appellativet *knjukr*, m. 'bratt rundvore fjell' finn vi no att f.eks. i Mekknoken på Averøya (NSL). Torp (1919) meiner *knok(e)*, m. kanskje er eit lån frå mellomnedertysk *knoke*, m. 'knokkel', jfr. 'fingerknoke', og er dette tilfelle, kan yngre stadnamn ha opphav i dette innlånet. Pga. tonelaget og bøyningsmorfemet må utgangspunktet for namnet i så fall vera *knok*, dvs. sterke form.

Kårskallen / 'kɔ:rskalɪn / B4-38 ligg rett ut av Rusbåleia og er på det grunnaste 37 meter. Plassen står på SK 40 (1980). Méda er Flesa mellom Måholmflesa og Måholmen og Silsingodden i innerkant av Sortna.

I artikkelen 'Substantivet KÅR i nordmørske stadnamn' argumenterer Ola Stemshaug (1967) for at det i fleire av *Kår*-namna på Nordmøre ligg til grunn eit lite kjent terregord *kår*, m. < norrønt *kárr* 'krull'. I elvenamn siktar *kár* til 'grunn stad i elva der botnen er småsteinut

O D D A H A V E T

slik at vatnet på overflata tydelig krusar seg' (ibid.:65). Men Stemshaug meiner vi òg kan finne det same ordet i skjergardsnamn og viser til skjeret Kaura i Nord-Trøndelag som iflg. Hovda (1962:180) har namn etter 'den kvervlande rørsla' i sjøen (Stemshaug 1967:67-68). Som Hovda (1962) har peikt på, er det stor likskap mellom fosse- og elvenamn og namn frå båar, fall og fluer; naturlig nok, fordi vatnet kan te seg nokolunde likt desse stadene. Dei reelle tilhøva gjer det likevel umulig å tilpasse mine to namn på *Kår-* (sjå også *Kårsgrunnen* (Vh)) til eit slikt tolkingsframlegg. Begge grunnane er alt for djupe til at ein kan seie at sjøen krusar seg over dei. Til nød kunne ein tillegge straumen dette innhaldet, men på ingen av plassane er straumen spesielt strid. Derfor held eg det for mest trulig at vi på begge desse plassane har å gjera med mannsnamnet *Kåre*.

Kåre, m. / ^kɔ:re / < norrønt *Kári*. Etter at det var mykje brukta i mellomalderen, vart *Kåre* populært på ny først på vårt hundreår med ein andre plass når det gjeld frekvens på slutten av 1920-talet.

Lakan / ^la:kaj /, dativ: / ^la:kɔ / A4-39 har méda Silsingstøtta nett utom husa på Korsholmen og Nørdre Lyngværøya i sørkant av Søre Valøyoddskjeret. Dette er eit gammalt skreiberg som no blir brukta til litt linedrift og som seiméd sommars tid. Botnen er eit vanlig berg som ender i *Lakaegga*.

Kanskje kan namnet vera av *lake*, m. '1) Flig, Lap, Klud' (Aasen 1873) og såleis skildre botnen. I så fall må namnet stå i fleirtalsform, noko som realopplysingane talar imot. I staden kan det vera at vi har å gjera med eit appellativ som Indrebø har mange døme på frå inste Oslofjorden: 'Lag, n. i tydingi fiskestad plar dei umsetja nøgnare med: "stad der dei legg ut garn og annan fiskereidskap". Og dette er vel den upphavlege meinungi med ordet.' (Indrebø 1929:223). Omframt Oslofjorden er appellativet svært sjeldsynt, men Hovda (1961:122) har funne det i namn på Helgeland. Om dette appellativet kan vera opphavet til namnet, må vi forutsette både

MÅL OG MÉD

genusskifte og herding av *g > k*.

Dette er òg nødvendig om nordnorsk *lagn*, f. < norrønt *logn*, f. 'not, vad' skal ligga til grunn. (Jfr. Hovda 1961:123.) Vi må rekne desse framlegga som svært usikre.

Lakaegga / ɿ la:kɑ:ɛja / A4-40 er kanten av *Lakan* (sjå over) og ligg i méda Nørdre Lyngværsoya i sundet sør for Søre Valøyoddskjeret og Silsingstøtta mellom Korsholmhaugen og husa på Korholmen.

Lakaskallen / ɿ la:kɑ:skaʎin / A4-41 nett ved *Lakan* (sjå over), har desse méda: Korsholmhaugen mellom Sula og Sulskjeret, og Fluskjeret, sørøm Valøyodden, skal vera i Nørdre Lyngværsoya.

Landsbakkan / ɿ laŋs:bakɑ:n / A4-42 ligg i méda Ballskjeggen i Langvasstuva og Karlsholmen i Suskjeret. Her vart skreia møtt på innsiget først på vinteren. Bakken er langstrekt og med form som ein terrasse mot vest parallelt med smølalandet.

Heimelsmannen forklarte at dette er ein bakke som går langsmed landet. Trulig er det dette som ligg i namnet. Kristian Opstad (1984:51) skriv frå romsdalskysten at Landmebakken 'er eit havstykke, dei inste fiskeplassane som torsken søker inn til først på vinteren. Dette meet er som me kallar her ei "breid" (bakke) og er samanhengande heilt frå Harøya til Stemmet med berre få unnatak.' Ifrå Nord-Norge skriv Ruud (1940:481) om linesettet Landbakkan: 'Berre såvidt klar av landet.' Og Vassbotn (1969:64) fortel: 'Vanligvis kalles det Landbakkan der det skråner ned mot Djupta utfør skjæra.' Jfr. òg Aasen (1873).

Leverseta / ɿ læ:ver;setɔ / A4-34 har méda Ballskjeggen og Keipen og Sula midt på Karlsholmhaugen. Plassen er nokså djup, og fisken ein oftast får her, er longe, brosme og hyse.

Slik stasjonær fisk kan variere mykje i kvalitet frå eine plassen til hin. Botnen og lokale næringstilhøve kan gi

O D D A H A V E T

fisken særmerke i lét og storleik. Er næringstilgangen god, vil fisken lagre overskytande feitt i *levra* som vil bli feit og stor. Omvendt, kunne ein fiskar fortelje, var det på Frøyabanken. Der var *levra* i brosma mesta som eit tørt tobakksblad.

I artikkelen 'Úr Lifrardal til Liverpool' tek Þórhallur Vilmundarson (1971) føre seg namn på *lifr-*, *lever-* o.l. i Norden og i England. Dei norske skjer- og holmenamna Levra, Levran, Leverholmen o.fl. meiner Vilmundarson må vera jamføringsnamn som liknar skapet på holmane med *lever* av dyr eller kanskje helst av fisk. Eit eksempel på dette er det Sund (1978:56) skriv: 'Storlevra og Littlevra er navn på større eller mindre skjer med en noe uregelmessig form. Heimelsmennene var ikke i tvil om at disse skjerene hadde fått navnegiverne til å tenke på fiskelever som ligger og flyter på sjøen.'

Det er vanskelig å få *Leverseta* til å passe inn i denne tolkinga. Lokalitetene er eit djuphol, ikkje eit berg. Derimot høver eit anna namngivingsgrunnlag som Vilmundarson (1971:243) har foreslått, nemlig at førsteleddet fortel om 'feitt', jfr. nyislandsksk *lifraður* 'fisk med mykje lever'. I stadnamn kan dette vera rosande: Lifrardalur kan såleis tyde 'dalur með goðri beit' (ibid.), og i vårt tilfelle må tydinga vera at fisken ein får på denne plassen har feit lever. (Jfr. *smør-* som førsteledd i stadnamn under *Smørholmbradden* (Od).)

Leverseta er ikkje mykje brukta i dag, og ingen eg har snakka med veit med visse om fisken ein får der faktisk har stor *lever*, men informantane meinte namnet skulle tyde på det og at namnet såleis er eit rosande namn.

Langfallet / *langfaðe* / B4-44 er berre 2,5 meter på det grunnaste. I smult vær kan ein dra sei og torsk her. Grunnflaket er *langstrekt* i nord-sør-retning.

Låmen / *lo:men* / A5-45 er ein djuplass midt i Griphølen i méda Gripfyret i norddelen av Bolgdalen og Karlsholmhaugen i Hitterkeipen.

Amund Helland (1896) overlappar med sitt

MÅL O G MÉD

médoversyn mitt materiale berre med dette médet. Han skriv (ibid.:309-10): 'Foran Griphølen, der hvor Dybet lukker sig, 2 1/2 Kvartmil nord for Grip ligger en Fiskeplads Laamen.' Han kjem så med sjølve médet:

136. Laamen

Med: a) Store Kalsholm (Smølen) i indre Kant af Kopperen.

b) Grip Fyr vel fri Vest om Kvernþjerget.

Dyb: 60 Favne. Fjeldgrund.

Fisk: Torsk.

Medet fører til denne Beliggenhed:

63° 18' N. Br. og 7° 34' L. Ø. f. Gr.

Afstanden fra Grip er 2 1/2 Kvartmil mod Nord.

Karterne har 58 til 80 Favne Vand, Sand og Singels.

Fiskepladsen er den Banke, hvormed Griphølen lukkes.

Det Helland her skriv, er dei einaste opplysningsane eg har om naturforholda på staden, slik at framleggget til tolking må reknast som temmelig usikkert.

I same heftet der han har skrive opp Storm-lista frå Edøy, har Leif Mæhle (1953) skrive ned noen 'Særmerkte ord (etter Olaf Gjernes)'. Eit av desse orda er '(handa-)låm: ein kraftig arm'. Det må vera norrøn *lámr*, m. 'hand' vi finn att her. Same substantivet har vi òg i færøysk og nyislandsk og er etter Torp (1919) trulig eit lån frå irsk *lám*. I fall dette ordet er opphav til médnamnet, må vi tru det refererer til eit skag i botnen som blir jamført med ei hand som stikk ut frå kroppen.

Mastupallen / *mastu,paλŋ* / dativ / *mastu,paλa* / A4-46 er eit anna namn på *Banken*, og méda er dei same: Gripfyret og Freikollen og Orholmvarden og Fonnarumpa. Det blir fortalt at karane som budde i *Mastua* på Steinsøyneset, ikkje kjente til Banken, men at dei rodde seg på denne plassen i skodda og vart liggande og dra longe heile dagen. Sidan nytta dei denne plassen fast som linemed.

O D D A H A V E T

Médnamnet er eit oppkallingsnamn etter *Mastupallen*, ein liten haug like ved Mastua. Substantivet *pall*, m. / pa᷑l / < norrønt *pallr*, m. blir av Aasen (1873) definert slik: 'en jævn Forhøining paa Jorden, flat Høi, Terrasse, Jordvold'. I tillegg til å vera eit oppkallings- og jamføringsnamn kan vi seie at namnet òg fortel kven brukarane av plassen var. Ei informant ville ha det til at namnet på ein litt ironisk måte fortel at karane frå *Mastua* verken heime eller på sjøen var langt unna *pallen* sin. *Mastua* / ̄mas, tū:ɔ / er ei gammal stue som no står til nedfalls. Stua, som er kjøpt og flytta inn frå Indre Nordmøre, har vore *matstove* eller eldhus før familien Vestheim frå Odden flytta inn i ho, og stua har så gitt namn til øya der ho står. (Jfr. Berg 1996:120.)

Mikkelsegg / ̄mekes, e᷑ja / A4-47 ligg i méda Karlsholmhaugen i Vetmoskjeret og Gyltuva i Valøyoddskjeret eller Skarpnestuva utom Ballsingskjeret. Plassen ligg vest av Sula og er eit nokså bratt fall mot vest.

Mannsnamnet *Mikkel*, m. / ̄mekel / er ei norsk form av hebraisk *Mikael*. Namnet var mykje bruka på 1700-talet, men har tapt seg sidan den gong. *Mikael* / ̄mekal / har på Smøla vore den vanligaste varianten av dette namnet.

Mitter Rusbåskallen, sjå **Rusbåskallen**.

Oddgrunnen / ̄äj, grūn / A4-49 ligg i méda Silsingstøtta i Korsholmhaugen og Valøyodden midt i Årsundfjorden.

For folk på *Odden* / äj, p / var dette kanskje det mest bruка médet dei hadde. Her var det skrei om våren og sei om sommaren

Om namnet *Odden* sjå s. 24.

Pistflua / ̄pist, flūa / B4-50 er ei vid grunne som stikk ut i Oddahølen. Her er det så grunt at ein kan sjå botnen i klar sjø. Informanten fortel at ein gamling frå Odden

MÅL OG MÉD

nemnte denne flua ofte, for her låg han jamt og drog modde og eгna med krabbe.

Eit slikt småfiske oppunder land som ein gamling kunne ha drive, gir grunn til å tolke namnet på flua ut frå substantivet *pist*, m. / *pist* / '- 2) en Kryster, En som klynker for ubetydelige Ting. - 3) en Gnier, karrig Person. Sdm. (meget brugl.)' (Aasen: 1873). I smølamålet er ordet levande i tydinga 'uanselig person' eller 'feicing'. Namnet *Pistflua* kan såleis vera mynta på dei som ikkje våga seg utpå havet, men som gjerne låg her innmed land og rykte småfisk.

Eit anna tolkingsgrunnlag ut frå same dialektordet, kan vera at brottet på flua er *pistut*, for når flua bryt gong om annan, er det aldri med noen ofse, men med eit brott som sjeldan blir til noko større.

Pundaren /  pujnarn / A5-51 har méda Solværshaugen klar av Valøyodden og Karlsholmhaugen i kløfta på Sortna eller Kjekråka og Nørdre Lyngværsøya.

Ein informant visste å fortelja kvar namnet skriv seg fr : Grunnen har form som ein *bismarpundar*; han er avlang og smal og har ein klump i eine enden slik at han liknar ei vektstong. *Pundar*, m. /  pujn r / < norr nt *pundari*, m. kjem av lat. *pondus* 'vekt' (Torp 1919). Mellom skjera på Innsm la finn vi og Bismaren, eit smalt, langstrekt skjer (SK 40 1980).

Pinøyflua /  pi:n y,f  :a / B4-52 ligg vis   vis Ballskjeggb en på nord sida av Rusb leia. M d er lykta på Skarholmen på Svartskjeret og merket på Daudmannshaugen i innerkant av merket på Ballskjeggen. Flua er fire meter djup og blir nytta til småfiske sommars tid når ho ikkje bryt.

Pin ya /  pi:n y  / ligg ved Sveatangs ya nordom Steins ya. I s r ligg *Pin yskjera*. Sj lv om *Pin ya* er mellom dei n raste  yane, ligg  ya s avidt langt unna *Pin yflua* at ein kan undre om det ikkje heller er ei gammal m dline over  ya som har gitt flua namn.

Nett s rom Lyngv ret finn vi holmnamnet *Pina*. Som

O D D A H A V E T

médnamn langs kysten går Pina att på plassar 'som ikkje nett er av dei gode fiskeplassane, og det freistar då namna å fortelja. Dei lyt "pina" hardt for å henta seg fisk der, [...] (Hovda 1961:217, sjå òg Vassbotn 1969:251). Som øy og holmnamn er namnet likeins pejorativt, da med tanke på eit knapt beite for husdyra som blir sette ut på desse plassane. (Jfr. Slyngstad 1951:83 og 133.)

Pråmen / prɔ:men / dativ / prɔ:ma / A4-53 har méda Ballskjeggen midt på Langvasstuva og Sula nordom Karlsholmhaugen. Plassen er eit gammalt skreiberg straks innom *Pråmskaget*. I kanten av berget er det ein hammar frå 150-175 m.

Botnen blir skildra som eit glatt berg, og dette kan gi grunnlag for å tru at namnet kan vera eit jamføringsnamn med opphav i *pråm*, m., norrønt *prámr*, m. 'fladbundet Færge eller Farkost som er uden Kjøl' (Fritzner 1896).

Pråmskaget / ^prɔ:m̥ska:je / A4-54 er eit skreiméd i framhaldet vestover frå *Pråmen* (sjå over). Méd: Silsingstøtta i Hoøyhaugen og Ballskjeggen i Langvassstuva.

Rebåflua / ^re:bɔ:fɻu:a / B4-55 er ei 8 meter djup flu nett sør for *Rebåen* vestom Flesa.

Rebåen / ^re:bɔ:in/ finn vi to stader berre 7 km unna, men fordi dei ligg i kvar sitt 'hav', oppstår det sjeldan forveksling. Begge båane er vide, langstreckte grunnar langt ute i fallgarden. I den synste av båane ville ein informant leggje tydinga *red*, n. / re: / < norrønt *reðr*, n. 'peis, kjønnslem på storfe' fordi, som han sa, brottet spratt i vêret som eit oksered. Assosiasjonen til eit *red* kan òg gjerast ut frå den langstreckte forma på båane; jfr. Reret som er namn på ein lang og ganske høg stein i sjøen lenger nord på kysten (Sund 1978:57). Kanskje er førsteleddet i flunamnet det same som vi finn i fleire gardsnamn med *Re-* i Trøndelag. Ordhistorisk synest dette å ha samband med tysk *Reihe*, f. 'rad, line' og svenske dialektar *ri*, f.

MÅL O G MÉD

'stolpe, stong' (Rygh 1904: 329-30 og NG XII:349-50). Fleire av Regardane ligg nettopp på markante grusryggar (NSL).

Ei anna tolking kan gjerast ut frå elvenamnet Rea som Sophus Bugge stiller saman med *rå*, 1) 'stong' og 2) 'Grænseskjel, Skillepunkt imellem to Jordstykker eller Teiger.' (etter Aasen 1873). Namnet Re står da iflg. Bugge i eit avlydsforhold til *rå*, f. 'I ethvert Fald synes Navnet Rea at staa i Forbindelse med et Ord, som har betydet "Grænseskjel".' (Rygh 1904:329-30).

Begge tolkingane er reelt mulige for dei to *Rebåane*. Dei er langstreckte grunnryggar som kan jamførast med eit red eller ei stong, men dei kan òg ut frå lokaliseringa seiast vera eit skilje mellom grunnmarka og høldjupet utafor.

Rebåskallen / *re:bɔ:ska:lin* / B4-56 ligg sørvest av den søre *Rebåen* i méda Ballskjeggvalen i innerkant av Daudmannshaugen og Flesa i ytterkant av Skarpnestuva. Her er det 25 m djupt. Plassen blir rekna for eit av 'småméda', der ein drar torsk og sei med snøre. Plassen står avmerka på det nyaste sjøkartet (SK 40 1980).

Rubben / *rübijn* / dativ / *rübɔ* / A4-57 er eit seiméd og ein lineplass på over 100 famner. Méd er Gripfyret i Stavneset og Sortna på Valøyhaugane eller Ballskjeggen i Skarpnestuva.

Eit par av informantane mine sette namnet i samband med adjektivet *rubbe* / *rübe* / 'ru, knudret, ujævn' (Aasen 1873), fordi dei meinte botnen her nettopp er ujamn. Går vi ut frå at same ordet ligg til grunn for namna på dei tre plassane med dette namnet i tre ulike utrorshav, kan vi ut frå tonelag og formverk fastslå at det må dreie seg om *rubbe*, m., altså eit svakt hankjønnsord med böying som ein gammal i-stamme. Eit slikt substantiv lever no ikkje i målføret, men vi kan finne vitnemål om det i stadnamn andre plassar i landet. Gustav Indrebø (1929:155) har i Oslofjorden funne skjernamnet Rubba, som han tolkar som 'den ujamne'. Han drøftar òg liknande stadnamn og kjem fram til at ein har å gjera med

O D D A H A V E T

eit hankjønnsord *rubb* eller *rubbe*, jfr. namn som Storrubben, ein fjellknaus på Helgeland (op.cit.).

Eit opphav eg held for mindre sannsynlig, er målføreordet *rubbe*, adv. / *rubbe* / av verbet *ruve* (Ross 1895), jfr. nyislandsk *rubbingur*, m. 'stor og svær og viktig Person' (Blöndal 1922). Dei to berga på Veiahølen kan i alle fall ikkje kvalifisere til eit slikt tydingsinhald.

Rubbskallen / *rubbskaðin* / A4-58 ligg nett ved *Ruben* (sjå over) i méda Fyret i Stavneset og Ballskjeggen i Inner Skarpneshaugen.

Rusbåen / *rusbø:in* / er delt i to:

Inner Rusbåen B4-59 og

Ytter Rusbåen B4-60.

Begge er langstreckte grunnar som på det grunnaste er vel ei famn djup. Dei ligg mellom og litt utom Halsbåen og Hornbåen og dannar nordkanten av Rusbåleia. I smult vêr er dette modde- og hysemark.

Reelt kan førsteleddet ha grunnlag i fiskereidskapen *ruse*, f. / *rus:s* /. Ivar Modéer (1939:70, med belegg frå Brattværet), skriv at både reiskapen og ordet i norsk er heller nye innlån frå dansk. Det eldste belegget i norsk er frå 1779 (ibid: 68). Utleier vi førsteleddet i namnet av reiskapsnemninga, må vi altså forutsette at namnet på båen er heller ungt. Når vi veit at båenamna jamt over er mellom dei eldste skjergardsnamna (jfr. at mesta alle båenamna er primære lagingar), er det noko vanskelig å tru at reiskapen *ruse* er utgangspunkt for namnet. I staden held eg det for sannsynlig at førsteleddet er verbet *ruse* / *rus:s* / 'styrte frem, sætte afsted' (Aasen 1873). Heimelsmennene kan fortelja at båen er sermerka på det lange brottet som 'rir' på grunna innover mot land.

Rusbåskallen / *rusbø:skalaðin* / blir delt i tre:

Inner Rusbåskallen A4-61 har méda Skinnbroholmen innpå Langvasstuva og Silsingkjær midt på Valøyhaugen.

MÅL OG MÉD

Mitter Rusbåskallen B4-62 har méda innerkanten av Ballskjeggen i ytterkanten av Litletuva eller Rusbåtuva og halve Valøyhaugen unna vesterkanten på Silsingkjeret.

Ytter Rusbåskallen A4-63 ligg straumrett etter og har same sørheit som **Mitter Rusbåskallen**.

På kartet (SK40 1980) står 'Rusbåskallen' på det som er **Ytter Rusbåskallen**.

Presiseringsnamna er ikkje meir stabile enn at dei kan skiftast til **Vester, Mitter og Auster Rusbåskallen**. Skallane ligg 35-40 meter djupt som ein langstrekta grunn sørvest av *Rusbåen* (sjå over).

Skanken / 'skanjcen / dativ / 'skanjca / A4-64 ligg attmed Klakken i retning Økta. Eg har berre fått eitt merke her: Karlsholmhaugen skal litt lenger framom Sortna enn det som blir nytta på Økta. Plassen er lite bruks, og eg manglar realopplysningar om staden.

Mest trulig viser namnet til ein jamføring med ein *skank* / *skanj* / som blir bruks om beinet frå kneet og ned på dyr. Grunntydinga er ifølgje Torp (1919) 'krumming', jfr. *skakk*. I stadnamn frå sjøen i Øksnes har òg Vassbotn (1969:188) funne *skank*. Han meiner at det der er bruks om grunner like under vassflata som gjerne er til hinder for ferdsla. *Skanken* i vårt tilfelle er om lag 50 famner djup og altså ingen fare for ferdsla. Sjølv om det manglar realopplysningar om botnen, held eg det for sannsynlig at det i dette tilfellet heller må vera tale om det same tydingsinnhaldet som Finn Myrvang (1982:80) gir slike namn: 'Skanken som stadnamn står for langvorne grunner og bergryggjar, såleis ein fiskeplass på Ramså.'

Skatgrunnen / 'skat,gruŋ / A5-69 har méda Golberget i sørkant av Gåsskjeret og Hallarøya på Flatkjekråka. Grunnen er eit skag på mellom 60-70 famner nord av Skallan. Ved sida av å vera ein seiaplass, vankar det mykje *skate* her ute. Nettopp denne realopplysinga gjer at dette médnamnet trulig viser til fiskenenemninga *skate*, f. og ikkje *skat*, n. som Indrebø (1929:218-219) meiner å finne i mange skjergardsnamn. (Sjå *Skatbåskallen*)

O D D A H A V E T

(Brv.).)

Skate, f. / *ska:t* / < norrønt *skata*, f. ‘rokke, skate’ (*rajiformes chondrichthyes*) fell etymologisk saman med *skat*, n. og *skag*, n. til ei felles grunntyding ‘springe fram’ (de Vries 1961), noko som for fiskens del sikkert viser til den spisse halen.

Skreiaren / *skreiarp* / A4-70 har méda Ballskjeggen i Snapphaugen og Karlsholmhaugen mellom Luren og Djupnakkjan. Dette er like ved *Skreiaregga*, men i motsetning til den plassen er ikkje *Skreiaren* rekna for å vera noko godt méd, og heller ikkje før i tida var det mange som la seg til her. På grunnmarka her ute vart det likevel sett noko linebruk. Vi må rekne namnet *Skreiaren* for det primære i forhold til *Skreiaregga* og at namnet skriv seg frå ein periode med godt *skreifiske* på staden. Såleis må det vera eit opphavlig rosande namn. Grammatisk kan vi sjå *Skreiaren* som eit nomen agentis av eit hypotetisk verb **skreie*, slik at namnet tyder ‘plassen som gir skrei’.

Skrei, f. / *skrei* / < gno *skreið* , f. Eg har òg hørt maskulin form på Smøla, men dette er avgjort unnatak og må vel vera eit resultat av innverknad nordfrå. Hovda (1961:212) har frå Smøla og Gjemnes berre notert feminin form av denne fiskenemninga. *Skrei* er gytemoden torsk som trekkjer inn på grunnane i februar-april. Denne årvisse vandringa inn under land er grunnlaget for nemninga *skrei* som skriv seg frå verbet *skride* (Aasen 1873). (Aasen nemner ikkje at enkeltfisken har namnet *skrei*, men fører berre opp ‘*Skreid*, f. -2) Stiim eller Masse af Torsk (*Skreidtorsk.*’). Vinterfisket etter *skrei* har tradisjonelt vore det avgjort viktigaste sesongfisket på nordmørskysten.

Skreiaregga / *skreiarejá* / A4-71 har desse méda: Kvassaste eggja på Tunningen midt oppå merket på Måholmen og Lurskjeret på Valøyhaugen. Eggja ligg like ved *Skreiaren* (sjå over) og er ein gammal skreipllass der ein no får bra med uer.

MÅL OG MÉD

Smørholmbradden / ́smä:rhɔ̃m̥brajŋ / B4-72 ligg oppi Olsøysvaet rett ut frå *Smørholmen*. Her er det ein lang, bratt kant.

Svale Solheim ønskjer å sjå mange av lokalitetane med *Smør*- i namnet som omskrivande godnamn eller noanamn av typen Landegode. Karakteristisk for desse godnamna er at dei ligg på viktige knutepunkt i leia eller dei ligg overlag farlig til (Solheim 1940: 139ff.). Dette gjer på ingen måte *Smørholmen* / ́smä:rɔ̃hɔ̃m̥in / ved Ersneset, og Solheim si forklaring kan vi sjå bort ifrå til liks med noen av forklaringane på *Smør*-namna som NSL sett fram, nemlig at denne holmen skal ha namn frå ei tid med dyrking av heiden kult eller frå ei tid som lagerplass for *smør*. Noko meir trulig er det at holmen kunne ha vore med på å gi eit bruk såpass beite at brukaren kunne skatte i *smør*. Dette er overgangssona mellom gardar 'til lands' som betalte i *smør* og skattytarar 'til vanns' som skatta i fisk, og ut frå eit slikt grunnlag kan eit stadnamn vekse fram. (Jfr. Berg 1981: 200 og 202.) Elles kan ein med god vilje få holmen til å likne ein klump *smør* og altså sjå toponymet som eit jamføringsnamn. Likeins kan namnet ha opphav i at det veks bra med *smørblomster* på holmen. (Dette har eg ikkje fått undersøkt.) NSL held likevel ei rosande tyding som den mest vanlige, og eg trur dette òg helst er tilfelle for *Smørholmen*. Rosen kan vera mynta anten på bra beiteland eller på godt fiske i bradden nett utafor.

Sommarskallen / ́sømar,skalŋ / A4-65 har desse méda: Silsingstøtta i Korsholmhaugen og Valøyodden i Reinsfjellet.

Namnet fortel om tidspunktet dette médet vart brukta. *Sommarskallen* er eit seiméd, og fisket etter seien er likast sommars tid. Ein fiskar kalte plassen for eit typisk *sommarméd*.

Sortnholet / ́sørtnhɔ:ṛe / B4-73 ligg mellom Uerstaren og *Sortnfalla*. Her er det godt og vel 100 meter djupt, og

O D D A H A V E T

dette hyseholet høver godt for linedrift.

Rett i sør ligg *Sortna* /'sɔrtnɑ:/, eit par mesta samanhengande holmar, som saman med *Sortnfalla* dannar den søre munningen på Oddahølen og nordkanten av *Sortnleia*. Den mørke leten på svaberga ligg nok til grunn for namnet *Sortna*. Norrønt *svartr*, adj. 'svart' finn vi i andre stadnamn t.d. i elvenamnet Sorta av eldre Svorta som Rygh tolkar til 'den mørke' (Rygh 1904: 260). Lydspranget *a* > *o* ser vi i norrønt i verba *sorta*, v. 'farge svart' og *sortna*, v. 'mørkne, bli svart'. (Om lydspranga i desse verba, sjå Torp 1909: 15 0g 41.) Suffikset *-n(a)* vitnar om høg alder på namnet. (Jfr. Hovda 1972: 13 og Oddvar Nes i NSL: 42.)

Sortnråsa /'sɔrtn,rɔ:sa/ B5-74 er ei seglelei på innsida av *Sortna*. Først på vinteren har det gjerne vore drive med garn her.

Stabben /'stabjn/ A5-66 midt i Griphølen, har méda Gripfyret i sørkant av Freikollen og høgaste Solværshaugen på Skursenga. Dette er ein bratt, *stabbeforma* plass der ein tek uer og sei. Det er om lag 75 famner djupt her ute.

Om namnet, sjå *Stabben* (Vh).

Stålbakkan /'sto:ɻbakŋ/ A4-67 vestom Kleiva, er ein kvass rygg i nord-sør-retning og ein bakke som blir svakt grunnare austover. Du kan kaste heile vegen mellom 35-60 famner i méda Tonningen utpå sporden på Valøyhaugen og Hoøyhaugen midt i Snørholmen og heilt til du har Hoøyhaugen langt austom Snørholmen.

Ei mulig tolking kan vera at førsteleddet er mannsnamnet *Ståle*. Vågslid (1930) har namnet i apokopert form frå Frosta frå 1740-åra: *Staal*. Ei anna forklaring på namnet kan vera at den harde botnen har vorte direkte assosiert med metallet *stål*. Ein heimelmann fortalte at den tida dei dreiv mykke med torskegarn her uti, så sette dei ofte fast dreggen ned i hammaren på *Stålbakkan*, og gjorde dei det, kunne dei vera viss på at dei

MÅL O G MÉD

aldri fekk han laus att. Han meinte derfor namnet på plassen skriv seg frå det at det står fast mykje reiskapsstål i hardbotnen her. No er dette folkeetymologi, men det kan òg vere den rette tolkinga; jfr. Slyngstad som skildrar Onglegrynnet som 'ein stad med hard botn, så dei ofte slit frå seg onglane, eller ein stad der dei fiskar med ongul' (Slyngstad 1951:95).

Det er likevel sannsynlig at det er den særmerka topografien som har gitt grunnlag for namnet. Den nemnde heimelmannen skildra den lange kanten på *Stålbakkan* nett som ein kvass båtkjøl. Førsteleddet i namnet kunne derfor vera norrønt *stál*, n. i tydinga 'skipssstamn', men denne tydinga er dårlig dekt i litteraturen (Fritzner 1896). Médnamnet er nok helst ein parallel til fjellnamnet Stålet, det ytste framspringet på Stadlandet, som Øystein Frøysadal (1968:70) fører tilbake til grunnrota *stel- 'ståande, stiv, stolpe' og som i stadnamn viser til bratt lende. Dette passar reelt med topografien på *Stålbakkan*.

Ståldjupet / ̄stɔ:lju:pə / A4-68 er brådjupet unna *Stålbakkan* og holmarka herifrå mot vest. Ein kan bruke méda Brattværsbelgen i Hitterenden og Snørholmen nordom Øret.

Uerstarane / ̄u:rs̄taran / B4-75 er noen vide fall sør i Oddahølen. Du er vestom om du har Valøyodden utom Sortna. Oppå er dei berre 6-7 meter, men både vestom og nordom dei er det bratthamar og djup på mesta 70 meter. I desse hamrane står *ueren*.

Om fiskenemninga *uer*, sjå *Uersmédet* (Ram).

Vester Andersgrunnen, sjå *Andersgrunnen*.

Vester Klavaflua, sjå *Klavaflua*.

Vester Rusbåskallen, sjå *Rusbåskallen*.

Vester Økta, sjå *Økta*.

O D D A H A V E T

Økta / økta / kan delast i to plassar som begge er fråber unna same grunnen:

Auster Økta A5-76 har méda hammaren på Karlsholmen innpå Sortna og Gylstuva sørom enden på Gåsskjerskaget.

Vester Økta A4-77 ligg i merket Karlsholmen over Sortnskjeret og elles i same sørheit som *Auster Økta*.

Det som særmerka *Økta* og som nok er opphav til namnet, var at fisket her gjekk føre seg *øktvis*. Berre sjeldan sto skreia heile dagen på *Økta*. Fisket stod på ei stund på morgonen, og så vart skreia borte. Dette fortel ein fiskar som hørte at dei gamle sa så og som sjølv har opplevd det same.

Ei *økt* / *økt* / < norrønt *eykt*, f. blir vanligvis rekna som eit tidsrom på 3-4 timer, men inndelinga av dagen i *økter* skifta mykje, slik at ein ulike stader kunne ha frå tre til fem *økter* om dagen. I Bertil Ejders bok 'Dagens tider och måltider' finn vi at 'Bratvær' står oppført under 'tre økter pr. dag': 'Middagsökta, nonsökta, kveldsökta' (Ejder 1969:426).

Ytter Enderbåholet, sjå Enderbåholet.

Ytter Rusbåen, sjå Rusbåen.

Ytter Rusbåskallen , sjå Rusbåskallen.

Åløyflua / ɔ:løyfɿ:u:a / B4-78 er berre fem famner djup, men ein kan ligga framfor sjølve flua og dra torsk i desse méda: Steinsøyneshaugen på Litballskjeggen og Ålvoret innom Oddabelgen. Flua står avmerka på kartet (SK40 1980).

Flua ligg lengst ut i vest i skjergarden og bryt i skavêr. Namnet er litt merkelig ettersom det ikkje er ei øy med namnet *Åløya i området. Faktisk ligg flua temmelig langt frå det ein kan kalle ei øy. Likevel er det mest rimelig å tru at ei øy i grannelaget har gitt namn til flua, anten ved nær lokalisering eller ved bruk av ei médlene over øya. Kan det

MÅL OG MÉD

ha skjedd eit namneskifte på ei av øyane i området?

6.2 BRATTVÆRSHAVET



Frå Brattværet.

Brattværshavet er avgrensa mot Remman i nord. Hakan var det vestligaste skreimédet, og det tradisjonelle bytet i sør var ved Nova. Brattværingane kom sørøm bytet når dei kom sør for Brattværsrevet. Nordom Taren heiter det Nordhavet og sørøm Taren heiter det Sørhavet - namn som avspeglar lokaliseringa i utrorshavet, for Sørhavet ligg nordvest for sjølve Brattværet. Det var heller sjeldan at brattværingane var utom dette området. Til dette havet sokna òg Storneset, Dyrnes, Råket, Skarpneset og alle øyane som til ymse tider har vore busett.

Utrorshavet er dominert av Brattværstaren og Tunga, som strekkjer seg som eit vidt grunnflak nordvestover frå

MÅL O G MÉD

Skalmen utover i retning Hola, eit grunnflak nordom Taren. Frå Revet kan ein ligga og reka med straumen over dette grunne partiet, eller ein kan gjera det same litt lenger ut frå dei tre tre vestvendte klakkane: Isklakken, Melklakken eller Hysklakken. Den tida det var skrei å få, var det eit godt innsig her, og det var såpass grunt at det var fort og lett å dra opp snøret. Revet og Tunga vart i si tid reservert snørefiskarane. Under skreifisket på ettervinteren låg brattværingane mest på Revet, Tunga og Tunggrunnane. Kanskje kunne dei sjå seg ein tur utover til Kruken eller eit anna méd, men det vart sagt at fann dei ikkje skreia på Tunga, var ho heller ingen annan stad.

A n d e r s b r a d d e n /'aŋərs,brajjn/ B4-1 er ein bratthammar like aust av Flesa og sør for Måholmen i desse méda: Andre hompen på Vardøya unna Måholmen på innersida og Brattværsgelgen heilt atti Måholmfesa på nordsida. Her er det knapt 20 famner djupt og ein tverr hammar.

Mannsnamnet *Anders* /'aŋərs/ er ei nordisk form av det greske *Andreas* og har her til lands vore i bruk sidan 1300-talet. I mange hundre år har dette vore mellom dei mest populære mannsnamna.

Austapå Bakkan /'ästa,po 'bakaj/, sjå neste médet, **Austbakkan**.

Austbakkan /'äst,bakaj/ (Brv) B3-2 har méda Gjelaklakken og Storflesa og Skarpnestuva på Skalssporden. Namnet er eit presiseringsnamn til *Bakkan* og er av ein heimelsmann også kalla *Austapå Bakkan*. Namnet *Nordbakkan* /'nɔ:ṛ,bakaj/ har eg òg notert om same plassen.

Augan /'äuaŋ/ er to plassar:

Auster Auget /'äster 'äue/ B2-3 eller **Ytter Auget** /'ycer 'äue/ har méda Skalmen på Storflesa og Kjerka

B R A T T V Æ R S H A V E T

på Gåsskjeret. Her er det tverrbratt og uer og storsei å få. **Vester Auget** /'væster ɔ̄ue/ eller **Inner Auget** /'in̄er ɔ̄ue/ B2-4 har méda Verken i Langfjellet og Dyrnestuva på Storflesa. Her er det vel 140 meter djupt. Peder Grimsmo nemner 'til småfiske: [...] Ytreauget, Indreauget, [...]’ (Fugelsøy 1962:331). Det verkar ikkje som om ein uttale med berre eitt hovudtrykk blir brukta i dag.

Om appellativet *auge*, sjå s. 90.

Auster Auget, sjå over; **Augan**.

Auster Erskallen, sjå **Erskallan**.

Auster Målsgrunnen, sjå **Målsgrunnen**.

Bakkan /'bakŋn/ B2-5 har méda Gjelakkaksla og Storflesa og Spælhaugan sør på Skalssporden. Her i fråberet unna Taren er det 75-80 famner djupt. Dette er først og fremst eit uersméd no, men før i tida var dette ein longeplass. Om appellativet *bakke*, sjå s. 91.

Ballskjeggbåen /'bałʂæg'bɔ:in/ B4-6 kan ein fiske ved i méda Hattholmen innom Måholmen og stuua hans Daniel Stensønes på nørdsida av Litlballskjeggen. Her er det torsk og hyse.

Banken /'bajcen/ B2-7 har méda Innergården ytst på Langfjellet og Langberget på Skalshaudet. Dette er ein leirbank godt nordaust unna Taren og var driven frå Brattværet. Om appellativet *bank*, sjå s. 92.

Banken /'bajcen/ A3-8 i Sørhavet var driven frå Råket. Méda er Rognklovningen unna innersida av Brattværbsbelgen og enden på Steinsøyneshaugen kjem unna Store Ballskjeggen på nordsida. Botnen her er eit lite berg med sandbotn omkring på om lag 70 meter. Her kan ein få torsk og uer, men plassen er ikkje rekna for noko spesielt godt méd.

MÅL O G MÉD

Bentsbakkan /bænsbakajn/ B3-9 har méda Måholmen og Litlflesa eller Hopakjerka på Gåsskjeret og Vardskjeret i Kolbergtuva (innpå Eineset). Her er det berg i botnen og sei og torsk og uer.

Bent, m. / bænt / er ei nordisk form av det latinske *Benedictus*. Her til lands har namnet vore i bruk frå mellomalderen av.

Berget /bærje/ A3-10 er framhaldet av Erskallan og har méda hammaren på Rognklovningen i Tunningen og Oddabelgen i sørkant av Måholmen. Om appellativet *berg*, sjå s. 94.

Berget /bærje/ B2-11 nord på Brattværstaren, finn ein i méda Verkjen heilt sør på Remskjera og Ballskjeggen austom Belgen. Her er det knapt 40 meter djupt. *Berget* står på SK 40 1980.

Brattværnbruna, sjå **Bruna**.

Breiflua /'brei,fl̩ u:a/ B3-12 har méda Kjerka oppå Brattværbelgen og Litlflesa ute Skalmen. Her kan ein ligga og fiske, og det er vidt og breidt oppå flua, men ho er tverr på yttersida, så ho kan bryte snart. Plassen står på kartet (SK40 1980).

Bruna /brø:na/ B3-13 har méda Haugjegla i ytterkant av Skjerjebåen og Ellingsholmen på Skalshaudet. Her er det ein bratthammar frå 25-60 meter som avsluttar grunnmarka nordom Skalmen og Brattværet. Plassen er ofte kalla **Brattværbron** /'bratvær,brø:na/, sikkert med ironisk referanse til den store banken med dette namnet langt ute på havet.

Bukken /ba:cen/ B3-14 har desse méda: Kjerka i Fonna og Skarpnestuva i Skalssporden. Plassen ligg langt ut i austre fråberet unna Brattværstaren. Plassen er ikkje

B R A T T V Æ R S H A V E T

mykje bruka i dag. Om *bukk* i médnammn sjå s. 123.

Djuphesten / *ju:p,hæstn* / B3-15 er eit grunnskag ut frå Tunga og ligg nordvest for fallet *Hesten*. Plassen er 16 meter djup - og altså *djupare* enn sjølve fallet - og står avmerka på kartet (SK40 1980). Her er det sei og torsk. Méda her er Dyrnestuva attåt Skalmen og Flesen oppi Tonningen.

Dombakkan er det to av:

Nørdre Dombakkan / *nø:r'dom,bakan* / B3-16 har méda Kjerka nordom Belgen og Haugjegla utom Skalmen.

Søre Dombakkan / *sø:'dom,bakan* / B3-17 ligg òg i bakken opp mot Brattværssfallet i méda Brattværssbelgen i Skarpnestuva og Tonningen i Rognklovningen eller Haugjegla unna Skalmen. Her vart det fiska skrei og sei.

Ei heimelsmann sette fram forslaget om at førsteleddet kan skrive seg frå ein *dom* / *døm* / < norrønt *dómr*, m. - i så fall ei *domsavjerd* t.d. på eit høvedmannsmøte. Vi veit at slike møte ofte kom fram til slutningar kring tvistemål om drifta av visse fiskeplassar. Det er likevel ikkje kjent at det har vore tvistemål just på denne plassen. Eit språklig argument mot ei slik tolking er at dette normalt ville ha gitt ei *s-fuge*: **Domsbakkan*. Oluf Rygh (1904:33) forklarer elvenamna Domma ut frå norrønt *dumbr*, adj. 'stum' og meiner namna da siktat til eit rolig elveløp som gir lite lyd frå seg. Dette kan knapt gi meiningsfullt om vi ser det som ei laging av *dun*, m. / *də:n* / til norrønt *dynr*, m. 'drønn, bulder'. Médnamnet kan da siktat til drønnet frå Brattværssfallet når det bryt. Labialiseringa av nasalen kjem i så fall av labialen *b* i samansettinga med *-bakkan*.

Dyrnesgrunnen / *dy:rnes,gru:n* / B3-18 ligg i eit nokså bratt åber på sørvestsida av Brattværstaren. Méda er

MÅL O G MÉD

Brattværssbelgen i sørkant av Slagsøyhaugen og Tonningen på Skalssporden. Dette var ein av plassane der *dyrnesingane* var mest å finne under skreifisket.

Dyrnes / ˘dy:r,ne:s / er gardsnummer 48. Oluf Rygh skriv: 'Vel *Dýranes, af dýr n., Dyr, hvorved her maa tænkes paa Hjort.' (Rygh, NG XIII:465). Jfr. at *deer* på engelsk har fått tydinga 'hjort'. *Dyrnes* kan òg ha fått namn fordi ein har hatt husdyr utpå neset her, men Rygh har trulig rett fordi denne delen av Smøla vart seit busett og lenge låg som veidemark for folk frå Innsmøla. (Jfr. s. 11-12.) *Dyrnes* er i dag ein tettstad med ei god hamn; *Dyrnesvågen*.

Erskallan / e:r,skal:an / er to hausar vestover frå *Berget*: **Auster Erskallen** (Brv) A3-19 som òg blir kalla **Ytter Erskallen**, har desse méda: Oddabelgen i søre kanten av Måholmen og Tonningen i Ytter Einesholmen. Her er det knapt 30 famner og berg i botnen, og her får ein sei og torsk. Seinota vart sett framfor skallen.

Vester Erskallen A3-20, stundom kalla **Inner Erskallen**, finn ein i méda Tonningen i innerkant av Rognklovningen og Oddabelgen i austre kanten av Måholmen eller Brattværssbelgen midt i Vardøya. Her er det knapt 30 famner djupt og kuppelberg. Det er sei og torsk, og det kan hende ein her får kveite på snøret eller vadet.

Førsteleddet *Er(s)-* er vanlig i stadnamn (sjå f.eks. Modéer 1933:219) og er oftast ei kontrahert form av mannsnamnet *Erik*, m. / ˘e:rik / eller *Eirik*, m. / ˘eirk / < norrønt *Eiríkr* som tyder 'agelig hovding'.

Fjella / ˘fjila / er samlenamnet på **Inner** og **Ytter Fjellberget**:

Inner Fjellberget / ˘iner ˘fjil:bærje / B3-21 ligg vest av Totten i méda Tonningen på Frisholmen og Steinsøyneshaugen på austre kanten av Litlballskjeggen. Det er ein hammar og *fjell* i botnen her.

Ytter Fjellberget / ˘ycer ˘fjil:bærje / B3-22 ligg vest av Totten i méda Tonningen på husa på Rottøya slik at dei

B R A T T V Æ R S H A V E T

kjem utom Kjerkjebakkan og Steinsøyneshaugen på austre kanten av Litlballskjeggen. Her er det hammar og *fjell* i botnen.

Mellom Ytter og Inner Fjellberget er det djupt, men ein kan sette line mellom dei.

Om appellativet *fjell*, sjå s. 100.

Flakken /'frækən/ B2-23 har desse méda: Veiaflesa i Tonningen og Litlflesa i Skarpnestuva eller Skalmen i Freikollen. Denne plassen var òg brukta av veiværingar etter skreia. Her er det vel 80 meter djupt. Herifrå er det brukbar botn både sørvestover og austover til Flakkfjellet.

Den vidstrekke botnen er trulig opphav til namnet. *Flakk*-namna fleire stader går attende til ein stamme *flaðk- 'flat', ofte brukta om breie fjordar og flatlende (NSL). *Flak*, n. 'stort lausrive stykke' og *flake*, n. 'luke' går attende til rota *flak og urgermansk *plag 'vera flat' (Torp 1919).

Flakkfjellet /'flakfjɛlə/ B2-24 ligg i méda Veiaflesa i Haugjegla og Litlflesa i Skardsholmen. Plassen er 65 meter djup og ligg litt aust av Flakken (sjå over).

I Nordmøre *Fiskersøge* er det referert eit hovedsmannsmøte den 4. februar 1888, der det blir vedteke at Nordhavet skal vera torskegarnsplass med unnatak av 'Flakfjellet' som skal vera snørepllass (Fugelsøy 1962:225).

Flesapøla /'fresapø:lə/ B4-25 ligg mellom *Flesa* og *Måholmflesa*. Ei av médsamlingane eg har fått, skildrar korleis det blir fiska langsmed heile pøla: 'Auddabelgen paa sør siden av Maaholmflissa og indre kant av Valøyen tar saa nettast borti Maaholmen paa ytre siden, og litt lenger ind saa Valøyen tar godt oppaa maaholmskaget paa ytre siden. Du kan flytte sørover til Bratværbsbelgen tar ataat flissa paa nordre kant der er et rom, og like dan kan du flytte norover paa Valøyen der er hele pølen.' (Médoppskrift av Kristian Aakvik, Råket.)

Flesa /'flesa/ < norrønt *fles*, f. Etymologisk står *fles* i

M Å L O G M É D

avlydsforhold til *flas(s)* og dermed til *flis*, altså 'noko tynt (og flatt) som er avskala', jfr. Torp (1919). Aasen (1873) skriv: 'Fles (Flæs), f. Skjær eller Banke, som kun rekker opp til Vandfladen, og tildeels overskylles. Nordl. Ofte som Stedsnavn.' Slike blindsikjer som Aasen definerer, er ikkje dei mange *flesene* ved Smøla. Definisjonen i NSL passar her betre: 'lågt, flatt skjer (som sjøen gjerne slår over)' (NSL under 'Flatflesa'). Appellativisk bruk av *fles* er ikkje lenger levande i smølamålet.

Flesibakkan / ˘f̥esibakən / B3-26 er fråberet utover frå *Flesen* / ˘f̥esin /, dvs. *Litlflesa* og *Storflesa*. Sjå elles s. 226.

Folafoten / ˘fa:˘la:fə:tən / B3-27er eit grunt parti nordaust av Grunnflua. Oppå er han vid, men tverr på innersida. Her er det mykje åte på sommaren og sei og lyr å få. Plassen står avmerka på kartet (SK40 1980) som viser 8 meters djup. Du finn den langstreckte grunna om du har Rognklovningen attåt Skalmen.

Namnet må spela på lokaliseringa som ikkje er langt frå fallet *Hesten*. Med litt godvilje kan ein seie at grunnskaget som Grunnflua og Folafoten utgjer, er som ein fot ut frå *Hesten*. Namnet er trulig eit noanemne eller omskriving for å unngå å nemne *hest*.

Flua / ˘f̥l̥u:a / B2-28 ligg midtfjords mellom grunnmarka ved Brattværet og Remskjera. Méd her er Kjerka på Gåsskjeret og Hummarskjeret på Storflesa. Her vart det i si tid ofte kasta med sokkenot etter seien. Plassen står på kartet (SK40 1980).

Fluen på Brattværstaren er det tre av:

Inner Flua / ijner ˘f̥l̥u:a / B3-29 på Brattværstaren er 9 meter djup. Eg har berre fått eitt méd: Dyrnestuva på Skalssporden. Plassen er lite bruksa.

Mitter Flua / meter ˘f̥l̥u:a / B3-30. Denne grunnen er 9,5 meter djup og bratt mot aust. Méda er Flesen saman og

B R A T T V Æ R S H A V E T

Kjerkebakkan nordpå Skalmen.

Ytter Flua /'ycer'f̥u:a / B3-31 har méda Leiskjervarden sørpå Litlflesa og Dyrnestuva nordpå Skalmen. På det grunnaste er flua 10 meter. Dette er ein kant der det vart fiska torsk eller sei med runddorg.

Plassen står avmerka på kartet (SK 40 1980) med namnet Flua. Trulig tilsvarer desse fluene det som blir kalla Svartfluen på SK 1791.

Om appellativet *flu*, sjå s. 100.

Greistøet /'grei,stø:e / B3-32 ligg innom og sør for Skalmen. Den eine médlina er Rognklovningen attå Singsskjeret. Dette er ein liten spiss, berre ei båtlengde over, og vanskelig å treffe på. Plassen er eit sommarméd etter torsk, men det er nok rett det ein informant hevda at plassen vart bruka på vegn heim til eit siste forsøk med snøret medan andre i båten nytta høvet til å *greie* (norrønt *greiða*) reiskapen.

Grunnen /'gru:n / C3-33 ligg i bytet mellom Veiværssjøen og Brattværssjøen. I dei seinare åra har veiværingane teke meir over dette området, men før var det brattværingane som gjernast kasta med not etter seien her. På sjøkartet (SK40 1980) står det Grunna.

Grunnflua /'gru:n,f̥u:a / B3-34 austom Revet, er eit 7,5 meter djupt og farlig fall. Flua står avmerka på kartet (SK40 1980). Før i tida vart det bruka søkknot etter seien her.

Utmerkingsleddet i dette og dei neste namna med *Grunn-* viser til *grunnen* som Brattværstaren utgjer.

Grunnholet /'gru:n,ho:le / B2-35 er eit kveitesett nett utom Grunnskaga på Tunggrunnen. Her det ein bratthammar og eit hol. Med straumen kunne ein reka over Grunnskaga. Namnet viser helst til lokaliseringa ved *Grunnskaga*.

MÅL O G MÉD

Grunnskaga /'gruŋ,skɑ:ja/ B2-36 er *skaga* nordst på *Tunggrunnen*. Ein kan kurse rett nord med Belgen i Soltinden, så kjem ein dit. Her er det godt med sei og torsk.

Gursgrunnen B2-37 har eg fått mange og merkelig ulike uttalevariantar på: /'gʊ:rs,gruŋ/, /'gʊ:ris,gruŋ/, /'gʊ:r ʊs,gruŋ/, /'gʊ:rsʊr,gruŋ/. Ein informant hevda uttalen /'ga:dus,gruŋ/, men dette var etter hans private etymologisering ut frå teorien om at u-leddet måtte vera latin *gadus* 'torsk'! På SK 40 (1980) står 'Gallusgrunna'.

Méda er Belgen i Tinden og Bedehuset på Brattværet i Skalshaudet eller Vassalvoret i Skalshaudet. På det grunnaste er berget 30 meter. Det er noko vanskelig å treffe sjølve nuten på berget, som berre er ein liten skolt. Plassen ligg heilt nordst på Brattværstaren.

Den svært vaklande uttalen gjer det vanskelig å dele opp namnet i enkeltledd. Særlig gjeld dette den evt. fuga. Framleggjett mitt er at utmerkingsleddet kanskje er norrønt *gaurr*, m., jfr. nyislandske *gaur*, m. 'stong, grov nål, langt rekel' og *gaura*, f. 'stoppenål' (Blöndal 1922), jfr. òg nynorsk *gaura*, v. 'vokse for raskt opp' (Ross 1895). Når vi veit at lokaliteten berre er ein spiss nut, kan dette høve godt reelt, men ei tolking gjort på så vaklande målføreuttale, må vi rekne som svært usikker.

Hakan /'ha:kaj/ B3-38 har desse méda: Halve Rognklovningen unna Skalshaudet på nordsida og Brattværssbelgen i Steinsøyneshaugen. Botnen her har form som to knollar. Dette er det vestligaste skreimédet på Brattværssjøen.

Namnet må komma av *hake*, m. /'ha:ka/ 'hake, krok', som hører til dei substantiva i hankjønn som går tilbake på gammal oblik form og som får endinga /-ɔŋ/ både i b.f. eintal og fleirtal: /'ha:kaj/. Anten er det forma dei to knollane utgjer som er *haken*, eller så må det vera tenkt på lokaliteten som ein krok eller hake ut frå sjølve Taren. Under gardsnamnet Hageland diskuterer Rygh først

B R A T T V Æ R S H A V E T

mannsnamnet Haki og held så fram: 'Ved enkelte Navne, som nu begynde med Hake-, kan man imidlertid tänke paa et Fællesord *haki m., en Krog, som vel ikke kan paavises i Oldnorsk, men maa være et gammelt Ord i Sproget.' (NGIX:39). Finn Myrvang (1982:78) nemner frå Lofoten Hakan, som er ein fjellformasjon med tre hakk i.

Halsbåleia / haʂbø̯lɛia / B4-39 kan ein bruke til å dra hyse i médet Oddabelgen og Brattværbsbelgen i saman når ein ligg i sjølve leia.

Hausan er det to av:

Inner Hausen /'iner ɔ̄hæusin / B3-40 ligg nett utom Taren og har méda Brattværbsbelgen i vester skaget på Ballskjeggen og Kjerkebakkan nordst på Skalmen. Plassen er ein *berghause* der det er vel 20 meter djupt.

Ytter Hausen /'ycer ɔ̄hæusin / B3-41 ligg i méda Bedehuset på Brattværet på nordsida av Skalmen og Brattværbsbelgen i aust skaget på Ballskjeggen. Dette er ein relativt liten grunne på 24 meter. *Hausan* står på SK 40 (1980).

Om appellativet *hause*, sjå s. 103.

Hesten / ɔ̄hæstn / B3-42 er eit fall i méda Veiværfsfyrer oppå Litlflesa og - om ein skal gå klar på austsida - Dyrnestuva godt unna Skalmen. Utom sjølve fallet kan ein ligge og dra i smult vêr.

Dette er nok det farligaste av alle falla rundt Brattværet. Det ligg nær leia og fell såleis godt inn i mønsteret Hovda hevdar er typisk for lokalitetar med dyrenemne i skjergarden: Dei ligg nær ferdsleleiene og er jamt over farlige. (Hovda 1941:9. Jfr. òg médet *Svartoksstøet*.) Hovda knyter elles denne namneskikken til dei tabuførrestillingane som har vore kring dyrenemne på sjøen. (Jfr. Solheim 1940.) Enno kan ein informant minnast at eldre fiskarar unngjekk å nemne fallet *Hesten* med namns nemning.

Hestmédet / ɔ̄hæst,me:e / B3-43 er ein stett i méda

MÅL O G MÉD

Storflesa i Tonningen og Skarpnestuva i Skalssporden.
I søraust ligg fallet *Hesten* (sjå over).

Hoparevet / *hø:pɑ:ræ:ve* / B3-44 er noko lenger aust enn Råkarevet i médet Rognklovningen i Skalssporden. Det andre médet har eg ikkje fått oppgitt. Her låg *hopaværingane* etter skreia.

Hopen / *hø:pen* /, gnr. 55. Namnet er frå norrønt *hópr*, m. som tyder 'lita, helst innelukka bukt'. 'Her danner et Par Øer en trang, indelukket Bugt.' (Rygh, NG XIII: 466). Denne bukta er hamna på *Hopen*.

Hysklakken / *hy:skla:cen* / B3-45 finn ein ved å méda Brattværbsbelgen i Soltinden eller Brattværbsbelgen mellom Måholmen og Ballskjeggen og Flesene mesta isaman. Han står på kartet (SK40 1980). Klakken er vel 10 meter djup og avlang mot nordaust. Han er lengst ut av dei tre klakkane - Hysklakken, Melklakken og Isklakken - som til saman utgjer eit vidt flak ved Brattværstaren.

Vi må helst sjå førsteleddet i namnet som ei forvansking av superlativforma *ytst*. På eit kart frå 1791 (SK 1791) finn vi, nokså nær rett plassert, namnet 'Ytstklakken'. Det er lett å fatte at ei nærmast umulig opphoping av konsonantar har ført til bortfall av ein klusil. *H*-en er vanskeligare å skjonne. Det fins elles ikkje vitnemål om halvemål på Smøla. Mest nærliggjande er det å tru at fiskenamnet *hyse* / *hy:s* / har vorte tolka inn i namnet og såleis påverka uttalen, men på ein typisk klakk som denne, får ein bestemt ikkje *hyse*.

Inner Auget, sjå **Augan**.

Inner Erskallen, sjå **Erskallan**.

Inner Fjellberget, sjå **Fjella**.

Inner Flua, sjå **Fluen**.

Inner Hausen, sjå **Hausan**.

B R A T T V Æ R S H A V E T

Inner Revbakkan, sjå Revbakkan.

Inner Rebåflua, sjå Rebåfluen.

Isklakken / ̪i:s,k̪a:cen / B3-46 har méda Ellingsholmen sørøm Skalssporden og Brattværsbelgen mellom Måholmen og Ballskjeggen. Denne er på vel 10 meter og er den sørligaste av dei tre klakkane. Han står avmerka på kartet (SK40 1980).

Førsteleddet skriv seg trulig frå superlativet *inst.* Konsonantoppfoping og følgjande bortfall av konsonantar har gjort at namnet i dag ikkje er gjennomskodelig i brukarkrinsen.

Ivaskallen / ̪i:v̪a,skalɪn / A3-47 har desse méda: Rognklovningen på Tonninga og Oddabelgen i Gjelbergshaugen. Skallen er om lag 140 meter djup.

Ivar, m. / ̪i:var / < norrønt *Ívarr*, kanskje ei sideform til *Yngvar*. Namnet var vanlig i heile mellomalderen og var mykje nytta på 1700-talet, da med eit visst tyngdepunkt i Oppland og i Møre og Romsdal. Mange stader har uttalen vore *Iva*, og det er trulig denne uttaleforma som ligg føre i dei to médnamna med dette førsteleddet.

Ivasklakkan / ̪i:vas,k̪a:kən / B3-48 har méda Belgen ei seglbreidd aust av Ballskjeggen og Nørd Skarpnestuva i søre kanten av Stabben eller Tossholmlykta i sørkanten av Skalmen. Her er det ujamn botn på 12-15 famner i hallet austover mot Smoksbåen. Plassen er ikkje mykje bruka.

Førsteleddet i namnet er trulig mannsnamnet *Ivar*, sjå over.

Kassibåen / ̪kasi,bɔ:in / C3-49 Her kan ein drive småfiske, og i det gode skreiåret 1993 vart det rapportert at ein faktisk fekk skrei rundt båen heilt her inne. Rundt denne båen er det også noen gode hyselinesett.

Her er det at Kassandra Echoff frå Veiholmen skal ha segla seg opp (på slutten av 1800-talet). Ho bar

MÅL OG MÉD

kortnamnet *Kassi*. *Kassandra* er eit gresk namn som er svært lite brukta, og det er òg kortnamnet *Kassi*. NPL vil ha det til at *Kassi* trulig kjem av Kristine, men det er altså ikkje tilfelle her.

Kjelen / ˘çe:ln̩ / B3-50 er ein grunne som går ut ifrå Smoksbåane. Utfor sjølve grunnen kan ein dra fisk, og om sommaren kan ein sette lyrgarn her. I médet Haugjegla på Litlflesa kjem ein i ytterkant av sjølve grunnen.

Ein kunne tenkje seg at namnet kunne ha opphav i at brottet kokar som i ein *kjel*, men informantane meinte at dette ikkje var tilfelle. Trulig er det forma på ein *kjel* som ligg attom namnet på grunnen, sjølv om informantane hevda at det ikkje var noko særpreg slik som ein *kjelform* på berget.

Kjelda / ˘çe:λɔ / B2-51 har méda Litlflesa i Ytter Skarpnestuva og Veiaflesa i Kjeldskaret. Her, like nordom Flakken og Skreiseta, fell botnen brått ned til 170 meter. Dette er eit godt uersméd.

Frå Skudesneshavet har Per Hovda eit samansett médnamn med *-kjelda* som han meiner må sikte til at plassen er djup (Hovda 1961:309). *Kjelde*, f. / ˘çe:λe / < norrønt *kelda*, f. 'brønn, oppkomme' er ei avleining av norrønt *kaldr* (Torp 1919). Reelt passar denne tolkinga på *Kjelda*.

Kleiva / kɻε:vɑ / A4-52 fekk eg denne skildringa av: 'Det blir som eit djuphol austfor, og når det ber mot Rebåen, så blir det grunt igjen, så det er som ei *kleiv* borti der. Og nedi *Kleivahølet* er det ikkje anna enn hågjel å få. Elles er *Kleiva* ein bra kveiteplass.' *Kleiva* er to berg på ca. 30 meter med eit djupsund på 50 meter mellom seg. Det har ikkje lyktest meg å få méda på *Kleiva*, men plassen står på det nyaste kartet (SK 40 1980).

Om namnet, sjå *Kleiva* (Vh).

Klokkarskallen / ˘kɻɔkar,skaln̩ / B2-53 har desse méda: Kjerka i Storgåsskjeret og Litlflesa mellom Skalmen

B R A T T V Æ R S H A V E T

og Skalsskjerdinga. Her er det knapt 40 meter djupt, og mot vest er det nokså bratt.

Noen tradisjon om korfor førsteleddet er *klokkar* < norrønt *klokkari*, m., har eg ikkje komme over. Vi må tru namnet kjem av at ein *klokkar* har oppdaga eller brukta denne plassen eller at det har funne stad ei hending med ein *klokkar* her. Den første forklaringa held eg for den mest sannsynlige.

Konten /'kœ̃nɔ̃/ B3-54 ligg like ved og nord for Litlflesa. Skallen er 7 meter djup og står avmerka på kartet (SK40 1980). Rett utom skallen er det godt med torsk, men når det er straum, er det lett å sette fast pilken. Det er eit godt garnsett oppå her. Méd er Munkholman og Litlflesa, og for å komma utom han skal ein ha Brattværsgelgen utom Skalmen. Her bryt det når det er litt sjø.

Det er ganske vidt oppå sjølve skallen og ganske tvert på alle sider. Forma gjer at namnet må vera eit jamføringsnamn med ein *kont* / kœ̃n / 'behaldar laga av never', også kalla ein *neverkont*. Dette er ord som er kjent og brukta i målføret. Ordet er etter Hellquist (1922) lånt inn i norsk og svensk frå finsk *kontti*. Jfr. òg Norsk ordbok, setelarkivet.

Kroken /'krœ̃:cen/ B2-55 har méda Veiaflesa i Tonningen og Måholmen på Skalssporden. Her, like ved Flakken og Skreiseta, er det 80-90 meter djupt.

Namnet må komma av *krok*, m. / krœ̃:k / < norrønt *krókr*, m. Ifølgje Rygh (Indl.:62) kan ordet i stadnamn anten skildre ei krumming eller bukt i ein formasjon, eller det kan fortelja om avsides lokalisering. *Kroken* ligg nokså sentralt i ei gammal skreimark, så høgst sannsynlig har namnet opphav i eit skag eller ein innsving i botnen. Eg har ikkje greidd å få stadfesta om dette er tilfelle.

Kruken /'krœ̃:cen/ B2-56 har desse méda: Dyrnestuva i søre kanten på Skalmen og Brattværsgelgen mellom Kruksøya og Måholmen, eller ein kan gå litt lenger nord til

MÅL O G MÉD

ein har Kjerkebakkan på Skalshaudet. Dette skreiberget nordvest av Brattværstaren er av dei ytste méda i Brattværshavet.

I *Nordmøre Fiskersøge* referer Fugelsøy (1962:257) frå eit møte på Brattværet i mars 1892 der garnfiskarane blir nedstemte når dei vil reservere *Kruken* for garndrift.

Namnet kan ha fleire mulige opphav. Vi skal sjå på dei kompliserte forholda kring namnet.

1. *Kruken* kan skildre botnforholda på staden. Eg har ikkje andre realopplysingar frå staden enn at botnen er et ganske vidt, vanlig berg. Aasen (1873) skriv: 'Kruk, m. En som gaar kroget eller meget nedbøjet.' På Shetland tyder substantivet *kruk* (av norrønt *krókr*, m. 'krok, krumming' og 'den øverste del af ryggen på et (slagtet) kreatur' (Jakobsen 1921). Dette jamfører Jakobsen med nynorsk *kruk*, m. og uteier eit opphavlig **kruk* eller **krúk* (*ibid.*).



Kruken på Brattværret.

B R A T T V Æ R S H A V E T

Innhaldet i dette må vera 'krumming eller eitkvart framskote'. I og for seg kan dette hove på eit skreiberberg, men ikkje meir på *Kruken* enn på andre grunnar.

2. Ei gammal stue på Brattværet er kalla *Kruken* /'krø:cen/. (Jfr. Dahlstedt 1972:97.) Det kan vera folk herifrå som har funne eller drive médet *Kruken*. Plasseringa av denne stua kan ein seie ligg i ei *krumming* som nordkanten av Ålvoret dannar, og kan ha etymologien som nemnt under punkt 1.

3. *Kruken* médest mesta borti *Kruksøya* /'krø:ksø:yə/ og kan ha namn etter øya. Eg kjenner ikkje det kronologiske tilhøvet mellom stua *Kruken* og øynamnet *Kruksøya*, men det ville vore merkelig om ikkje dei to namna hadde noko med kvarandre å gjera.

4. Plasseringa av skreiberget *Kruken* i ytterkant av Brattværstaren kan vera assosiert med plasseringa av stua *Kruken* mellom husa på Brattværet. *Kruken* ligg noko for seg sjølv og nördst av stuene på sjølve været.

Eg vil ikkje ta noko fast standpunkt kva av desse mulige opphava som er det rette, men ut frå annan namngivingspraksis på méd vil eg tru punkta 2 og 3 er dei mest sannsynlige.

Kråkfallet /'krɔ:kfałe/ B3-57 er eit sommarméd etter torsk. Oppå fallet er det berre ei famn. Ein er utom det om ein har Ytter Skarpnestuva innom Kjerkjebakkan. Plassen står avmerka på kartet (SK40 1980).

Like ved i sør ligg *Kråksjera*.

Kvammamédet /'kvamme:me:e/ B3-58 ligg i åtberet på austsida av Brattværstaren i méda Langberget nordpå Skalmen og Storflesa i Tonningen.

Kvammen /'kvamen/ er namnet på ein familie som tidligare budde på Kalvøya nordom Dyrnes. Karane herifrå har trulig drive plassen og kanskje òg funne han.

Landet /'la:ne/ B2-59 har desse méda: Verken på Veiholmen ytst på Tonningen og Langberget nord på

MÅL O G MÉD

Skalmen. Dette er eit uersméd og ein seigrunn på 160 meter, temmelig langt ute.

I namnet *Landet* vil eg hevde det ligg noko av same innhaldet som i *Landsbakkan* i Oddahavet. Sett ein fast snøret i ein hammar i fråberet unna i ei grunmark eller fastlandet, kan det bli sagt at 'snøret rente seg fast i landet'. Så langt ut som *Landet* ligg, må innhaldet i namnet helst vera noko slikt som 'det ytste åtberet mot land'.

Longdjupet / ́lɔŋju:pe / B3-60 er eit særskilt djupt hol rett ut og nord av Hesten. Det er over 150 meter ned i djupet her, og ein treffer det i méda Hopakjerka på Litlflesa og Langberget ei båtlengde unna Skalshaudet.

Longe, f. / lɔŋ / < norrøn *langa*, f. (*lota molva*) har opplagt namn etter skapet, som er svært smal og langstrekt. Denne torskefisken held til på djupt vatn og er mest teken med line. *Longa* blir i likskap med ueren rekna for vanskelig å treffen på, og det blir fortalt om korleis gamle fiskarar kunne finnmede på *longeméda* sine og gjerne ta seg ut ei tredje médline inne i landet for å vera heilt sikre. Men dette var før i tida. 'No finns ho mesta ikkje lenger, *longa*', er eit omkved ein ofte hører av fiskarane.

Maridalsmédet / ́maridæ,me:e / B3-61 har desse méda: Tossholmlykta litt oppå vester kanten av Skalmen og Nørdre Skarpnestuva jamndrege med Stabben.

Namnet er ikkje eldre enn at namngivaren (Daniel Dyrnes) døydde berre for få år sidan. Namnet, fortalte han meg, gav han etter *maridalskarane* som brukta dette médet støtt.

Maridal / ́mari,da:ɿ / er ein familie som no hører heime på Råket, men som om lag 1900 kom flyttande til Vardøya frå Maridal på Ertvågøya i Aure (Fredly 1998:568).

Martenseta / ́martn,se:tɔ / B2-62 er ein plass eg ikkje har fått oppgitt noko méd på, men Peter Grimsmo opplyser at 'Martinseten' ligg ved Kruken og Skallen og

B R A T T V Æ R S H A V E T

utom Grunnan (Fugelsøy 1962:333). Somme av heimelsmennene mine hadde hørt om plassen og kunne bekrefte uttalen. Dei visste han skulle ligge noko nordaust av Tunga, men plassen blir ikkje bruka i dag, og ingen visste méda.

Marten, m. */ ~martn / nyare / ~mørtn / eller / ~martin /. *Marten* er ei sideform av *Martin* som igjen er ei forkorta form av latin *Martinus*. Rundt 1900 og i mellomkrigstida var *Martin* eit populært namn.

Mefjordbåen / ~me:fjør:bø:ijn / B2-63 har méda Verken i ytterkant av Langfjellet og Dyrnestuva i austkant av Andholmen. Plassen står avmerka på SK40 (1980) under namnet 'Båen'. Han er 2 meter djup. Rundt båen kan ein drive med lyrgarna. Her kunne det òg vera veiværingar.

Me- kjem av norrønt *mið-* som tyder 'den midtre'. Båen ligg *midtfjords* mellom Storflesa og Remman.

Melklakken / ~me:lkracen / B3-64 ligg rett ut eller nord for Isklakken i méda Litlflesa i Tonningen og Melklakktuva (høgaste haugen på Litlneset) på Skalssporden. Grunnen står avmerka på kartet på 8,5 meter (SK40 1980), og han er avlang i nordaustlig retning. På kartet frå 1791 (SK 1791) står namnet Meelklakken, men plasseringa er ein god del for langt nord. No er dei mest moddméd, men før var folk utpå klakkane her etter seien med søkkjenot.

Førsteleddet i namnet er ei kontrahert form av det norrøne adverbet *medal*, som viser til lokalisinga mellom Isklakken og Hysklakken. Med same opphav har vi i målføret f.eks. *mela*, f., b.f. eintal / ~me:lɔ / 'det midtre rommet i ein båt'. (Jfr. òg Meldal og Melhus i NSL.)

Mikkelrommet / ~mekel:røme / B4-65 ligg sørvest av Simåsøya i méda ein liten knoll oppå Otterholmhusa og Oddabelgen unna Flesanubben (nord på Måholmflesa). Her er det om lag 15 famner djupt.

Ein informant mintes *Mikkel* / ~mekel / som var

MÅL O G MÉD

oppavet til médnamnet. Han var kjent som ein særskarpsynt mann og levde enno på 1920-talet.

Om namnet, sjå *Mikkelsegga* (Od).

Mitter Flua, sjå Fluen.

Målsgrunnen /'mɔ:s̥gru:n/ er ei vid grunne. Ho står på kartet (SK40 1980).

Auster Målsgrunnen /'äster 'mɔ:s̥gru:n/ A3-66 har méda Rognklovningen unna Belgen på innersida og Litluva (innmed Tjønnøya) unna Litbelgen på nørdsida. Her er det sei og torsk og 14 famner djupt på det grunnaste.

Vester Målsgrunnen /'væster 'mɔ:s̥gru:n/ A3-67 er den vestre taren av den vide Målsgrunnen, og her kan ein bruke same médet som på Nova; Steinsøyneshaugen på Litballskjeggen, og så kan ein ha Belgen oppi Nørdre Vardøya. Lenger innpå grunna kan ein ha Rognklovningen innom Belgen. Her er det 13 famner og sei og torsk.

Namnet må ha opphav i norrønt *möl*, f. 'banke av småstein'. Jfr. Målen på Gjemnes (Hoel 1949:84).

Naustbakkan /'näst̥bakkan/ A3-68 ligg i méda Oddabelgen i søre kanten på Gjelbergshaugen og Brattværbsbelgen i Grønnhaugen. Informantane opplyser at dette er ein rygg med tverre sider, slik at han minner om eit *nausttak*.

Nordbakkan, sjå Austbakkan.

Nova /'nɔ:və/ A3-69 har méda Steinsøyneshaugen på Litballskjeggen og Oddabelgen i Kråkhaugen. Dette er ein hammar som dannar ytre kanten på Målsgrunnen.

Nov, f. /'nɔ:v/ < norrønt *nøf*, f. 'hjørne'. I stadnamn blir tydinga utvida til å jamføre fjellformasjonar som kan minne om eit hjørne på eit hus. Lokaliteten det her er tale om, er eit skag som stikk ut frå ei større grunnmark, dette er sikkert grunnlaget for namnet. Likevel skal vi merke oss

B R A T T V Æ R S H A V E T

at *Nova* var rekna for bytet mellom brattværingar og 'synnågardingane' og at namnet såleis kan ha opphav i *nov* i ei meir overført tyding, som 'hjørne i Brattværssjøen'.

Nøkkelhausen / *nøkeļ häusij* / B2-70 ligg i méda Ungdomshuset på Veiholmen i Kjeldskaret og Hattholmen på Litlflesa.

Det vanlige opphavet til namn med *nøkkel* er frå norrønt *mikill*, adjektiv, 'stor'. Plassen er i dag lite brukta, og det har ikkje lyktest meg å få realopplysninga om lokaliteten, så denne tolkinga må ein sjå på som usikker.

Nørdre Dombakkan, sjå **Dombakkan**.

Pallstøet / *pålstø:e* / B3-71 ligg mesta heilt oppi brottet på Søre Stavveitsfallet. Méd er Rognklovningen innom Oddabelgen og Nørdre Slaksøyhaugen unna Måholmen på sørsida. Her er det torsk og hyse.

Utmerkingsleddet er *pall*, m. / *pål* / < norrønt *pallr*, m. 'jamt høgdedrag' og myntar trulig på åtberet mot fallet.

Pøla / *pø:ļɔ* / B2-72 finn ein i méda Kjerkebakkan i Skalssporden og Belgen mellom Måholmen og Ballskjeggen. Herifrå kan du reka nordover langs djuprenna som utgjer *Pøla*. Renna er djup og lang i nordaust-sørvest-retning.

Om appellativet *pøle*, sjå s. 107.

Pøyta / *pøyta* / B2-73 ligg i méda Litlflesa i Rognklovningen og Verkjen i skaret på Langfjellenden eller Hilbåstøtta på Skalssporden. Plassen er eit djuphol med dybotn der det før i tida vart fiska longe. No er plassen brukta etter uer.

Topografien i botnen gjer at vi høgst trulig har å gjera med eit ord Aasen (1873) har: 'Pøyta, f. Pyt, Søle, Mudderpøl. Sdm. og flere.' Torp (1919) ser ordet som avleidd frå *pytt*, m. < norrønt *pytr*, m. 'vasspytt' og sett det i samband med m.a. angelsaksisk *pytt*, m. 'jordhol, brønn, dam', jfr. engelsk *pit*. Eg har elles ikkje komme over

MÅL O G MÉD

ordet i bruk om hol eller søkk i sjøbotnen. I målføret er vanligvis *pøyte*, f. / *päyt* / *bruka* om vasspyttar.

Pålsbakkan / pɔ:sbakən / B2-74 like aust av Kroken, har desse méda: Kløftøya ved Måholmen på Skalssporden og Veiaflesa i Breiskaret eller Haugjegla i Tonningan og Verken i Hitterenden. Botnen hallar her mot nord frå 90-120 meter. Plassen er eit longeméd.

Førsteleddet i namnet er mannsnamnet *Pål* / pɔ:l / < norrøn *Páll*, som er ei norsk form av latin *Paulus*. På 1700-talet var namnet mykje nytta, men gjekk noko tilbake først på vårt hundreår.

Rebåfluen er det to av:

Inner Rebåflua / 'iner ̥ re:bɔ:fɻu:a / B3-75 er 4,7 meter på det grunnaste og ligg straks sør av *Rebåen*. For å gå innom flua skal ein ha Hitterenden innom Brattværet. På flua er det torsk og lyr.

Ytter Rebåflua / 'yter ̥ re:bɔ:fɻu:a / B3-76 ligg sørvest av *Rebåen* og er 6-7 meter djup. For å gå vestom flua skal ein ha Dyrnestuva på Baskjeret. Når det ikkje bryt er dette moddemark om haustane.

På SK 40 (1898) står avmerka i. og yt. Rebbofl.

Avstanden til *Revet* er omlag tre km, og det er for langt unna til at dette médnamnet kan ligge i utmerkingsleddet i båenamnet. *Ytter* og *Inner Rebåen* er begge langstreckte grunnar nordaust - sørvest. Dette gir grunn til å tolke førsteleddet i namnet på same vis som i *Rebåflua* i Oddahavet (sjå dette).

Remberget / ̥rem,bærje / B2-77 har méda Kjerka på Brattgåsskjeret og Måholmen på Singsskjeret. Berget ligg i eit nokså bratt fråber nordvest av Mefjordbåen i sørrenden av *Remman*.

Remman / ̥remjan / er eit områdenamn som inkluderer *Remskjera* og *Remtaren*. På SK 1791 er det skrive Reiman. Denne skrivemåten med diftong har halde seg heilt til siste kartet (SK 40 1980). Uttalen vitnar om at denne

diftongen må vera ei feilrestituering.

Til saman dannar *Remtaren* og *Remskjera* ein eineståande fin bølgjebrytar som må seiast er ei forutsetning for at det kan bu folk på Veiholmen. Det er nærliggjande å tenkje seg at denne livsviktige funksjonen dannar grunnlaget for namnet *Remman*. Frå Sunnmøre fortel Olav Fjørtoft at dei har eit ord for forma på sjøen når eit fall skal til å bryte. Dei talar da om at fallet *remmar* (Fjørtoft 1950:49). Verbet står trulig i samband med færøysk *rembingur*, m. 'svær bølgjegang' som Torp (1919) meiner muligvis er i slekt med adjektivet *ram* < norrønt *ram(m)r* som m.a. tyder 'sterk'. Eit verb frå Nordmøre, *remme* 'bringe i klemme', vil Torp stille saman med m.a. angelsaksisk *hremman* 'hindre' og hollandsk *remmen* 'bremse' (ibid.). Desse orda, som mykjegodt kan førast tilbake til ei grunntyding 'sterk' (de Vries 1961), kan alle gi innhald til namnet *Remman*, om ein tenkjer på den viktige rolla lokaliteten har spela som bølgjebrytar, ei rolle folk på Veiholmen nok til alle tider har vore klar over og har verdsett. Likevel held eg den mest nærliggjande forklaringa til toponymet å ligga i forma på lokaliteten, ikkje i funksjonen. Etter alt å dømme er namnet ein parallell til fleire likelydande gardsnamn som skriv seg frå norrønt *rimi*, m. 'langstrakt Forhøining, Jordryg eller Bjergsryg' (Rygh, Indl.: 70). Dette skildrar just det Remman er; ei diger samanhengande grunnmark av skjer, fluer og fall, langstrekta i nord-sør-retning. Slyngstad fortel frå Sunnmøre at der er ei feminin form *rim* enno levande i målføret, og i skjergardsnamn har han funne dette substantivet nedfelt i namn på eit par grunne ryggar (Slyngstad 1951:137).

Revbakkan er to ulike fiskeplassar:

Inner Revbakkan /'iŋer ̥reb,ákqŋ/ B3-78 ligg i méda Tonningen på Skalssporden og Brattværbsbelgen i Slagsøyhaugen. Dette er sørkanten av åtberet mot *Revet* (sjá dette).

Ytter Revbakkan /'ycer ̥reb,ákqŋ/ B3-79 eller **Vester Revbakkan** er òg i åtberet mot *Revet* og ligg i méda

MÅL O G MÉD

Tonningen på Skalshaudet og Brattværstaren i Slagsøyhaugen. Her er det mest bruuka line.

Revet /'ræ:ve/ er same plassen som **Råkarevet** (sjå dette). På SK 40 (1980) står *Revet* avmerka.

Om appellativet *rev*, sjå s. 108.

Rubben /'rø:bɪn/ B2-80 austom Brattværstaren, har méda Langberget på Skalssporden og Storflesa i Gjelaklakken. Dette er eit vidt område der ein får uer og sei og som passar til linedrift.

Informantane seier at plassen er ein 'bergrubbe', som ber raskt av på nordsida.

Om tydinga av namnet, sjå *Rubben* (Od).

Rusbåan /'ru:s,bo:an/ B4-81 kan ein ligge vestom i médet Karlsholmen over Søre Kjukbåskjeret. Her er det torsk.

Om namnet, sjå *Rusbåen* (Od).

Råkarevet /'rɔ:kɑ,ræ:ve/ B3-82 også kalla **Revet**, er eit godt skreimé på 20-30 famner i méda Hitterenden på Skalssporden og Brattværstaren på Slagsøya. Revet var i si tid freda for line. For det meste låg det *råkaværingar* her under skrifisket. Namnet 'Revet' på kartet (SK40 1980) viser det grunnaste partiet lengst aust.

Råket /'rɔ:çe/ er gnr. 44. Denne tettstaden er ein gammal plass under Dyrnes. Namnet kjem av norrønt *rák*, n. 'Vei, hvorpaa Kvæg drives, Havnegang' (Rygh, NG XIII:465).

Råsskjerspøla /'rɔ:ʂærs,po:łɔ/ B3-83 er ein i søkant av i médet Tonninga oppå Råskjeret. Her er det hyse og torsk. Plassen ligg tett sør for *Ytter Råskjeret*.

Råsskjera /'rɔ:ʂæra/ ligg på kvar side av pøla eller *råsa* som går inn mot Råket. Om *rås*, sjå s. 110.

Skallen /'skałin/ B3-84 ligg i méda Brattværstaren i

Soltinden og Roklakken nordpå Skalmen. Dette var eit godt skreiberg før i tida. Som ein informant sa det: 'På Skallen og Grunnskaga, det var der dei fann opp skreia!'.

Om appellativet *skalle*, sjå s. 112.

Skatbåskallen / ɔ̄skatbɔ:skaljɪn / B3-85 ligg nord av *Ytter Skatbåen* slik at du har Ballskjeggen oppå Skatbåen. Like ved ligg *Skatvingen* (sjå under).

Skatvengen / ɔ̄skatvɛneŋ / B3-86 er eit skag i fråberet av *Skatbåen*. Méd er Rottøyhusa på knollen på Skatbåen og den første Tuva unna Oddabelgen.

Inner og *Ytter Skatbåen* / ɔ̄skatbɔ:iŋ / er eit par blindskjer lengst ute i fallgarden. På SK 1791 står Skatboan rett plassert. Trulig har førsteleddet her opphav i *skat*, n. eit ord som Gustav Indrebø har gjort greie for i skjergardsnamn (Indrebø 1929:218-219). I Oslofjorden har han registrert denne bruken av *skat*, n. 'ein slaggrunn som lagar seg ifraa det ytste paa ein odde', 'ein lang grunne som gjeng ut fraa ein odde eller eit skjer'. Ei maskulin form med liknande tyding fins òg i skjergardsnamn (ibid.). Såleis har Klæboe (1975:103) funne namnet Skata tre gonger som litt breie nes som endar i ein lang, smal spiss. I ordbökene er *skat(e)* oppført i alle genus og med noko ulikt innhald, men ofte er det mulig å føre innhaldet tilbake til ei grunntyding 'springe fram', jfr. òg appellativet *skag*, n. (sjå s. 112). (Jfr. Torp 1919 og de Vries 1961.) Reelt er dette eit tydingsinnhald som svært godt skildrar lokaliseringa og topografien til *Skatbåen*: Han ligg aller ytst av grunnane i området og kan trygt seiast å vera eit framhald eller utspring vestover frå Belgen.

Fiskarane som har vore informantane mine, meiner førsteleddet må vera fiskenemnet *skate*, m., sjølv om området ikkje nettopp framhever seg som ein plass der ein får mykje av denne fisken. (Etymologien til dette fiskenemnet er den same som til *skat(e)*, n., jfr. den lange, smale halen på fisken (Torp 1919)). Lydmessig og reelt er denne tolkinga fullt mulig, og trulig er namnet *Skatvengen* gitt ut ifrå ei slik tolking. Namnet jamfører såleis skaget ut

MÅL OG MÉD

frå båen med forma på ein *skatevenge*. Heilt fram til det nye, omarbeidde sjøkartet der namnet er skrive 'Skatvengen' (SK 40 1980), har sjøkarta skrive 'Skatbovingen' (jfr. t.d. SK 36 1881). Utan at vi skal leggje for mykje vekt på namneverket på dei gamle sjøkarta, kan likevel dette vera eit primært jamføringsnamn, men at det er et sekundært og elliptisk ut frå **Skatbåvengen*. Er dette tilfellet, har etymologisering ut frå fiskenemnet gjort at -*bå* har falle bort i utmerkingsleddet.

Skjerjebåflua / ɔ:særjebɔ:fɻu:a / B3-87 har méda Singskjeret utom Flatbelgen og Måholmen i sørrenden på Slagsøya.

Om dette namnet og det neste, sjå *Skjerjebåflua* (Ram).

Skjerjebåpøla / ɔ:særjebɔ:pø:lɔ:/ B3-88 har méda Skalssporden unna Flatbelgen på nordsida og Greffstua på ytter skaget på Inner Hummarskjeret. Her er det torsk og hyse.

Skreiseta / ɔ:skrei;setɔ / B2-89 ligg i méda Skalmafyrret i austerkant på Freikollen og Verkjen i Hitterenden. Her er det vel 90 meter djupt. Berget ligg berre 20 meter nordvest for Flakken. Alle berga vestover frå Flaksbåen er gamle, kjente *skreiberg*. Her låg det ofte veiværinger også. Dette er enno rekna for eit viktig og godt méd.

Sjå også *Skreiaren* (Od).

Spælen / spe:lɛn / B3-90 på austsida av Brattværstaren, har méda Verkjen i Inner Hitterenden eller Kjerka godt utom Storflesa og Skalshaudet i Speltuven sørøm Langberget. Plassen er ei lita tunge, 70-80 meter djup, som stikk ut frå Taren.

Namnet assosierer lokaliteten med *spæl*, m. / spe:l / 'kort hale'. Ordet har opphav i norrønt **sperill* med ei rot som ein også finn att i *spord*, m. (Torp 1919).

BRATTVÆRSHAVET

Staurhaugmédet / ́stærhǽug,me:e / A3-91 har utheta Fonnarumpa ei døropning innafør Skarpneshaugen eller Brattværsgelgen i Staurhaugen og sørheita Karlsholmen i sørkant av Stabben.

Brukarane på dei tre plassane på *Staurhaugen* har vore fiskarar (Leivdal og Fredly 1996:145, 190 og 208) og kunne godt ha vore grunnlag for méðnamnet, som dei som fann eller dreiv på denne plassen. Det er likevel mest trulig at det er *Staurhaugen* som médmerke som her ligg til grunn for namnet.

Stavveita / ̄sta;və:tɔ / B2-92 er leia i médet Nørdre Slagsøya unna Måholmen. Her oppover kan ein om haustane dra hyse og torsk.

Veita er ei lei inn til Råket og eit langt, beint strekk, og mest trulig speglar namnet dette, men det kan òg vera at det kan mynte på eit merke i form av ein stav.

Stavveitflua / ˈsta:vɛt,fr̥u:a / B2-93 kan ein ligge framfor og få torsk. For å komme nordom flua skal ein ha Slaksøystua unna Måholmen på vestersida.

Steinbåen / ˈstɛ:n, bɔ:jn / B3-94 fell tørr, men ein kan ligge straks sør for sjølve båen i méda Singsskjeret innom Flatbelgen og Otterholmstua på nørdre skagett på Måholmen. Her er det torsk og hyse på om lag 20 famner.

Namnet speglar at ein kan sjå sjølve berget eller steinen som utgjer båen.

Storfallet / ˈsto:r,faːlə / B3-95 kan ein kaste på i desse méda: Søre Slaksøya tek borti Måholmen og stuva hans Arne Bjerkan på Rottøya i ytterkanten av Flatbelgen.

Fallet bryt her over eit *stort* og vidt grunnparti.

Svartoksstøet / ɔv'vartok, stø:e / B4-96 ligg rett nord for Svartoksen i retning Måholmflesa i desse méda: Skalmen borti Måholmflesa på øre sida eller Brattværsbelgen sørpå skaget på Flesa og stuá hans Nils Ingebriktsen eller

MÅL O G MÉD

Kråkhaugen (innom Kjerkjeberget på Dyrnes) unna Måholmen på inner sida.

Svartoksen / 'svart,ɔksɪn / er noen skjer mellom Flesa og Måholmfesa. Skjera er farlige der dei ligg midt i ei djuprås, og føyer seg såleis godt inn i eit mørnster Hovda meiner å sjå i alle *okse*-namna langs kysten. Til liks med andre dyrenemne, som *galt*, *gris*, *hest* og *hund*, utgjer lokalitetane med *okse*-namn mykjegodt alltid ein fare for ferdsla der dei ligg i eller nær leia (Hovda 1941: 4 og 9). Reell jamføring mellom dyret og lokaliteten held Hovda for mindre viktig enn tabuførestillingane kring slike landdyr. Hovda siterer Helland som i *Norges land og folk* fortel om tabuførestillingar kring Svartoksen, ein holme utom Saltstraumen (ibid.:1). (Om tabuførestillingar kring dyrenemne, sjå Solheim 1940.) Restar av slike tabuførestillingar blir i dag halde i hevd mellom fiskarane på Smøla i ei blanding av skjemp og alvor. (Sjå òg *Hesten* s. 177.)

Søre Dombakkan, sjå Dombakkan.

Tidstøet / 'ti:,stø:e / B3-97 har méda Singsskjeret ved Brattværet kjem innom Flatbelgen og skaget på Slaksøya kjem oppå Måholmfesa. Her er det gjerne torsk om hausten.

Førsteleddet må etter alt å dømme vera verbet *tide* / ti:/ 'om Fisk: lege, gyde Rogn. (Vel egentl. komme til sin Tid, el. besl.) Trondh. Gbr. Østerd. i Formen *tie* (ti'). Andre St. gjota' (Aasen 1873). Ross (1895) har notert verbet på Nordmøre: 'Fiskjen he tidd 'tu''. Verbet er i bruk på Smøla.

Tarmannsdjupet / 'ta:rmaŋs,ju:pe / (utan kartreferanse) manglar eg méda på, men plassen 'Tarmannsdjupet' blir nemnt av Peder Grimsmo saman med Stålbakkan, Nova og Nausbakkan (Fugelsøy 1962:331). Nordmøre Fiskersoge siterer òg eit vedtak på eit høvedsmannsmøte, 4. februar 1888: 'De som ville drive fiske for fiskeplassen Taremannsdjupet og omegn måtte

B R A T T V Æ R S H A V E T

samles om morgenen i Langøysundet eller ved søndre Kvaløhelle' (ibid.:254). Vidare blir det referert frå eit fiskarmøte på Indre Råkholmen, mars 1892 (ibid.:259):

Taremannsdjupet - en fiskeplass lengere syd - ble foreslått 'fredet' for garn. Men denne fiskeplassen var av mindre betydning for snorefisket, da bare et mindretall båter drev fiske der.

Somme av heimelsmennene mine har hørt plassen bli nemnt og kunne bekrefte uttalen, men dei kunne ikkje lokalisere plassen nøyaktig. Ut frå dei gitte opplysningane veit vi at det må ha vore eit skreiméd og at det ligg sør for Taren. Ettersom det er mykje uvisst med denne plassen, vågar eg meg ikkje på noen tolking.

Torskdjupet / ́tɔs,ju:pe / B3-98 er eit åtber ved Brattværstaren i méda Skalshaudet på Torskknotten og Leiskjeret på Litlflesa. Det er i dag rekna for eit uersméd, men det blir òg fiska *torsk* her.

Torsk, m. / tɔsk / eller mest vanlig i dag: / tɔrsk /. Som førsteledd i samansettningar er uttalen / tɔs /. Norrøn *þo(r)skr*, m. meiner Torp (1919) har opphav i urgermanskt *þers 'tørke', noko som sikkert kjem av at tørking var måten å konservere denne fisken. *Torsk* har spela ein særsviktig rolle i fisket langs kysten.

Torskflubradden / ́tɔsfç u,brajŋ / B4-99 er kanten framfor *Torskflua*. Méda er Steinsøyneshaugen unna Ballskjeggen på nordsida og Tonningen oppå Kvammahusa som stod på Kalvøya.

Tottegga / ́töt,ejɑ / A3-100 er bradden som brått avsluttar *Totten* (sjå under). Méda på denne kanten er Tonningen utom Skalshaudet og Brattværssbelgen oppi Djupvikhaugen (austom Skarpnestuva).

Totten / ́tötin / A3-101 har méda Langfjellet på Skalssporden eller Andholmen i Tonninga og Oddabelgen i Steinøyneshaugen. Eit nytt merke som blir brukta er

MÅL O G MÉD

vindmølla på Veiholmen mellom Skalmen og Skalsskjerenga. Berget er ein liten skalle oppå ei vid grunnmark som blir avslutta i bratthammaren *Tottegga*.

Det er ikkje like til å seie kva namnet kjem av. Ein heimelmann hevda at namnet må ha å gjera med ein *tommeltott*, for slik stikk sjølve skallen fram frå botnen. Denne særprega formasjonen framheva fleire av informantane. Meir presist har vi her trulig å gjera med ordet *toti*, m. 'snute, trut' som vi finn i norrønt og nyislandsk, jfr. moderne norsk *tōta*, f. 'noget som stikker frem ligt en kort TUD' (Aasen 1873), f.eks. i uttrykket 'hold tota på deg'. Finn Myrvang utleier same etymologien i namna på seikastet Tåten og på fjellet Tottålen i Lofoten (Myrvang 1982:72 og 75).

Tørrismédet / *‘tærismé:e* / A3-102 har méda Brattværsbelgen på Indre Hitterenden og Oddabelgen i Storberget (også kalla Kuliberget etter familien Kuli som bur like ved) nordom Kjerka. Her er det 72 famner på det grunnaste og eit slakt berg og uer og sei å få.

Førsteleddet må vera mannsnamnet *Tørris*, sjå *Tørrisbåen* (Vh).

Tunga / *‘tæŋj* / B3-103 er namnet på det vide grunnskaget som stikk seg ut i Brattværstaren. Ein er midt oppå i méda Brattværsbelgen og Måholmen og Ellingsholmen og Skalmen. På eit høvedsmannsmøte 4. februar 1888 vart *Tunga* reservert snørefiskarane. Området vart da definert slik: 'Ved Tungen forstås selve Tungen med tilstøtende fiskeplasser i alminnelig strømretning' (Fugelsøy 1962:255).

I *Hemneboka* kan vi lesa: 'Når fiskarane låg uti Brattværstunga (utfor Smøla) og fiska skrei, skal dei ha brukta Hogsgåsa (fjell i Hollamarka) som med, men da kalla dei fjellet for *Hemnkuttu*' (Aune 1979:159). Utmerkingsleddet *Brattvær-* har eg ikkje registrert på Smøla, naturlig nok, fordi denne fiskeplassen ligg midt i utrorshavet frå Brattværet. Det var einast sesongfiskarane inne ifrå fjordane som hadde behov for

B R A T T V Æ R S H A V E T

ein slikt presiserande element i namnet. Nettopp *Brattværstunga* er einaste médnamnet som Aune nemner frå Smøla, og det fortel sitt om kor viktig *Tunga* har vore som skreiméd. Ein fiskar frå Brattværet sa at fekk ein ikkje skrei på *Tunga*, kunne ein like godt gi seg.

Tungspissen / *^təŋ̊spisn̊* / B3-104 treff du om du kursar straumrett sør unna sjølege *Tunga* til du får Kjerkebakkani i Skalssporden. Dette er ytste odden eller *spissen* (av høgtysk *Spitz*) av grunnen og har vore ein bra skreiplass.

Tunggrunnen / *^təŋ̊gruŋ̊* / B2-105 ligg straumrett i nordaust ifrå *Tunga* (sjå over). Her er det noko grunnare (ca. 15 meter) enn på sjølege *Tunga*. Her kan ein méda Belgen i Måholmen og Dyrnestuva på Skalmen.

Ufsfallet / *ufs,fałe* / B3-106 ligg like nord av Storflesa. Ein går klar fallet på nordsida om ein har Dyrnestuva på austsida av Storflesa.

Dette er ein bratt nut som stikk opp frå eit nivå på om lag 30 meter til det berre er 2-3 meter på det grunnaste. Det er eit farlig fall som lenge kan ligga rolig, men så kjem brått og skarpt. Her kan ein ta *ufssei*, sjølv om plassen i dag ikkje er spesielt kjent som eit godt storseiméd. Det kan vera at vi i utmerkingsleddet opphavlig har å gjera med *ofse*, m. < norrønt *ofsi*, m., 'komma brått på' med tanke på fallet, og at vi så har fått ei seinare uttale og tyding med fiskenemnet.

Om fiskenemnet *ufs*, m. / *ufs* /, sjå *Ufsfluen* (Ram).

Uti Skalsveita / *uti ska:ls,vε:tɔ* / B3-107 utover Skalmen og nordom fallet Tevika, er mest same plassen som **Banken**, og har méda Veiværsfyret oppå Litlflesa eller i ytterkant av Skjerjebåen og Ytter Ellingsholmen på Skalshaudet. Ein kan dra hyse og torsk her når ein er på om lag 30 famner. Før i tida var dette rekna som eit godt lineméd.

Utmerkingsleddet skriv seg ifrå lokaliseringa rett ut for

MÅL O G MÉD

Skalmen / skar̄men /, ein stor, høg og kuva holme der det står eit fyr. (Sjå bilde s. 59.) Innom, tett ved, ligg den litt mindre holmen *Skalsskjerenga*, dvs 'den som er skoren av Skalmen'. Namnet *Skalmen* viser trulig til begge desse holmane i ei laging av norrønt *skolm*, f., nynorsk *skalm* eller *skolm*, f. 'noko som er kløfta eller tvidelt' (NSL). Ei anna tyding av namnet er føreslått i Fredly 1998.

Vardøyauget / ˘va:˘y,˘æt / B3-108 er ein liten stett der du får uer. Méda er Skarpnestuva på Skalssporden og Leiskjeret nordom Storflesa.

Det er ikkje lett å méda i *Vardøya* herifrå, så namnet skriv seg trulig frå at det var folk frå denne øya som dreiv plassen. (Om busettinga på øya, sjå Fredly 1998:562-80).

Utmerkingsleddet i øynamnet er *varde*, m. / ˘va:˘e / < norrøn *varði*, m. Øya er over 20 meter høg og må ha fått namn etter plassering av ein *varde*, som vil ha vore godt synlig herifrå. På kartet (både SK40 1980 og M711) står det Kvaløya, noko som er feil.

Veita / ˘ve:tɔ / A3-109 har méda Veitøya (ligg austom Måholmen) og austre skaget på Brattværbsbelgen og Ellingsholmen nordpå Skalmen. Dette er ei djuprenne som høver godt til line- og garnsett. Peder Grimsmo skriv at 'Olaseten ligger i nord for Tunga, og Veiten i vest av Olaseten' (Fugelsøy 1962:331).

Om appellativet *veite*, sjå s. 116.

Vester Auget, sjå Augan.

Vester Erskallen, sjå Erskallan.

Vester Målsgrunnen, sjå Målsgrunnen.

Vester Revbakkan, sjå Revbakkan.

Ytter Auget, sjå Augan.

B R A T T V Æ R S H A V E T

Ytter Erskallen, sjå **Erskallan**.

Ytter Fjellberget, sjå **Fjella**.

Ytter Flua, sjå **Fluen**.

Ytter Hausen, sjå **Hausan**.

Ytter Rebåflua, sjå **Rebåfluen**.

Ytter Revbakkan, sjå **Revbakkan**.

6.3 VEIAHAVET



Hamna på Været på Veiholmen.

Veiholmen er det einaste fiskeværet rundt Smøla som ikkje er fråflytta, og da er det ikkje overraskande at vi her finn ei soleklar overvekt av alle fiskeméda. Her finn vi eit bra stort miljø av fiskarar som driv småsjøen på stort sett same viset som generasjonane før dei. Teknologien kan vera ny, men utroren er den same og havet er det same.

Veiholmen ligg som smørauget midt i grautfatet i forhold til fiskeplassane. Med unntak av den smale øyrekka som strekkjer seg innover mot Hopen, er det hav rundt heile Været, og det blir fiska i alle himmelretningar. Dei viktigaste havstykka i vest er Hælen, med fleire gode

MÅL O G MÉD

skreiber, Remman, med grunnmark, og Storbåen, omkransa av fleire gode linsett. Veiahølen eller Hølen er området mellom Remman og Veiholmen. Her kunne skreia sige inn i si tid, her er det noen gode uersplassar og her blir det fiska med line. Noe utprega snørehav er dette ikkje.

Ytterst nord for Været ligg Støa, eit grunnare parti med bratte hamrar og fleire gode fiskeplassar, og ikkje så langt ut, i nordaust, ligg skaget som utgjer Oddgrunnen, og i søraust herifra dei viktige Grunnan.

Ramsøyfjorden, eller berre Fjorden som det oftast blir sagt, er havstykket mellom Veiholmen og Hitra og Frøya. Frå Grunnan og austover er 'innover Fjorden'.

Lengst ute i nordaust ligg grunnmarka Gapet. Nordhølen er havstykket nordover mot Hitra. Her blir det drifta berre lite no for tida.

Anders Bengtson / 'aqners 'bænsɔ / C2-1 ligg i fråberet unna Skånsflua i méda Hestnasen i innerkant av Andholmen og Litløret på Nordsetstua eller Innergården over Svartgjegla. Arne Danielsen (1978:356) skriv at det på dette médet ('Anders Bensåñ') og på Kveldseta like ved, gjerne vart gjort ein pause på vegen inn og eit siste forsøk med snøret før kvelden.

Om *Anders*, sjå Andersbradden (Brv).

Bengt, m. / bænt / er ei nordisk kortform av *Benedictus* og har vore i bruk sidan mellomalderen.

Når hovudtrykket, som Reitan (1935:43) påpeiker, er lagt til første stavinga i patronymikonet, blir det som kjem etter så trykklaust at reduksjonen gjer det vanskelig å seie sikkert kva for mannsnamn dette patronymikonet inneheld. Uttalet / 'bænsɔ / kan derfor òg innebere mannsnamnet *Bernt*, m. / bærnt /, som var eit vanlig namn i første halvdelen av vårt hundreår.

Aneskallen / ˜a:neškałij / C2-2, sør i Veiahølen, har méda Kjerka i sørkant av Ausa og Leiskjerlykta ved Innveien i Langfjellenden eller i naustet hans Isak

V E I A H A V E T

Klakken. Mot nord er det ein hammar frå 90-110 meter, og mot sør er det eit slakt åtber mot Håskjeret.

Ane / *~a:ne /*, kvinnenamn, er i Trøndelag og Møre og Romsdal ei vanlig uttaleform av *Anne*. NPL opplyser at ei (helst eldre) uttaleform på Nordmøre og Trøndelag har vore *Ann*, men denne uttalen kjenner eg ikkje frå Smøla. I slutten av mellomalderen kom namneforma i bruk som ein norsk variant av det greske *Anna*. I lange tider har *Anne/Ane* vore det mest bruka kvinnenamnet her til lands.

Angelberga / *~aŋeŋ,bærja /* er to djupe plassar som ligg noko ifrå kvarandre utpå Veiahølen. Ingen av dei to plassane er noko vidare drifta i dag:

Inner Angelberget / *iŋer ~aŋeŋ,bærje /* C2-3 har méda Skalmen inst på Inner Kjølen og Kjerka i Lakskråka. Her er det om lag 130 meter djupt og brosme å få på lina.

Ytter Angelberget / *ycer ~aŋeŋ,bærje /* C2-4 ligg i méda Skalmen på høgaste Nordomskjeret og Kjerka i Lakskråka. Her er det djupt, 170 meter, men det skal vera stor brosme å få ned i djupet her.

Ein av heimelsmennene var viss på at médnamnet skreiv seg frå *angelhuskarane* som fann desse plassane og ofte dreiv lina her nordi. Uttalen gjer denne forklaringa sannsynlig. (Jfr. médet *Onglan* / *~oŋlɑŋ /*.)

Angelhus / *aŋeŋ,(h)u:s /* er eit familienamn og ei stue midt på Været på Veiholmen. Ei eldre stue sto tidligare litt lenger aust, på *Ongelhusberget* / *~oŋeŋhu:s,bærje /*, der det vart drive med framstilling av *onglar* (Danielsen 1978:130). Skriv médnamnet seg herifrå, må vi sjå det som ellipse anten av *Ongelhusberget* eller av familienamnet *Angelhus*. P.g.a. uttalen held eg det siste for mest trulig. Kanskje kan namnet ha oppstått som eit slags skjemtenamn: Her dreiv *angelhuskarane* frå *Ongelhusberget* lina med mange *onglar*.

Auster Kleiva, sjå Kleiva.

Auster Skaget / *~äster'ska:je /* C2-5 har méda Kjerka

MÅL OG MÉD

nord på Kråka og Ytter Skarpnestuva i ytterkant av Fluskjeret. Her, nett aust av Storbåen, er det 4,7 meter på det grunnaste. Arne Danielsen (1978:350) skriv: 'Også på sommers tid var det livlig ute ved Storbåen. Da foregikk småseifisket med sokknot. Med snurpenot også etter at den kom til. Beste notplassen var ved Auster Skag (forlengelse unna Storbåen), ved Skagbåen og Helsbåen.'

Om appellativet *skag*, sjå s. 112.

Ballklakken / ˘baʎ,kçacen / C2-6 ligg tett innom Storbåen i retning Været i méda Skalmen over Hilverskjeret og Verken på høgaste Singsholmen. Dette er ein god notplass. I tillegg til sei er det òg brosme å få her.

Denne kastargrunnen på 23 famner er ein typisk liten klakk som er tverr på alle sidene slik at det er djupt rundt han i kupert botn der det er lett å sette fast og rive nota. Ophavet til namnet kan såleis vera at det er lett at det her blir *ball* / baʎ / i tydinga 'ugreie, vas', men eit par av heimelsmennene meinte likevel at namnet måtte komma av forma fordi berget har skap som ein knoll, ein klump eller ein *ball* / baʎ /, til norrønt *bóllr*, m.

Banken / ˘baŋken / C2-7 eller **Skånsflubanken**, ligg i fråberet unna Skånsflua i méda Fyret i Kjønskaret i Tonningen og stua hans Kristian Pettersen i Svartgjegla. Sjølv om han ikkje er mykje brukta i våre dagar, har denne ryggen på om lag 50 meter alltid vore rekna for ein særslig god plass. Her var det også skrei den tida ho fantes, men særlig først på nyåret, før skreia kom, vart det drive mykje på Banken.

Sjå elles s. 92-93.

Bessan / ˘bæsæn / C2-8 ligg i méda Skalmen og **Besskjeret** og Kjerka heilt sør på Ørnøya. Plassen ligg på eit skag som stikk ut i Hølen frå Remman. Mot nord og aust er det høldjupt. Dette er ein god plass for å hile etter sei sommars tid.

Besskjeret / ˘bæs,ʂæ:re / er relativt høgt, men lite og ligg

V E I A H A V E T

mellan Grisskjeret og Nordomskjera i Remman. Som båenamn har Per Hovda ved Spangereid notert Bessen som han anten vil utleie av norrønt *bersi*, m. 'bjørn' eller ei avleidd form av norrønt *bassi*, m. 'stort trivelig dyr', jfr. færøysk *bassi*, m., svenske dialektar *basse*, m. 'galt, stor okse' og dansk *basse* 'rone' (Hovda 1941:9). Det gamle mannsnamnet *Bersi* kan også ligga til grunn for namnet. Det har elles overlevd som bukkenamn fram til vår tid (Hovda 1944:64).

Ved Bessen som Hovda skriv om, ligg det eit nes, Trones, av norrønt *þróndr*, m. 'galte'. 'Elles er jo bjørnen halvbror til grisen, so det skulde ikkje vera noko til hinder for at neset fekk ei samansetting med *þróndr*, medan skjeret heitte **Bersi* (**Bessi*). Jfr. Sugga-Svinsnes s. 7.' (Hovda 1941:9). Dette er interessant fordi nett sør for *Besskjeret* ligg *Grisskjeret*, altså ein parallell til namnelaginga Hovda fortel om.

Médnamna *Bessan* og *Grisen* (sjå under) er begge råka av ein bestemt type ellipse ut frå namn i méldlinene: *Besskjeret* og *Grisskjeret*.

Det kan vera at *bersi*, m. kan ha festa seg i ein oblik kasus i eintal, jfr. f.eks. *bakke*, m. / [~]*baka* / som i bunden form eintal heiter / [~]*bakaj* /, men i ord med mellomkonsonanten *s* ser ikkje dette ut til å hende, ikkje eingong i jamvektsord: / [~]*pøse* / 'pose', / [~]*møse* / 'mose'. Médnamnet står altså i fleirtalsform, og dette har trulig si forklaring i formasjonar i botnen.

Biternasen / 'bi:ter,na:sin / C2-9 var før i tida bruka til longeméd, men er ikkje rekna som noen god plass og er lite bruka i dag. Méda er Skalmen i innerkant av Vester Kjølen og Verken på nørdre delen av Ungdomshuset. Dette er ein djup plass, over 150 meter, og berget er berre ein spiss liten nut som hevar seg frå slambotnen omkring.

Det norrøne verbet *bíta* 'bite over, kløyve' har gitt opphav til dei nynorske substantiva *bitel*, m. eller *bitar*, m. som begge tyder 'hjørnetann'. *Bitel* er i Namdalen òg notert med tydinga 'liden enlig Tand' (Ross 1895:

M Å L O G M É D

supplement), som det same ordet òg tyder på Shetland (Jakobsen 1921). *Nase*, m. / ˜na:se / (til norrønt *nøs*, f.) er i stadnamn bruka som metafor og tyder '2) en smal Brink eller Bakke, en fremragende brat Forhøining.' (Aasen 1873). Ut frå dette skulle médnamnet kunne tyde noko slikt som 'den tannliknande bakken'. Dette passar godt med dei reelle tilhøva.

Bjørnbåpøla / ˜bjærnbɔ:pø:la / C2-10 vart bruka til linedrift etter hyse og i nyare tid til seigarnsett. Pøla er lett å sjå langsmed skjera, så her trengs ikkje méd, men for å halde seg ned i pøla, må ein gå innom Bjønnbåskjeret og likeins innom Bjørnbåstøtta.

Bjørnbåen / ˜bjærnbɔ:in / føyer seg inn under alle båenamna med dyrenemne. (Sjå Hovda 1941.)

Bolken / ˜bɔlk / C2-11 ligg like sør av Nygrunnen på Støa, men tradisjonelt blir *Bolken* ikkje rekna som ein del av Støa. Méda er Kjerka nett sør av Nordsethusa eller Haugjegla i Bårdsetfjellet og Skalmen i innerkant av Fluskjeret. Arne Danielsen (1978:356) skriv:

Nordligst ligger Bolken, en allsidig fiskeplass forsåvidt hele året, skrei etter at den hadde lagt rogna, storsei kunne en treffen både sommer og vinter. Mange år utmerket Bolken seg som ypperlig plass for storsei i forbindelse med storsildinnsiget. Seien 'holdet' seg da langt oppe i sjøen.

Namnet må komma av at skallen her er akkurat nok til ein *snørebolk* / ˜snø:rɔlk / av norrønt *bólkr*, m. 'stykke, del'. Ein *snørebolk* er 48 famner. (Jfr. Bye 1976:129.)

Bradden / ˜brajjn / D2-12 ligg aust på Sørgrunnen i méda Sildsundsmuren godt opp i Bakkan og Kirka nordpå Hopajessingen eller Jessinghaudet (Sæterjessingen) mellom Øra. Dette var i si tid ein god skreiplass (Danielsen 1978:354).

Om appellativet *bradd*, sjå s. 94.

Branden / braj / C1-13 på Støa, har méda Kjerka i Haugjeggelhaudet og Hestnasen i høgaste Nordomskjeret. *Branden* er ein mektig fjellhammar. Plassen ligg like nord for Drangan og er heller lite brukta, for her er det lett å slite reidskapen.

Det er over 150 meter og altfor djupt her utpå Støa til at sjøen kan bryte, og dermed kan ikkje namnet kan ha noko med *brenning* og *brand* å gjera. I botnen veks det kjempestor tareskog, og ein heimelsmann meinte namnet må skrive seg frå desse *brannraude* taretrea som gjerne følgjer med lina opp. Men trulig er det sjølve den markante hammaren som er opphav til namnet, for *Branden* går att som namn på høge, spisse fjell. (Jfr. Vassbotn 1969:161 og Myrvang 1982:62.) Ved Vestmannaøyane på Island ligg méda Brandsflu og Brandskjalki som begge médast i Brand, ei øy med eit høgt berg i enden av ein rygg (Jóhannesson 1938: 84 og 129). Det norrøne ordet *brandr*, m. kunne m.a. tyde 'stokk eller vedski som var meint å brennast' (Torp 1919). Seinare fekk det ei meir allmenn tyding 'stokk, stolpe', og dette har festa seg i jamføringsnamn på fjell. I dag lever ordet att i *langebrand* / 'lajebraj / om langfingeren og i uttrykket *ein lang brand* / *braj* / om ein høgvaksen kar. Jfr. elles Rygh (Indl.:45).

Brørne / 'brø:rn / B2-14 ved Kobbskaget i vestkant av Remman, er to fluer på 5 meter, tett ved einannan. Plassen står avmerka på SK40 (1980). Fluene fell tørr på stor fjøre. Her er det ikkje drive mykje fiske, men det kunne hende seg at ein i smultvêr kunne sette lyrgarn nett utan fluene.

Likskapen på fluene og leiet nær kvarandre er den doble grunnen for namnet, som er fleirtal av norrønt *bróðir*, m. 'bror'. Som Slyngstad (1951:106) seier om skjer med same namnet på Sunnmøre: 'Skal skjer få slike namn, må dei vera om lag like og liggja nær kvarandre.'

MÅL O G MÉD

Bugrunnen / 'bu:gru:n/ C2-15 ligg sentralt i Hølen og utgjer vestkanten av grunnmarka ned mot høldjupet. Méda er Haugjeggelnaustet i svorka mellom Toninghauda og Verken midt på Singsholmen. Innover herifrå er det fin linebotn, der det er 20-30 famner oppå.

Det er ikkje heilt lett å sjå kva som kan vera utgangspunktet for førsteleddet. Folkeetymologien vil utleie av namnet at plassen har vore driven av folk frå *Bud* i Romsdalen, men det finst ingen prov for at fiskarar frå dette fiskeværet har drive her ved Smøla. Eit dialektuttrykk eg har registrert på Råket, er *buvind* / 'bu:vijn /, som betyr 'synnavind', dvs. at han kjem frå Bud. Det vanskelig å tenkje seg at vindretninga kan vera grunnlag for médnamnet. Her utpå opne havet skiftar ikkje vinden frå eine plassen til hin. *Butare* er ikkje brukta i målføret, og botnen er heller ikkje utprega full av tareskog nett her.

Ei mulig tolking kunne utgå frå *bug*, m. / bu:g/ < norrønt *bugr*, m. I målføret blir *bug* i dag nytta om ei bukt eller rund vik, men den eigentlige tydinga av dette ordet er 'krumming', jfr. norrønt *bjúga*, v. 'bøy' og verbet *bogne* i nynorsk (de Vries 1962). Kanten på *Bugrunnen* mot vest kan seiast å vera ei slak krumming, men dette er ikkje eit utprega trekk ved topografien, og det er vanskelig å forestille seg at dette skal vera grunnlag for namnet.

Andre stader på kysten kan ein finne *Bua* som namn på fiskeplassar. Ein roser da staden ved å indikere at det her er like mykje mat å få som på *bua*. Det er likevel ikkje trulig at dette er opphavet til namnet *Bugrunnen*, for det er einast i bunden form, *bua*, at nemninga denoterer ein butikk.

Det mest nærliggande tolkingsframlegget er ei gammal oppmëding i ei *bu*, norrønt *búð*, f., sjølv om det i dag ikkje finst noen tradisjon for dette. Det er i denne samanhengen umulig å sjå bort frå det parallelle førsteleddet i *Buskjeret*, som ikkje ligg så svært langt unna. Sjølv om det er litt vanskelig å lande her, er dette det største skjeret i Remman, og det er ikkje urimelig at det ein gong kunne ha stått ei *bu* her. På skjeret Kjølen, litt lenger sør i Remman,

V E I A H A V E T

minnest eldre folk at det har stått ei *bu*. Strategisk plassert midt imellom Gammalklakken og Veiholmen kunne ei *bu* på dette store skjeret m.a. ha gitt ly i skavêr til fiskarar på heimveg frå feltet.

Bugrunnskallen /'bu:gruŋ,skalɪn/ C2-16 har méda Drangskjeret i Tonningen og Verken midt på Singsholmen. Denne vide grunnen utpå Hølen ligg sør av Bugrunnen (sjå over).

Bukken /'bøcen/ D2-17 er mellom dei nordaustligaste plassane på Veiahavet, ut og nordom Nordgrunnen. Han ligg på 150 meters djup på ei tunge mot nord i méda Verkklova i Bukkberga eller Rødvingbrygga i ytterkant av Litlsenaholmen og Stabbkanten i nordkant av Sæterjessingen. Dette er ein uersplass og ein bradd som ikkje er spesielt høg.

Om *bukk* i médnamn sjå s.123.

Buskjertaren /'bu:ʂær,tarɪn/ C2-18 er bratthammaren opp mot Buskjeret i méda skaget på Buskjeret tett saman med skaget på Buskersteinen og Skalmen i sundet ut for Nørdre Kjølen.

Om namnet *Buskjeret*, sjå under *Bugrunnen*.

Dalagrunnen /'da:ɻa,gruŋ/ C2-19 er ein liten rygg på vel 100 meter i åtberet rett nord av Haugjegla. Méda er Kjerka i sørkant av Stabben og Varddragsskjerlykta utpå Svartjegla eller Verken og Fyrnaustet. Det blir sagt at dette var *dalakarane* sitt méd.

Ein skulle vente at komposisjonsfuga er eit gammalt genitivmorfem, jfr. médet *Dalaklakkur* ved Vestmannaøyane (Jóhannesson 1938:85), men namnet er heller eit av eksempla på stivna dativ i målføret på Veiholmen. *Dala* /'da:ɻa/ er eit lite dalsøkk nord for Palla og Jettevilla på Veiholmen. Her stod det til om lag 1970 noen hus som var mellom dei eldste på Veiholmen. Familienamnet Dahlen, knytt til denne plassen, kjem ganske sikkert av plassen og ikkje omvendt. I *Smøla*

MÅL O G MÉD

bygdebok hører vi om Andreas Nilsson Dahlen, fødd på Hitra, som gifta seg i 1870 med Anne Engelsdotter Bakken og busette seg på *Dala* (Fredly 1998:604).

Daudmannskallen / ˘dumaj,skalij / C2-20 (omtrentlig plassering på kartet) ligg sentralt utpå Hølen, men méd har eg ikkje fått av noen av den grunnen at ingen hadde interesse av plassen. Heimelsmennene kjente berre til han som ein fisklausplass ingen dreiv.

Her, midt ute på Hølen, må vi kunne utelukke funn av lik på staden, noko som elles ofte ligg til grunn for skjergardsnamn med eit slikt utmerkingsledd. I staden må vi sj   *daudmann* som ein negativ dom over plassen. Assosiasjonen kan vera gjort ved å knyte forma på skallen i botnen saman med hovudskallen på ein dauding, men nok helst ved å tenkje seg at den som berre dreiv denne fisklausplassen, snart ville svelte i hel og bli ein *daudmann* sj  lv.

Djupet / j  :pe / C2-21 finn ein i méda Skalmen i ytterkanten på Fluskjeret og Verken nett nordom Ungdomshuset eller Kjerka i nordkant av B  rdsetfjellet. Dette er ein seiplass på 140 meter. Arne Danielsen (1978:356) skriv: 'I s  rlig retning fra de sistnevnte plassene [Bolken, Ottersgrunnen] ligger det 3 mindre kjente med. De er djupe og har fått navna etter det: Djupst  t, Djupet og Djupskallen.'

Om appellativet *djup*, sj   s. 97.

Djupklakken / ˘ju:p,klacen / C2-22 like aust av Nubbflua, har méda Ytter Skarpnestuva inst på Buskeret og Kjerka i s  rkant av Kr  ka. Unna flua er det eit jamt fr  ber austover fr   60 til 100 meter og djupare.

Djupskallen / ˘ju:p,skalij / C2-23 har méda Kjerka på Skuskjerhammaren eller i nordkanten av B  rdsetfjellet og Skalmen inst på Fluskjeret. Loddskota viser her eit berg på 176 meter der det er 185-190 meter rundt (IKU 99/78).

V E I A H A V E T

Djupstøet / *ju:pstø:e* / C2-24 ligg i méda Djupstøtinden på Skarpnestuva eller huset på Mokkeløya i innerkant av Remman og Verken i huset hans Karl Leonardsen. Her er det mellom 160 og 170 meter djupt, og på utber straum kan ein på vårparten dra bra med uer her.

Drangan / *dranqn* / C1-25 ligg aust på Støa, nord for Nygrunnen, i méda Skarpnestuva i Nygrunntinden eller Dyrnestuva i vester skråninga på Freikollen og Verken i Gullsteinskaget. Dette var eit godt og mykje brukta skreiméd og blir enno i dag brukta av juksafiskarane.

'Drangen har en høg bratt skrent, [...] mot aust.' (Danielsen 1978:352. Eintalsforma her er ein trykkfeil, for på førre sida står det nemlig 'Drangan' - i samsvar med uttalen.) Kanten som her går i nordaust-sørvestlig retning langsmed Støa, er svært djup og mektig.

Namnet må skrive seg frå norrønt *drangr*, m. "einsleg, høg stein eller bergtind", eit ord som er lite kjent anna enn gjennom stadnamn i Noreg, men som fins i islandsk og færøysk. (NSL). Drangar er namnet på eit klippeskjer ved Vestmannaøyane (Blöndal 1924), og i Skagafjördur ligg Drangey, som i *Soga om Grette Åsmundsson* blir skildra slik:

Øya var grasvaksen og stupbratt ned mot sjøen, det var umogeleg å kome opp på nokon kant utan at det var hengt ut stigar. Vart den øvste stigen dregen opp, var det ikkje rå for nokon å kome opp.

(S. 162 i serien Norrøne bokverk, Oslo 1977)

I færøysk fins appellativet *drangur*, m. 'smal og høj, helst enkeltstaaende, Klippe i søen tæt ved Land.' (Jakobsen/Matras 1928). Aasen (1873) har notert frå Nordland: 'Drange, m. 1, smalt Klipperev, Bjergspids eller Tange som stikker ud i Søen.' Kåre Hoel (1949:92) påviser at det er ingen ting som tyder på at formasjonen ikkje kan vera både langt frå land og under sjøskorpa. Såleis har òg Hovda (1948:62) skrive opp médet Drangen vest for Karmøy. Dette er ein liten, avgrensa fjellknatt, og Hovda leier namnet ut av norrønt *drangr*. Her på Støa er

MÅL O G MÉD

det ikkje snakk om fleire avgrensa hamrar i botnen, men ein lang samanhengande kant. Ein heimelssmann sa: 'Drangan, han ligg her.' Dette skulle indikere at fleirtalsforma *Drangan* helst er å forklare med den trøndsk tendensen til å laga fleirtal av opphavlige namn i eintal.

Utom Haugjegla ligg *Drangskjeret*, eit lite, flatt skjer som ikkje høver som médmerke. Skjeret ligg òg alt for langt unna *Drangane* til at naboskap kan ha påverka namnelaginga. Det verkar derfor som om det her er snakk om to parallelle namn som er laga uavhengig av kvarandre.

Engelen / æŋeł n / C2-26 ligg rett ut av Oddgrunnen i méda Skalmen inst på Kjølen og Verken i Gjeggelnaustet.

Dette er eit heller ukjent méd for folk på Veiholmen. Hopaværingar har funne médet. Det er trulig at dei har gitt plassen dette namnet pga. at botnen her har skap som ein *engel* i relief. På kartet (IKU G-377/1/81:Kart) avteiknar kotane to tydelige skag i Y-form som liksom eit stort vengepar står ut frå grunnen. Det er over 190 meter djupt her uti, og botnen er dårlig rundt berget. Finn Myrvang (1982:123) nemner juksaplassen Engelen på Åksnes-havet i Lofoten. Han meiner namnet der har utgangspunkt i ein snøfigur i fjellet.

Fallet / fałe / C1-27 reknar Danielsen (1978:351) som den allsidigaste og beste plassen på Støa. Det er sælig kjent som eit godt skrei- og storseiberg ute på vårparten. Méd er Kjerka i søre kanten av Stabben og Inner Skarpnestuva i Falltinden. Men det finnes fleire kantar på *Fallet*. Ein av dei har same utheit som den nemnte, men ligg lenger mot sørvest med Fyret ei segelbreidd oppi Gullsteinskaget. Oppå *Fallet* er det 60 famner og eit fint, slett og nokså vidt berg. Mot sør og aust er det derimot ein bratthammar ned til 120 famner.

Dette at botnen *fell* så brått av, er det opplagte grunnlaget for namngivinga. Djupna her ute gjer det umulig å knyte appellativet *fall*, n. til namnet, for her kan

V E I A H A V E T

sjøen aldri bryte. Merk likevel shetlandske og færøyiske *fall*, (n.) som omframt 'fald, styrting' òg tyder 'straum' (Jakobsen 1921). I hammaren på *Falset* kan det vera straumhardt.

Fattigmannen / *~fati,maj* / C2-28 har méda Langberga attåt Buskjeret og Kjerka og Skuskjeret. Plassen var rekna for eit godt skreiberg før i tida. Under sjølve skreifisket var dette ein garnplass, men da garndrifta tok slutt, tok snørefiskarane over i jakta på vårtorsken. Informantane mine kan stadfeste det Arne Danielsen skriv: 'Især var Fattigmannen mye brukt som snøregrunne utover våren. Fangstene kunne være gode tross navnet.' (Danielsen 1978:348 og 350). Enno i dag er plassen mykje bruka og rekna for eit godt méd.

Det negative namnet kan skrive seg frå ei tid med dårlig fiske på dette berget, slik at fiskaren verkelig gjorde seg til *fattigmann* om han dreiv plassen. Men like gjerne meiner eg vi kan sjå det nedsettande namnet anten som ironisk eller som eit omskrivande namn. Fiskaren måtte ønskast skitt fiske, det skulle spyttast etter han eller på annan måte skulle ein uttrykkje spott. Vart han lykkeønskt, ville fisket bli svart (Solheim 1940:2). Slike tabuførestillingar og omskrivande handlingar er òg godt kjente på Smøla. Eg vil tru namnet *Fattigmannen* nettopp kan vera ei liknande omskriving: Eit vanvordande namn på eit så godt méd kunne tene til å fremje fiskelykka.

Fauskan / *~fåskan* / C2-29 ligg sørrom Leiskjeret ut mot Veiahølen. Nett utom Fauskan og Leiskjeret har det m.a. vore drifta med sildgarn. På det grunnaste er Fauskan berre tre meter, og mot vest er det ein tverr hammar som fell ned til 25-30 meter. Sjøen her er i stadig uro, og i dårlig vær er Fauskan eit kraftig brott.

I gardsnamn finn vi fleire eksempel på namn med *fausk*, m. < norrønt *fauskr*, m. 'morke tre, roten trestuv' (NSL). Opplagt har Slyngstad (1951:111-113) rett når han avviser dette tydingsinnhaldet i namn frå skjergarden på Sunnmøre. I staden vil han avleie desse namna, som alle

MÅL O G MÉD

er på farlige brott, ut frå verbet *føysa* som m.a. tyder 'løfte sig, svulme ud, gynge voldsomt op og ned, kaste i Veiret, drive voldsomt paa med noget.' (Ross 1895). Rota finn vi att i eit ord som *framfusande*. Ser vi namnet *Fauskan* som ei k-avleiring til denne rota, høver tolkinga framifrå til ei rekke brott langsmed kysten med dette og liknande namn og også til eit par likelydande elvenamn, m.a. *Føska* i Surnadalen (Hovda 1962:179). Fleirtalsforma i namnet kjem av at lokaliteten er nokså vid med fleire småhusar.

Fjella / 'fjíλ:a / B2-30 har méda Ottersbakktinden nett innapå Skalmen og Blåfjellet og Flessa.

Informantane oppgir at det her er berggrunn eller *fjell* i botnen. Fleirtalsforma i namnet kan likevel peike i retning av at det er tenkt på dei to *fjella* i médlinene.

Flaksbåen / 'flaks,bo:ijn / B1-31 står på SK40 (1980) og er på SK 1791 skriven Flaxboan. Båen kan médast slik: Veiaflesa i ytste Langfjellet og Dyrnestuva i austkant av Andholmen. Når han bryt, har *Flaksbåen* det mest særprega brottet på denne kanten av Smøla. Her står storhavet rett på og treffer eit berg på 3-4 meter som er slik forma at det kastar sjøen i vêret i ei kjennspak, kvit vifte som ein kan sjå lang lei.

Hos Aasen (1873) kan vi finne verbet *flage* 'falde ujævnt, komme stødviis' og substantivet *flage*, f. 'Stød, Angreb. I Særdeleshed: a) Vindstød, Byge, Stormbyge. (Vindflaga). b) Anfall,' jfr. norrønt *flaga*, f. 'pludseligt Anfald eller Overfald' (Fritzner 1896). Ordet verkar ikkje kjent i målføret i dag, men Ross (1895) nemner oppskrifter frå Nordmøre og Trøndelag. Har førsteleddet i båenamnet dette innhaldet, fortel det i så fall korleis bårene støyter seg på båen og plutselig kastar seg opp i vêret. Alternativt kan vi sjå verbet *flakse* 'slå med vengane' som grunnlag for førsteleddet. Når brottet kastar seg i lufta, kan det godt assosierast med ein venge som baksar.

I vest, ikkje svært langt unna, ligg médet Flakken (sjå under Brattværshavet), som eg har tolka ut av eit anna

V E I A H A V E T

oppav enn *Flaksbåen*. Sjølv om desse namna ligg påfallande nær einannan, finn eg det usannsynlig at namnet på ein så viktig og karakteristisk både som *Flaksbåen* eventuelt er sekundært til eit av dei mange fiskeméda i dette området. Det vil gjeva namnet på båen nærmast innhaldslaust. Dessutan vil det bryte prinsippet om at båenamna er mellom dei mest opphavlige av skjergardsnamna.

Flaksbåflua / 'fλ aksbɔ:fλ u:a / B2-32 har méda Fyret i ei hump midt på Langfjellet og Kjerka heilt sør på Kjølen. Flua er eit skag i søaustlig retning ut frå *Flaksbåen* (sjå over). På det grunnaste er ho 12 meter.

Flesapøla / 'fλ esa:pø:lɔ / B2-33 er ei djuprenne i eit elles grunt parti av Remtaren. Eit par méda som blir nytta er Kjerka oppå Flatskjeret sørrapå Buskjeret og dei ytste husa på Været i ytterkant av Nordomskjeret.

Flesa i dette høvet er *Veiaflesa* / 'veia:fλesa / eller *Flesa* / fλ esa / som veiværingane seier til daglig.

Flidgrunnen / 'fλ i:dgru:n / D2-34 er eit skag aust på ryggen eller raset som utgjer Nordgrunnen. Her er det vel 20 famner og nokså stygg botn der det er lett å rive nota, men bra med fisk på utber straum. Méda er Sildsundsmuren i Bakkan og Kjerka i Svartskjeret.

Namnet kjem av at karane ombord i *Flid* ofte dreiv seien her ute. M/S *Flid* er ein seisnurpar som hører heime på Veiholmen. Den første *Flid* var innkjøpt før siste krigen og gjorde teneste til 1958, da ho vart avløyst av ei stålskute med same namnet.

Fluskjerrommet / 'fλ u:sæ:røme / C2-35 har méda Kjerka oppå eit lite skjer med eit hakk i (innved Svinsylta) og Ytter Skarpnestuva oppå Inner Hummarskjeret.

Plassen ligg rett ut for *Fluskjeret* / 'fλ u:sæ:re / i Remman. Dette namnet må ein seie er ein god karakteristikk av lokaliteten som nettopp er ein

M Å L O G M É D

mellomting mellom eit *skjer* og ei grunn *flu* der han ligg just i vassflata og stadig blir overspylt. Jfr. Skjerjebåflua (Ram). Om *flu*, sjå s. 100.

Gammalklakken / *gamer, kacan* / B2-36 er eit skag av Hælen i méda Litløret over Flesa og Gammalklakktinden over Skalmen eller Fyrnaustet midt i Forsnestuva. Berget er vidt og flatt aust-vest og mellom 50-70 famner. Etter at det kom oppsyn, vart området utlagt til snøregrunn. Dette var ein av dei aller beste skreipllassane ved Smøla, og her kunne ein ta skreia både på innsig og utsig, dvs. både før og etter gytinga.

Appellativet *klakk* fins ikkje i nærleiken av lokaliteten og adjektivet *gammal* relaterer seg såleis neppe til eit anna méd. Men gjennom alle tider har *Gammalklakken* vore mellom dei aller beste skreiberga ved Smøla, og vi må tru det er dette som ligg i namnet. Dei seinare åra har det fleire gonger skjedd at det har komme eit bra innsig av skrei på *Gammalklakken* utan at ho har vist seg andre stader. (Sjå elles Fugelsøy 1962:335-336 og særlig Danielsen 1978:348.)

Gammalrubben, sjå Rubban.

Gandsgrunnen / *gajns, gruŋ* / C2-37 har méda Kjerka i sørkant på Kråkskjeret og Tonnainga i høgaste pynten på Munkholmen. Her er det 60-70 famner djupt og hammar mot sør. Grunnen held fram som ein rygg mot nordvest.

Det er vanskelig å sjå noko meining i utmerkingsleddet ut frå *gand*, m. < norrønt *gand(-reið)* ‘trolldom’. Nyislandsks har *gan*, n. i denne tydinga samt med tydinga ‘Busen, Faren af Sted’ (Blöndal 1922). Ein kunne kanskje tenkje på spesielle straumforhold ved médet, men dette har eg ingen opplysningar om. Médfjellet *Gand* som dei brukar ytst i Griphølen, er ikkje brukbart frå Veiholmen, og dette namnet er såleis heller ikkje kjent.

Det at grunnen er langstrekt, gir høve til å tru at utmerkingsleddet kan vera norrønt *ganðr*, m. ‘stav, kjøpp’, eit ord som har gitt opphav til andre stadnamn,

m.a. til médfjellet *Gand*. (Sjå elles NSL). Aasen (1973) opplyser at ordet fins i nynorsk, men det er ikkje kjent i denne tydinga mellom mine heimelsmenn. I nyislandsk tyder *gandur*, m. 'stokk, stav' (Blöndal 1922). Jakobsen (1921) har notert at fisken berggalt var kalla *gandarrota* i tydinga 'kjøpp' på Shetland, men dette namnet på fisken ser ikkje ut til å finnast andre stader.

Gapet /'ga:pe/ C1-38 er det nordaustligaste médet i denne samlinga. 'Ca. 6 mil nord for Haugjegla ligger en stor vid fiskegrunne som heter Gapet. Bare unntaksvis hørte en snakk om at robåten tok på den lange vegen dit.' (Danielsen 1978:352). Sommars tid har det vore noko nytta som storseiméd. På den vide grunnmarka er det fleire markante berg; det grunnaste er 93 meter. Der veiværingane kasta mest er det 70 famner. Grunnaste *Gapet* får ein med toppen av Forsnestuva i toppen på Søre Gjelklakken og Sletringen (fyret) i slegda mellom dei to største tuvene nord i Frøya eller Langberga i Gapstinden.

Namnet må komma av lokaliseringa ytst i *fjordgapet* på Ramsøyfjorden. Forklaringa Rygh gir på Gapøya, gnr. 4 i Kvæfjord, høver framifrå også på médnamnet: 'Gapøen har utvivilsomt sit Navn af, at den ligger i et Fjordgab. Den ligger nemlig i den ydre Del af Kvæfjorden, nogenlunde midt imellem begge Kyster.' (Rygh NG IV:202). Vidare seier Rygh om same namnet ein annan stad: 'Dette er vel den sandsynligeste Forklaring, skjønt gap neppe ellers findes i Stedsnavne i Betydningen af en Fjordmunding.' (Rygh NG XVIII:2). Eit korrektiv til dette siste finn vi hos Sund (1978:22) som fortel at utløpet på Nappstraumen i nord blir kalla Gapet: 'Her kommer den sjøfarende ut mot åpent hav, og horisonten vider seg ut etter at fjella har stengt for utsynet mot øst og vest.' *Gapet* i vårt tilfelle ligg ikkje nettopp slik i ein trong fjordmunning, men tanken bak namna er likevel den same.

Gartflua /'gart,fr̥u:a/ C2-39 finn ein i méda Verken og Innergården og Håskjeret og Dyrnestuva. Flua er ein

MÅL O G MÉD

rundvoren skolt på 6-7 meter. Dette er ein bra åteplass der det gjerne står modde og lyr.

Gartflua bryt mykje og jamt, og trulig finn vi opphavet til namnet her. Hos Aasen (1873) tyder verbet *garte* '1) spøge, skjemte, fjase. (Tildes i B. Stift.) 2) Snakke, samtale løselig'. Førsteleddet kan såleis spela på korleis bårene leikar seg i brottet eller korleis brottet ertar ein sjøfarande. Dette verbet samt det norrøne verbet *garta* 'skrape' sett NSL opp som mulig opphav til øynamnet Garten i Ørland og til gardsnamn som skriv seg frå liknande elvenamn. (Jfr. Garte i Surnadal, Rygh NG XIII:419 og Rygh 1904:65.)

Gjeggeltaren / *‘jæger,tarinj* / C2-40 er ei langstrekta grunne i nord-sør-retning i méda Fyret på Skånsfluskjeret og Nordsetstua og Svartgjegla. Sjølve taren er berre 3-4 famner djup og bryt jamt. Dette er ein bra åteplass, og her får du modde og lyr.

I nærleiken av taren finn vi desse namna: *Svartgjegla*, *Vestgjegla*, *Haugiegla* og *Gjeggelskjera*. Dessutan går *gjeggel* att som ledd i andre skjergardsnamn ved Smøla. (Jfr. SK40 1980.) Per Hovda (1962:180) meiner å kunna stille desse namna saman med eit verb *geigle* 'svinge, svaie', noko som skal vise til den urolige sjøen ved desse plassane. (Jfr. òg *gigla* i Norsk ordbok.) I området med alle *gjeggel*-namna utom Veiholmen må ein seie dette høver godt. Her står nordavinds- og vestavindsbårene rett på, og den vestlige normalstraumen blir bøyd av her inn mot Ramsøyfjorden. Ofte kolliderer såleis fleire båre- og straumretningar i dette området slik at sjøen blir uryddig og krapp. I målføret seier ein om slik 'poppelsjø' at han er *giglen* / *‘jegrinj* /.

Gloppstøet / *grɔpstø:e* / C2-41 har méda Skalmen i klova på Gloppstøskjeret og Verken nett nordom stua hans Jakob Pettersen på Haugen. Dette uerstøet på 160 meter er berre ein liten hause. Helst skal det brukast på utber straum, for botnen innom er dårlig og lett å rive i.

Hos Aasen (1873) finn vi 'Glop, n. Hul, Gab, Aabning',

V E I A H A V E T

'Glopmark, f. ujævn, hullet Jord, med Bjergkløfter, Bækkeløb og desl.' og 'Gloppa, f. Hule, Kløft i et Bjerg; ...'. Færøyisk har *glopp*, n. 'opning, hol' (Jacobsen/Matras 1928). *Gloppstøet* må seiast å vera lokalisert i ei 'Glopmark'. Informantane mine kjenner ikkje orda *glopp* eller *gloppmark*. Rygh (Indl.:51) seier at sjølv om *gloppa*, *gluppa*, f., elles ikkje er kjent frå mellomalderen, har det alt da laga stadnamn.

Grisen /'gri:sŋ/ C2-42 har desse méda: Skalmen i innerkant av *Grisskjeret* og Kjerka i Kråkhammaren eller Verken i sørkant av Singsholmklova. Dette er ein skalle på 145 meters djup midt i Veiahølen.

Eg held det for sannsynlig at vi her har å gjera med ei namnelaging parallel til den vi har ved Bessan (sjå over), dvs. at médnamnet *Grisen* er laga av *Grisskjeret* som ligg i eine médlina.

Grisskjeret /'gris;kjeret/ føyer seg inn mellom mange skjergardsnamn på Gris-. *Gris*, m. < norrønt *griss*, m., går att på namn på 'skjer, steinar og grunnar, ymist namngjeve etter likskap og ymist etter meinlægje i leia' (Hovda 1961:206). *Grisskjeret* i Remman kan ikkje seiast vera noen fare for ferdsla, men forma på skjeret er lett å assosiere med ryggen på ein gris.

Sjå også **Inner Grisen**.

Grunnan, sjå **Nordgrunnen** og **Sørgrunnen**.

Grunnseta /'gruŋ;setɔ/ D2-43 er eit djupt berg og eit godt uersméd på om lag 180 meter, sør av Bukken. Méda er varden på Sæterjessingen i sørkant av Stabben og Ytter Skarpnestuva og Verkklova. Plassen er eit fråber unna *Grunnan*.

Grunnskallen /'gruŋ;skalɪŋ/ D2-44 er ein spiss nut, 80 meter djup, sørom *Grunnan*. Méda er Tuvskjeret i Verken eller i Rønsøyskjera og Kjerka i sørkant av Storsvartskjeret.

M Å L O G M É D

Gunnhildskallen / *gūnið,skalín* / C2-45 sør i Veiahølen, har méda Håskjeret i sørkant av Stortuva (Dyrnestuva) og Kjerka i sørkant av Ausa. Her er det 80-95 meter djupt.

Gunnhild / *gūnið* / < norrønt *Gunnhildr* er eit kvinnenamn samansett av to ledd som begge tyder 'strid'. Namnet har vore mykje bruka i mellomalderen og særlig mykje på 1700-talet.

Hallvard Hanssen / *haðvar 'hansþ* / B2-46 har méda Andholmen over Veiaflesa og den største tuva rett inne i Smøla over høgaste Nordomskjeret. Denne grunnen er 65 meter djup og strekkjer seg noko ut i nord-sør-retning. Både innom og utom han er det djupt.

Om *Hallvard* sjå Hallvardskallen (Ram).

Hans, m. / *hans* / er ei tysk kortform av *Johannes* og har vore i bruk her til lands frå mellomalderen. Frå 1700-talet og fram til våre dagar har dette vore mellom dei mest frekvente namna.

Hammaren / *hamarñ* / C3-47 har desse méda: Kjerka og Storgåsskjeret og Skarpnestuva og Ytter Leiskjeret. Plassen er ein brådjup *uershammar* nett vest for Gåsskjera sørpå Veiahølen.

Henrikskallen / *hænrek,skalín* / C2-48, nordvest av Singsholmen, har desse méda: Eit hakk innpå Tonningen i Moloenden og Randa på skjeret (ei kvit stripe i berget på eit skjer vestom Innveien) i sørkant på Leiskjeret eller Kjerka ei seglbreidd sørom Leiskjeret. Herifra kan du òg kaste litt lenger vest. Skallen er på 35 meter med bratthamarar rundt seg særlig mot vest, der det stuper ned til over 60 meter.

Henrik, m. / *hænrek* / er opphavlig tysk og har her til lands vore i bruk sidan 1200-talet. Det har vore eit mykje bruka namn frå 1700-talet av og fram til vår tid.

Henriktaren / *hænrek,tariñ* / C2-49 ligg straks sørom

V E I A H A V E T

Leiskjerlykta ved leia inn til Innveien. Taren kan 'st  tu' p  fj ra. Her er det modde om sommaren.

Om *Henrik*, sj  over.

Hespa /  h esp  / D2-50 er eit m d som i dag ikkje er mykje brukta. F r var det drive noko med torskegarna her. M da er Verken og Skjerjeb en eller Tuvskjeret og Storsvartskjeret og Kjerka eller Litl ret og Bindingskjeret.

Eg har ikkje f tt greie p  om botnen p  denne plassen har noen s rdrag. Namnet p  lokaliteten m  helst ha   gjera med ei *sn rehespe* /  sn :r, h sp /, eit H-forma reiskap ein suler opp sn ret p . Anten m  assosiasjonen ha vore gjort til ein likskap mellom botnen og forma p  ei *hespe*, eller - meir sannsynlig - kanskje har den som fann plassen brukta s  mykje sn re som det just var p  hespa hans for   n  botnen.

Hilb holet /  hi:l , h :  / B2-51 ligg mellom *Hilb taran*. Utheita er Skalmen og Flesa og s  er det Litl ret nordp  midta av Buskjeret. Dette er eit sandhol p  12-15 famner der du f r modde.

Om tydinga av dette namnet og det neste, sj  *Hilb en* (Od).

Hilb p la /  hi:l , p :  / B2-52 ligg austom *Inner Hilb en* avgrensa av Flessa og Julafldagan, og s  g r renna med sandbotn rett aust og vest i Tidflubugen. Her kan ein sette vad i m det Fyret og Tonninga, og f  skate, kveite og hyse.

Hilverskallen /  hi:lver, sk :  / C2-53 har m da Ytter Skarpnestuva i innerkant av Buskjeret og Kjerka midt p   rn ya. Skallen er eit grunnskag som stikk ut vestover unna *Hilverskjeret*.

Hilverskjeret /  hi:lver, s :  / er eit lite, overspylt skjer aust i Remtaren. Namnet er vanskelig   tolke. Kanskje er f rsteleddet eit personnamn **Hilv r*. (Jfr. Lind (1915) som har *Hil-* som forledd og suffikset *-v r*.)

MÅL OG MÉD

Médnamnet er trulig elliptisk av **Hilverskjerskallen*.

Hilverråsa /'hi:lve,ɾɔ:sa/ C2-54 ligg i médet Fyret i Tonningen med *Hilverskallen* nordst i råsa. Her er det fin og vid sandbotn vestover. Dette er linemark, men i mellomkrigstida var det òg fangsta med snurrevad her ute.

Om namnet, sjå over.

Holgerseta /'hɔlger,se:tɔ/ D2-55 er ein lite bruka plass langt nordaust for Veiholmen. Méd er Langberga på Nergård-husa og nördre Tustnaskaget nordpå Sæter-jessingen.

Holger, m. /'hɔlger/ er ei yngre form av eit opphavlig svensk/dansk namn *Holmger*. I vårt land kom forma *Holger* i bruk på 1500-talet, og først på dette hundreår var namnet ein del bruka.

Holmagrunnen /'hɔlma,gru:n/ D2-56 kan mesta reknaust for same plassen som Holgersetta, men du treff på knollen som blir kalla *Holmagrunnen* om du kursar innover frå Holgersetta i médet *Holmen* i nördste Ånesfjellet.

Holmen /'hɔlmin/ er eit nærnamn for *Kvitholmen*, sjå under Kvitskallen (Ram).

Hummelegga /'hømer,ɛja/ el. /'hømer,aegɔ/ (om den usikre uttalet, sjå s. 98) B2-57 har méda Kjerka på Flesa og Dyrnestuva i sørkant av Andholmen. Dette var i si tid eit bra skreiberg, men er no helst ein uersplass. Plassen er eit fråber mot vest unna Gammalklakken. Her er det om lag 90 famner.

Mest trulig kjem utmerkingsleddet av norrønt **hømull*, m. (berre kjent i norrønt i samansettinga *hømulgrýti*, n.) 'humulstein, steingrunn' (Heggstad 1963). Nynorsk *humul*, m. 'Steen, især om smaa rundaktige Stene' (Aasen 1873), er ikkje bruka i målføret i dag. Ordet har danna fleire stadnamn (NSL).

V E I A H A V E T

Det har ikkje lyktest meg å stadfeste at det er *humulstein* på dei to lokalitetane utfør Smøla som heiter *Hummelegga*. Tvert om stilte eit par fiskarar som har drive *Hummelegga* ved Veiholmen seg tvilande til at det var kuppelsteinar i botnen her. I så fall ville dei ha fått slikt opp med bruket stund om anna, meinte dei. Dei var samstemte om at det var fjellgrunn her. Derfor skal vi vera opne for ei anna mulig forklaring ut frå verbet *hamle* /'hamer/ av norrønt *hamla*. Rundinga av vokalen kan i så fall ha skjedd pga. labialen /m/. I så fall fortel namnet at dette er ein plass der du må *hamle* for å halde båten i ro. Det er ein del straum her utom Remman.

Hysa / 'hy:ssə / B2-58 er eit godt skreiméð nordom Storbåen i merka Kjerka over Hilverskjeret og Hystinden på austre kanten av Skalmen eller Fyret i sørkanten på Forsnestuva. Under vinterfisket var dette for det meste ein torskegarnsplass. Det er 50 famner her, det er torsk og sei, og ein kan sette line etter brosme. Informantane mine samstemtes om at dette ikkje er ein utprega hyseplass, sjølv om det hender at ein kan få denne fisken. Vi må rekne med at namnet likevel viser til at det ved eitt eller anna høve var godt *hysefiske* her ute.

Hyse, f. / hy:s / < norrønt *ýsa*, f. (gades aeglefinus), er ein torskefisk som lever av botndyr og derfor står nær botnen på relativt djupt vatn.

Hælen / he:ɻ ə / er eit områdenamn som i dag blir bruka om farvatnet like nordvest for Remtaren, dvs. området ved Gammalklakken og utover frå *Hælsgrunnen*. På den sistnemnte grunnen vart det gjernast fangsta sei, men utover herifrå - 'vestpå Hælen' - var det skreiplassar. På grunnlag av namna *Hælsbåen* og *Hæltaran* aust i Remtaren, må vi tru at *Hælen* har vore eit vidare område enn det som i dag er meint med namnet. *Hæl*-namna rammar mesta inn nordre delen av Remtaren, og det er ikkje urimelig å tru at heile dette området ein gong har heitt *Hælen*.

MÅL OG MÉD

Tydinga av norrønt *hæl(l)*, m. var anten 'hæl' / he:l / eller 'stokk, påle, staur'. Er *Hælen* det gamle namnet på ytter Remtaren, kan begge tolkingane gi mening til namnet på grunnmarka som skyt ut i ein spiss mot Storbåen.

Hælsbåen / he:sbɔ:in / C2-59 ligg i méda Skalmen i skråninga på Hestnasen eller Dyrnestuva på Hilverskjeret og Fyret i Forsnestuva. På det grunnaste er båen knappe 5 meter. Mot søraust herifrå var det notplass. Oppunder båane i dette området var det før i tida eit rikt seifiske med not (Danielsen 1978:350).

Hælsbåpøla / he:sbɔ:pø:lɑ / C2-60 er ei renne aust og vest ved *Hælsbåen* (sjå over). Nørdst i pøla er du når du har Fyrnaustet litt sør for toppen på Forsnestuva og Hilværskjeret i Gullsteinskaget.

Hælsbåtaran / he:sbɔ:taran / C2-61 er grunnmarka ved *Hælsbåen*. Her er det fleire tarehausar og grunnar. I spakt vêr kan ein dra taretorsk her.

Hælsgrunnen / he:sigrūn / B2-62 har desse méda: Ungdomshuset på Hilverskjeret eller Litløret nett sørøm Veiaflesa og Hælsgrunntinden i austerkant av Skalmen. Dette er ein vid grunn mellom Remtaren og Gammalklakken. På det grunnaste er han 30 meter. I tillegg til snøre vart det her fangsta med snurpenot etter seien.

Hæltaran / he:taran / B2-63 ligg rett vest av Flesa mot Låsflua. Mellom dei grunne tareskoltane kan ein dra modde.

Håskjerkbakkan / hɔ:sær:bakən / C3-64 har desse méda: Kjerka ei seglbreidd sørøm Brattgåsskjær og Inner Skarpnestuva på det inste skjeret innom Leiskjeret. Botnen her stig opp mot Gåsskjera straks sør for *Håskjerket*.

V E I A H A V E T

Håskjeret /'hɔ:sæ:re/ er eit høgt og markant skjer vi finn att som merke i mange médliner til plassar på Hølen. Førsteleddet er norrønt *hár*, adj. 'høg'.

Håskjerberget /'hɔ:šær,bærje/ C2-65 ligg i merka Håskjeret midt på Bårdsetfjellet og Kråkskjeret i nordkant av Tonningen.

Berget ligg i åtberet nett nordom *Håskjeret*, og namnet kan anten komma av den nære lokaliseringa til skjeret eller av at ei médlime går over skjeret.

Håskjerdjupet /'hɔ:šær,ju:pe/ C2-66 har som méd Kjerka nord for Ausa og Munkholmbrygga i Singsholmen. Her er det over 100 meter djupt. Plassen ligg nord for *Håskjeret*.

Håskjerkanten /'hɔ:šær,kajncŋ/ C3-67 har méda *Håskjeret* i nordkant av Tonningen og Storgåsskjeret i Bårdsetfjellet. Dette er ein bratt hammar opp mot grunna på vestsida av *Håskjeret*.

Inner Angelberget, sjå *Angelberget*.

Inner Grisen /'iner 'gri:sŋ/ C2-68 ligg straks sørom *Grisen* i méda Skalmen på Buskersteinen og Kjerka i Kråkhammaren. Her er det 195 meter djupt og bradd særlig mot aust.

Sjå elles *Grisen*.

Inner Klaven, sjå *Klaven*.

Inner Laksen, sjå *Laksen*.

Inner Médsingrunnen, sjå *Médsinggrunnen*.

Inner Rubben, sjå *Rubban*.

I selibakkan / ^i:seli,bakŋ/ C2-69 ligg i méda

MÅL O G MÉD

Ungdomshuset i Tonningen og Kjerka sørøm Kråskjeret eller Håskjeret i Tustnadalen. Her er eit slakt fall ved 60-65 famner. Plassen er eit gammalt skreiméd.

Førsteleddet i namnet må vera *iselje*, m. / ¹i:seli / 'mjølkepose på skrei'. Frå Nordmøre har Ross notert '(...) ('i Modd, Hyys' aa Sæe)' og '*I selje*, m.' 'den krøllede Sædpose i Fiske af Torskeslægten, Gadus,' (Ross 1895), jfr. nynorsk *svil*, n. og nyislandsk *svil*, n. pl. 'mjølke i fisk', kanskje til verbet *svelle* (Torp 1919). *I selje* < *is vilja* er ei laging lik svenske dialektar *ifol* og norrønt *i fylr* 'som har føll i seg' (ibid.).

Uttalen med *i* som fugeallomorf finn vi ein parallel til i namnet Flessibakkan (Brv). Årsaka er kontraksjon av *-ja* og følgjande sonatisering av *j-en*. Jfr. Flessitjørna og Flessistolan i Aure (Stemshaug 1965:162).

Til det reelle innhaldet i médnamnet kan det vera tre mulige opphav:

1. Det har vore teke uvanlig mykje *iseliskrei* (hannskrei) her. Dette hørest usannsynlig ut, men ei enkeltståande hending kunne i og for seg ha vore nok til å døype plassen. At det faktisk førekjem at visse plassar er forbunde med *iseliskrei*, kan ein lesa hos Kristian Opstad (1984:52), som frå romsdalskysten fortel:

Fisken som vart fiska på Landmebakken var større og feitare enn den som vart fiska ute på Onadjupet seinare på vinteren. På Landmebakken var storparten 'rognefisk', mot den som vart fiska seinare for største delen var 'iselfisk'.

2. Topografien på lokaliteten kan vera ei jamføring med forma på *iseliposen*. Botnen må da helst ha form av eit knudra berg, men ein heimelmann meinte dette ikkje er tilfelle.

3. Ei médlíne kunne gått over skjera *Iseliskjeret* eller *Iselibarden* lenger inne i Hølen. Ein informant sa at han mintes at det vart brukta ei médlíne som gjekk over *Iselibarden* og ei tuve inne i Smøla. Denne tuva vil i så fall bli Måbergtuva. Dei to skjera er rundaktige og er trulig jamført med forma på *iseliposen*.

V E I A H A V E T

Ei gammal médlíne vil vera det mest opplagte opphavet til namnet på grunnen.

Johannesberget / Ȑjø:anes,bærje / C1-70, sørøst av Støa, har desse méda: Kjerka i Gullsteinskaget og Ottersbakktinden midt på Inner Langberget. Arne Danielsen (1978:351) opplyser at médet er lite kjent og lite brukta.

Johannes / Ȑjø:anes /, ei gresk form av eit bibelsk namn, var svært populært på 1700-talet, og heilt fram til og med 1920-åra har det vore mellom dei mest brukta mannsnamna.

Johannesberget / Ȑjø:anes,bærje / C2-71 sørpå Veia-hølen, har méda Leiskjermuren i ytterkant av Langberga og Kjerka på knollen sør om Håskjeret. Skallen er 10-15 meter djup og ligg like sørøst av *Johannesskjeret*.

Médnamnet er antakelig ellipse av **Johannesskjerberget*.

Johan Været-skallen / joan'væ:re:skalij / C2-72 ligg i åtberet mot Ørklakken i méda Forsnestuva midt på Svartgjegla og Verken midt på Baptithuset. Her står det hyse og torsk.

Johan, m. / Ȑjø:an / er ei kortform av *Johannes*. Populariteten til namnet har veksle noko, men rundt siste hundreårsskiftet - da personen det her er tale om fekk namnet - låg det på tredje plass når det gjeld frekvens.

Været / Ȑvæ:re /, av norrønt *ver*, n. 'fangstplass ved sjøen', er sjølve *hovudværet* på Veiholmen - øyane med den største og den eldste busettinga. (Sjå bilde neste side.)

Fiskeplassen har namn etter *Johan Johannessen*, (1893-1976), med tilnamnet *Været*, ein markant veiværfsfiskar som budde på *Været* i ei gammal stue som no er neddriven, der det no er parkeringsplass for S-laget.

MÅL OG MÉD



Frå Været på Veiholmen.

Jørnstøet /'jø:rn̩,stø:e/ C2-73 har merka Storsenna-holmen mellom Ytter og Inner Tonningen og Ormbostadaksla i Søre Svinsylta. Her er det 150 meter og bratt mot nord.

Jørn / jø:rn / er ei nordisk form av det lågtyske *Jørgen*. Først i den seinare delen av vårt hundreår har *Jørn* vorte populært.

Kjøltaren / 'çø:t̩,tarin / C2-74 har desse méda: Ungdomshuset på Hopen over Håskjeret og Skalmen i innerkant av *Inner Kjølen*. Taren ligg like aust av *Kjølen*. Namnet står på SK40 1980.

Kjølen / çø:t̩ / er namnet på to skjer i Remman; *Inner* og *Ytter Kjølen*. Namnet er jamførande og samanliknar dei to avlange og runde skjera med to *båtkjølar*. *Kjøl*, m. / çø:t̩ / < norrønt *kjolr*, m. (Når det gjeld andre tydingar av *kjøl* i stadnamn, sjå NSL.)

Klaven / 'kla:vijn / ligg heilt sør i Veiahølen og blir delt i **Inner Klaven** C3-75 og

V E I A H A V E T

Ytter Klaven C3-76

Mellom desse berga er det berre eit smalt fråber, og på begge kan ein bruke desse méda: Kjerka på knollen sørøm Brattgåsskjeret og Skarpnestuva straks innom Andholmen og heilt til du har tuva i ytterkant av Andholmen.

Oppå berga er det 65 meter, og ned i den smale kløfta er det over 80 meter djupt.

Om namnet, sjå Klavaflua (Od).

Kleiva / kl ε:va / utom Storbåen, er to gode skreiberg som òg var mykje drifta under vårtorskefisket og etter seien med snøret. Berga har ei kløft mellom seg:

Auster Kleiva C2-77 har méda Innergården i Ånesskaget og Skalmen i slegda mellom Ytter og Mitter Hesten eller Flesa og Hestnasen.

Vester Kleiva C2-78 kan ein bruke desse méda på: Fyret nett sør av Storbåen og Skalmen i ytterkant av Flesa.

Berga ligg nord-sør, men det presiserande leddet kan variere svært. Slik har eg hørt motsetningspara **Nordre** og **Søre Kleiva, Auster** og **Vester Kleiva** (som synes vera det mest vanlige) og faktisk òg **Nordre** og **Vester Kleiva**. (Om denne typen variasjon, sjå s. 76.)

Oluf Rygh (Indl.:60) oppgir at *kleiv*, f. / kl ε:v / < norrønt *kleif*, f. har samanheng med verbet *klive* 'klatre' og ofta tyder 'brat Bergside, ad hvilken der gaar en Vei'. I eit fiskarmiljø trur eg snarare det er assosiert med ei *kleiv* i tydinga 'trekantet hakk i enden av ei stikke (lang pinne av tre - brukt ved impregnering av snøre)' (Bye 1976:131 og 133). *Kleiv* i denne meinингa må helst vera utleidd av verbet *klyve* / kl i:v / < norrønt *kljúfa* 'kløve, spalte, splitte paa langs eller frå Enden.' (Aasen 1873, under 'kluva'). Kløfta mellom dei to berga i lokaliteten er i stadnamnet trulig assosiert med ei *kleiv* i denne tydinga.

Knotten / knøtn / L18-11, midt i Veiahølen, har méda Kjerka eller Litløret i nordkant av Skuskjeret og Skalmen over Gloppstøskjeret. Denne uersplassen er best på utber straum. Lokaliteten er ein nut som er særslig bratt på

MÅL O G MÉD

innsida, og her, øvst i hammaren, står ueren.

Knott, m. / knott / < norrønt *knøttr*, m. 'ball, kule', jfr. shetlandske *knott*, s. '1) rundaktig klump' (Jakobsen 1921). I fiskarmiljø har *knott* hatt ei spesialtyding. Før i tida når fiskarane tvinna tråden sin sjølve, brukte dei ein *knott*, ein trekanta trekloss med spor i til å skilje tåttane i tråden. (Sjå Bye 1976:131.) Lokaliteten er altså trulig eit jamføringsnamn som liknar plassen med forma på ein slik *knott*.

Kobbskagtaren / ˇkøbskag,tarjn / B2-80 ligg like ved *Kobbskaget* i méda Leiskjermuren i kanten på Litløret og fyret midt på eit svart skjer nett innom Buskjeret.

Kobbskaget / ˇkøbska:je / er eit skjer heilt sør i Remman som må ha namn etter at det her har vore sett mykje *kobbe*, m. / ˇkøbe /. Det er kjent at det før i tida var mykje kobbe ute i Remman.

Kolbeinsflua / ˇkørbensf्ल:u:a / C2-81 har méda Toningen over skjeret nordom Hakbåsundet og Verken i Singsholmklova. Denne flua på 6 meter ligg like ved *Kolbeinstaren*.

Kolbein, m. / ˇkørben / < norrønt *Kolbeinn* var allment nytta i mellomalderen. På Nordmøre finn vi namnet registrert første gong 1520 i den monoftongerte forma *Kolben* (Hareide 1977:64). I vårt hundreår er namnet lite nytta.

Kolbeinstaren / ˇkørbens,tarjn / C2-82 er på berre 2 meter og ligg straks nordom *Kolbeinsflua* i desse méda: Gjeggelnaustet nordom Svartgjegla og Stabben og Skuskjeret. Både aust og vest for denne langstrekte skallen er det over 20 meter djupt. Plassen står avmerka på kartet (SK40 1980 i detaljutsnittet over Veiholmen).

Kongsberg / ˇkøns,bærg / C2-83 har méda Skalmen innom midta på Buskjeret og Kjerka på Skuskjehammaren. Berget er noko langstrekta sørvest og nordaust

V E I A H A V E T

og 65 famner djupt. Plassen er eit gammalt skreiberg.

Det er vanskelig å sjå kva som kan vera grunnen til denne namnelaginga. Namnet er eitt av dei særer få eksempla på ubunden form i namnematerialet, noko som kan få ein på trua at dette er eit oppkallingsnamn etter byen *Kongsberg* / *kɔ̃nsbærg* /. Kanskje har eit rikt fiske her utpå gitt grunnlag for å rose plassen med namnet til sølvverksbyen? Berget i seg sjølv er ikkje stort og mektig nok til at det kvalifiserer til nemninga 'kongelig'.

På kartet over Hitra ligg Kongsbergaksla (162 m) like nordvest av Forsnestuva. I *Den norske los IV* opererer landtoning nr. 36 av Hitra med fjellnamnet Kongensberget (giengitt i Uksnøy 1959). For fiskarar eg har snakka med på Smøla, er desse fjellnamna ukjente, og frå Veiholmen er dette fjellet ikkje lett å ta ut, men vi skal likevel ikkje sjå bort frå at fjellet kan ha gitt opphav til médnamnet gjennom ei gammal médline.

Kristofferflua / ˘krestɔfɛr,fr̩u:a / C2-84 treff ein i méda Ottersbakktinden attåt Flesa og nordre kanten på Stabben nett sør om høgaste Nordomskjeret eller Gjeggelnauustet og Forsnestuva. Her er det om lag 10 famner djupt og bra med taretorsk.

Ein informant meinte namnet på plassen heilt sikkert var etter Kristoffer Antonsen (1883-1975), med tilnamnet Valen, som dreiv mykje her.

Kristoffer, m. / ˘krestɔfer / er eit opphavlig gresk namn som var mykje nytta på 1700-talet og også rundt siste hundrearsskiftet.

Kristoffertaren / ˘krestɔfer,tarɪŋ / C2-85 har méda Kjerka og Hilverskjeret og Forsnestuva og Gjeggelnauustet. Dette er ein bakke mot vest unna same grunnmarka som *Kristofferflua* er ein del av.

Kråkbåan / ˘krɔ:kɔ:bɔ:aqn / C2-86, som er 3,5 meter på det grunnaste, står avmerka på SK40 (1980). Langsmed båane er det bra hysebotn (Danielsen 1978:356). Dei to grunne båane ligg nett sør om *Kråkflua* og vest av *Storkråka*.

MÅL O G MÉD

Kråka / ˘krɔ:kɔ / er eit høgt skjer eller ein liten holme i sørkant av Innveien. Like ved ligg *Litlkråka* og *Kråkskjera*.

Per Hovda skil ut ulike motiv for å namngi skjer, holmar og båar med dette fuglenemnet (Hovda 1941:15-16). Ganske sikkert er *Kråka* i dette tilfellet eit jamføringsnamn som liknar den mørke leten på skjeret med fargen på fuglen *kråke*, f. / krɔ:k / < norrønt *kráka*, f. Sør for Haugjegla ligg òg eit skjer som blir kalla Kråka eller - for nettopp å understreke fargen - Svartkråka. Kråka er eit vanlig skjernamn også elles rundt Smøla. Alle skjernamna Arnfred Slyngstad (1951:70) har notert med dette fuglenemnet, meiner han har namn etter fargen på fuglen. Andre namngivingsgrunnar for *Kråka* sørom Innveien er mindre sannsynlige. Her oppheld det seg neppe overlag mykje *kråke*, og heller ikkje kan ein seie at øya *Kråka* er noen fare for ferdsla slik at det blir tenkt på *kråka* som ulykkesfugl. (Jfr. Solheim 1940: 154 om Kråka utan Averøya.)

Krakkflua / ˘krɔ:k,frø:a / C2-87 er ein rundvoren skalle på 14 meter som ein treffer på om ein held nordvest frå Kråkbåane til ein har Skarpnestuva over Håskjeret og Djupsundsmuren nordpå *Kråka*.

Kveldseta / ˘kveł,setsɔ / C2-88 ligg i bakken nordvest av Haugjegla i méda Dyrnestuva og Håskjeret og Verken og Nordsetstua. Aasen (1873) skriv: 'Kveldseta, f. den Tid da man sidder oppe om Vinteraftenen; tiden fra Mørkningen til Sengetid. Næsten alm.'. På dette médnamnet har Arne Danielsen (1978:356) denne forklaringa:

Mellom Ufsgrunn og Haugjegla ligger 2 fiskeplasser, Anders Bensån og Kveldsettå. Den siste bærer det i navnet, og om dem begge ble det sagt at de lå fint til for en pause i roingen til lands etter å ha tilbrakt dagen lengre ute. Forsøk med snøret noen kast til før en sluttet opp for dagen. No var det tid til å tenke på kvelden heime.

V E I A H A V E T

Det Danielsen fortel verkar sannsynlig. Problemet er om vi skal rekne toponymet for å vera lik omgrepet Aasen definerer eller om vi skal dele opp namnet og trekke ut appellativet *sete*, f., slik at médnamnet da tyder 'fiskeplassen som blir bruka om kvelden'. Sjølv om eg vel å sjå appellativet *set* i namnet, må ein tru at det vanlige omgrepet *kveldsete* kan ha verka inn på namngivinga og kanskje forsterka namnet gjennom eit slags ordspel mellom dei to tydingane. Ei parallel namnelaging finn vi hos Sund (1978: 123), som seier om médnamnet Vårseta: 'Når vinterfisket var slutt, ble Vårseta tatt i bruk'.

Kårsgrunnen / ˘kɔ:rsgrunj / C2-89 utpå Veiahølen har méda Skalmen inst på Besskjeret og Verken på Innergården eller Nordsetstua og Svartgjegla. Her vart det bruka line og garn etter skreia. No får ein sei og torsk her ute. Grunnen er om lag 70 meter djup.

Om namnet, sjå Kársskallen (Od).

Laksen er det to av:

Inner Laksen / ˘inerlaksn / C2-90 er ein kant mot vest i méda Skalmen ytst på Buskjeret og Verken ei seglbreidde nord for Innergården. Plassen er rekna som eit god uersméd, og det hender ein òg får godt med sei.

Ytter Laksen / ˘ycerlaksn / C2-91 er ein hammar mot vest i desse merka: Skalmen ytst på Grisskjeret, skag mot skag, og Verken i nordkant av Echoffbrygga. Herifra kan du òg gå noko nord. På innber straum er plassen best.

Laks, m. / laks / < norrønt *lax*, m. *Laksen* vart rekna for kanskje den gjevaste fisken av alle, sjølv om kveita vel var meir sjeldsynt. No er *laks* på ingen måte stasjonær, og méd etter ein slik fisk fins sjølvsagt ikkje. Når Inner og Ytter Laksen likevel er namngitt slik, er den mest nærliggjande forklaringa at noen ein gong - og da tilfeldig - har fiska *laks* her og at namnet så har festa seg som eit minne etter denne hendinga. Her utpå Hølen er det utelukka at namnet *Laksen* skriv seg frå bruk av *laksevorper*.

MÅL O G MÉD

Langbenken / ˈlan̥beŋcen / C2-92 ligg aller ytst utom Storbåen som ein *lang* rygg i aust-vest-retning. Méd er Kjerka nørdst på Skuskjeret og Skalmen på den andre tuva innom Den tredje Hesten og sørover til du får Skalmen og Flesa. Her er det over 80 famner djupt.

Namnet er eit jamføringsnamn av same type son f.eks. *Langkniven* (sjå under).

Langbenkstøa / ˈlan̥bæŋk,stø:a / C2-93 er ei linemark aust av *Langbenken* (sjå over) i retning *Støa*. Plassen er lite brukta.

Langbåflua / ˈlan̥ba:fɻu:a / C2-94 har méda Bårdsetfjellet over Tuvskjeret og Gjeggelnaustet over Langbåknollen. Flua, som på det grunnaste er 4,5 meter, ligg rett aust av Haugjegla og utom *Langbåen*.

Langbåen / ˈlan̥bɔ:in / er ei langstrekt grunne i nord-sør-retning austom Haugjegla.

Langfallet / ˈlan̥fa:le / D2-95 austom Innveien blir brukta som seigrunn både av veiværinger og folk frå Nord-Smøla. Til méd kan ein bruke Fredlyhusa på Sæterjessingen og skogen på Hauøya i Storsvartskjeret. Plassen står avmerka på SK40 1980. På det grunnaste er fallet 12 meter, men grunnmarka er vid og strekkjer seg langt, sælig mot nord. Når det er riktig stor båre, er fallet eit mektig brott.

Adjektivet *lang* / *lan̥* / < norrønt *langr*, skildrar forma på grunnfallet.

Langknivskaget / ˈlan̥kniv,skɑ:je / B2-96 er enden på *Langkniven*. Mot sørvest er det fråber i médet Verken i Skonsfluhakket i Tonningen

Langkniven / ˈlan̥kni:ven / er ei flu som opplagt har namn etter forma; ei lang, kvass egg i sørvest-nordaust-retning mellom 4-6 meter djup. Flua står avmerka på kartet (SK40 1980).

V E I A H A V E T

Langtaren / *lanjtarijn* / D2-97 søraust av Innveien, på sørsida av Bjønnbåpøla, er ein laksnotplass. Nørdst imot leia står ein jarnstake, og herifrå strekkjer han seg sør og søraustover. Han står på kartet (SK40 1980).

Taren er *langstrekt*.

Lauritstaren / *läuris,tarijn* / C2-98 er ein garnplass i sør på Rønsøysvaet. Sjølve taren kan 'stå tu' på fjøra. Méda er Kjerka i Bjørnbåskjeret og Innergården og Rognklovingen.

Ein heimelmann meinte at namnet skreiv seg frå Laurits Nilssen 'Bakkan', f. 1849 (Folketellinga 1900). Han dreiv mykje med laksnota på denne plassen.

Laurits, m. / *läuris* / er ei nordisk form av det latinske helgennamnet *Laurentius*. Dette elles så populære namnet står i 1520 merklig svakt på Nordmøre, men også her får namnet ein nokså framskoten plass på alle seinare frekvenslister (Hareide 1977:43). Ut over dette hundreåret har namnet tappt popularitet.

Litlsmokken / *liç,smøcen* / C2-99 har méda Fyret i nørdre kanten av Gjelklakken eller Verken midt i Blåfjellet og Ytter Skarpnestuva i innerkant av Vester Nordomskjeret eller Langberga over Buskjerhaudet.

Litlsmokken relaterer seg til *Smokken* ikkje langt unna. Av desse to er *Litlsmokken* den minste; han berre ein liten stett.

Sjå elles **Smokken**.

Longholet / *lɔŋ,hɔ:ṛe* / D2-100 har méda Kjerka i Tuvskjeret og Sildsundsmuren i Værnesbrygga. Her er det over 110 meter djupt. Holet her var eit bra *longeméd* før i tida.

Om fisken *longe*, sjå Longholet (Brv).

Lurtaren / *lu:ṛtarijn* / C2-101 i Remman, er ein moddepllass sør for Skjelflua i méda Fyret tett innfor høgaste Nordomskjera og Leiskjermuren i Brattværet i nordre kant

MÅL OG MÉD

av Litløret. Det er fleire tarehausar i dette området.

Heimelsmennene såg ikkje bort frå at grunnlaget for namnet kan ligge i lyden frå brottet, som kanskje kan ha vore likna med ein *lur* / *læ:r* / < norrønt *lúðr*, (jfr. Hovda 1962:176), men dei framheva at denne taren var spesielt lumsk i brottet. Dette gjer det mest sannsynlig at namnet kjem av at taren er *lur* i tydinga at han kan bryte utan varsel og når du minst ventar det. Luren er òg eit skjernamn utom Odden (SK40 1980).

Løkja / *lø:cɔ* / B2-102, utom Remtaren, har méda Fyret i austre skråninga på Gjelaklakken og Skarpnestuva og Flesa. Dette er ein plass som no ikkje er mykje bruka.

Arne Danielssen (1978:348) nemner 'Løkjå' og skriv i ein parantes: 'Å løkje - visstnok det samme som å leite.' Det er ikkje råd å få stadfest denne tydinga av verbet verken i målføret på Smøla eller andre stader i landet. Det er mulig at grunnlaget for namnet heller ligg i det refleksive verbet *løkje seg* 'danne blanke stripers, som ligner bækker, om sjøen' (Ross 1895), jfr. *løk*, m. i tydinga 'bekk'. Fenomenet blir jamt over tolka som eit varsel om regn (NO, setelarkivet), men som grunnlag for médnamnet ligg det vel heller at dette er ein plass der straumen ofte lagar blanke stripers i sjøen. Verbet blir ikkje bruka i målføret, men informantane seier at dette er eit område der det ofte er slike 'straumrenner', som det heiter på Smøla. Her i djupet just utom landbakken er dette fenomenet hyppig.

Låsflua / *lɔ:sf̥lø:a* / B2-103 ligg i vestkant av Remtaren i méda Fyret på ytter skaget på Flesa og Kjerka to-tre segelbreidder oppå søre skaget på Buskjeret. Herifrå kan ein flytte sørover. Flua er ein langstrekta rygg med ei pøle innom, mot aust. På det grunnaste er flua 4,7 meter. Det er rekna for ein moddepllass.

Sjølve flua er for grunn til *låssetting* av fisk i nøter, men i nord og kanskje aust av flua kan ein ha sett steng eller *lås*.

Låsgrunnen / *lɔ:sgru:n* / C2-104 ligg midt i Hølen i

V E I A H A V E T

méda Kjerka på Svinsylta og Lykta i røstet på Ungdomshuset. Dette er ein vid og langstrekkt grunn. Her er det 15-18 famner og sei og torsk. Austom grunnen er det fin hysemark. Plassen står avmerka på kartet (SK40 1980).

Grunnen er egna til *låssetting* av fisk.

Madsmédet / mas,me:e / C2-105 utpå Hølen, har méda Verken nett sør om Gammalskolen og Leiskjermuren i Tretuvene ute om Langberga eller Skalmen inst på Besskjeret. Her er det 100 meter djupt, og i vest fell ein bratthammar 70-80 meter. Médet er brukbart berre på utber straum.

Mads, m. / mas /, nyare / mats /, er ei nordisk form av *Mattias* eller *Matteus*. På 1700-talet var dette eit svært vanlig namn og var det fram til først på vårt hundreår. Stave- og uttaleforma *Mats* er av nyare dato.

Médsinggrunnen / ^me:sen,jgrœn / er eit grunnparti midt i Hølen. Det er to plassar her:

Inner Médsinggrunnen / 'iner ^me:sen,jgrœn / C2-106 ligg i méda Kjerka på Svinsylta og Andholmen og Ytter Leiskjeret.

Ytter Médsinggrunnen / 'ycer ^me:sen,jgrœn / C2-107 i méda Kjerka på Svinsylta og Leiskjeret i Skarpnestuva.

Midt oppå den vide *Médsinggrunnen* er ein med Kjerka i nordkant av Svinsylta og Verken i nordkant av Tonningen. Her er det 20-25 famner og jamt og flatt eit godt stykke før det fell unna på alle kantar.

Namnet skriv seg muligvis frå **médsing* / ^me:senj /, dvs. at måsen *sing* / senj / ligg på médet og markerer at det er fisk i vass-skorpa. Samansettinga **médsing* er ikkje i vanlig bruk i målføret, men er straks meiningsfullt til fiskarar som enno i våre dagar, på trass av alle teknologiske hjelpemiddel, gjerne ser etter kvar måsen held seg og styrer etter han.

Narrklakken / ^nar,kœacen / C2-108 har desse méda:

M Å L O G M É D

Sildsundsmuren innpå Svartgjegla og Kjerka og Kråka. Her dannar jaren mot Hølen eit skag, 30-40 famner djupt. Mot Hølen er det brådjupt. Her blir det drive med line etter brosma.

Utmerkingsleddet er vanskelig å tolke. Ein kan tenkje seg at ein på denne plassen har vorte *narra* på eit eller anna vis. Vel så sannsynlig er mannsnamnet *Narve* / *narve* / < norrønt *Narfi*. I mellomalderen var dette eit vanlig namn som mest var brukta på Austlandet, men òg var kjent i Nidaros, Romsdal og på Sunnmøre. I Skipsskattemanntalet for Nordmøre fra 1559 finn vi Narffue brukta ein gong (Hareide 1977: 55 og 59). Forma som namnet har fått i médnamnet, kan vi sjå som ei følgje av apokope (jfr. den trøndskapokopen av Arne > Arn) og påfølgjande bortfall av *v* pga. konsonantophoping da det apokoperte personnamnet vart samansett med -*klakken*.

Nordgrunnen / *nø:t,gru:n* / D2-109, i méda Litluva unna Innveishaugen og Hopatuva i Nordgrunnskjeret (også kalla Svartskjerhammaren), skildrar Arne Danielsen som ein særsviktig seigrunn for Veiholmen, særleg etter at søkkjenota kom. På denne knappe grunnen var fisket intenst, spesielt i mai og juni. 'Den er kjent som en av de fiskerikeste seigrunnene i distriktet.' (Danielsen 1978:352 og 354).

Frå Veiholmen er dette grunnen framfor noen på *nordsida* av Været.

Nordhølen / *nø:t,hø:t,ŋ* / (ikkje avmerka på kartet) er eigentlig ikkje noko fiskeméd, men namn på eit havstykke i Ytter Ramsøyfjorden. Det er sjeldan det blir fiska i dette området, men eit linesett somme har brukta her, blir gjerne nemnt for *Nordhølen*. Botnen er bra for longe og brosme. Méd som blir brukta er Kvitholmen i sørden av Rottøya og Verken i snøflekken på Reinsfjellet.

Nordhølen er eit namn veiværingane gong om anna brukar for å skilje dette havstykket frå Veiahølen.

V E I A H A V E T

Nordombåen / ́nø:χøm,bo:iŋ / C2-110 har méda Skalmen over det høgaste Nordomskjeret og Håskjeret i Litløret.

Plassen har namn etter médlina som går over *Nordomskjera* eller lokaliseringa like nord for desse skjera. Skjera ber dette namnet fordi ein må runde *nordom* dei for å ro gjennom grunnmarka i Remman. På kartet (SK40 1980) står det 'Nordholmnubben' - 'nubbe' er ikkje i vanlig bruk og det står òg 'Nordholmskjera'. I begge tilfella er 'Nordholm-' feil.

Nordre Kleiva, sjå Kleiva.

Nordseta / ́nø:,søtɔ / (ikkje merka av på kartet) har det ikkje lykkast meg å skaffe méd på, berre opplysningar om at plassen er ein god del lenger nord enn Holgerseta. Arne Danielsen (1978:354) nemner begge desse plassane som to mindre kjente plassar lengst aust.

Nord- kan vera mynta på at det er det nordste av to *set*-namn eller at plassen er ein av dei nordste som i det heile er driven frå Veiholmen.

Nubbfjellet / ́nüb,fjile / C2-111 har méda Ungdomshuset i nordkant av Tonningen eller Søre Leiskjermuren i Langberga og Kjerka nett sørom Ausa. Dette er ein uersplass i ein bratthammar aust av Buskeret og *Inner Nubben* / ijer' nüben / ('Nubbane' på SK40 1980), ein grunntare eller eit blindskjer i Remman. *Ytter Nubben* / 'ycer' nüben / (n Nubben på SK40 1980) ligg nord for Hilverskjeret.

Ordet *nubb*, m. / nüb / meinte ein informant tydde 'tuve, liten bergskolt', og *Inner* og *Ytter Nubben* var nettopp slike 'smånuubar' som stod til namnet sitt. Hos Aasen (1873) finn vi at *nubb*, m. tyder 'skoplugg'. Ut frå Ross (1895) utvider Torp innhalde til 'liden, tyk stift overhodet, ...' og fører ordet saman med m.a. nyislandsk *nubbr* 'liten kubbe' og nynorsk *nubbe*, v. og *nubben*, adv. 'kort og avstumpa' (Torp 1919). Ut av dette er det

MÅL OG MÉD

kanskje mulig å trekke ei tyding 'liten, avrunda plugg' som treffande skildrar både *Inner* og *Ytter Nubben*.

Nubbflua / ˜nʌb,fl̩u:a / C2-112 rett aust av *Ytter Nubben* (sjå over), er noen grunne tareskoltar i méda *Ytter Skarpnestuva* oppå Vester Nordomskjeret og Kjerka midt på Ørnøya.

Nygrunnen / ˜ny:igr̩n / C2-113 blir rekna for den sørligaste av grunnane på Støa. Méda er *Ytter Skarpnestuva* i Nygrunntinden og Innergården og Svartgjegla. Du kan òg ha Søre Leiskjermuren midt på Langberga. Utover er grunnen vid, men framom han er det bratt. Plassen var var rekna både som eit skreiberg og eit seiberg. Det blir gjerne sett line her.

Appellativet *grunn* fins elles ikkje i médnamn på Støa, men kanskje er *Nygrunnen* aldersrelatert til *Ufsgrunnen* og *Otersgrunnen* nordpå Hølen, ikkje langt unna. Merk at det er tonem 1 i dette namnet, medan andre namn med *ny-* har tonem 2.

Nymédet / ˜ny:,me:e / C2-114 ved Prinsen, er ein bra uersplass. Méda er *Skarpnestuva* ei segelbreidde utafor Fyret eller Rødvingbrygga nett innpå Fyret og Kjerka i høgaste Trollhaudet.

Nyrubben, sjå Rubban.

Nørdre Grunnen eller **Nørdre Oddgrunnen**, sjå **Oddgrunnen**.

Nørdre Kleiva, sjå Kleiva.

Nørdskallen / ˜nø:škalin / C2-115 ligg utpå Hølen i méda *Skalmen* ytst på Buskeret og Kjerka i *Varddrags-skjerlykta*. Skallen er på vel 50 famner og var brukta først på vinteren etter skreia.

Adverbet i utmerkingsleddet må sikte til at denne skallen er den *nordste* (bortsett frå *Djupskallen* lenger i

V E I A H A V E T

nordvest) av dei mange skallane utpå Veiahølen.

Oddflua / ɔðflua / C2-116 har méda Skarpnestuva over Svartgjegla og Kjerka nordom høgaste Haugjegla eller i Gjeggelsundet. Flua er vel 10 meter djup og ligg nett ut for nørdeste *odden* på Haugjegla. Utmerkingsleddet er såleis ei relatering til *odde*, m. / ɔðje /, nyare / ɔðje / < norrønt *oddi*, 'nes, skag'.

Oddgrunnen / ɔðgrun / er eit vidt grunnskag nordom *odden* på Haugjegla. Plassen har tradisjonelt vore reservert snørefiskarane. Dette var eit typisk vinterberg der du kunne få godt med skrei på tidligvinteren, men ikkje fekk torsk på våren. 'Innenfor det fredede området var det 2 snevrere fiskemed som båtene samlet seg på, nemlig Nordre grunn og Vestre grunn.' (Danielsen 1978:352).

Nørdre Oddgrunnen eller **Nørdre Grunnen** C2-117 har méda Leiskjerlykta nørdst på Kråka og Dyrnestuva i innerkant av Singsholmen eller i Varddragsskjerlykta. I sørvest herifrå ligg

Vester Oddgrunnen eller **Vester Grunnen** C2-118 i méda Kjerka midt på Lakskråka eller i Gullsteinskaget og Dyrnestuva i ytterkant av Singsholmen. Her i vesterkant av grunnen er det 45-50 meter djupt.

Sjølv om *Oddgrunnen* ligg ein god del lenger ut enn *Oddflua*, er trulig relasjonen i begge namna den same. Også *Oddgrunnen* kan seiast å ligga i fråberet unna *odden* på Haugjegla, som òg er nærmaste landlokaliteten.

Oddgrunnhallet / ɔðgrunjhałe / C2-119 er fråberet på nordaustsida av *Oddgrunnen* (sjå over). Her er det linemark og torskegarnsplass i méda Kjerka i skjeret nordom Storrønsøy-skjeret og Fyret nett utfør Rødvingbrygga.

Onglan / ɔŋljan / D2-120 er eit større område med fleire grunnhausar. Dette er ein av dei få gode skreiplassane i denne delen av Ramsøyfjorden. Plassen

MÅL O G MÉD

var i si tid freda for fastståande reiskap. Her er òg bra med uer, og det har vore drive mykje med not her. Omframt veiværingar blir plassen driven av folk frå Steinsøysundet og Hopen, og méda dei har er mykje dei same: Grunnaste *Onglan* får du om du har Kvitholmen i Ongeltinden på Ånesskaget og Kjerka i ytter skaget på Inner Suholmen. Du kan òg ha Kjerka midt på Bindingsskjeren. Plassen står avmerka på kartet (SK40 1980), der kotane viser den vide grunnen. (På dette sjøkartet står namnet 'Ongelskallen' mellom Onglan og Storgrunnen. Plassen og namnet er ikkje bruka mellom veiværarfiskarane.)

Onglan er ein typisk snøregrunn der det blir fiska med *ongul*, m. / ɔŋøyə / < norrønt *ongull*, m. Til grunn for namngivinga kunne det òg ligga at *Onglan* er berggrunn som ein lett slit bort *onglane* på (jfr. Slyngstad 1951:95), men informantane meinte at dette ikkje er tilfelle. Stadnamn med *ongul-* viser ofte til eit eller anna krokforma i topografien (jfr. Myrvang 1981:64), men dette er ikkje tilfelle med *Onglan*, som er ein vid berggrunn.

Olufhausen / ɔ:luf,häusij / C2-121 ligg langt ute i méda Skarpnestuva inst på Buskeret og Nordsetstua og Svartgjeggelhaudet. Her er det om lag 200 meter djupt.

Oluf, m. / ɔ:luf / er ei form av *Olav* som for alvor slo gjennom som skriftform i Trøndelag og på Møre på 1400-talet (Hareide 1977:42). Namnet var ein del bruka rundt 1890-åra, men har sidan tapt terreng.

Ottersbakkan / ɔters,bakən / C2-122, uti Veiahølen, har du når du får Skalmen i ytterkant på Fluskjeret og Litløret nørdest på Singsholmen eller Verken nørdest på Rokstadbrygga. Du kan òg bruke Ytter Skarpnestuva i høgaste Ottersbakktinden. Unna kanten på 115 meter blir det svært djupt mot vest. Først på vinteren - før skreia 'løste rogna' - var dette området på Hølen kjent som ei god skreimark særlig for snøre- og linefiskarane.

Stadnamnet skriv seg neppe frå dyrenemnet *oter*, for

V E I A H A V E T

lokaliteten ligg langt utpå opne havet, og oteren vågar seg aldri så langt frå land. I staden meiner eg vi har å gjera med mannsnamnet *Ottar*.

Ottar, m. / ɔtar / < norrønt Óttarr, var mykje brukta i mellomalderen. I Skipsskattemanntalet for Nordmøre 1520 finn vi Otth(e)r (ei dansk skriftform), men mellom 1554 og fram til siste hundreårsskiftet ser namnet ut til å ha gått ut av bruk på Nordmøre (Hareide 1977:56). I relativt ny tid har namnet teke seg opp att. Om *Ottar* skal ligge til grunn for førsteledda i *Ottersbakkan* og *Ottersgrunnen*, må vi forutsette reduksjon av andrestavinga -ar(r) > -er. Dette ser ut til å vera eit gjennomgåande trekk i stadnamn som er laga ut frå dette mannsnamnet. Denne reduksjonen har faktisk *alle* namna Rygh meiner skriv seg frå Óttarr, t.d. *Ottersøy* i Nærøy. (Rygh 1901, jfr. òg Lind 1931.)

Ottersgrunnen / ɔtersgruŋ / C2-123 ligg innom Ottersbakkan og har desse méda: Skalmen i ytterkant av høgaste Nordomskjeret og Litløret i sørkant av Gammalskolen. Dette er ein vid grunn som på det grunnaste er 55 meter. Her skjedde det meste av linefisket etter skreia, men torskegarn vart òg brukta her ute (Danielsen 1978:354).

Persbåen / ɔpe:rsbɔ:in / C2-124 ligg mellom Sjursklakken, Skuskjeret og Varddragskjeret. Oppå båen er det berre ei famn, men i vesterkant av han er det djupare, der ein kan fiske opp mot Skuskjeret. Det er elles fin sandbotn innom båen til rusesett.

Per, m. / pe:r /. Talemålsforma *Pe* som ein finn elles på Nordmøre, har eg ikkje hørt i levande tale i dei ytre stroka på Smøla. Namnet er ei nordisk form av latinsk *Petrus*. *Per* har vore mellom dei aller mest brukta namna her til lands i mange hundre år fram til midten av nittenhundretalet da populariteten gjekk noko ned.

Prinsen / ɔpri:nṣ / D2-125 er ein uersplass i méda Sandafjøsa og Dyrnestuva i Sildsundsmuren eller

MÅL O G MÉD

Rødvingbrygga mellom Fyret og Fyrnaustet og Kvitholmen i sørkant av Rottøya. *Prinsen* er ikkje stor; han er berre ein bratt nut på 85 famner.

Det er ikkje umulig at plassen kan ha vorte rosa med ein adelig tittel (jfr. Kongsberg), men realopplysningane gir grunn til å sette namnet i samband med eit ord Jakobsen (1921) nemner frå Shetland: '*prinsi*, s., opstikkende klippe, *stakk*, i søen, især noget fjernere fra land.' Jakobsen meiner *prinsi* anten kan ha med ordet *prin* 'stor knappenål' å gjera, eller det kan vera ei nasalisering av **pris-*, jfr. norsk *prisa*, v. 'stikke, prikke' (ib.). Ross (1895) har ordet *prinsast* 'knivkasting' som Torp (1919) meiner kan komma av eit ord for 'spiss' og viser til dei shetlandske orda. Jan de Vries (1962) sett *prin* saman med nyislandsk *prjónn*, færøyisk *prónur* og nynorsk *prjona*, f. 'knappenål'. Vi ser at det språklig er mulig å føre namnet *Prinsen* tilbake til eit ord for 'spiss' eller 'nål', noko som dei reelle forholda bygger opp under.

Pålsbakkan /'pɔ:sbakjan/ B2-126 ligg i méda Inner Skarpnestuva på Flesa og Verken i Ormbostadaksla eller nett sørom Singsholmklova. Det er 190 meter djupt her uti og bra med sei.

Om mannsnamnet *Pål*, sjå Pålsbakkan (Brv).

Rennseta /'renjetɔ:/ C2-127 ligg godt innom Storbåen i méda Kjerka og Kråka og Ytter Skarpnestuva i innerkant av Andholmen eller Hestnasen på Fluskjeret. Her i fråberet unna Remtaren er det om lag 120 meter djupt. Det er straumhardt her.

Sidan det er mykje straum i området, er førsteleddet sannsynligvis verbet *renne* / *rejn* / som er opphav til fleire elvenamn. (Jfr. Rygh 1904:190.) At det evt. skal vera tale om *renne*, f. / *rejn* / 'smal utdjuping av lendet', høver ikkje med realopplysinga som seier dette er eit jamt berg eller ein bakke.

Rubbán /'ræban/ midt i Veiahølen, blir delt i to plassar:

V E I A H A V E T

Gammalrubben /'gamer, r̥abijn / eller **Ytter Rubben** /'ycer, r̥abijn / C2-128 har méda Tonningen på inner kanten av Senaholmen og Skalmen i hakket på Mitter Kjølen eller Iselibaren mellom Øran eller i Måbergtuva. Her er det 135 meter og djupare mot aust.

Nyrubben /'ny:,r̥abijn / eller **Inner Rubben** /'ijer, r̥abijn / C2-129 har méda Tonningen på Svartjegla og Litløret nørdest på Iselibaren. Utheita kan òg vera Sildsundmuren over høgaste Svartjegla.

Ingen av bærga er særlig store.

Om tydinga av namnet, sjå Rubben (Od).

Rønsøyflua /rønsäy,ft̥ u:a / eller /rønsi,fr̥ u:a / D2-130 har méda Verken i største *Rønsøy-skjeret* og Kjerka over Sørgrunn-skjeret. Flua, som er 13 meter på det grunnaste, ligg rett vest av Trollhaudet i *Rønsøy-skjera* og står avmerka på kartet (SK40 1980). Denne plassen har hevda seg som ein av dei beste kilenotplassane på heile Nordmøre (Danielsen 1978:354. Når Danielsen skriv Rønsiflöene, må det vera ei forgloømming eller ein trykkfeil: Her fins ikkje flør med dette namnet.)

Rønsøy-skjera /rønsäy,ṣæ:ra / eller /rønsi,ṣæ:ra / er namn på ei samling skjer og mindre holmar aust av Veiholmen. Dette områdenamnet må vera laga sekundært til **Rønsøya*, eit namn som no har forsvunne, men som trulig har vore knytta til det største av *Rønsøy-skjera*.

I tolkinga av førsteleddet i primærnamnet må vi først på reelt grunnlag avvise *rogn*, f. < norrønt *raun*, f. Holmane er mesta utan vegetasjon - vêrhardt som det er her. I grannelaget til skjera får norrønt (*h*)*raun*, n. 'stein, steingrunn' uttalen /rɔŋ-/ , jfr. f.eks. Rognklovningen fleire stader i smølaskjera. No er det ikkje umulig at *Røn-* er ei -ia-avleiring til (*h*)*raun*: **reyni*, som kunne bety noko som 'stad der det er stein', etter mønster av *birki* frå *björk*, *hesli* frå *hasl* ol. (Sjå Hellquist 1891:35, som rett nok berre nemner trenamn med ei slik avleining.) Det er ikkje mykje laus stein på desse holmane, men det kan kanskje vera tenkt på skjera og holmane som ei samling stein.

MÅL O G MÉD

Det som klart mest særpreger denne samlinga med skjer og holmar, er den utsette lokaliseringa lengst aust i skjergarden rundt Veiholmen. Her ligg dei og skjermar for brott og havstøyt og dannar ei lei som gjer det mulig å ta seg frå Sildsundet og mesta til Innveishamna utan å måtte gå utaskjers. Ut frå denne særers viktige lokaliseringa som bølgebrytar er det trulig at vi kan ha å gjera med verbet *røyne* '4) angripe, anspænde, tage haardt paa,' (Aasen 1873). Språklig krev s i komposisjonsfuga eit substantiv som førstesteidd. Såleis kan utmerkingsleddet i namnet vera eit verbalsubstantiv ut frå verbet *røyne*.

Salttaran / *salttaran* / C2-131 er ei grunnmark i Remtaren rett vest av Hilverskjeret. Mot nord held grunna fram i *Saltfløen*, ei rad med brottskjer. I spakt vêr kan ein dra modde i kantane på taren. Her vart det i si tid òg drive med laksgarn. Det er straumhardt her, om enn ikkje så mykje som uti Storbåen.

Etter Rygh sitt forsøk på å forklara Salten i Nordland ut frå eit elvenamn (Rygh 1896:47), har fleire teke opp problemet med dei mange *salt*-namna langs kysten. Såleis peikar Hans Eidnes (1939:364) på sambandet det er mellom desse namna og straum: 'Desse namna skulle peike i den lei at *Salt*-namnet, på havdjupn, fiskegrunn, flu, fjord og næring, kan vere det same som *straum*.' Eidnes gjer ikkje forsøk på å etymologisere. Det gjer derimot Hovda som trekkjer fram ei indoeuropeisk rot *selp 'feitt, smør, smult'. Fargen på feitt meiner Hovda karakteriserer sjøen som går grøn på Salta-méda ved Andøya. Etymologien krev ei germansk form *salbon med eit dentalsuffiks som i Norge må daterast attende til kring Kr. f. (Hovda 1967:61-62).

Om vi freistar dette framlegget på dei reelle tilhøva ved *Salttaran*, finn vi her dei same karakteristika som Hovda påpeikar: Sterk straum og ein grønfarge i sjøen som kan skyldast både sandbotnen og den urolige sjøen. Det som likevel gjer framlegget til Hovda tvilsamt, er at *Salttaran/Saltfløen* - i fall Hovda har rett - må vera svært gamle namn som altså må førast så langt att i tida som til

V E I A H A V E T

kring Kr.f. Gudmund Frode Berg reknar dei gamle herada Brattvær og Hopen for 'eit einaste stort ingenmannsland' i eldre jarnalder, sjølv om gardbrukarane på Innsmøla nok kunne drive jakt og fangst her ute (Berg 1981:56-57). Det verkar lite sannsynlig at desse tidlige veidarane har namngitt dei temmelig perifere *Salttaran* og *Saltflæn*.

Meir plausibel verkar derfor etymologien som Oddvar Nes sett fram. Den gir *salt*-namna høve til å vera av noko yngre dato, og dessutan framhever han det mest typiske ved desse lokalitetane, nemlig den relativt stride straumen. Nes vil knyte Salt-namna til ei indoeuropeisk rot *sel- eller til *selp- som i baltiske og slaviske språk blir nyitta i ord for 'straum' o.l. Nes meiner at det i norrønt trulig har eksistert eit appellativ *salft eller liknande, som må ha komme bort da det fall saman med norrønt *salt* 'salt' (Nes 1975:150-151).

Seiflua / ̄sei,f̄u:a / B2-132, like ved Flaksbåen, har méda Torskholmlykta i Stabbkanten og Fyret godt innpå Langfjellenden.

Som ved fluer flest, er det *sei* å få her.

Seiskjerberget / ̄seišær,bærje / C2-133, sørpå Hølen, har desse méda: Torskholmlykta i klova mellom Flattinden og Ottersbakktinden eller Hesten i Andholmen og Tretillen nordom Litløret. Dette er eit relativt lite bruksmåd. Berget er 25-30 meter djupt og ligg søraust av *Seiskjeret*.

Seiskjeret / ̄sei,šæ:re / må ha fått namn etter bra forekomstar av *sei*.

Seta / ̄setɔ / C1-134, som ligg heilt nord på Støa, tett ved Branden, ligg i méda Ytter Skarpnestuva i Ottersbakktinden eller Dyrnestuva i toppen på Freikollen og Gullsteinskaget mellom Fyret og Fyrnaustet. Her er ein i fråberet unna *Seta*, ein høg og bratt vegg, 'den største i sitt slag som er kjent i sjøområdet. Kjentfolk mener den er ca. 90 meter høg uten skråning' (Danielsen 1978:351). Det er lett å sette fast bruket og rive her når straumen ber slik.

MÅL O G MÉD

Ein informant hevdar at hammaren verkar innhol. Han fortel vidare at her kan ein mann sitta frammi båten og få botn og ein annan bak i båten og ikkje nå botn. Dette er ein bra uersplass.

Om appellativet *sete*, sjå s. 111.

Sibreidda / si:breja / C2-135, på Støa, har desse meda: Ytter Skarpnestuva på ytter haudet på Andholmen og Kjerka i Nordsetstua. Her er det 90 famner oppå eit vidt, slakt fall mot nord. Både i sør og nord får plassen tverre avslutningar i dei kolossale hamrane på Støa.

Både reelt (hamrane) og språklig kan siste delen av namnet vera *-egga* / ejá /, b.f. sg. av *egg*, f., men da blir første delen av namnet temmelig umulig. Fiskarane hevdar dessutan at det ikkje er i hamrane, men oppå den vide flata det blir fiska når ein ligg på dette médet. Første stavinga i namnet held eg derfor for å vera adverbet og prefikset *si(-)* / *si:* / < norrønt *sí-* 'som den første Del av sammensatte Ord betegner en Udstrækning over det hele Rum eller den hele Tid' (Fritzner 1867). Heggstad (1963) har ein parantes under *sí:* '(jfr. *síþyrða* og nn. *sibreidd A*)'. Første stavinga i namnet kan òg bli tolka som adjektivet *sid* / *si:* / < norrønt *siðr* 'som rekk langt ned' eller '3) drøi, vældig, mæktig, svær' (Ross 1895). Til grunn for *side*, f. / *si:* / < norrønt *siða*, f., ligg dette adjektivet i tydinga 'brei, vid' (Torp 1919). Resten av namnet held eg for å vera b.f. eintal av *breidd*, f. / *brej* / < norrønt *breidd*, f. Opstad (1984:51) nemner dette som appellativ brukta i ytre Romsdalen om havbotnen. Om médet Landmebakken seier han: 'Dette meet er som me kallar her ei 'breid' (bakke) og er samanhengande heilt frå Harøya til Stemmet med berre få unnatak.' Aasen (1873) skriv om substantivet '1) Bredde, Bredhed (...) 3) Side. I Bredd med. (...) Nordl. og Trondh. (...) 4) Bred, Kant, Rand. Hedder ogsaa Bredd og hører maaske sammen med Bradd.' Aasen (ib.) har vidare det samansette ordet: 'sibreidd, adj. jævnt udbredt Overalt, f.Ex. om Hø paa en Eng ...'. I nyislandsk fins *síþreiða*, v. og f. 'sammenhæng-

V E I A H A V E T

ende Flade' (Blöndal 1924). Tydingsinnhaldet i méðnamnet meiner eg ligg nært opp til dette islandske svake hokjønnsordet. Topografien på *Sibreidda* er nettopp eit vidt, slakt fall og eit fint berg midt på den vide Støa. Frå Lofoten skriv Finn Myrvang (1981:115-16) om méðnamn som Libreia og Avbreia, men når han vil avleie desse til appellativet *brie*, n. 'liten fiskeplass, klakk, der ein måtte vera nøye i méð' (Norsk Ordbok, frå Selje), får desse namna eit semantisk innhald som er rakt motsett både til det Opstad nemner frå Romsdalskysten og til dei reelle tilhøva ved Sibreidda i Veiahavet.

Sigvartrommet / 'sigvart,røme / B2-136 ligg vestom Remman i méda Fyret og Vestre Nordomskjeret og Leiskjermuren og Litløret.

Dette er eit torskrom namngitt etter Sigwart Pedersen (1900-1969) som brukta denne plassen mykje.

Sigwart, m., er ein tyskpåverka form av Sigurd som har vore brukta i norsk frå seinmellomalderen. Det var eit vanlig namn kring 1900.

Singsflua / 'seŋs,fru:a / C2-137 er ei farlig flu søraust av Singsholmen, på nordsida av Singssundet. Flua er 10 meter djup og bryt i stor sjø. Her vart det satt sildgarn før i tida. Flua er avmerka på det gamle kartet (SK40 1898).

Utmerkingsleddet er måsenemninga *sing*, m. / *seŋ* / < norrønt *sæðingr*, m. 'fiskemåse'.

Sjurstøet / 'sue:r,stø:e / C2-138 er eit bra storseimé på vel 120 meter i desse méda: Munkholmbrygga i nordkant av Litløret eller Innergården i nordkant av Svartgjegla og Skalmen i ytterkant av Buskeret.

Sjur, m. / sue:r /. Denne kortforma av norrønt *Sigurðr* er på Nordmøre notert første gong 1520 (Hareide 1977:100). Namnet har eit kjerneområde på Vestlandet der det var svært vanlig på 1700-talet, men det var òg ein del nytta andre stader, også nordafjells. Etter den tid har bruken av namnet gått tilbake.

MÅL O G MÉD

Skagbåerget / ɔ̄skɑ:gbo:bærje / C2-139 har som méd Skalmen og Saltfløen og Verken og Singsholmklova. Berget ligg like sør aust av *Skagbåen* (sjå under) og er på det grunnaste 28 meter.

Skagbåen / ɔ̄skɑ:gbo:iŋ / C2-140 ligg innom Storbåen og Vester og Auster *Skaget*. På det nyaste sjøkartet står han avmerka (SK40 1980). Båen er på det grunnaste 3,7 meter. Méda er Tuva og Hilverskjeret og Verken i Singsholmklova. Bradden mot sør aust har vore ein god og mykje brukta notplass etter sei på utber straum.

Skagflua / ɔ̄skɑ:gflu:a / C2-141 har desse méda: Kjerka heilt sør på Kråka eller over Langbåknollen og Skarpnestuva i ytterkant av Svartgjegla. Flua er på 16 meter og ligg i fråberet unna Haugjegla. Her er det torsk, brosme og lyr. Plassen blir mykje brukta. Han står på kartet (SK40 1980).

Helst relaterer førsteleddet seg til *skaget* som dannar nordste spissen på Haugjegla, men namnet kan også komma av at sjølve fråberet dannar eit undervass-skag på denne staden.

Skallen / ɔ̄skɑ:ljɪŋ / C2-142, ved Skagflua, har desse merka: Sildsundsmuren nett nordom Fyret og Varddrags-skjerlykta ute på Svartgjegla.

Om appellativet *skalle*, sjå s. 112.

Skallan / ɔ̄skɑ:lɑŋ / (ikkje merka av på kartet) er eit område innafor Longholet i retning mot Rønsøy skjera. Her manglar médliner. Arne Danielsen (1978:352) skriv: 'Skallan, hvor enkelte satte sildegarn for en ile til agnsildfisket på vinterstid'.

Skjelflua / ɔ̄ʃe:lflu:a / C2-143 er ei vid grunnmark nordpå Remtaren, vest for Hælsbåpøla, brukta etter taretorsken. På det grunnaste er ho 3-4 meter. Flua kan

VEIAHAVET

rammest inn med desse médlinene: Inner kanten på Langberga i Veiaflesa og Nørdre Stabbkanten nørdest på Buskjeret til du har ytste enden på Langberga inst på Flesa og Søre Stabbkanten godt oppå det søre skaget på Buskjeret.

Førsteleddet er mest sannsynlig *skjel*, f. / ʂeːr / < norrønt *skel*, f. 'skal på blautdyr, muslingskal'. Det er fin skjelsand i botnen her. (Jfr. Stemshaug 1971:307.)

Om namnet, sjå Skjerjebåflua (Ram).

Skolten / 'skołtn / B2-145 har méda Fyret ytst på Flesa og Dyrnestuva i innerkant av Andholmen. Dette er eit rundt, avgrensa berg. Plassen hører til det som brattværingane kalla Nordhavet, og som skreiberg kunne det vera like mykje nytta av brattværingar som av veiværingar (Danielsen 1978:348). Plassen var freda for fastståande bruk under skreifisket.

Om *skolt* som appellativ, sjå s. 113.

Skånsflua /skɔnsflø:a/ C2-146 er eit berg på 8 meter rett vest av Haugjegla i méda Fyret i Skånsfluhaugen i Tonninga og Innergårdsbrygga over Svartgjeggelhaudet. Berget er noko avlangt sør-nord og med 30 meters djup både innom og ute seg. Det er rekna for ein god seipllass.

Førsteleddet kjem trulig av norrønt *skán*, f. 'skorpe', som er eit ord vi finn att i fleire stadnamn, t.d. Skånoya, gnr. 45 i Rissa (Rygh NG XIV:106). Lindroth (1915:25), som drøftar det sv. landskapsnamnet Skåne, meiner *skán*- i stadnamn 'syftar på en över omgivningen sig höjande bergformation. Det är vel något som höjer sig som en skiva, en skorpa el. kant over omgivningen.' Ser vi botnen omkring flua som 'omgivningen' for *Skånsflua*, vil dette

MÅL O G MÉD

skildre plassen bra; berget som utgjer flua, kuver seg bratt opp frå botnen omkring.

Skånsflubanken /'skånsfʊlubanke/ i fråberet unna *Skånsflua*, blir ofte berre kalla **Banken** (sjå dette).

Smokken /'smøcen/ B2-147, lengst ute i vest, ligg i méda Ytter Skarpnestuva i snøflekken på Reinsfjellet eller Dyrnestuva i Andholmhaudet og bryggja hans Herman Værnes i nordkant av Gjelaklakken eller Verken i Bårdaksala. Ikkje langt unna ligg *Litlsmokken*. Begge desse berga er små stettar som kan vera vanskelige å treffe. Ein informant fortel at *Smokken* har ein karakteristisk form på loddet, der han ser ut som ei fisketopp. Begge plassane er for små til skreia, men er bra storseiméd. Begge er tverre på yttersida.

Det at begge lokalitetane ligg i fråberet unna større grunnar, kan ha gjort at namnelagarane har jamført lokaliseringa med norrønt *smokkr*, m. 'brystduk', jfr. engelsk *smock* 'serk'. Grunntydinga av orda går tilbake på verbet *smjuga* og har meinings 'noko ein smyg på seg, hylster' (Jakobsen 1921). I fall *smokkr* er opphavet til namnet, må det vera tenkt på at desse hamrane dannar eit ytterlag i forkant av Remtaren. Vi må rekne tolkinga som temmelig usikker.

Solåberget /'sɔ:lɔ:bærje/ C2-148 ligg utpå Veiahølen og er lite bruks i dag. Botnen her er ujamn og er mest bergenubbar med dolper imellom. Méda er Kjerka i søre Stabbkanten og Skalmen på høgaste Nordomskjeret.

Som vi ser inneheld ikkje médlene noko merke som kunne ha vore namngivande for médet. Likevel gir trulig ei gammal médline forklaringa til namnet. Merket 'søre Stabbkanten i Kjerka' médast ikkje mange metrane lenger vest enn '*'Solåsundet i Kjerka'. Sørkanten av Stabben stig bratt opp frå *Solåsundet*, som skil Stabblandet frå Tustna. Ein kan lett førestille seg at ei finnméding som flytta médmerket litt opp i fjellsida og sjølve médet litt vest, kunne ha skjedd etter at médnamnet hadde festa seg.

V E I A H A V E T

Informantane mine sa at dette godt kunne vera tilfelle, fordi denne plassen var eit nokså vidt berg.

Skriv médnamnet seg frå médmerket *Solåsundet*, kunne ein ha sett *Solåberget* som ein ellipse av **Solåsundberget*. Men *Solåberget* treng ikkje vera ellipse. *Solåsundet* / *solɔ̃syne* / er analysert av Ola Stemshaug (1971) som finn at sundet, øya Solskjela og garden Solem like ved, alle mest trulig har namn etter eit gammalt usamansett namn på sundet. Stemshaug meiner Rygh har rett når han går ut frå at dette opphavlige namnet må ha vore **Soli*. Til grunn for dette namnet ligg det trulig ein a(n)-stamme **sula(n)* el. **sola(n)* - som Stemshaug m.a. ut frå lokale forhold i *Solåsundet* meiner kunne ha tydd 'saur, søle' (ibid.: 307-319, særlig: 312-317).

Alt i eit diplom frå 1342 finn vi tilleggset -*sund* i *Solåsundet* (ibid.:312-313). I fall *Solåberget* ikkje er elliptisk, er det derfor kan hende særskilt gammalt. Eit forhold vi ikkje skal sjå bort frå, er at det usamansette sundnamnet kunne ha halde seg usamansett lenger ute på Smøla enn inne i fjordane og så kan ha festa seg usamansett i ei sekundær laging på eit seint tidspunkt.

Stabbakkan / *stabækjan* / C2-149 har méda Verken i Valahusa eller Søre Singsholmen og Skalmen over Nordomskjeren. Oppå grunnen er det om lag 70 famner djupt, flatt og med bratte hamrar unna.

Vi har opplagt å gjera med ei jamføring til *stabbe*, m. / *stabe* / < norrønt *stabbi*, m., som ofte er brukta i namn på rundvore, bratte formasjonar (NSL).

Stabben / *stabijn* / C2-150, på Støa, treffer ein i desse merka: Ottersbakktinden på ytter halvdelen av Andholmen eller Skarpnestuva inst på Andholmen og Gullsteinskaget borti sørkanten av Ungdomshuset eller Innergården i nordre halvdelen av Stabben.

Vi ser at eitt av merka altså kan vera fjellet *Stabben* som såleis også kan vera grunnlaget for médnamnet. Likevel meiner eg at *stabben* det her er tenkt på, er å finne i botnen. Jfr. det Hovda skriv om 'namn som *Stabben* både

M Å L O G M É D

om grunne i sjøen, skjer og holme, og desse namna som ikkje er gjevne i relasjon til ein nærliggjande 'stabbe', men etter skapen på sjølve den namngjevne staden' (Hovda 1958:255). Støa dannar her ein utprega *stabbe*-formasjon med flat botn oppå og mektige tverre hamrar unna han. Hamrane vi finn i dette området på Støa, er sikkert dei største som er i havbotnen rundt Smøla (Danielsen 1978:351). Men vi skal ikkje sjå bort frå at namnevalet kan ha vorte enda meir opplagt når den digre *stabben* i botnen i tillegg kunne medast 'gløgt' i den tilsvarende digre *Stabben* inne i landet.

Storbåen / ̄stɔ:rɔ:bɔ:inj / C2-151 står avmerka som Storboan på SK 1791. Særlig på austsida av *Storbåen* gjekk mykje av garnfisket føre seg etter skreia, og om sommaren var det eit livlig fiske med not etter seien her ute (Danielsen 1978:350).

Storbåen dannar nordste skaget av Remtaren, og ein skjønnar grunnlaget for namnet når ein kan sjå det mektige brottet i skavêr. Sjølve båen er berre to meter på det grunnaste, og vil ein halde klar på yttersida av båen, skal ein ha Skalmen i Hesten eller Verken i Blåfjellet. Båen ligg omtrent midt mellom Auster og Vester Skaget.

S und a g r u n n e n / ̄syŋnɑ:gru:n / D2-152 som veiværingane kallar plassen, er same grunnen som steinsøyssundingane kallar *Ufsgrunnen* (Ram). Méda er mesta dei same: Kjerka utom Pryholmen og så langt sør at du får Kjerka innom Sæterjessingen, og så skal du ha Kvitholmen i synste kanten på Bårdsetfjellet og så langt aust at du får Kvitholmen i Litløret.

Veiværingane, som har gitt plassen dette namnet, kan ha gjort det anten fordi plassen ligg nær *Sundet* / ̄syne / eller fordi det var folk frå *Sundet* som dreiv der for det meste. Det siste held eg for mest sannsynlig, fordi dette føyer seg inn under det vanlige prinsippet om å gi plassen namn etter brukar.

Sundet er eit nærnamn som ofte blir nytta for *Steinsøyssundet* / ̄stɛnse:syŋe /, gnr. 60, sjå s.27-28.

V E I A H A V E T

Retningsadverbet *sunn* / *syn* / kan her ikkje ligga til grunn for namnet, fordi dette adverbet i samansettingar får fugeallomorfen *å* / *syn, vijn* / 'sunnavind'.

Søre Kleiva, sjå Kleiva.

Sørgrunnen /*~sø:rɪgru:n*/ D2-153 i méda Hopatuva over Sørgrunnskjeret i Svartskjera og Langberget i Verkbakkan, er òg ein god seiplass, om enn ikkje så mykje brukta som Nordgrunnen. Grunnane er begge om lag på 25 meter og ligg nordaust-søraust i høve til kvarandre. Dei står på kartet (SK40 1980).

Sørstøet /*~sø:rɪstø:e*/ C2-154 har méda Tretuvan over odden utfor Været eller Varddragsskjerlykta og Svartgiegla og Kjerka over Storrønsskjeret. Plassen er eit rundt, fint berg på 170 meter og ligg rett nord av Oddgrunnen. *Sør-* relaterer seg til områdenamnet *Støa* i nordvest.

Tidflua /*~ti:fju:a*/ C2-155, sørom Hilverskjeret, har desse méda: Ytter Skarpnestuva innom Fluskjeret og Nordomskjeret midt i Tustnadalen. Vest for Hilverskjeret og Nordomskjera ligg Tidflubugen. Flua er ei uryddig grunnmark med fleire knollar på eit par famner. Her kan ein drive småfiske etter torsk, hyse og sei. Nett utom flua er det òg bra å ligga.

Ein heimelssmann fortel at dette området er ein gytarlass, og utmerkingsleddet er trulig verbet *tide*. (Sjå *Tidstøet* (Brv).)

Tordivelen /*~tɔrdi:væln*/ C2-156 har til méd Kjerka på Revaskjeret eller Litløret sørom midta av Rønsøyskjera og Rødvingbrygga over Litlsenaholmen eller Samvirkebrygga over Langbåknollen. Botnen her er flatt berg som hallar mot aust og nordaust mot Longholet. Ein informant fortel det er flat botn med steinar. Det er fin fiskebotn, og det kan settast garn her. Danielsen (1978:352) skriv

MÅL O G MÉD

'Tordivelgrunnen', men '-grunnen' må vera hans eigen epeksegese. Ingen av mine informantar hadde dette leddet.

Tordivel, m. / ́tɔrdivæl / < norrønt *torðyfill*, m. Ross (1895) oppgir uttale med *tør-* på Nordmøre. Når namnet blir uttalt på 'moderne' vis, er dette helst eit indisium på at det ikkje er svært gammalt. Det er uvisst kva som har festa dette namnet på plassen.

Torsteinholet / ́tɔstn̥hɔ:ȝ e / C2-157 er ein plass nordvest av Skjerjebåen på 40 famner som er heller lite brukta. Méda er Kjerka og Revaskjeret og Rødvingbrygga på Kråka. Arne Danielsen (1978:352) skriv: '... heilt oppe i Långbåbugen er ein gammel veiværarfisker hedret med å få sitt navn på Tåstenhålet.'

Torstein, m. / ́tɔstn̥ / nyare / ́tɔsten / < norrønt *þorsteinn*. Gjennom heile mellomalderen og fram til vår tid har dette vore eit vanlig mannsnamn.

Torungen / ́tɔ:rʌŋjen / C2-158 finn vi i méda Litløret og Gjeggelnaustet og Skarpnestuva inst på Andholmen.

Médnamnet er ikkje eldre enn 30-40 år og er gitt etter redningsskøyta *Torungen* som stasjonerte på Veiholmen frå slutten av 1960-talet. Karane ombord i R/K *Torungen* brukte dette médet. (Om skjernamnet *Torungen*, sjå Hovda 1961:306.)

Tretillbakkan / ́tretiʎbakan / C3-159 ligg i Tretillbugen i ein slak bakke. Méda er Eineshusa over søre *Tretillen* og Olaskjerlykta inst på Leiskjeret.

Tretillen / ́tretiʎn̥ / finn vi som holmenamn også like ved Brattværet, og både denne og hin *Tretillen* er holmar med høge, klart tredelte berg. At vi har med talordet *tre* å gjera skulle derfor vera opplagt. Resten av namnet er suffikset *-ill*, som mellom anna kan nyttast diminutivt eller i 'minkingsord' (Torp 1909:27). Bruka slik synest denne avleininga enno vera levande (Hovda 1971:144). Konsonanten *t* midt i namnet må vera eit dissimilatorisk

V E I A H A V E T

innskot for å skilje stavingane frå kvarandre. *Tretillen* tyder såleis 'den little trekløyvde'.

Trondfjellet / trɔ:n,fjɛlət / D2-160 har méda Rødvingbrygga ei seggelbreidd innom Litsennaholmen og Kjerka i eit hakk oppi kanten på Tustnareva. Plassen er om lag 50 meter djup og bratt. Før var dette eit skreiberg, som var særlig godt etter skreia først i februar. No er det mest uer ein får her.

Trond, m. < norrønt *þróndr* var eit vanlig namn i heile mellomalderen og også på 1700-talet, men ved siste hundreårsskiftet var frekvensen gått tilbake. Seinare har populariteten vokst att.

No er det mulig at *Trond*- òg kan komma av norrønt *þróndr* i tydinga 'galte' og såleis kan namna *Trondfjellet* og *Trondgrunnen* føye seg inn mellom dei mange skjergardsnamna med *gris*, *galte*, *svin* og *trond*. Per Hovda skriv om desse dyrenemna og summerer opp: 'Det torer og vera eit sams drag for desse stadene at dei er meir eller mindre fárlege for ferdsla, slik at ferdafolket trong um å vera på vakt so dei ikkje rende seg uppå.' (Hovda 1941:9). Det er klart at dette og det neste médnamnet ikkje kan ha fått namn på eit slikt grunnlag - over 50 meter djupe som dei er, begge plassane.

Noko anna er det når vi veit at *trond* i tydinga 'galte' blir nytta som jamføringsnamn på fjell ei rekkje stader. (Jfr. *Tron*, *Tronshatten* og *Trondfjell* i NSL.) Når andre vanlige jamføringsnamn på fjell òg kan bli bruk om botnformasjonar (jfr. *rygg*, *knok*, *øre*), skal vi ikkje sjå bort frå at *Trondfjellet* og *Trondgrunnen* kan vera jamføringsnamn som liknar botnen med den langstreckte ryggen på ein galte. Realopplysningane om botnen på desse lokalitetane stadfestar ikkje nettopp at dette er tilfelle. Dei fortel at botnen her er nokså bratte fråber eller mesta hamrar. Det er derfor mest trulig at vi i førsteleddet til begge desse namna har med mannsnamnet *Trond* å gjera.

Trondgrunnen / trɔ:n,grʊn / D2-161 ligg midt imellom Nordgrunnen og Trondfjellet. Før var også dette ein

M Å L O G M É D

skreiplass, men no blir han rekna for eit uersm d. Du kan bruke Skalmen utp  odden p  Haugjegla eller p  Domkjerka ved Haugjegla og s  kan ein bruke Kjerka i ei lita dump s r p  Jessinghaudet.

Om namnet, sj  over.

T rbensklakken / ^t rbens,k acen / C2-162 har desse m da: Haugjegla i ytste kanten av Tonningen og Kjerka i Varddragskjerlykta. Her er det vel 100 meter i eit slakt fr ber mot vest. Danielsen skriv: 'T rbeklakken var skreiplass f rst p  vinteren. Fin   bruke i usikkert v r, herfra var det kort vei til lands, og rom vind opp i sundene i d rligste v ret.' (Danielsen 1978:356).

Torbein, m. er eit namn V gslid (1930) f rer opp fr  norr nt *þorbeinn*, men f rsteleddet skriv seg vel heller fr  *Torben*, m. som er ei dansk sideform av *Torbj rn* og har vore langt meir nytta enn *Torbein*. Her til lands har *Torben* vore i bruk sidan 1890- ra. Uttalen   for o i samansette namn p  *Tor-* er sv rt vanlig over heile landet. P  Nordm re skjer gjerne overgangen   > /  / framfor r.

T rbensdjupet / ^t rbens,j :pe / C2-163 har du n r Fyret er i s re kanten p  Stabben og Ytter Skarpnestuva er i ytter kanten p  Nygrunntinden. Plassen, som ikkje er langt unna Drangan, s r p  St a, er lite kjent og lite bruka.

Om namnet, sj  over.

T rrisb en / ^t ris,b :jn / B2-164 har m da Veiaflesa si eiga breidde oppi  nnesskaget og Hystinden over Skalshaudet. P  kartet (SK40 1980) st r T rresgrunnen.

T rris, m. / ^t ris / er ei form av norr nt *þorgils* som var sv rt vanlig i mellomalderen. Forma *T rris* er registrert p  Nordm re i 1559, og denne forma blir einer dande her. Faktisk ser Nordm re ut til   vera eit kjerneomr de for denne forma. Rundt siste hundre rskiftet forsvinn namnet fr  kyrkjeb kene ogs  her (Hareide 1977:135).

V E I A H A V E T

Tørrisbåholet / ́tørisbɔ̃hɔ:ɻe / B2-165 har som méd Litløret og Flesa og same utheit som Skånsflubanken: Fyret i Skånsfluhakket (eit hakk i Tonningen, same som Kjeldskaret). Plassen er like ved *Tørrisbåen* (sjå over).

Tørrisbåskaget / ́tørisbɔ̃ska:je / B2-166 har méda Ånesskaget nett nordom Flesa og Fyret i eit lite hakk i Tonningen utom hakket ein brukar som merke på Tørrisbåholet. Plassen er eit skag ut frå *Tørrisbåen* (sjå over).

Uersbakkan / ́u:rs,bakæn / D2-167 er ein djup plass langt ute i nordaust for Veiholmen. Méda er Verken over Storrønsøy-skjeret og Kvitholmen i Litløret.

Om fiskenemnet *uer*, m. / ́u:r /, sjå *Uersmådet* (Ram).

Uersgrunnen / ́u:rs,gru:n / C2-168 ligg heilt sør i Veiahølen midt mellom Seiskjeret og Håskjeret. Grunnen er 95 meter oppå, og særlig mot sør er fallet unna han bratt. Méd er Skarpnestuva i Leiskjermuren og Litlhåskjeret i Kjerka.

Uerskanten / ́u:rs,kancŋ / C3-169 ligg og heilt sør i Hølen eller rettare i Iselibugen austom Håskjeret. Du får kanten når du har Storkråka nordom Verkklova og Svinsylta nordom Kjerka. Det er ein bradd mot aust frå 60 til 85 meters djup.

Ufsgrunnen / ́ufs,gru:n / C2-170 er ein vid, noko avlang grunn i nordvest- og søraust-retningsentralt i Veiahølen. Her kan ein bruke méda Skalmen i Kjølsundet og lykta på Varddragskjær i Litløret eller Verken på Innergården. Her er det knapt 60 meter djupt. Ved sida av å vera eit mykke bruka *storseiméd*, var dette før i tida ein plass der dei fleste fiskarane hadde agnsildgarn ståande under vinterfisket (Danielsen 1978:354). Plassen står på kartet (SK40 1980).

Om fiskenemnet *ufs*, m. / ́ufs /, sjå *Ufsfluen* (Ram).

MÅL O G MÉD

Vester Grunnen, sjå Oddgrunnen.

Vester Oddgrunnen, sjå Oddgrunnen.

Vester Klakken, sjå Vester Tørbensklakken.

Vester Kleiva, sjå Kleiva.

Vester Skaget /'væster 'skæ:je / C2-171 har méda ytste Hestnasen i innerkant av Flesa og Senaholmen i Gjelaklakken. Her er det 8 meter på det grunnaste og bra hysebotn. Utom her er det sett mykje vad etter kveita (Danielsen 1978:350).

Relaterer seg til *Auster Skaget*.

Om appellativet *skag*, sjå s. 112.

Vester Tørbensklakken C2-172 eller berre **Vester Klakken**, ligg i méda Haugjegla i Tredje Tonningen og Verken i stua på Haugen. Som *Tørbensklakken* er dette òg eit slakt hall mot vest.

Sjå elles *Tørbensklakken*.

Ytter Angelberget, sjå Angelberget.

Ytter Laksen, sjå Laksen.

Ytter Médsinggrunnen, sjå Médsinggrunnen.

Ytter Rubben, sjå Rubban.

Ørklakken /'ø:r,kłacen / C2-173 er ein typisk klakk på 15-16 meter med bratte hamrar rundt seg over alt. Han ligg vest av Haugjegla i méda lykta på Varddragsskjeret i *Litløret* og Tonningen i Senaholmhaudet. Plassen står på kartet (SK40 1980). Dette er ein fin garnplass, men han kan bryte når det er havstøyt. Dette er det ytste fallet på nordvestsida av Veiholmen, og for å gå klar av alle falla i høg sjø skal ein ha Dyrnestuva godt utom Håskjeret.

V E I A H A V E T

Språklig kan førsteleddet skrive seg frå *ør*, adj. < norrønt *örr* 'sindsforvirret, heftig, voldsom' (Torp 1919), og reelt kunne det ha skildra brottet ved eit fall. Men *Ørklakken* er så djup at han berre sjeldan bryt, og straumskavlen er ikkje spesielt hard over staden. Likeins umuliggjer realopplysningane ei tolking ut frå *øyr*, f.: 'Sandbanke, Slette eller Flade som strækker sig noget ud i Vandet ...' (Aasen 1873). Her fins naturlig nok ikkje grus og småstein ved denne utsette plassen. Ganske sikkert kjem derfor førsteleddet i namnet av médmerket *Litløret* / ^liç,ø:re / som det gjerne blir sagt til skilnad frå *Storøret* / ^stɔ:r,ø:re / like ved. Desse to fjella, *Øra* / ^ø:raŋ /, er framifrå eksempel på jamføringsnamn som assosierer delar av dyrekroppen med lokalitetar. Fjella er som to lyttande, oppreiste *øre* < norrønt *eyra*, n. (Sjå bilde s. 63.)

Ørklakkskallen / ^ø:rkłak̚skaʎin / C2-174 er ein liten skolt i åtberet mot *Ørklakken* (sjå over) i méda Fyret utpå Tonningen og Verken nett sørom Gammalskolen.

6.4 RAMSØYFJORDEN

Utrorshavet det her er snakk om, er ytste delen av Ramsøyfjorden. I nord grensar området mot Veiahavet frå og med Bindingssvaet og Ongelskallen, og i sør har eg sett grensa ved Reiråa.

Berre lengst ut finn vi noen gamle skreiberg, elles er fiskeplassane her til småfiske. Tradisjonelt vart mange av plassane her drive av fiskarar som også gjerne hadde eit lite bruk, altså typiske kombinasjonsbrukskarar. Bruken av området har derfor ein anna karakter enn dei andre utrorshava, som mykjegodt vart utnytta av heilårsfiskarar som budde på fiskevær.

I dag er det att aktive fiskarar mykjegodt berre på Hopen og Steinsøysundet, og det er herifrå eg har henta informantane mine. Fiskarane frå Hopen nyttar elles mange av plassane som står under Veiahavet.

Auster Båaflua, sjå Båafluen.

Brødkjerflua / ˈbrø:særfjø:a / D3-1 er noen tarehausar nett ved Litlbrødkjeret. Flua er berre eit par meter djup og bryt gjerne.

Brødkjera / ˈbrø:sæ:ra / er ei samling skjer rett nord av Steinsøya og Rottøya.

Eit gardsnamn som ikkje er uvanlig, er Brødløs, med eit sisteledd som uttrykkjer noko negativt: mangel (på brød) (NSL). På Helgelandskysten har Harald Sverre Falch (1980:190) notert Brødkjeran, og sidan det negative -lös/-laus her ikkje er med, meiner Falch at namnet må uttrykkje noko positivt, nemlig at det ved desse skjera har vore mykje å hente. Som ved skjera Falch nemner, er det ved *Brødkjera* rikt med fiskeplassar som for mange

M Å L O G M É D

har gitt daglig 'brød'. Vi skal heller ikkje sjå bort frå at desse rundvorne berga rett og slett kan ha vorte jamført med skapet på *brød*, n. / *brø:* / < norrønt *brauð*, n.

Brødkjerspøla / ^brø:ʂærspø:ʂɔ / blir delt i

Nørdre Brødkjerspøla D3-2 og

Søre Brødkjerspøla D3-3

Méd trengs ikkje her i renna som strekkjer seg mellom *Litlbrødkjeret* og *Storbrødkjeret* innover mot Rottøy-skjeret. Heile pøla er fin fiskegrunn.

Om namnet, sjå over.

Brødkjerskallan / ^brø:ʂærskalajn / D3-4 har méda Kråka over Svartskjeret og Holberg på *Litlbrødkjeret*. Desse hausane ligg nett nordom *Brødkjera*, og det er vanskelig å veta om namnet på médet skriv seg frå den nære lokaliseringa til *Brødkjera* eller om namnet er ein ellipse av **Litlbrødkjerskallan* fordi *Litlbrødkjeret* ligg i eine médlina.

Om *Brødkjera*, sjå over.

Båafluen / ^bɔ:aʂfʂu:iŋ / ligg på kvar si side av *Mefjordbåen*:

Auster Båaflua / ^äster ^bɔ:aʂfʂu:a / E3-5 kjem du over når du kursar slik at du har *Mefjordbåen* mellom Haugjegla og Været. Flua er 15 meter djup, og mot aust er det høldjupt ut mot fjorden.

Vester Båaflua / 'väster ^bɔ:aʂfʂu:a / E3-6 ligg nordvest av *Mefjordbåen* i médet Ørntuva i sørkant av Otterholmen. Flua er eit lite, svært avgrensa berg på 7,7 meter, og rundt ho er det 30-40 meter djupt.

Namna er relaterte til *Mefjordbåen* (sjå under). Om *båe*, m. som appellativ, sjå s. 96.

Famnen / ^famnij / er to plassar:

Nord Famna / nø:ʂ 'famna / E2-7 manglar eg méd på, men det ligg noko i nordaust frå *Søre Famna*. Smølværingane er berre lite her ute på. Mest er det

hitterværingane som brukar plassen.

Sør Famna / *sø:’famna* / D2-8 har méda Kjerka på høgaste Jessingen og Kvitholmen i Gullsteinskaget. Men *Famnen* er vide; herifrå kan du kurse nord- og austover eit godt stykke. *Sør Famna*, som er mellom 40-60 famner, brukar smølværingane når dei sett line etter brosma. Her får ein elles storsei, longe og uer omframt skrei, da ho fantes. Langsmed *Famnen* går ein hammar ned til høldjupet utafor.

Framlegget mitt til tolking av namnet har dette plutselige fråberet som utgangspunkt. Eg vel å sjå *Famnene* som eit eigentlig imperativnamn av typen Kikkut, Hevopp o.l. (Sjå Rygh, Indl.:19-20.) Når fiskarane sette eller hila langsmed hammaren ved *Famnen*, kunne dei lett reka borti, og skulle ein da ikkje miste bruket, måtte ein ‘famne inn’ / ‘famnij’ / (til norrønt *faðma*, v.) dvs. dra opp snøret med lange armrørsler. Sistestavinga i uttrykket fell saman med b.f. fleirtal av *famn*, f. / ‘famnij’ / (av norrønt *faðmr*, m.). Derfor er hypotesen eg sett fram, den at *Nord* og *Sør Famna* er seinare presiseringsnamn ut frå trua at namnet **Famninn* har vore b.f. fleirtal, altså ei feiletymologisering.

Det er ikkje tvil om at *Famnen* i dag blir oppfatta som eit fleirtalsnamn. Eg reknar framlegget mitt til tolking som usikkert.

Hunden / *hœjn* / D2-9 ligg uti Ramsøyfjorden i méda Kvitholmen i Ongeltinden og Kråkøya i Skarpnestuva. Ikkje mange veit av médet.

Mellom skjergardsnamna finn vi *hund* (< norrønt *hundr*, m.) som eit temmelig vanlig nemne i toponym på skjer og båar. Ut av det som er skrive om emnet, kan vi uteleine fleire meir eller mindre sannsynlige teoriar om korfor *hund* her er nytta i eit médnamm:

Sophus Bugge (NE:111) reknar somme namn med *hund* som avleiringar til eit verb **hinna*, 'veide, fiske' (jfr. òg *Hunn* i NSL). I eit omstridd avsnitt, 'Hund i stadnamn', drøftar Eivind Vågslid (1974:170-83) dette elementet og

M Å L O G M É D

seier: 'Mætaste veidn hev vori fisk. **Hundr* hev difor serleg vorti nøytt um fiskestad og fisk.' Argumentasjonen til Vågslid er kontroversiell fordi han freistar leggje ei slik tyding inn i bortimot alle namn med elementet (*h*)und. Vågslid har fått mange motlegg, og sjølv er eg heller ikkje lysten på at médnamnet *Hunden* skal tolkast 'fiskeplass'. Eit slikt semantisk innhald vil i eit fiskarmiljø vera bortimot meiningslaust fordi namnet da slett ikkje særmerkar plassen mellom alle dei andre fiskeplassane.

Det er nok vel så sannsynlig at vi i mange skjergardsnamn finn *hund* i tydinga *selhund*, dvs. kobbe, men - igjen - fordi vi her diskuterer eit médnamn og fordi lokaliteten ligg så langt uti fjorden, er eit slikt semantisk innhald lite rimelig.

Arnfred Slyngstad meiner å finne eit mønster i at skjera med namn på *hund* oftast ligg farlig til og vaktar innløpet til ei innsegling. Leiet gir assosiasjon til ein *hund*, som er den første du møter når du kjem til gards (Slyngstad 1951:81 og Hovda 1941:10). Med litt velvilje kan ein seie at *Hunden* i Ramsøyfjorden er mellom dei første fiskeplassane ein treffer på når ein kjem inn fjorden frå nord. Men for fiskarar frå Steinsøysundet er *Hunden* heller perifer, og han gir dei neppe kjensla av å treffen dei på heimvegen. Ei namngiving på eit slikt grunnlag er òg tvilsam fordi det i så fall ville ha vorte eit namn noko nær det Magnus Olsen kallar 'veiens navn', ein type namn vi elles ikkje finn mellom médnamna. (Sjå s. 77.)

I staden er det sannsynlig at vi har å gjera med eit nedsetjande namn. Slyngstad (1951:82) nemner at *hund* fins brukta fleire gonger i skjergarden på Sunnmøre i slik tyding. Eit døme på denne bruken av *hund* har Indrebø (1929:42) frå Oslofjorden i namnet Hund(e)sund. Han meiner dette kan vera eit lastande namn fordi sundet er trøngt og grunt. Når eit méd får eit nedsetjande namn, er det gjernast etter evna det har til å gi fisk. *Hunden* er eit lite brukta méd, og vi må tru dette kjem av at dette er ein dårlig plass.

Fjellskallen / ˘fjílskaʎin / D2-10 har méda Kjerka i

R A M S Ø Y F J O R D E N

hammaren på Pryholmen og Kvitholmen i Litløret.

Her er det *fjell* i botnen. Det er mindre sannsynlig at namnet kjem av at ein médar i *fjellet* Litløret. Namnet blir da for lite utmerkande, for *fjell* médar ein etter i annakvart méd.

Grunnberga / ˘gruŋ,baerja / D3-11 er namnet på fleire småskallar. Den grunnaste er på 44 meter. I fråberet unna sjølve berga er det ein bra lineplass i méda Kjerka over Hysskjera og Leiskjeret i Kvitholmen.

Rett sør for desse berge ligg *Grunnane* utfor Steinsøya, og det er mulig at *Grunnberga* kan vera sekundært til dette namnet. No er likevel avstanden mellom dei to lokalitetane noko lang, og eg vel derfor å sjå utmerkingsleddet som adjektivet *grunn*, som fortel at berga strekkjer seg opp mot vassflata frå ein djupare botn omkring.

Grunnskjerskallen / ˘gruŋsær,skaljin / D3-12 ligg i méda Garnskjerstøtta nord på Kvitholmen og Svartskjerstøtta i Hopagarden. Her er det 14 famner og torsk. Skallen ligg rett nord av Grunnan.

Grunnskjera / ˘gruŋsæ:ra / er eit samlenamn bruka om alle skjera i området *Grunnan*.

Hallvardskallen / ˘hałvar,skaljin / D2-13 får du når du har Kjerka over Pryholmen og Kvitholmen i Bårdsetfjellet. Plassen er eit torsk- og storseiméd. På kartet (SK40 1980) står 'Halvorskallen' merka av på 24 meters djup.

Hallvard, m. / ˘hałvar / < norrønt *Hallvarðr* som er sett saman av *Hall-* 'stein' og *-vard* 'vaktar, vernar'.

Hytteskallen / ˘høt,skaljin / E3-14 har desse méda: Sørkanten av Ytter Nautskjeret i hammaren i Ramsøysundet og Mefjordbåen i husa på Steinsøya. Grunnen blir jamt bruka av fiskarar frå Steinsøysundet sjølv om han ligg nærest Hitra. Skallen står avmerka på kartet (SK 40 1980).

MÅL O G MÉD

Det nærmeste skjeret er *Hytta* / ˘høtɔ / oppunder Hitra. (Merk at øynamnet er bøyd svakt i smølamålet.) I NSL blir *hytt*, f., i skjernamn sett saman med fleire fjellnamn i og rundt Trollheimen der det tyder 'naken bergpynt, fjelltopp'. *Hytta* i ytter delen av Ramsøyfjorden er eit høgt, kuva svaberg.

Hæltaren / ˘he:χtarin / D2-15 finn ein om ein held rett vest frå Langskallen til ein får Kjerka austom Bindingskjeret. Oppå berget er det 21 meter. På kartet (SK40 1980) står det 'Heltaren' på ei grunne tett ved, litt lenger vest.

Berget er ein vanlig hause som ein kan seie er framhaldet av ein større grunn, og det stikk seg fram som eit skag mot aust. Innhaldet i namnet er derfor trulig det same som i Hælen ved Remman i Veia havet (sjå det).

Inner Svartskjerfluberget, sjå Svartskjerfluberga.

Jessingbåbakkan / ˘jesenjbɔ:bakɔn / D2-16 har méda Kvitholmen i høgaste Ånesskaget og Hattmåsøyhusa over Bindingsskjeret. Dette er eit avlangt berg nordaust og sørvest. Det er om lag 70 meter djupt og bratt mot aust. Rett i sør ligg *Jessingbåan*, og ut og nord for båen er det linemark. Plassen er òg bruk av veiværinger.

Jessingbåan / ˘jesenjbɔ:aŋ /, på SK 1791 skrive Giessingboan og plassert noko langt nordaust, er sekundærnamn til øynamna *Hopajessingen* / ˘ha:pajesinen / og *Sæterjessingen* / ˘se:terjesinen /. Den siste ligg nærmast båane. Begge øyane kan bli nemnte *Jessingen* / ˘jesinen /, og dei går begge støtt att i médliner fordi dei er store og nokså høge. På grunnlag av uttalen kan vi avgrense *Jessingen* mot flunamnet *Gjæsing*, til adj.: *gjæs* 'veldig, ofselig', som er eit namn Hovda (1962:177) har drøfta. Likeins kan vi avgrense mot *Gjæslungan* / ˘jæsleŋŋaj / lenger sør i skjergarden på Smøla. (Om dette namnet, sjå NSL.)

Til øynamnet *Jessingen* vil eg foreslå ei tolking ut frå

R A M S Ø Y F J O R D E N

hjasse, m. < norrønt *hjarsi* el. *hjassi*, m. 'Isse, Topp paa Hovedet' (Aasen 1873). Aasen har òg ei feminin sideform *hjesse*. Stammeforma som ligg til grunn, må vera **herz-*, som med n-suffiks og i ubroten form fins i det svenske øynamnet *Härnön* (Brink 1989:12).

Suffikset *-ing* er mykje nytta med jamførande funksjon i toponym. Både utsjåaden og lokaliseringa står ei tolking ut frå *hjasse/hjesse*. Dei store, relativt høge øyane ligg lengst ut og er temmelig dominerande i øyrekka utafor Hopen og Sætran. Jamføringsa kan gå ut på at øyane ligg framskotne i skjergarden som issen eller hjassen gjer det på kroppen, men det er meir sannsynlig at jamføringsa er meir direkte og liknar dei relativt høge øyane med sjølve forma på hovudskallen.

Jessingbåflua / ˜jesenbɔ:f̥r̥u:a / D2-17 ligg nett aust av *Jessingbåan*. På kartet (SK 40 1980) står det 'Gjesingflua'. Du treffer austre fråberet av flua når du kursar vest mot Jessingbåan og får Kjerka på Sæterjessingen.

Jessinggrunnen / ˜jesengru:n / D3-18 har méda Kjerka på Kammarskjeret og Svartskjeret på Holberg. Grunnen er noko avlang i nord-sør-retning og bratt mot vest. Han ligg like nordvest av Sæterjessingen.

Kobbskjerøla / ˜kɔbsær,ɒ:pø:çɔ / D3-19 eller **Kobbskjerleia** / ˜kɔbsær,leia /, har desse méda: Kjerka i Leiskjeret og søre kanten på Kobbskjeret i Ramsøysundet. Pøla går mellom Leiskjeret og Kobbskjeret.

Kobbskjeret / ˜kɔb,ʂæ:re / har namn etter *kobbe*, m. / ˜kɔbe / < norrønt *kobbi*, m., fordi det i si tid må ha vore *kobbe* her.

Kobbskjerskallen / ˜kɔbsær,skalɪjn / D3-20 har méda Holbergfjøset i nordre kanten på Kobbskjeret og fabrikken på Nordvik i nordre kanten på Skarvstolen. Likaste fisket er her på innber straum. Plassen ligg nord av Kobbskjeret (sjå over).

M Å L O G M É D

Kråkskallen / ɔ:kɔ:ska:liŋ / E3-21 er eit stort berg vest av Storkråka og Litlkråka som ein treffer nordvestkanten på i méda Knubbahusa i skaget på *Litlkråka* og husa i Inner Roksvågen i sørkant av *Storkråka*.

Storkråka / ɔ:stɔ:r,krɔ:kɔ / er ein liten holme ytst mot fjorden. *Litlkråka* / ɔ:liç,krɔ:kɔ / er eit skjer litt lenger nord. Om *kråke*, f. i skjergardsnamn, sjå Kråkbåan (Vh).

Dette médnamnet er det einaste eksemplet på at førsteleddet kan seiast å ha rot i begge mémlinene.

Kvitskallen / ɔ:kvi:t,skala:liŋ / D2-22 ligg langt ut, utom Ufsgrunnen, i méda Kjerka på Pryholmen og *Kvitholmen* på Litløret, eller som kortmèd: Litlkobbskjeret på *Kvitholmen*.

I médnamnet må vi ha å gjera med ein ellipse av **Kvitholmskallen* etter ei sekundær laging til det mykje brukta mèdmerket *Kvitholmen* / ɔ:kvi:t,hɔ:mijn /. Denne høge, markante holmen skil seg ut ved ein lys bergart i fjellgrunnen.

Langskallen / ɔ:laŋ,skala:liŋ / D2-23 austom Hæltaren, kan ein finne i desse méda: Vester Jessingbåen i Holberg og Kjerka i Ytter Nilserskjeret. Skallen er knapt 30 meter djup, brattkanta og *lang* i nord-sør-retning. Plassen står avmerka på kartet (SK 40 1980).

Longstøet / ɔ:loŋ,stø:e / D2-24 ligg i fråberet på austsida av Ongelskallen i méda Kjerka på ytter delen av Nilserskjeret og *Kvitholmen* midt i Foldfjordfjellet. Det er over 100 meter djupt her uti, og det blir fiska torsk og *longe*.

Om fiskennemnet *longe*, sjå Longholet (Brv).

Litlgrunnen / ɔ:liç,gru:n / D2-25 er ein rund, avgrensa skalle på vel 40 meter som relaterer seg til *Storgrunnen* like ved. Du er på grunnen om du held vest frå *Storgrunnen* til du har Kjerka nordom Bindingskjeret.

R A M S Ø Y F J O R D E N

Plassen var mest bruka av steinsøysundingane.

Litlkråkråsa / ^liçkrɔ:kɔ:sa / E3-26 er sundet og svaet mellom Storkråka og Litlkråka. Her er det knappe 40 meter djupt, og her går det opp fisk frå fjorddjupet.

Om fuglenemnet *kråke*, sjå Kråkbåan (Vh).

Litlråsa / ^liçrɔ:sa /, (vaklande) dativ: /'liçrɔ:sə / D3-27 er djuprenna nordom Jessingen inn mot Steinsøya. Her går det gjerne opp bra med fisk. Det er fleire råser i området og *litl-* blir her bruka for å skilje denne råsa ut frå *Storråsa*.

Lyrflua / ^ly:rɔ:fłu:a / D3-28 er på 6 meter og ligg sør-austom Lyrskjeret, eit skvalpeskjer aust av Storbrødskjeret. I pøla mellom flua og skjeret er det 40 meter, og i hamrane her står gjerne *lyren*. Namnet er trulig ein ellipse av **Lyrskjerflua*, noko som kan vera ei forklaring på det uvanlige at vi har same flunamnet like ved:

Lyrflua / ^ly:rɔ:fłu:a / E3-29 ligg like aust av Skjerjebåen i retning Mefjordbåen. Dette er ei ganske vid grunne med hammar i nord- og sørkant. På det grunnaste er ho 3-4 meter.

Lyr, m. / ly:r / < norrønt *lýrr*, m. (*gadus pollachius*). For fiskaren spelar *lyren* på langt nær den same sentrale rolla som den nære slektingen seien. Medan seien gjerne opptrer som stimfisk ute på grunnane, er *lyren* helst å finne som enkeltfisk ved fluene nærmare land. (Ei meiningsutveksling om tydingsinnhaldet i fiskenemningane *lyr* og *sei* gjekk føre seg i Maal og Minne mellom Kopperstad (1931:118-119) og Hovda (1944:61).)

Lønnfallflua / ^lønfał:fłu:a / D3-30 er ein avgrensa stett på 13 meter ut frå *Lønnfallet* i nordvestlig retning til du har Storbrødskjeret i sørkant av Kvitholmen.

Lønnfallet / ^lønfałe / er eit blindskjer og høver godt til

M Å L O G M É D

namnet som er av verbet *løyne* < norrønt *leyna* 'løyne, skjule'. Aasen (1873) har registrert appellativet 'Løynfall, n. blindt Skjær, Klippe som ikke rækker op til Vandfladen. Nordl. Noget lignende er Løynbode (v), m.'. Ein slik appellativisk bruk er i dag ikkje levande på Smøla.

Mefjordbåen / *me:fjɔɹ̥,bɔ:ijŋ* / E3-31 ligg midtfjords mellom Steinsøya og Sæbuøya i Ramsøyfjorden. Båen er markert med ei støtte og treng såleis ikkje médmerke. Det blir fiska rundt han og utover frå han. Plassen står på kartet (SK40 1980).

Utmerkingsleddet kjem av norrønt *mið-* som tyder 'den midtre'.

Meflua / *me:fɻu:a* / E3-32 er ei fire meter djup og nokså vid moddgrunne på stø kurs midt mellom Skita og Mefjordbåen.

Tydingsinnhaldet er det same som for den førre plassen.

Nord Famna, sjå Famnen.

Nørdre Brødkjerspøla, sjå Brødkjerspøla.

Nørdre Reiflua, sjå Reifluen.

Nørdre Ufsflua, sjå Ufsfluen.

Ongelskallen / *ɔŋgɛɹ̥,skalɪŋ* / D2-33 ligg noko sør av *Onglan* i Veihavet. Méda er Kjerka innom Bindingskjeret og Sildsundstøtta i Skjerjebåen. Her er det 45 meter djupt.

Onglan og *Ongelskallen* har vore drifta av både veiværinger og fiskarar frå Fast-Smøla.

For ein diskusjon om namnet, sjå *Onglan* (Vh).

Reifluen / *rei:fɻu:iŋ* / er det to av, godt frå einannan:

Nørdre Reiflua / *nø:ɹ̥ ɿeɪfɻu:a* / E3-34 ligg i méda

R A M S Ø Y F J O R D E N

Haugjegla nett nord for Kvitholmen eller i Litlskarvstolen og Ytter Nautskjeret i Tonningen. Flua ligg midt i fjorden rett aust av *Reiråa*. Ho er berre 6-7 meter djup og rundt ho er det brådjupt over alt.

Søre Reiflua / sø: ̄rei:f̄l̄a:a / E3-35 har méda huset hans Jon Lervik i ytterkant av Inner Dysingskjeret og Kvitholmen unna Jessingskaget. Her er det 2 meter på det grunnaste og bratt hammar mot aust. På kartet (SK 40 1980) står a. og v. Reiflua, noko som høver med kompassretninga, men ikkje blir sagt. Rett i aust for begge fluene ligg grenda *Reiråa*.

Reiråa / ̄re:r̄ɔ:a / , gnr. 65, meiner Rygh helst kjem av norrønt *reyrr*, m. 'øy, siv' (Rygh NG XIII:467). I det lune dalsøkket der bekken rinn, har det gjerne vakse siv. Eit anna framlegg ut frå norrønt *reiðr*, n. 'reir' som Rygh nemner, gir mindre meining (op.cit.).

Rottøybradden / ̄rɔt̄øybrajjn / D3-36 er ei grøftforma rås mellom *Rottøya* og Rottøyskjeret. Du kan i vestenden av bradden ha Haugjegla i Litlbrødskjeret og derifrå følgje kanten eit godt stykke i retning søraust. Brattaste bradden er nett utom *Rottøya*.

Rottøya / ̄rɔt̄øy:a / er eit øynamn som går att fleire gonger langs kysten. For *Rottøya*, gnr. 6 i Aure, stiller Rygh seg open for to mulige opphav til namnet: Anten norrønt (*h*)rjóta, v. 'falle, styrte' eller eit ord Aasen har, *rott*, m., 'snute, tryne' (Rygh NG XIII:431). På grunnlag av den uskjerma lokaliseringa av *Rottøya* utom Steinsøya kan vi forsvara ei tolking ut frå norrønt (*h*)rójta som da må sikte til brottet mot øya. *Rottøya* går òg att som namn på det nordste skaget eller halvøya på Brattværet. Denne staden må ein seie ligg relativt godt skjerma innanfor fallgarden. Det som særpregar begge desse lokalitetane, er at dei er ytterpunkt mellom fleire øyar og såleis kan assosierast med ein snute som stikk seg fram. Derfor held eg *rott*, m. som det mest sannsynlige opphavet. Ordet er i dag ikkje levande i målføret.

MÅL O G MÉD

Råsberga / ˘rɔ:s,bærja / E3-37 er ein langstrekt grunn som går nordvest og søraust på vel 70 meter. Grunnen er gjennomskoren av eit djupare parti midt på, noko som forklarer fleirtalsforma. På kartet (SK 40 1980) kjem kløyvinga tydelig fram på 100 meterskota. På dette kartet står namna 'Råsberget' og 'I Råsberget'.

Ein er i austerkant av berga når ein har Remmingen i Bårdsetfjellet, og sørkanten treffer ein når ein har husa i Inner Roksvågen i Brettingen.

Det kan vera at djuprenna midt over berget er grunnlaget for førsteleddet. I så tilfelle er *rås* brukta på ein noko uvanlig måte. (Jfr. appellativet *rås*, s. 110.) Eg held det for mest trulig at *Råsberga* relaterer seg til *Storkråkråsa* fordi ein kan seie *Råsberga* avgrensar *Storkråkråsa* mot fjorden i aust.

Seiskallen / ˘sei,skalijn / E2-38 ligg nokså nær Hitra og er ein del av same grunnen som Sæbuøyrevet. Oppå skallen er det om lag 40 meter, og austom er det eit temmelig bratt fråber. Her blir det fiska torsk, *storsei* og *hølingsei*. Méda er lykta på Sæbuøyodden i hammaren på Gjelsøya og innerkanten av Kvitholmen på dei inste husa på Steinsøya. På kartet (SK40 1980) står det Seiskallane.

Sei, m. / sei / < norrønt *seiðr*, m. og *seið*, f. (gadus virens). *Seien* er den av torskefiskane som er den mest typiske stimfisken og blir såleis ofte teken med not. Ved sida av torsk er *seien* den viktigaste matfisken på nordmørskysten. Heile året gjennom blir han fangsta på grunnane. Likevel kan vi seie at beste fisket etter *småseien* er sommars tid, og *storsei* er det mest av på seinsommaren og hausten.

Skitaberget / ˘setɔ:bærje / D3-39 har méda Haugjegla i Storkobbskjeret og husa på Steinsøya i enden på Kvitholmen. Mot nord er det bratt, og her står det gjerne lyr når det flør. Berget ligg nordom *Skita*.

Skita / ˘setɔ / er ein liten holme utan vegetasjon. Her sit det jamt skarv og måse, og det må vera avføringa etter

R A M S Ø Y F J O R D E N

alle fuglane som ligg til grunn for namnet. Uttrykket *å ha skita* tyder på målføret 'å ha diaré'.

Både Indrebø (1929:31) og Slyngstad (1951: 141) har liknande stadnamn som dei reknar for klart vanvørdrande. Likevel treng vel ikkje eit namn som *Skita* vera pejorativt på annan måte enn at det konstaterer eit faktum, nemlig at det sit fuglar her og gjer frå seg.

Skitabåen / ɔ̄seta:bɔ:in / D3-40 er eit blindskjer som på fjøre sjø kan vera synlig. Mot nord er det bratthammar og lyr å få. Båen ligg nordaust av *Skita* (sjå over) i retning Skjerjbåen.

Skjerjbåflua / ɔ̄særje:bɔ:fɻu:a / D3-41 treffer du om du held rett sør frå Søre Ufsflua til du får Mefjordbåen i Nautskjervarden. Flua, som er 8 meter djup, ligg mellom Skjerjbåen og Søre Ufsflua.

Skjerjbåen / ɔ̄særje:bɔ:in / er eit svært frekvent båenamn i skjergarden rundt Smøla (jfr. SK 40 1980). Det særmerkte ved desse lokalitetane er at dei er særslig grunne båar eller små skjer just i vassflata. Her ligg forklaringa til namnet. Om båenamnet Skjerbåen på Sunnmøre skriv Arnfred Slyngstad: 'To av dei som stikk høgst, kallast båe Skjerbåen (...). Om den fyrste vart det sagt: "Han er oftast under i flod sjø," og om den andre "1 meter over i flod sjø." Dei ligg ikkje ved noko skjer og har heller ikkje skjer til méd. Dei har fått namnet sitt fordi folk ikkje har visst anten dei skulle kalla det skjer eller båe, altså ein mellomting. Båe omgrepa har vore i medvitet samstundes og sett merke på namnet.' (Slyngstad 1951:108). Denne forklaringa høver framifrå på *Skjerjbå*-namna rundt Smøla. Til forskjell frå Skjerbåen som Slyngstad skildrar frå Sunnmøre, har *Skjerjbåen* halde på ei komposisjonsfuge frå genitiv fleirtal av norrønt *sker*, n. I genitiv fleirtal held denne ja-stammen på den gamle endinga: *skerja*, med redusert *a* > *e* i komposisjonsfuga i namnet.

Stampen / stampen / D3-42 er ein 70 meter djup skalle

MÅL O G MÉD

austom Klebåen i méda Kjerka i Hammarskjeret og Verkjen i Klebåen. Oppmédinga treff ein ganske vanlig rund hause, men mot sør er han bratt ned mot eit djup på over 190 meter. Det må vera hamrane unna grunnen som har fått fiskarane til å tenkje på forma av ein *stamp*.

Ein *stamp* / *stamp* / < norrønt *stampr*, m. er eit vidt trekar om lag som ei halv tynne. I fiskarterminologien tyder ordet gjernast *linestamp* (Jfr. Bye 1976:150). Slyngstad (1951:144) har eit parallelt namn frå Erkna på Sunnmøre. Der er Stampen ein båe som ligg ved ei rund vik som òg blir kalla Stampen.

Steinsøyþøla / ́ste:nsey,þø:la:/, sjá **Storråsa**.

Storgrunnen / ́stɔ:rɪgru:n / D2-43 er ein storsei plass ved Onglan. Steinsøy sundingane brukar han mest. Oppå skallen er det 37 meter når du har Kjerka mellom Bindingskjeret og Nilserskjeret og Kvitholmen på Ånesfjellet. Grunnen er nokså vid og er bratt særlig mot nord og vest. Han står avmerka på kartet (SK 40 1980).

Namnet dannar motsetningspar med *Litlgrunnen* like ved.

Storråsa / ́stɔ:rɔ:sə / D3-44 kan ein informant minnast at dei eldre kalla det som no oftast blir kalla *Steinsøyþøla*. *Storråsa* dannar motsetningspar med *Litlråsa*. Her kjem fisk opp frå fjorden.

Svartskjerfluberga / ́svartṣærflu:bærja / delast i to: **Inner Svartskjerfluberget** / ́i:ner ́svartṣærflu:bærje / D3-45 har méda Tuvahusa i innerkant av Svartskjeret og Litlbrødskjeret i Ramsøya.

Ytter Svartskjerfluberget / ́ycer ́svartṣærflu:bærje / D3-46 har méda Tuvahusa i Hopen i ytterkant av Svartskjeret og Litlbrødskjeret i Ramsøya.

Plassane ligg nordvest av *Svartskjeret*, tett ved einannan på 10-12 meters djup.

Svartskjerflua / ́svartṣær,flu:a / er i praksis dei to

R A M S Ø Y F J O R D E N

Svartskjerfluberga. I sørvest for flua ligg *Svartskjeret* med namn etter det mørke berget. (Jfr. Kvitholmen lenger aust.)

Sæbuøyrevet /'sæ:bø̄y,ræ:ve/ E3-47 har méda Mefjordbåen på fabrikken på Nordvika og husa på Steinsøya på Kvitholmen. (På SK 40 (1980) står namnet Sæburevet avmerka ein god del lenger aust i retning Sæbuøya enn mitt méd.) Grunnen kan reknast for eit framhald av Seiskallen. Den vide grunnen er 45-50 meter djup. Mot aust og sør er han bratt. Rett aust ligg *Sæbuøya* ved Hitterlandet.

Sæbuøya /'sæ:bø̄yə/ har etter Oddmund Hagen (1978: 73) namn etter norrønt *sær*, m. 'sjø' og *bu*, f. i tydinga 'rorbu', slik at namnet tyder 'Sjøbuøya'.

Søre Brødkjerspøla, sjå **Brødkjerspøla**.

Sør Famna, sjå **Famnen**.

Søre Reiflua, sjå **Reifluen**.

Søre Ufsflua, sjå **Ufsfluen**.

Uersmødet /'uers,me:e/ D3-48 er kanten på vestsida av Grunnskjerskallen. Her er det ein bratthammar med eit fall på 50-120 meter. *Uer* får du når Garnskjerstøtta er nord for Kvitholmen og når Svartskjerstøtta er i Hopagarden.

Uer, m. /'uer:/ < norrønt *augr*, m. (med sideform *ogr*, m.) (sebastes norvegicus). *Ueren* er ein utprega djupvassfisk som ein får på dei djupaste plassane og som helst står i bratthammaren unna grunnen. Det blir sagt om *ueren* at han er svært 'treffande', dvs. at ein kan dra eit snøre fullt av *uer* for så å oppleve i dei neste kasta å ikkje sjå ein spord av han. Ein fiskar meinte at fordi *ueren* står på heilt bestemte plassar, så er *uersmøda* dei viktigaste å vera nøye med når du médar opp.

M Å L O G M É D

Ufsfluen /'ufs,f̥l u:in/ er ei grunnmark utom Steinsøysundet med fleire fluer og båar. (På det nyaste kartet (SK 40 1980) står det n og s Ytstflua, noko som er feil.) Dei to viktigaste er:

Nørdre Ufsflua /nø:t'ufs,f̥l u:a/ E3-49 i méda toppen av Skardsøya i Mefjordsbåen og fjøset hans Harald i innerkant av Kvitholmen. Utom flua er det bradde djupt.

Søre Ufsflua /sø:'ufs,f̥l u:a/ D3-50 har desse merka: Fabrikken på Nordvika i Skjerjebåen og det ytste av Steinsøyhusa utom Kvitholmen eller oppi ytre hammaren på holmen. *Ufsfluen* er best når det flør.

Ufs, m. /ufs/ (gadus virens), jfr. islandsk *upsi*, m. 'stor sei' som må høre saman med *ofse* 'noget overveldende' (Torp 1919). *Ufs* eller *seiufs* /'seiufs/ i tydinga 'storsei' blir bruka eller i alle fall forstått av dei fleste eldre smølværingar. Så godt kjent synest ikkje *ufs* i denne tydinga å vera andre stader på Nordmøre. Kåre Hoel (1949:144) meiner at ordet er uskjønlig for dei fleste i Gjemnes, men han seier han har hørt 'dette eldre nemnet for storseien' bruka i Øre ('halv-ufs') og på Smøla ('seiufs'). Finn Myrvang (1982:112) seier at på Andenes er dette ordet kjent berre mellom eldre.

I *Beskrivelse af Romsdals Amt* heiter det om sei: 'Af denne haves 3 Slags, nemlig: Storsei eller Ufs, Middelsei og Smaasei.' (Thesen 1861:126). I ei innberetning frå 1769, som skildrar fiskeria i distriktet, skriv fogden i Fosen, Johan Ruberg, om fisket etter 'Sejufs' som følgde silda og som frå august av kunne dragast med snøre med fersk sild til agn. Etter at han hadde vorte feit var det berre mulig å ta han i torskegarn. (Referert etter Danielsen 1978:73-75.)

Ufsgrunnen /ufsgru:n/ D2-51 er same lokaliteten som veiværingane kallar Sundagrunnen. Denne nokså vide grunnen på 25-30 meter er ein typisk sommarplass etter sei. Méda er Kjerka på høgaste Pryholmen og Kvitholmen i sørkanten av Bårdsetfjellet.

R A M S Ø Y F J O R D E N

Vester Båaflua, sjå Båafluen.

Ytter Svartskjerfluberget, sjå Svartskjerfluberga.

7 LITTERATUR

- Andersson 1973** - Thorstein Andersson: 'Om ortnamn och ortnamnsforskning.' *Namn och Bygd* 1973 (148-171). Lund.
- Aune 1979** - Kolbjørn Aune: *Hemneboka II*. Orkanger.
- Beito 1954** - Olav T. Beito: *Genusskifte i nynorsk*. Oslo.
- Beito 1967** - Olav T. Beito: *Norske målføretekster*. 2. rev. utg. Oslo - Bergen - Tromsø.
- Beito 1986** - Olav T. Beito: *Nynorsk grammatikk. Lyd- og ordlære*. 2. utg., Oslo.
- Berg 1981** - Gudmund Frode Berg: *Smøla bygdebok I*. Trondheim.
- Berg 1986** - Gudmund Frode Berg og Aashild Berg: *Smøla bygdebok IV, Gards og ættesoge for Klakkan - Skomsøy*. [Trondheim.]
- Bjørkum 1974** - Andreas Bjørkum: *Generasjonsskilnad i indresognsmål*. Oslo - Bergen - Tromsø.
- Bjørkvik 1966** - Eilert Bjørkvik: 'To skallbøker fra Stokksund.' Årbok for Fosen historielag 1966 (7-15). Svorkmo.
- Blöndal 1920-24** - Sigrún Blöndal: *Islands - dansk Ordbok*. Reykjavík.
- Brink 1989** - Stefan Brink: 'Gamla naturnamn längs Norrlands kust, särskilt ånamn.' Peter Hallaråker, Arne Kruse og Terje Aarset (red.): *Stadnamn i kystkulturen. Rapport frå NORNA-s fjortande symposium i Volda 4.-6. mai 1987*. NORNA-rapporter 41. Uppsala.
- Bugen 1979** - G. Bugen; artikkelserie om skreifisket på Veiholmen i 1882 i avisa *Driva*, januar - april 1979.
- Bye 1976** - Dagfinn Olav Bye: *Froværingsmålet. Ordtifang fra fiskebåter og fiskebruk*. Uprønta hovudoppgåve. Bergen 1976. (Ein del av

MÅL OG MÉD

- oppgava er prenta: Same tittel. Bergen 1979.)
- Christensen 1973** - Vibeke Christensen: 'Termerne primær og sekundær i nordisk stednavneterminologi.' *Namn och Bygd* 1973 (40-47). Lund.
- Christensen/Kousgård Sørensen 1972** - Vibeke Christensen og J. Kousgård Sørensen: *Stednavneforskning I*. København.
- Christiansen 1976** - Hallfrid Christiansen: *Norske dialektter*. Oslo 1976.
- Dahlstedt 1972** - Gullik Dahlstedt: *Veidholmen på Smöla. Fiskenäring och bebyggelse i historisk perspektiv*. Stockholm.
- Dalberg 1991** - Vibeke Dalberg: *Stednavneændringer og funksjonalitet*. København .
- Dalen 1971** - Arnold Dalen: 'Nyare monoftongerings-tendensar i Inntrøndelag.' *Mål og namn. Heidersskrift til Olav T. Beito*. (39-51). Oslo-Bergen-Tromsø.
- Danielsen 1978** - Arne Danielsen: *Veidholmen i gammel og ny tid*. Trondheim.
- de Vries 1962** - Jan de Vries: *Altnordisches Etymologisches Wörterbuch*. Leiden.
- DNL - Den Norske Los Bd. IV: Fra Statt til Rørvik.**
Utg. av Norges Sjøkartverk. 3. utg. Stavanger 1976.
- Døssland 1990** - Atle Døssland: *Med lengt mot havet. Fylkeshistorie for Møre og Romsdal 1671 - 1835*. Oslo.
- Eidnes 1939** - Hans Eidnes: 'Litt om Salta-namnet.' *Hålogyminne V*. (1937 - 1940). (362-364). Harstad 1940.
- Ejder 1969** - Bertil Ejder: *Dagens tider och måltider*. Skrifter utgivna genom Landsmålsarkivet i Lund. Lund.
- Ekre 1960** - Lars Ekre: *Opplysningar til stadnamn fra Midt-Jotunheimen*. Skrifter fra Norsk Stadnamnarkiv 1). Oslo - Bergen.

LITTERATUR

- Eldjarn/Godal 1988** - Gunnar Eldjarn og Jon Godal: *Nordlandsbåten og Åfjordsbåten. Bd.1: Båten i bruk.* Lesja.
- EllefSEN 1977** - Einar S. EllefSEN: 'Fiskeriene - i går og i dag'. I Pio Larsen (red.): *Møre og Romsdal* (:277-97). Oslo.
- Falch 1980** - Harald Sverre Falch: *Skjærgardsnavn i Vega- og Tjøttaøyene.* Uprenta hovudoppgåve. Trondheim.
- Falck-Kjällquist 1976** - Birgit Falck-Kjällquist: 'Varför får lokaliteter namn?' *Ortnamn och samhälle. Aspekter, begrepp, metoder.* NORNAs symposium 1975. Red.: Kurt Ziliacus. NORNA-rapport nr. 10. (:27-39). Horgå.
- Falk/Torp 1903 - 1909** - Hjalmar Falk og Alf Torp: *Etymologisk ordbog over det norske og det danske sprog I - II.* Kristiania.
- Fjørtoft 1950** - Olav Fjørtoft 'Land-namn på fiskegrunnar og større område av fiskehavet.' *Tidsskrift for Sunnmøre historiske lag* (:47-51). Ålesund.
- Fjørtoft 1951** - Olav Fjørtoft: "'Sedvanerett og grunnråderett til fiskegrunnar på havet.' 'Namn på méd og fiskegrunnar.' To spørjelister med innleiing.' *Norveg* 1 (:259-264). Oslo 1951.
- Folketellinga 1900** - Digitalarkivet: <http://www.hist.uib.no/cgi-win/webcensx.exe?narkivverket/>
- Fredly 1998** - Kjell Fredly: *Smøla Bygdebok VII. Gards- og ættesøge for Vestsmøla.* Utgitt av Smøla Kommune. Kristiansund.
- Fries 1976** - Sigurd Fries: 'Vad betecknar ortnamns efterleden -rum?' *Nordiska studier i filologi och lingvistik. Festschrift tilägnad Gösta Holm.* (:122-127). Lund.
- Fritzner 1883-96** - Johan Fritzner: *Ordbog over Det gamle norske Sprog.* (Nytt uforandret opptrykk av 2. utgave (1883-1896), 1-3. Oslo 1954.)
- Frøysadal 1968** - Øystein Frøysadal: 'Fjellnamn i Hordaland og Sogn og Fjordane'. Jørn Sandnes og

MÅL OG MÉD

- Per Tylden (red.): *Namn i fjellet*. Oslo.
- Fugelsøy 1962** - Maurits Fugelsøy: *Nordmøre Fiskersøge*. Trondheim.
- Gardberg 1966** - John Gardberg: 'Torskmärken kring Mörskär og Kökarsören'. *Festskrift tillägnad K. Rob. Wikman på hans åttioårsdag den 20. maj 1966*. Institutionen för etnologi vid Åbo Akademi. Åbo.
- Hagen 1976** - Oddmund Hagen: *Médnamn frå Trondheimsleia*. Uprenta hovudoppgåve. Trondheim.
- Hagen 1978** - Oddmund Hagen: 'Streiftog i stadnamn på Hitra.' *Årbok for Fosen 1978* (:61-77). Trondheim.
- Hallan 1965** - Nils Hallan: 'Smøla'. *Smølaminne*. Trondheim.
- Hallaråker 1975** - Peter Hallaråker: *Skjergardsnamn frå Bremnes*. Bergen - Oslo - Tromsø.
- Hallaråker 1997** - Peter Hallaråker: *Innføring i stadnamn. Innsamling og granskning*. Oslo.
- Hareide 1977** - Reidar Hareide: *Personnamn i Tingvoll*. Uprenta hovudoppgåve. Trondheim.
- Heggstad 1963** - Leiv Heggstad: *Gamalnorsk ordbok*. Oslo.
- Helland 1896** - Amund Helland: 'Med til Fiskegrunde paa Havet mellem Stat og Smølen.' *Norsk Fiskeritidende*. 15. Aargang (:221-328). Bergen.
- Hellquist 1891** - E. Hellquist: 'Bidrag till läran om den nordiska nominalbildningen.' *Arkiv för nordisk filologi* 7 (:1-62 og 142-74).
- Hellquist 1922** - Elof Hellquist: *Svensk etymologisk ordbok*. Lund.
- Hoel 1915** - Ivar Hoel: 'Kristiansundsmålet.' *Maal og Minne* (:1-60). Kristiania.
- Hoel 1949** - Kåre Hoel: *Stadnamn frå Gjemnes og Frei herad på Nordmøre*. Uprenta hovudoppgåve. Oslo.
- Holten 1974** - Ola J. Holten: *Dativbruken i surnadalismålet*. Uprenta hovudoppgåve. Trondheim.

LITTERATUR

- Hovda 1941** - Per Hovda: 'Okse, galt, hund og andre dyrenemne i skjernamn.' *Bergens Museums Årbok* 1941. Hist. antikv. rekke. Nr. 7. Bergen.
- Hovda 1944** - Per Hovda: 'Stadnamn frå sjøen i Austre-Ryfylke.' *Maal og Minne* 1944 (:1-116). Oslo.
- Hovda 1948** - Per Hovda: 'Stadnamn og sjøfiske.' *Namn och Bygd* 1948 (:41-66). Uppsala.
- Hovda 1958** - Per Hovda: 'Kring appellativet båe m. (i sjøen) gn. boði m.' *Arkiv för nordisk filologi* 1958 (:245-257). Lund.
- Hovda 1961** - Per Hovda: *Norske fiskeméd. Landsoversyn og to gamle médbøker*. Skrifter frå Norsk Stadnamnarkiv 2. Oslo - Bergen.
- Hovda 1962** - Per Hovda: 'Der havbåra rullar.' *Namn och Bygd* 1962 (:173-181). Lund.
- Hovda 1967** - Per Hovda: 'Names from Hålogaland - some scattered remarks.' *Lapps and Norsemen in Olden Times*. (:54-64). Oslo.
- Hovda 1971** - Per Hovda: 'Til norske elvenamn.' *Namn och Bygd* 1971 (:124- 147). Lund.
- Hovda 1972** - Per Hovda: 'Til norske øynamn.' *Det norske Videnskaps-Akademis Årbok* 1972 (:10-19). Oslo.
- Hovda 1973** - Per Hovda: 'Naturnamn, (kulturnamn), teignamn, marknamn med underavdelingar.' *Namn och Bygd* 1973 (:22-27). Lund.
- IKU 1978** - *Kartlegging av løsmassene på kontinental-sokkelen utenfor Møre og Trøndelag : Seismisk profilering*. Publikasjon nr. 99. Institutt for kontinental-sokkelundersøkelser. Trondheim.
- IKU 1981** - *Vurdering av islandføringsalternativer for olje eller gass til kysten av Sør-Trøndelag*. Rapport nr. O-377/1/81. Institutt for kontinental-sokkelundersøkelser. Trondheim.
- Indrebø 1921** - Gustav Indrebø: 'Stadnamni i ei fjellbygd.' *Maal og Minne* 1921 (:113-210). Kristiania.
- Indrebø 1929** - Gustav Indrebø: *Stadnamn fraa Oslofjorden*. Skrifter utg. av Det norske Vid.-

MÅL O G MÉD

Akad. i Oslo. II. Hist.-Filos. Kl. 1928:5.
Oslo.

Iversen 1973 - Ragnvald Iversen: *Norrøn grammatikk*. 7.
utgave revidert ved E. F. Halvorsen. Oslo.

Jacobsen/Matras 1927-28 - M. A. Jacobsen og Chr.
Matras: *Færøsk-dansk ordbog*. Tórshavn.

Jakobsen 1901 - Jakob Jakobsen: *Shetlandsøernes
Stednavne*. København.

Jakobsen 1921 - Jakob Jakobsen: *Etymologisk ordbog over
det norrøne sprog på Shetland*. København.

Janzén 1940 - Assar Janzén: 'Ortnamn på Dal. 1.
Balsen.' *Namn och Bygd* 1940 (:123-125).
Lund.

Jenstad/Dalen 1997 - Tor Erik Jenstad og Arnold Dalen:
Trønderordboka. Trondheim.

Jóhannesson 1938 - Þorkell Jóhannesson: *Örnefni í
Vestmannaeyum*. Reykjavík 1938.

Kopperstad 1922 - Knut Kopperstad: 'Sunnmørske
naturnavn. Navn paa fall, fiskeplasser,
fluðir, skallar og skjér ved Sunnmørskysten.'
Maal og Minne 1922 (: 91-100). Kristiania.

Kopperstad 1931 - Knut Kopperstad: 'Fiskenavnene
seið og lýr.' *Maal og Minne* 1931 (:118-119).
Oslo.

Kruse 1998 - Arne Kruse: 'Sjønamn på médfjella'. *Namn
og Nemne* (:21-31). Bergen.

Larsen 1897 - Amund B. Larsen: *Oversigt over de norske
Bygdemåla*. Christiania. (3. oppl. Oslo 1968.)

Leivdal/Fredly 1996 - Nils Tore Leivdal og Kjell Fredly:
*Smøla bygdebok V, Gards- og ættesoge for
Vestsmøla*.

Liestøl 1957 - Aslak Liestøl: 'Kuli'. *Norges innskrifter med
de yngre runer IV*. (:280-286). Utg. for
Kjeldeskriftfondet ved Magnus Olsen. Oslo.

Lind 1905-15 - E. H. Lind: *Norsk-isländska dopnamn och
fingerade namn från medeltiden*. Uppsala-
Leipzig.

Lind 1931 - E. H. Lind: *Norsk-isländska dopnamn och
fingerade namn från medeltiden*. Supplement-

LITTERATUR

- band. Oslo.
- Lindroth 1915** - Hjalmar Lindroth: 'Är Skåne de gamles Scandinavia?' *Namn och Bygd* 1915 (:10-28). Uppsala.
- Lov om stadnamn 1990** - Lov 18. mai 1990 nr. 11 om *stadnamn*.
- Modéer 1939** - Ivar Modéer: *Den nordiska ryssjans ursprung och alder*. Uppsala.
- Modéer 1953** - Ivar Modéer: 'Norska ordstudier. Två bidrag till fiskets ordgeografi.' *Uppsala Universitets årsskrift* 1953:2. Uppsala.
- Muri 1980** - Alv G. Nordal Muri: 'Båe.' *Institutt for namnegranskning*. *Årsmelding* 1980. Universitetet i Oslo.
- Myrvang 1981** - Finn Myrvang: *I havsauga. Andøya i stadnamn og kysttradisjon*. Volum A. Andøya kulturstyre - Lofotboka. Værøy.
- Myrvang 1982** - Finn Myrvang: *I havsauga. Andøya i stadnamn og kysttradisjon*. Volum B. Andøya kulturstyre - Lofotboka. Værøy.
- Myrvang 1996** - Finn Myrvang: 'Kring dagtid-namn i Nordland'. *Nytt om namn* nr. 24 (:18-22). Oslo 1996.
- Mæhle 1953** - Leif Mæhle: *Stormliste frå Edøy*. Jn. 662/53. Handskrive hefte ved Norsk Målførearkiv, Oslo.
- NE** - Oluf Rygh: *Norske Elvenavne*. Kristiania 1904.
- Nes 1975** - Oddvar Nes: 'Salta-namnet.' *Maal og Minne* 1975 (:145-54). Oslo.
- Norsk Ordbok** - Oslo
- NPL** - Kristoffer Kruken og Ola Stemshaug: *Norsk personnamnleksikon*. 2. utgåva ved Kristoffer Kruken. Oslo 1995.
- NSL** - Jørn Sandnes og Ola Stemshaug: *Norsk stadnamnleksikon*. 3. utgåva. Oslo 1990.
- Olsen 1924** - Magnus Olsen: 'Norske ønavne.' *Festskrift tillegnet førstebibliothekar A. Kjær* (:61-64). Christiania.
- Olsen 1934a** - Magnus Olsen: 'Litt om navnefrekvens.'

MÅL OG MÉD

- Maal og Minne* 1934 (:83-91). Oslo.
- Olsen 1934b** - Magnus Olsen: *Hvad våre stedsnavn lærer oss*. Oslo.
- Opstad 1984** - Kristian Opstad: *Bygdeboka II. Aukra, Midsund og Sandøy*. Elnesvågen.
- Reitan 1924** - Jørg. Reitan: 'Vokalavrunding i nytrøndsk.' *Festskrift til Amund B. Larsen* (:201-212). Kristiania.
- Reitan 1932a** - Jørgen Reitan: 'Problemer i trøndsk dialektforskning.' *Det Kgl. Norske Videnskabers Selskabs Skrifter. Forhandlinger*. Bind V 1932 (:1-16). Trondheim.
- Reitan 1932b** - Jørgen Reitan: *Rørosmålet*. Trondheim.
- Ross 1895** - Hans Ross: *Norsk Ordbog*. Christiania.
- Ross 1908** - Hans Ross: *Norske bygdemaal IV*. Christiania.
- Ruud 1940** - Edv. J. Ruud: 'Gamle sett og tilrorar på Andneshavet, Andfjorden og Kvæfjorden.' *Håløygminne V* (1937-1940) (:475-82). Harstad.
- Rygh NG** - Oluf Rygh: *Norske Gaardnavne*. Bd I-XIX. Utg. Oluf Rygh m. fl. Kristiania/Oslo 1897-1936.
- Rygh Indl.** - Oluf Rygh: *Norske Gaardnavne. Forord og Indledning*. Kristiania 1898.
- Rygh 1896** - Oluf Rygh: 'Norske Fjordnavne.' Kristiania.
- Rygh 1901** - Oluf Rygh: 'Gamle Personnavne i norske stedsnavne.' Efterladt Arbeide udg. af S. Bugge og K. Rygh. (Universitetsprogram for 2det semester 1899). Kristiania 1901.
- Rygh 1904** - Oluf Rygh: *Norske Elvenavne*. Udg. med tilføiede forklaringer af K. Rygh. Kristiania.
- Sandnes 1968** - Jørn Sandnes: 'Fjellnamn frå Trøndelag'. J. Sandnes og P. Tylden (red.): *Namn i fjellet*, Oslo (:14-56).
- Sandøy 1989** - Helge Sandøy: *Transkripsjonssystem til Norsk stadnamnbase*. Bergen.
- Sandøy 1993** - Helge Sandøy: *Talemål*. Oslo.
- Schmidt 1976** - Tom Schmidt: *Teignamn fra Randabygda*. Uprenta hovudoppgave. Oslo.
- Sedolfsen 1973** - Kjell Sedolfsen: *Sjø- og strandnavn fra*

LITTERATUR

- Henningsvær til Skrova.* Uprenta hovudoppgåve. Oslo.
- Slyngstad 1951** - Arnfred Slyngstad: *Skjergardsnamn frå Sunnmøre.* Oslo 1951.
- Smølaminne** - *Smølaminne* 1965 - . (Utg. Erling Skjølberg). Trondheim.
- Solheim 1940** - Svale Solheim: *Nemningsfordomar ved sjøfiske.* Oslo.
- Stemshaug 1965** - Ola Stemshaug: *Stadnamn frå Stemshaug.* Uprenta hovudoppgave. Oslo.
- Stemshaug 1967** - Ola Stemshaug: 'Substantivet KÅR i nordmørske stadnamn.' *Årsskrift for Nordmøre historielag* 1967 (:62-69). Kristiansund.
- Stemshaug 1968** - Ola Stemshaug: *Meldalsmålet.* Særtrykk frå Meldals-boka. Bergen 1968.
- Stemshaug 1971** - Ola Stemshaug: 'Grunnordet skjel i norske øynamn.' *Mål og namn. Heidersskrift til Olav T. Beito* (:307-319). Oslo-Bergen-Tromsø.
- Stemshaug 1972** - Ola Stemshaug: 'Sosiolinguistiske forhold i Trøndelag.' A. Dalen og O. Stemshaug (red.): *Trøndermål* (:48-67). Oslo.
- Stemshaug 1973** - Ola Stemshaug: 'Klakkan, namn og natur.' *Du mitt Nordrnøre* 1973. Orkanger.
- Stemshaug 1975** - Ola Stemshaug: 'Méd, médnamn og skallbøker frå Trøndelagskysten.' *Årbok for Trøndelag* (:128-144). Trondheim.
- Stemshaug 1976** - Ola Stemshaug: *Namn i Noreg.* 2. utg. Oslo.
- Stemshaug 1978** - Ola Stemshaug: *Språkleg tradisjon.* Oslo.
- Sund 1978** - Jan Sund: *Skjærgårdsnavn fra Vest-Lofoten.* Uprenta hovudoppgåve. Trondheim.
- Særheim 1990** - Inge Særheim: *Utsira. Namn og stader.* Stavanger.
- Thesen 1861** - B. Thesen: *Beskrivelse av Romsdals Amt.* Christiania.
- Thorson 1949** - Per Thorson: 'Um regressiv palatalisering

MÅL O G MÉD

av g og k i germansk, serlig i nordisk.' *Acta phil. scand.* XX (:345-370). (Opptrykt i *Fra norsk målføreregransking* (red. O. T. Beito). Oslo-Bergen-Tromsø 1973.)

Torp 1909 - Alf Torp: 'Gamalnorsk ordavleiding.' i Marius Hægstad og Alf Torp: *Gamalnorsk ordbok*. Kristiania. (Nyutg. ved Gösta Holm. Lund 1973.)

Torp 1919 - Alf Torp: *Nynorsk etymologisk ordbok*. Kristiania.

Tranøy 1925 - B. S. Tranøy: *Fra syntaksen i Smølamålet*. Uprenta hovudoppgåve. Oslo.

Uksnøy 1959 - Knut Uksnøy: *Fallboka for Møre og Romsdal*. Fiskeridirektoratets skrifter. Serie Fiskeri. Vol. IV. No. 4. Bergen.

Ulvestad og Beeler 1957 - B. E. Ulvestad og M. S. Beeler: 'On the etymology of ON boði 'submerged reef'.' *Arkiv för nordisk filologi*. Bd. 72 (:211-222). Lund.

Vågslid 1930 - Eivind Vågslid: *Norsk Navnebok*. Oslo.

Vågslid 1974 - Eivind Vågslid: *Stadnamntydningar II*. Oslo.

Vassbotn 1969 - Johan Vassbotn: *Stedsnavn fra sjøen i Øksnes (Nordland)*. Uprenta hovudoppgåve. Oslo.

Vilmundarson 1971 - Þórhallur Vilmundarson: 'Úr Lífrardal til Liverpool.' *Afmælisriti til Steingríms J. Þorsteinssonar* 2. júlí 1971 (:225-244). Reykjavík.

Zilliacus 1989 - Kurt Zilliacus: *Skärgårdsnamn*. Helsingfors.

Aasen 1873 - Ivar Aasen: *Norsk Ordbok*. Christiania.

LITTERATUR

KART

- SK 1791** - *Speciel Kaart over en Deel af Den Norske Kyst
indbefattende Trondhiems Leed med Ud-Øerne
og Skiærene uden for Leedet fra Haltens Øe og
til Christiansund. Trigonometrisk opmaalt og
ved Astronomiske Observationer verificeret.
Udgivet fra det Kongelige SØe Kaarte Archiv
med en Beretning. 1791. (Kart nr. P 1498,
kartsamlinga DKNVSB, Trondheim.)*
- SK 36 1881** - *Den norske kyst. Fra Kristiansund til Tyrhaug
og Smølen. Utg. 1881. Ny utg. Norges
sjøkartverk, Stavanger 1965.*
- SK 40 1898** - *Den norske kyst. Fra Smøla til Ramsøyfjord og
Hitra. Utg. 1898. Ny utg. Norges sjøkartverk,
Stavanger 1979.*
- SK 40 1980** - *Den norske kyst. Smøla. Norges sjøkartverk,
Stavanger 1980.*

8 INDEKS

Anders Bengtson 129,
202
Andersbradden 168
Andersgrunnen 140
Aneskallen 202
Angelberga 203
Augan 168
Austapå Bakkan 168
Austbakkan 140, 168
Auster Andersgrunnen
140
Auster Auget 168
Auster Båaflua 264
Auster Erskallen 172
Auster Klavaflua 149
Auster Kleiva 229
Auster Målsgrunnen 186
Auster Rusbåskallen 159
Auster Skaget 203
Auster Økta 165
Bakk 92
Bakkan 169
Ballklakken 204
Ballsingeskjeret 141
Ballsingeskjerråsa 140
Ballskjeggbåen 169
Ballskjeggbåen 141
Ballskjeggen 141
Ballstaden 141
Banken 92, 154, 169, 204
Bentsbakkan 170
Berget 170
Bessan 204
Besskjeret 204

Biternasen 205
Bjørnbåpøla 206
Bolken 206
Bradden 206
Branden 207
Brattegga 142
Brattværet 25, 26, 167
Brattværshavet 167
Brattværstrevet 167
Brattværstaren 167
Brattværstunga 196
Breiflua 170
Brødkjera 263
Brødkjerflua 263
Brødkjerskallan 264
Brødkjerspøla 264
Brørne 207
Brosma 142
Brugdesorden 143
Bruna 170
Bugrunnen 208
Bugrunnskallen 209
Bukken 123, 143, 170,
209
Buskjertaren 209
Båafluen 264
Dala 209
Dalagrunnen 209
Daudmannskallen 210
Djupet 210
Djuphesten 171
Djupklakken 210
Djupskallen 210

MÅL O G MÉD

- | | |
|--------------------|-----------------------|
| Djupstøet 211 | Grisen 219 |
| Dombakkan 171 | Grisskjeret 219 |
| Drangan 211 | Grunnan 238, 255 |
| Drygen 143 | Grunnberga 267 |
| Dyrnes 26, 172 | Grunnen 175 |
| Dyrnesgrunnen 171 | Grunnflua 175 |
| Enderbåholet 144 | Grunnholet 175 |
| Enderbåskaget 144 | Grunnseta 219 |
| Engelen 212 | Grunnskaga 176 |
| Erskallan 172 | Grunnskallen 219 |
| Fallet 212 | Grunnskjera 267 |
| Famnen 264 | Grunnskjerskallen 267 |
| Fattigmannen 213 | Gullstolen 145 |
| Fauskan 213 | Gunnhildskallen 220 |
| Fjella 172, 214 | Gursgrunnen 176 |
| Fjellberga 144 | Hakan 145, 176 |
| Fjellskallen 266 | Hallaøya 145 |
| Flakken 173 | Hallaøygrunnen 145 |
| Flakkfjellet 173 | Hallvard Hanssen 129, |
| Flaksbåen 214 | 220 |
| Flaksbåflua 215 | Hallvardskallen 267 |
| Flesa 174 | Halsbåen 145 |
| Flesapøla 215 | Halsbåleia 177 |
| Flesibakkan 174 | Hammaren 220 |
| Flidgrunnen 215 | Haugjegla 218 |
| Fluen 174 | Hausan 177 |
| Fluskjeret 215 | Henrikskallen 220 |
| Fluskjerrommet 215 | Henriktaren 220 |
| Folafoten 174 | Hespa 221 |
| Gammalklakken 216 | Hesten 174, 177 |
| Gammalrubben 245 | Hestmødet 178 |
| Gand 217 | Hiet 146 |
| Gandsgrunnen 216 | Hilbåan 146 |
| Gapet 217 | Hilbåen 146 |
| Gartflua 217 | Hilbåfluen 146 |
| Gjeggeltaren 218 | Hilbåholet 221 |
| Gjøssaren 144 | Hilbåpøla 221 |
| Gloppstøet 218 | Hilbåskallen 147 |
| Greistøet 175 | Hilverråsa 222 |

I N D E K S

- Hilverskallen 221
Hilverskeret 221
Holgerseta 222
Holmagrunnen 222
Hoparevet 178
Hopen 27
Hornbåen 147
Hornet 147
Hummelegga 98, 222
Hunden 265
Hysa 223
Hysklakken 178
Hytta 268
Hyttskallen 267
Hælen 223
Hælsbåen 224
Hælsbåpøla 224
Hælsbåtaran 224
Hælsgrunnen 224
Hæltaran 224
Hæltaren 268
Hølbåen 147
Hølbåstøa 147
Håskjerkbakkan 224
Håskjærberget 225
Håskjerdjupet 225
Håskjeret 225
Håskjerkanten 225
Inner Angelberget 203
Inner Auget 168
Inner Enderbåholet 144
Inner Erskallen 172
Inner Fjellberget 172
Inner Flua 174
Inner Grisen 225
Inner Hausen 177
Inner Hilbåen 146
Inner Klaven 228
Inner Laksen 233
Inner Médsinggrunnen 237
Inner Rebåflua 188
Inner Revbakkan 189
Inner Rubben 244
Inner Rusbåen 159
Inner Rusbåskallen 159
Inner Svartskjerfluberget 276
Iselibakkan 225
Isklakken 179
Ivaskallen 179
Ivasklakkan 179
Jensmådet 148
Jessingbåan 268
Jessingbåbakkan 268
Jessingbåflua 269
Jessinggrunnen 269
Jobradden 148
Johan Været-skallen 129, 227
Johannesberget 227
Jonskallen 148
Jørnstoet 228
Kariflua 148
Kassibåen 179
Kjebakkan 149
Kjelda 180
Kjelen 180
Kjukbåan 149
Kjølen 228
Kjøltaren 228
Klavaflua 149
Klaven 228
Kleiva 180, 229
Klokkskallen 180
Knoken 150
Knotten 229
Kobbskagtaren 230

M Å L O G M É D

- Kobbskjeret 269
Kobbskjerpøla 269
Kobbskjerskallen 269
Kolbeinsflua 230
Kolbeinstaren 230
Kongsberg 230
Konten 181
Kroken 181
Kruken 181
Kråka 232
Kråkbåan 231
Kråkfallet 183
Kråkflua 232
Kråkskallen 270
Kristofferflua 231
Kvammamédet 183
Kveldseta 232
Kvitholmen 222
Kvitskallen 270
Kårsgrunnen 233
Kårskallen 150
Lakaegga 152
Lakan 151
Lakaskallen 152
Laksen 233
Landet 183
Landsbakkan 152
Langbenken 234
Langbenkstøa 234
Langbåen 234
Langbåflua 234
Langfallet 153, 234
Langkniven 234
Langknivskaget 234
Langskallen 270
Langtaren 235
Lauritstaren 235
Leverseta 152
Litlgrunnen 270
Litlkråkråsa 271
Litlråsa 271
Litlsmokken 235
Longdjupet 184
Longholet 235
Longstøet 270
Lurtaren 235
Lyrflua 271
Løkja 236
Lønnfallet 271
Lønnfallflua 271
Låmen 153
Låsflua 236
Låsgrunnen 236
Madsmédet 237
Maridalsmédet 184
Martenseta 184
Mastupallen 154
Médsinggrunnen 237
Mefjordbåen 185, 272
Meflua 272
Melklakken 185
Mikkelrommet 185
Mikkelsegga 155
Mitter Flua 174
Mitter Rusbåskallen 159
Målsgrunnen 186
Narrklakken 237
Naustbakkan 186
Nord Famna 264
Nordbakkan 168
Nordgrunnen 238
Nordhavet 167
Nordhølen 238
Nordombåen 239
Nordomskjera 239
Nordre Kleiva 229
Nordseta 239
Nova 167, 186

I N D E K S

- Nubbfjellet 239
Nubbflua 240
Nygrunnen 240
Nymédet 240
Nyrubben 245
Nyrubben 244
Nøkkelhausen 187
Nørdre Brødkjerspøla
264
Nørdre Dombakkan 171
Nørdre Kleiva 229
Nørdre Reiflua 272
Nørdre Ufsflua 278
Nørdskallen 240
Oddahavet 139
Odden 24, 25
Oddflua 241
Oddgrunnen 155, 241
Oddgrunnhallet 102, 241
Olufhausen 242
Ongelskallen 272
Onglan 241
Ottersbakkan 242
Ottersgrunnen 243
Pallstøet 187
Persbåen 243
Pina 156
Pinøya 156
Pinøyflua 156
Pistflua 155
Prinsen 243
Pråmen 157
Pråmskaget 157
Pundaren 156
Pøla 187
Pøyta 187
Pålsbakkan 188, 244
Ramsøyfjorden 263
Rebåen 157
Rebåflua 157
Rebåfluen 188
Rebåskallen 158
Reifluen 272
Reiråa 273
Remberget 188
Remman 188
Rennseta 244
Revbakkan 189
Revet 190
Ringsøya 139
Rottøya 273
Rottøybradden 273
Rubban 244
Rubben 158, 190
Rubbskallen 159
Rusbåan 190
Rusbåen 159
Rusbåskallen 159
Rønsøyflua 245
Rønsøyskjera 245
Råkarevet 190
Råket 26, 190
Råsberga 274
Råsskjera 190
Råsskjerspøla 190
Salttaran 246
Seiflua 247
Seiskallen 274
Seiskjerberget 247
Seiskjeret 247
Seta 55, 247
Sibreidda 248
Sigvartrommet 249
Singsflua 249
Sjurstøet 249
Skagbåerget 250
Skagbåen 250
Skagflua 250

M Å L O G M É D

- Skallan 250
Skallen 191, 250
Skalmen 59, 60, 198
Skalsskjeringa 198
Skanken 160
Skatbåen 191
Skatbåskallen 191
Skatgrunnen 162
Skita 274
Skitabåen 275
Skitaberget 274
Skånsflua 251
Skånsflubanken 252
Skjelflua 250
Skjerjebåen 275
Skjerjebåflua 192, 275
Skjerjebåpøla 192
Skjerjebåskallen 251
Skoltén 251
Skreiaregga 163
Skreiaren 162
Skreiseta 192
Smokken 252
Smøla 23, 24
Smørholmbradden 163
Smørholmen 163
Sommarskallen 160
Sortna 164
Sortnholet 164
Sortnråsa 164
Spælen 192
Stabbakkan 253
Stabben 160, 253
Stampen 275
Staurhaugmédet 193
Stavveita 193
Stavveitflua 193
Stålbakkan 161
Steinbåen 193
Steinsøyeneset 25
Steinsøysundet 28
Støa 114
Storbåen 254
Storfallet 193
Storgrunnen 276
Storråsa 276
Sundagrunnen 254
Sundet 254
Svartoksen 193
Svartoksstøet 193
Svartskjerflua 276
Svartskjerfluberga 276
Søre Dombakkán 171
Sørgrunnen 255
Sørhavet 167
Sørstøet 255
Sæbuøya 277
Sæbuøyrevet 277
Tarmannsdjupet 194
Tidflua 255
Tidstøet 194
Tordivelen 255
Torskdyret 195
Torskflubradden 195
Torsteinholet 256
Torungen 256
Tottegga 195
Totten 195
Trettibakkan 256
Tretillen 256
Trondfjellet 257
Trondgrunnen 257
Tunga 196
Tunggrunnen 197
Tungspissen 197
Tørbensdjupet 258
Tørbensklakken 258
Tørrisbåen 258

I N D E K S

- Tørrisbåholet 259
Tørrisbåskaget 259
Tørrismédet 196
Uersbakkan 259
Uersgrunnen 259
Uerskanten 259
Uersmédet 277
Uerstarane 164
Ufsfallet 197
Ufsfluen 278
Ufsgrunnen 259, 278
Uti Skalsveita 197
Vardøyauget 198
Veiholmen 27, 201
Veita 198
Vester Andersgrunnen
140
Vester Auget 168
Vester Båaflua 264
Vester Erskallen 172
Vester Grunnen 241
Vester Klakken 258
Vester Klavaflua 149
Vester Kleiva 229
Vester Målsgrunnen 186
Vester Oddgrunnen 241
Vester Rusbåskallen 159
Vester Skaget 260
Vester Tørbensklakken
260
Vester Økta 165
Været 201
Ytter Angelberget 203
Ytter Auget 168
Ytter Enderbåholet 144
Ytter Erskallen 172
Ytter Fjellberget 172
Ytter Flua 174
Ytter Hausen 177
Ytter Laksen 233
Ytter Médsinggrunnen
237
Ytter Rebåflua 188
Ytter Revbakkan 189
Ytter Rubben 244
Ytter Rusbåen 165
Ytter Rusbåskallen 159
Ytter Svartskjerfluberget
276
Økta 165
Ørklakken 260
Ørklakkskallen 261
Åløyflua 165


8 KART

Her følgjer utsnitt frå Sjøkart 40 (SK40 1980) der méda som er omtala, er avmerka med nummer. Fire kartutsnitt dekkjer kvart sitt utrorshav.


I teksten kjem tilvisinga til kartet rett etter uttale-transkripsjonen av namnet. Ein bokstav fortel om rutepllasseringa vassrett, og eit tal fortel om loddrett pllassering i ei rute. Etter eit strek kjem så nummeret som namnet er markert med på kartet. I sjølve teksten er nummereringa alfabetisk løpende innom kvart utrorshav. Referansen D2-34 fortel altså at namn nr 34 er plassert i rute D2.

Kartutsnitta er i forminska skala, og det er viktig at dei aldri må bli bruka til navigering!


Ruteinndelinga på kartutsnitta er slik:




Oddahavet




Brattværshavet



Veiahavet





Arne Kruse: Mål og méd. Målføre og médnamn frå Smøla.

Fiskelykke er noko ein kan ha ein dag, ikkje eit heilt liv. Det som i det lange løp utgjorde skilnaden på ein god og ein dårlig fiskar, var ikkje hell og lykke, men kunnskapen han satt inne med og evna til å utøve faget sitt. Han måtte kjenne himmel og hav og båt og bruk og ikkje minst måtte han veta kvar fisken var å finne til ei kvar tid. Gode fiskeplassar fekk namn og vart krysspeila inne i landet slik at ein kunne finne dei att - dei vart méd.

Denne boka inneheld vel 400 fiskeméd frå Smøla. Médmerka på kvart av méda blir oppgitt, og namnet på médet blir språklig analysert. Boka inneheld òg ein fonemisk analyse av målføret på Smøla og ulike kapittel om méding, om den historiske bakgrunnen og om fisket før og no.

Dette er ei bok retta til den lokale fiskaren og til fagfolk og andre med interesse for språk, folkeminne og historie.

ISBN 82-519-1589-9

